



RYFYLKEMUSEET

FOLK i Ryfylke

2012



tema
INDUSTRISTADEN

FOLK

i Ryfylke

2012

Årbok for Ryfylkemuseet

Utgitt av Ryfylkemuseet

FOLK i Ryfylke

Årbok for Ryfylkemuseet

Redaktør: Roy Høibo

Utgivar: Ryfylkemuseet

Nordenden 14

4230 SAND

Telefon: 52 79 29 50

Telefaks: 52 79 29 51

E-post: post@ryfylkemuseet.no

Heimeside: www.ryfylkemuseet.no

Foto: Når ikkje anna er nemnt er bilda i boka tatt av medarbeidarar ved Ryfylkemuseet. Eldre foto er henta frå fotosamlinga til museet.

ABONNEMENT:

FOLK i Ryfylke kjem ut ein gong i året.

Abonnementspris: kr. 300,-.

Abonnementet inkluderer medlemskap i Venneforeininga til Ryfylkemuseet og gir fritt tilgjenge til alle avdelingar i museet i dei ordinære opningstidene.

Bankgiro: 3202.07.01527

Design: Nenad Ignjatic

Ombrekking og trykk: Gunnarshaug Trykkeri AS

Innbinding: Bokbinderiet Johnsen

ISSN 0800-4692

Foto på framsida:

Åbøbyen er eit unikt og konsentrert byanlegg som blei reist frå 1916 og frametter for å gi husrom til arbeidarar og funksjonærar ved Sauda Smelteverk. Byanlegget omfattar i alt 120 bustadhús, skule, sjukhus, butikk, parkanlegg og tennisbane og framstår som eit kulturminne av umisteleg verdi for å forstå den tidlege industristadhistoria i Ryfylke.

Innhald

5 FORORD

7 VATNET OG KRAFTA

Av Trygve Brandal

35 KJÆRLIGHET OG HAT INNENFOR BEDRIFTENS RAMMER

Av Harald Utter

65 SAUDA LOKALARKIV

Av Ernst Berge Drange

85 LITT OM DET RELIGIØSE LIVET I SAUDA FØR 1970

Av Tone Årtun

97 ÅBØBYEN FØR, UNDER OG ETTER VERNEPLANEN

Av Grete Holmboe

123 EIT MUSEUM FOR INDUSTRISTADEN

Av Roy Høibo

149 ÅRSmelding 2011

168 REKNESKAP 2011



Saudasamfunnet er bygt opp kring fabrikken og representerer den einsidige industristaden på ein unik måte ved at produksjonen framleis er i gang.

Forord

Ryfylkemuseet har hatt eit sterkt engasjement i Sauda like sidan museet blei nyetablert som regionmuseum i 1981. Den første oppgåva museet blei invitert til å vera med på var vern og dokumentasjon av minna frå den nære fortida til industri-staden. Åbøbyen, Amerikanarbyen, Byanlegget – kjært barn har mange namn – såg ut til å kunne vera truga, og sogelaget inviterte til eit samarbeid som kom til å bli ganske omfattande og ganske langvarig sett i forhold til dei ressursane museet rådde over.

Sidan balla det på seg med fleire oppgåver i Sauda. Ikkje minst kom samarbeidet om bevaring og formidling av Jone-garden på Hustveit til å bli eit omfattande engasjement der vår del av oppgåva har vore å vedlikehalde, restaurere og rekonstruere bygningsmiljøet på garden. I tillegg har vi utvikla og drifta formidlinga av forteljingane om garden. Den siste av fire utstillingar kom på plass så seint som i haust, det var ei utandørsutstilling om kulturlandskapet. Det står meir om museumshistoria i Sauda og vårt engasjement i den i artikkelen «Eit museum for industristaden».

I artikkelen om lokalarkivet gjer vi greie for eit unikt samarbeid mellom bedrift, fagforeining og museum om ordning og bevaring av viktig arkivmateriale. Arkivet har nasjonal interesse, og det har lenge vore arbeidd for å finne eit høveleg lokale som kan gi plass for bevaring og formidling av arkivet. I samarbeid med lokale interesser har vi i årevis arbeidd for å skape aksept for at Søndenåhavn kraftstasjon, Stasjon III, kunne blei eit senter, eller eit nav, for historieformidlinga i Sauda, med lokalarkiv og industristadmuseum som dei sentrale elementa. Men det har vore ein tung jobb som langtfrå er i mål.

Siste året har det likevel vore ein ny giv i arbeidet med Stasjon III. Det har kome nye folk med i arbeidet, og det er større vilje til å finne løysingar. Vi håper dette fører til at store samfunnsaktørar som Statkraft, Saudefaldene og Sauda Smelte-verk tar ansvaret for dokumentasjon, bevaring og formidling av historia inn over seg og gir nødvendige bidrag til å realisere planane for lokalarkivet og museumsarbeidet i Sauda.

Stasjon III er mellom dei kraftstasjonane som er peika ut som nasjonale kulturminne. Vi set stasjonen inn i ein samanheng med den langvarige utnyttinga av elektrisk kraft i Ryfylke. Ryfylke produserer 10% av den vasskrafta som blir produsert i Norge og Norge er den 6. største vasskraftprodusenten i verda. Vi er heilt i toppen i landsmålestokk rekna i installert effekt og vi har noen av dei største kraftstasjonane, vassmagasina og demningane. Det skulle berre mangle om ikkje delar av historia om vasskraftutbygginga og –utnyttinga skulle bli formidla her. Etter at arbeidet med å etablere eit vassdragsmuseum i Suldal gikk i vasken, er det vårt håp at Stasjon III i Sauda kan bli ein stad der publikum kan møte historia til vasskrafta og industristaden.

Historia handlar likevel ikkje først og fremst om bygningar, teknologi og pengar. Vår tilnærming er nedanfrå gjennom det livet folk har levd. To eksterne bidragsytarar hjelper oss med dette perspektivet gjennom artiklar om naboskap og lokale buforhold og om det religiøse livet. Vi er svært glade for at Harald Utter vil bidra med sine kunnskapar om industrisamfunnet i årboka vår. Tone Årtun reknar vi mest som ein av våre eigne. Her skriv om sider ved Sauda-samfunnet som ho arbeidde med da ho var engasjert til å gjennomføre eit arbeid med dokumentasjon og formidling av bedehuskulturen i Ryfylke.

Vi håper årboka kan vera eit bidrag til å løfte fram medvitet om den viktige industristadshistoria, og at den praktiske handlinga vi viser ved å utgi boka kan inspirere andre til å bidra med sitt for å komma vidare i arbeidet med dokumentasjon, bevaring og formidling av denne viktige delen av historia til kommunen, regionen, landet og verda. Vi treng ikkje vera meir småålætne enn det. Dei historiene vi bør kjenne oss forplikta til å ta vare på går inn i ein vev av historier om korleis folk har levd og overlevd under ulike teknologiske, økonomiske, politiske og kulturelle forhold. Skulle vi ikkje gripe den unike utvegen som ligg føre til å la Sauda bli ein del av denne veven?



A/S Saudefaldene førte viktige forhandlingar med grunneigarar i Sauda i september 1915. Også folk som representerte det amerikanske industrikskapet som skulle etablera seg, var med. Møta vart haldne i godt seinsommarver utanfor huset til lensmann O.S. Tengesdal på Havnabakken. Foto: Sauda Lokalarkiv.

Vatnet og krafta

100 års krafthistorie i Sauda

Av Trygve Brandal

Elektrisk kraft og Ryfylke høyrer saman. Rik nedbør og bratte fjellsider gjer regionen til storprodusent av elektrisk kraft. Mange stader i Ryfylke produserer kraft til andre. Krafta er bygd ut for å dekka kraftbehovet der ute, utanfor kommunen der kraftproduksjonen føregår. Men i Sauda er det smelteverket, hjørnesteinbedrifta i bydebjen, som har vore hovudmottakar av krafta frå kraftstasjonane. Då avgjerala om utbygging av Storelv-vassdraget vart teken i 1914, var dette i realiteten ei avgjerd om ei total omforming av Sauda-samfunnet. Utnytinga av vasskrafta til produksjon av elektrisk energi er grunnlaget for det Sauda-samfunnet vi kjenner i dag. I denne artikkelen skal vi sjå nærmere på den 100-årige krafthistoria i Sauda.

Som i så mange andre bygder såg også folk i Sauda at dei store vassressursane i Storelva måtte kunne brukast til utbygging av elektrisk kraft. Det starta i 1907. Aller først ute var handelsmann og hotelleigar Aasmund Rabbe i Saudasjøen. Den 27. juni 1907 skreiv han ein avtale med Johannes K. Øverland frå Hellandsbygd, som åtte det eine gardsbruket på Handeland, om å overta rettar til oppdemming av vatn i heibesta Svartevatnet og Sandvatna samt andre rettar i vassdrag. Verdien vart sett til 250 kroner, og seks veker seinare, den 7. august, vart dokumentet tinglese av sorenskrivaren i Ryfylke¹.

1 Framstillinga i det følgjande står i gjeld til fire arbeid som har behandla kraft- og industriutbygginga i Sauda.

Det er Arvid Sandvik si bok om Saudefaldene sine første 50 år – *Saudakraft i femti år. Aktieselskabet Saudefaldene 1913-1963*, Arnid Lillehammer sin historiske artikkel «Det er vatnet me lever av. Aktieselskabet Saudefaldene gjennom 75 år» i bedrifta sitt skrift til 75-årsjubileet *Saudakraft i 75 år. Aktieselskabet Saudefaldene 1913-1988*, det er det fjerde bandet av Soga om Sauda av Arnid Lillehammer, som omhandlar bygdesoga frå 1880 til 1940, og endleg Kjartan Fløgstad si bok frå 1990 *Arbeidets lys. Tungindustrien i Sauda gjennom 75 år*. Finn E. Våga si bok om arbeidarrørsia i Sauda er også konsultert – «De unge slektar». *Rørsia som bygde Sauda*, Oslo 1993

Men det var ein annan som skulle føra arbeidet med samling av vassrettane i Storelv-vassdraget vidare, nemleg lensmann O.S. Tengesdal. Hovudpersonane under oppkjøpa av vassrettane i tida framover var likevel dei to unge mennene Einar Meling og Knut Worsøe frå Stavanger. Knut Worsøe var kjemikar. Men han hadde slekt i Sauda og hadde vore der ofte frå barnsbein av. Mor hans og kona til lensmann Tengesdal var søstre, så ho og lensmannen var tante og onkel til Knut Worsøe. Og han hadde hatt besteforeldre på morssida i Saudasjøen. Knut Worsøe var 21 år i 1907 og nytdanna kjemi-ingeniør frå Kristiansand Tekniske Skole. Einar Meling var to år eldre og disponent i Stavanger.

Dei tre var saman i påskehelga 1908, då ungdommane var gjester i lensmannens hus, og dei la då planar om det vidare arbeidet med handgjeving av vassrettar austover frå Storlivatnet innover frå Hellandsbygd. Planane vart sette i verk utover våren. I praksis var det lensmannen som først gjorde avtalar i sitt namn, og dei han gjorde avtalar med, visste ikkje at han i røynda var stråmann for andre. Men det var slik det var. Lensmannen tok oppgåva alvorleg og gjekk i gang. Den 1. mai 1908 var han på Årtun og fekk underskriftene til ni gardbrukarar der på rettar innover Slettedalen. Med gardbrukarane på Handeland hadde han gjort avtalar året før. På slutten av 1908 skreiv han sine handgjevingar på Handeland og Årtun over på Knut Worsøe og Einar Meling.

Handgjevingsavtalane med Handelandsbøndene frå 1907 galdt for to år, men avtalane med Årtunbøndene frå 1908 galdt for fem år. Det var den fristen kraftspekulantane hadde på seg før dei måtte betala pengar til grunneigarane. Ved handgjevinga hadde det blitt betalt ut berre småpengar. Men korkje Tengesdal, Worsøe eller Meling hadde nok pengar til å betala med. Dei måtte få med fleire interesserte, folk med pengar, til å stå for sjølv kraftutbygginga. Men det låg enno fram i tid. I mellomtida fekk dei etter ein del om og men for-



Mange menn frå bondesamfunnet i Sauda fekk arbeid med utbygging av krafta og reising av den store nye industribedrifa. Arbeid med slått og støling vart erstattat av anleggsarbeid nede i bygda eller i heia.

nya avtalane med grunneigarane på Handeland og Årtun slik at fristen for innløysing av rettane og å setja i gang utbygging vart forlenga fram til 1914.

I åra mellom 1908 og 1914 sikra dei seg fleire vassrettar langs Storelva. Det vart gjort avtalar med grunneigarane på Birkeland, Søndenå og Storli. Lengst tid tok det å få hand om rettane som låg til gardane på nordsida av elva, frå Åbø inn til Austarheim. Dei var ikkje i orden før 1912-1913. Det hadde vore eit omfattande og komplisert arbeid, til slutt hadde om lag 112 grunneigarar skrive under på dei viktige papira. Til saman 53 000 kroner var lova som betaling for vassdraga.²

I første omgang var det øvre del av vassdraget, det som låg ovanfor Hellandsbygd, dei tre tenkte seg utbygd. Men sommaren 1908 gav dei to byungdommane Worsøe og Meling til kjenne at dei hadde meir omfattande planar. Dei vona å få hand om vassrettane også i Høllandsfossen, Sagelva eller Sønnåfossen, Svandalsvassdraget og Lingvongsvassdraget. Dei ville ha lensmann Tengesdal med seg på eigarsida, men

han valde å takka nei. Og dei to lukkast ikkje å få samla rettane i alle fire vassdraga. I første omgang vart det med Storelva.

Planen var her, som så mange andre stader, å få samla vassrettane og så overdra dei som ein pakke, og vonleg med god forteneste, til eit selskap som kunne tenkja seg å byggja ut vassdraget. Slike som kjøpte opp vassrettar vart kalla for kraftspekulantar. I ordet spekulasjon ligg at du satsar på at noko skal skje vidare etter di handling, men det er uvisst. Det var spekulasjon, det var eit sjansespel. Dei unge spekulantane hadde ingen avtalar med nokon utbyggjarar om kjøp av dei vassrettane dei samla, men dei satsa på å få det.

Men for å koma så langt, måtte vassdraget oppmålast og kartleggjast. Dei måtte først vita kva dei hadde å selja. Den første dei knytte til seg, var ein bergensingeniør som heitte S. Hertzberg. Det var i det heile mykje kontakt med bergen-serar i tida framover. Det hadde nok delvis samanheng med at Knut Worsøe flytta til Bergen i 1908.³ Dei gjorde ein avtale med Hertzberg i desember 1908, der han vart teken med som kompanjong med ein eigarpart på 20 prosent, og så hadde Worsøe og Meling 40 prosent. Då skulle Hertzberg måla opp og berekna utbygging av vassdraget, utan kostnader for dei to andre. Men Hertzberg kom aldri skikkeleg i gang med arbeidet. I juni 1909 måtte han seia frå om at han ikkje vart med vidare.

I tida som følgde var det kontakt med fleire ingeniørar og forretningsmenn frå Bergen om vassdraget. I 1909 baud ein direktør Andreas Falkenberg 175 000 kroner for det heile, og rettane vart skrivne over på han for eit tidsrom av to månader. Men Falkenberg makta ikkje å løysa det inn. Same hausten baud ingeniør Ivar Vaksdal 220 000 kroner for vassdraget. 5000 skulle betalast straks, 115 000 seinare, og 100 000 skulle bli ståande mot pant i vassdraget og mot at Worsøe og Meling fekk renter av denne summen. Men nokon endeleg avtale vart ikkje inngått. Sommaren 1910 formidla Vaksdal, etter å ha vore på reise i Tyskland, eit tilbod frå eit større tysk firma som ville kjøpa vassdraget for 200 000 kroner. Men Meling og Worsøe hadde begynt å sjå tydelegare og tydelegare kor verdfullt det var det vassdraget dei hadde hand om, og svarte at dei berre ville akseptera ein pris på 500 000 kroner.

2 Lillehammer 1988 s. 7.

3 Lillehammer 2002 s. 250.

FRÅ SAUDE VASDRAGSELSKAB TIL A/S SAUDEFALDENE

Bergenskontaktane førte ikkje fram, men i 1911 kom det inn ein pengesterk stavangermann som medeigar i «interessentskapet». Det var skipsreiar Sigval Bergesen. Det vart skrive avtale om at han skulle bli eigar av ein åttandepart, som gjekk av Worsøe sin eigardel. For dette betalte han 14 000 kroner. Seinare på hausten i 1911 kjøpte Bergesen seg inn som eigar av ein sekstanddepart til, og framleis var det Worsøe han kjøpte av. Worsøe hadde økonomiske problem i desse åra, og trong å selja for å skaffa seg pengar. Etter Bergesen sine oppkjøp var eigarfordelinga slik: Einar Meling 8/16, Knut Worsøe 5/16, Sigval Bergesen 3/16.

Med Bergesen med på laget ser det ut til at det kom ny framdrift i arbeidet. Kartlegginga vart gjennomført av ingeniør Harald M. Irgens frå Bergen i 1910 og 1911. Ikkje minst hadde det stor betydning at to nye personar kom med i prosjektet, to personar som etter kvart skulle koma til å overta styringa. Det var ingeniør Sigurd Kloumann og høgsterettsadvokat Trygve Sundt i Oslo. Kloumann hadde vore ein nær medarbeidar av industripioneren Sam Eyde under oppbygginga av Norsk Hydro på Notodden. Han var sterkt involvert i utbygginga av Tysse-anlegga i Sørfjorden i Hardanger og i planlegging av utbygginga på Rjukan.⁴

Ein vinterdag i 1913, den 13. februar, vart det halde skipingsmøte for "Sauðe Vasdragselskab" på Hotell Norge i Bergen. Til stades var dei tre eigarane av vassrettane Einar Meling, Knut Worsøe og Sigval Bergesen saman med tre bergenske forretningsmenn – kjøpmann August Wallendahl, skipsmeklar Ludvig Kjær og konsul Thorvald Beyer, og så dei to frå hovudstaden - Sigurd Kloumann og Trygve Sundt. Vassrettane i Sauda vart delte mellom desse åtte i ulike 32-delar. Meling, Kloumann og Sundt vart valde til styre, som skulle gjera nødvendige førebuingar slik at dei seinare kunne skipa eit aksjeselskap. Dei måtte også skaffa seg konsesjon og finna ein brukar til ei straumengd på kring 10 000 hestekrefter.

Sauðe Vasdragsselskab vart berre eit fem månaders interressesso. Den 8. juli 1913 vart det halde konstituerande generalforsamling for A/S Saudefaldene på Bergen Børs.

Seksten personar stod bak det nye selskapet. Mellom desse var sjølvaste statsministeren frå 1905, den bergenske forretningsmannen Christian Michelsen. Aksjekapitalen var på 640 000 kroner, delt på 640 aksjar a kr 1000. Einar Meling var den største eigaren med 180 aksjar. Knut Worsøe fekk 80 og Sigval Bergesen 60 aksjar. Kloumann teikna seg også for 60 aksjar, og Michelsen for 40. Det er tydeleg at vestnorsk næringsliv hadde tru på dette tiltaket. Kjende menn i det stavangerske og bergenske næringslivet teikna seg som aksjeeigarar.

A/S Saudefaldene sitt føremål skulle vera «erhvervelse og utbygning av vasdrag i og omkring Sauðe i Ryfylke i hensikt at utnytte vandrakten samt erhvervelse av de eiendomme og rettigheter, som maatte være tjenlige til fremme av dette formaal.» Fire menn vart valde til å sitta i styret. Det var bankdirektør Chr. Kahrs, Bergen, konsul I.C. Isdahl, Bergen, disponent Einar Meling, Stavanger og grosserer H. Sundt, Kristiania. Kahrs vart formann i styret, Isdahl nestformann. Sigurd Kloumann vart tilsett som administrerande direktør og Trygve Sundt som juridisk konsulent og sekretær for styret. Framover var det Kloumann og Sundt som skulle koma til å styra det meste frå hovudstaden.

KONSESJON

A/S Saudefaldene måtte skaffa seg konsesjon, det vil seia løyve til å byggja ut vassdraget. Det var til Arbeidsdepartementet dei måtte senda søknad, og svaret på søknaden skulle avgjeraast av regjeringa og Stortinget. Søknaden vart sendt den 15. november 1913, drygt fire månader etter skipingsmøtet til A/S Saudefaldene.

Vel eit halvår før, medan det enno berre fanst eit «Sauðe Vasdragsselskab», hadde advokat Trygve Sundt sendt eit skriv til Sauda heradsstyre for å høyra korleis dei ville stilla seg til ein framtidig søknad for utnytting av vasskrafta i Storelva og Sagelva. Han meinte nok at det var viktig å få dei lokale politikarane med på laget så tidleg som råd var. Heradsstyret svara ved sitt vedtak den 26. april 1913 at dei «anbefaler paa det varmeste» at det vart gitt konsesjon til eit aksjeselskap av norske borgarar, «i det man finder, at industriel virksomhet paa stedet i høieste grad vil befordre bygdens fremgang og trivsel».

4 Artikkel om Sigurd Kloumann i Store norske leksikon, nettugåva.



Saudefaldene bygde i 1915-1916 tre store bustadhus for folka sine i tjukkaste enga rett framfor det gamle tunet på Årtun i Hellandsbygd.

Etter at selskapet hadde sendt inn konsesjonssøknaden til departementet, fekk kommunen saka til offisiell uttale. Saka var einaste sak i kommunestyremøtet den 13. februar 1914. Møtet vart halde på Fredheim bedehus, som var stappfullt av tilhørarar. Ordførar Kristen Fløgstad styrde møtet, og amtmann Larsen hadde kome inn frå Stavanger for å ta del, etter oppmading frå heradsstyret. Det vart ikkje noko langt ordskifte. Dei som hadde ordet, uttalte seg alle positive til vasskraft- og industirutbygging i bygda. Utbygging i Slettedalen var eitt av dei få punkta som skapte noko usemjje. Neddemming av denne seterdalen låg inne i Saudefaldene sine planar heilt frå starten av.

Etter at ei nemnd på fem medlemmer vart vald til å utarbeida ei tilråding i saka og møtet hadde blitt avbrote, vart det sett på nytt igjen klokka fem om ettermiddagen. Nemnda tilrådde å seia ja til konsesjon på visse vilkår, og det vart samrøystes vedteke av dei tolv medlemmene av heradsstyret. Vilkåra

vart samla i sju punkt, som m.a. gjekk på krav om utbygging av helse- og politivesen. Det viktigaste punktet var gjerne at krafta ikkje kunne «anvendes til sundhedsfarlig eller skadelig bedrift».⁵ Det var eit krav som ikkje skulle koma til å stå seg. Frå då EFP sette i drift smelteverket i 1923 spydde fabrikken ut ein røyk som var helsefarleg i Sauda i mange tiår framover, før rensetiltak vart sett i verk.

Stemninga i bygda treng ikkje ha vore like positiv til storindustrien som vedtaket i heradsstyret tyder på. Eit avisinnlegg nokre veker seinare kan tyda på det. Det var handelsmann Sondof Rabbe i Saudasjøen som var den kritiske røysta frå den tause minoritet. Han meinte at blant folk flest var meiningsane delte, og at også medlemmer av heradsstyret både før og etter møtet hadde gitt uttrykk for avvikande meininger.

5 Lillehammer 2002 s. 259.




Foto frå Sønnåhamn sommaren 1915. Fundamentarbeidet for fabrikken har starta.

Sjølv frykta Rabbe for «at det vordende anlæg vil bli til langt større skade end fordel for bygden».⁶

Kommunen hadde sagt sitt, men det var regjering og storting som skulle avgjerda konsesjonssøknaden. Nettopp på denne tida var spørsmålet om konsesjonslovene eit heitt politisk tema i Norge. Frykta var stor for at utlendingar skulle kjøpa opp dei norske naturressursane. Då søknaden frå A/S Saudefaldene kom, hausten 1913, var konsesjonslovene nettopp under revisjon, og mange av stortingspolitikarar var skeptiske til å gje konsesjon før dette lovarbeidet var avslutta.

Men dei konsesjonslovene som galdt, var også strenge. (s. 262) Dei var blitt reviderte i 1906 ved den såkalla «panikk-lova». Før den tid var dei fleste vassdrag som vart utbygd, på utanlandske hender. For å avgrensa dette fastslo lova av 1906 at alle større vassdrag måtte ha konsesjon før dei kun-

ne setta i gang utbygging. Det var berre norske statsborgarar som kunne få konsesjon. Lova om heimfallsrett kom i 1909. Lova gav staten rett til å overta utbygde vassdrag etter 60-80 år, med full eigedomsrett og utan vederlag.

Det gjekk vel eit halvår frå selskapet sende inn søknaden i november 1913 til Arbeidsdepartement la fram saka for stortinget i juni 1914. Det skjedde gjennom Stortingsproposisjon nr. 133 (1914) *Om tilladelse for A/S Saudefaldene til at erhverve og regulere Storelven i Sauda, Stavanger amt.* I løpet av denne tida gav Sauda heradsstyre sin uttale i saka i februar, som vi hørde om ovanfor. Stortingsproposisjonen var eit innhaltsrikt dokument med mange uttalar som var positive til søknaden om vasskraftutbygging i Sauda. Mellom dei som var kritiske, var den offentlege vassdragskommisjonen. Dei gjekk primært inn for å utsetja avgjerd til dei nye lovene låg føre.

⁶ Ibid. s. 260 f.



Sønnåhamn hausten 1916. Det var enno heilt i byrjinga av anleggstida. Ei brygge er under bygging og ei kran har kome på plass. I det kvitmåla huset i vika til venstre hadde Saudefaldene kontor den første tida.

Då Stortinget drøfta konsesjonssøknaden den 29. og 30. juni 1914, vart det eit skarpt ordskifte. Ein spesialkomite sett ned av Stortinget, leverte ei delt innstilling. Fleirtalet gjekk inn for å gje konsesjon med det same, mindretallet ville utsetja saka. Dei skeptiske tingmennene la vekt på motstand mot sal av naturressursane, mot spekulantar og ei rask industrialisering av norske bygder. Dei som var for, la vekt på «bygginga av landet» og utnytting av dei naturressursane som landet hadde. Argumenta både for og i mot konsesjon lyder velkjende, også i dag.

Det gjekk over midnatt mellom 29. og 30. juni før Stortinget kunne gå til avstemming. Framlegget om å utsetja konsejsionsvedtaket fall med 81 mot 36 røyster. Mindretalet var representantane frå Arbeidarpartiet og Arbeidardemokratane saman med åtte av Venstre sine representantar. Dagen etter kunne Stortinget drøfta konsesjonsvilkåra. Dei vart strenge,

og mange av bestemmelsane der skulle få stor betydning for Sauda-samfunnet i tida framover.

KONSESJONSVILKÅRA

Det vart fastsett strenge tidsfristar i konsesjonsvilkåra for utbygginga av Storelva. Arbeidet måtte vera i gang i løpet av to år, og det skulle vera fullført innan fem år deretter. Det skulle syna seg uråd å gjennomføra, som me skal sjå. Vidare heitte det at det skulle tilsettast nordmenn i stillingane, både som arbeidrarar og som funksjonærar. Materiellet skulle vera norsk, så sant det ikkje var meir enn 10 prosent dyrare enn utanlandsk materiell. Selskapet måtte oppretta eit fond for sikring for fattigkommunen, og dei måtte vera med på å bera kostnadene for utbygging av lækjar- og polititenester i Sauda.

Ved ei så stor kraftutbygging som dette ville det koma mange tilflyttarar. Selskapet vart tilpliktat å «skaffe arbeiderne sundt og forsvarlig husrum, tomter til bygning av egne hjem



Det var hesten som var den viktigaste trekkrafa i anleggstransporten dei første åra. Men dei byrja også å ta i bruk bilar. Her kører ein 3,5 tonns «Lastautomobil» material til Saudefaldene sommaren 1916.

med veier, vand, kloak og elektrisk lysanlæg samt grund til forsamlingslokale, til lokale for kooperativ eller anden handelsvirksomhed og lignende.» Til Sauda kommune skulle leverast inntil 5 prosent av den utbygde krafta. Heimfallsretten vart sett til 65 år, frå 1914 til 1979.

Saka vart gjennomgått punkt for punkt i Stortinget, og kom så opp til endeleg avrøysting den 1. juli. Mot 20 stemmer fekk A/S Saudefaldene konsesjon til «at erhverve og regulere Storelven i Saude, Stavanger amt».

Ein føresetnad for å kunne setta i gang med stortstilt kraftutbygging var at A/S Saudefaldene hadde nokon å selja krafta til. Etter å ha hatt kontakt med fleire interesserar, enda dei opp med det store amerikanske selskapet Union Carbide and Carbon Corporation i New York, som var interessert på vegne av det canadiske datterselskapet sitt, Electric Furnace Products Company, Limited, forkorta til EFP. EFP hadde planar om å etablere ein karbidfabrikk i Sauda, og denne fabrikken trøng mykje elektrisk kraft. Denne kunne dei leiga av Saudefaldene. Forhandlingane mellom A/S Saudefaldene og EFP hadde teke til hausten 1913 og enda opp med ein førebels kontrakt i februar 1914. Direktør Edgar F. Price i Union

Carbide og selskapets advokat Mr. Whitney kom til Norge for å sluttføra forhandlingane. Etter at partane hadde blitt samde og skrive kontrakt, sende EFP inn søknad om konsesjon for leige av krafta. Denne søknaden frå EFP vart lagt til sides i første omgang, og søknaden frå A/S Saudefaldene hand-sama først.⁷

Då konsesjonen til A/S Saudefaldene var i orden den 1. juli, starta departementet behandlinga av EFP sin søknad. Forhandlingar vart ført utover sommaren i 1914. Til slutt vart det oppnådd semje mellom Mr. Price og departementet, og kontrakt vart underteikna den 1. desember 1914. Konsesjon for A/S Saudefaldene og Electric Furnace Products Company, Limited vart gitt samtidig, ved kongeleg resolusjon av 11. desember 1914. Dette var første gong amerikansk kapital gjekk inn med tyngde i norsk industrireising. Ved tidlegare utbyggingar var det europeiske industri- og finansinteresser som hadde vore inne i bildet.


Dermed var vedtaket fatta, anleggsarbeidet kunne setjast i gang.

UTBYGGING I EI VANSKELEG TID

Starten kom likevel i ei tid som var vanskeleg. Første verdskrigen braut ut ute i Europa den 28. juli 1914, og det medførte at mange ting som hadde med varekjøp o.l. å gjera, vart vanskeleg, sjølv om Norge var nøytralt og ikkje direkte innblanda i krigen. Så det butta i mot for kraftutbyggjarane. Dei første anleggsarbeida kom ikkje i gang før i mars 1915. Hausten 1915 starta EFP arbeidet med bygging av fabrikkanlegget på Klubben i Sauda, den lange øyra mellom Storelva og Sønnåhavn. I tida framover var det store anleggsarbeid både i heia og nede i bygda. Her vart støypt store fundament, skeletta til dei mektige fabrikksbygningane skaut i veret, ei 120 meter lang betongkai var under bygging, og store kranar kom på plass. Samtidig pågjekk det husbygging i stor stil til dei nye arbeidarane, og gater, vatn og avløp måtte anleggast. Den nye tid hadde verkeleg kome for fullt, Sauda stod i forvandlinga sitt teikn.

A/S Saudefaldene måtte skaffa pengar til kraftutbygginga. Og det var snakk om ein heil del pengar. På generalforsamlinga i selskapet den 12. desember 1914, dagen etter at kon-

7 Sandvik s. 36.



Stasjon I ved Storlivatnet vart bygd i åra 1916-1920. Prøvedrift kom i gang frå 20. oktober 1919, og frå då av var A/S Saudefaldene i gang som kraftprodusent. Foto: Sauda Lokalarkiv.

sesjonen vart gitt, vart aksjekapitalen forhøya til 1,5 millionar kroner. Før det hadde dei skaffa seg eit lån på ein million kroner frå Bergens Kreditbank. Generalforsamlinga vedtok også lånekontrakt med eit bankkonsortium beståande av tre samarbeidande norske bankar – Bergens Privatbank, Trondhjems Handelsbank og Centralbanken for Norge. EFP lånte også ein stor sum pengar til Saudefaldene – ein halv million dollar, som på den tida tilsvara om lag to millionar norske kroner.⁸

Anleggsarbeida kunne starta i mars 1915. Oppgåvene var mange. Til dei førebuande arbeida høyde bygging av kai med lossekranar og lagerhus i Sønnåhavn, ombygging av vegen til Hellandsbygd, bygging av ferje for transport over Storlivatnet, og taubanar frå øvre enden av Storlivatnet og opp til Dalvatnet, Førstavatnet og Holmavatnet. Permanent bustader måtte reisast både i Sauda og i Hellandsbygd, og i løpet av det første året vart det sett opp brakker for 200 mann både nede i dalen og oppe i heia. Ein provisorisk kraftstasjon på 350 hestekrefter var klar alt sommaren 1915, og denne gav lys og kraft til anlegget.

Arbeida starta bra. Her var bruk for mange arbeidshender, og folk strøymde til Sauda frå mange kantar. Folketalet var i kraftig vekst, det steig frå 1405 personar i 1910 til 2201 i 1920

og heile 4457 personar i 1930.⁹ Dynamittsalvane drønna der vegar og tunnellar skulle fram. Opp dei bratte bakkane sleit hestane seg fram med tunge lass. Den første bilen, ein lastebil av merket Federal, kom ikkje før i 1916.

Men etter kvart meldte det seg vanskar av fleire slag. Det kom økonomiske vanskar på grunn av sterk prisstiging og behov for å reisa stadig meir pengar, det kom arbeidskonfliktar ved anlegga, det vart mangel på proviant på grunn av krigen, og dei måtte kjempe mot naturkreftene når dei sette vrangsidia til. Den første vinteren 1915-1916 fall snøen tidleg etter ein regnfull haust, og arbeidet måtte stansast nokre dagar fleire gongar. Snøen vart liggjande over to meter høg i heia, og mange arbeidarar hadde full dag heile vinteren berre med å halda vegane opne. Utover i mars og april sette det inn med kraftig regnver og mildver, det vart sterkt snøsmelting og storflaum.

Arbeidet gjekk likevel framover, trass i vanskane. I den første store anleggsperioden føregjekk arbeidet i utkantområda i heia aust og nordaust for Hellandsbygd. Utpå hausten 1916 var taubanen frå Storlivatnet til Dalvatnet ferdig, og banen frå Dalvatnet til Holmavatnet var klar for prøvekjøring noko seinare. Arbeidet med kraftstasjonen ved Storlivatnet (Sauda I) starta i oktober 1916. Det skulle gå tre år til dei kunne setja i gang prøvedrift av stasjonen og nesten fire år, til midtsommars 1920, før han var heilt ferdig.

Hausten og vinteren 1917-1918 hadde anleggsarbeidarane på nytt svært så dårlege vertihøve å kjempe mot. Det var heile 22 dagar med sterkt nedbør i august og 27 slike dagar i september. Flaumen i vassdraget vart rekordstor, og store delar av Hellandsbygd stod under vatn. Til og med kløyvevegane frå Hellandsbygd til heis vart uframkomelege for hestane. Det skulle likevel bli verre neste haust. Då opplevde dei den største flaumen under heile anleggstida. Det hadde regna samanhengende i halvanna veke, og natt til 11. oktober 1918 vart den provisoriske kraftstasjonen i Hellandsbygd fylt med vatn. Dei to som var på vakt fekk berga seg med naud og neppe, men fekk ikkje tid til å stenga ventilane. Det måtte gjerast etterpå, ved å hogga hol i taket og heisa ned ein

9 Frå Statistisk Sentralbyrå si nettside, http://statbank.ssb.no/statistikkbanken/Default_FR.asp?Productid=02.01&PXSid=0&nvl=true&PLanguage=0&tilside=selecttable/MenuSelPasp&SubjectCode=02.



Eit brakkelag med anleggsfolk og kokker ved Dalvatnet i 1920.

mann. Ved Førstavatnet steig vatnet halvannan meter på ein time, og for å hindra ein katastrofe vart dam II der sprengd. Dermed vart vatnet leia gjennom Dalvatnet og utanom Hellandsbygd. Ved Svartavatnet steig vatnet så fort at arbeidsfolka berre så vidt kom seg opp frå synka i tide.

Også vinteren 1920-1921 var vertilhøva vanskelege. Det skifte mykje mellom regn og kulde. Ein gong steig temperaturen frå minus ti til pluss ti grader på eitt døgn. Storlivatnet steig med to meter på to dagar i januar 1921. Store skredet sperra veggen mellom Sauda og Hellandsbygd. Men arbeidet måtte halda fram. Det skulle byggjast overføringstunnellar fleire stader, t.d. på strekninga frå Sandvatnet til Holmavatnet langt nord i heia på 800-1000 meters høgde. Transporten til Sandvatnet var særleg strabasiøs. For ein stor del gjekk han frå Odda til Seljestad, og så med hest over Tjuaminne vestover heia. Ofte måtte dei bera eller trekka materialane på kjele langs Sandvatna fordi isen ikkje alltid var sterkt nok. Anleggssarbeid i heia under slike forhold må ha vore eit ufatteleg slit.

Det var likevel ikkje berre naturforholda som baud på vanstrar for utbyggjarane. Økonomien skulle også bli svært problematisk på grunn av dyrtid og inflasjon under krigen. Prisstigninga sette inn alt tidleg under krigen, og den sprengde etter kvart alle budsjett og kalkylar. For Saudefaldene fekk dette vidtrekkande økonomiske følgjer. Prisskruen dreia stadig raskare og var helt utanfor kontroll. I åra 1915-1917 steig prisen på dei fleste innsatsvarer og materialar som anlegget var avhengige av med 400-500 prosent. Enkelte varer steig med 700 prosent, ingen steig med mindre enn 100 prosent. T.d. steig prisen på borstål frå 27 øre pr. kilo i 1915 til 90 øre i 1917, jern frå 15 til 85 øre, spiker frå kr 9,25 til kr 31,50 pr. kasse. Enkelte varer blei også umuleg å skaffa, eller leveringa vart utsett mange gongar. Det galdt t.d. rør til røygater, som vart levert frå Polen, og det elektriske maskineriet til Stasjon I. Det vart liggjande lenge i Amerika på grunn av eksportforbod. Slike ting gjorde at arbeid vart innstilt ved årsskiftet 1917-1918, og heile arbeidsstyrken vart oppsagd. Arbeidsstansen kom til å vara i eit halvt år.



Med sterk is på Storlivatnet kunne røyra køyrast inn til Stasjon I med hest og slede. Foto: Sauda Lokalarkiv.

Den kraftige prisauken gjorde at Saudefaldene kom til å trenge mykje meir pengar enn dei hadde tenkt. På ekstraordinær generalforsmaling i Bergen 2. juli 1918 vart aksjekapitalen forhøya frå 640 000 kroner til 2,2 millionar kroner. Året etter vart det vedteke ein ny auke på 1,6 millionar kroner ved offentleg teikning av 1600 aksjar a kr 1000. I byrjinga av 1919 hadde selskapet ei samla gjeld på vel 9 millionar kroner, med Bergens Kreditbank som største långjever.

Sjukdom melde seg også. Spanskesykja kom sommaren 1919, og midt i juli var nesten halve mannskapsstyrken ute av funksjon. Dette var ein uvanleg vondarta influensaepidemi som gav høg feber med lungebrann, som ofte var den utløysande dødsårsak. I oktober låg heile mannskapsstyrken ved Svartavatna til sengs. Då spanskå nådde toppen i november hadde ho kravd fleire menneskeliv mellom arbeidarane.

Arbeidskonfliktar ramma arbeidet i 1917. Den første og alvorlegaste varte i fire månader, frå april til slutten av august. Den andre varte i tre vekes tid i oktober-november same året. I den lange konflikten var det svenske syndikalistiske

anleggsarbeidarar som var leiarar. Dei erklærte Saudefaldene sitt anlegg for blokkert, og blokaden vart overvåka av ein streikekomite. Blokaden vart ikkje heva før departementet gav ordre til utvising av dei svenske leiarane i streikekomiteen og mange andre svenske arbeidarar. Også anleggsarbeidet for EFP nede på Klubben i Sauda, som vart drive av A/S Høyler-Ellefsen, vart ramma av streikar og blokadar, m.a. med krav om 8-timars dag. Uklare og brokete organisasjonsforhold var eit stort problem i desse konfliktene. Formelt var det ikkje konflikt mellom Saudefaldene og fag forbunda og deira lokalavdelingar. Det var dei lokale samorganisasjonane som var aktørar i dei forskjellige blokadane.¹⁰

Mangel på proviant gjorde ikkje forholda lettare. Under kriga var det streng rasjonering av alle varer, og ofte var det vanskeleg å få tak i sjølv dei knapt tilmalte rasjonane. Proviantteringsrådet i Sauda var i lange tider tome for varer som gryn, erter og sukker. Matmangelen førte til arbeidsstans i perio-

10 Sandvik s. 60.

dar. Ut over hausten 1918 var det så lite før å få fatt i at hestane ikkje kunne brukast meir enn ein halv dag om gongen.

Det var stor tilflytting til Sauda på grunn av tilgangen på arbeid. Men arbeidarane var ikkje sikra jamm sysselsetting. Trangen for arbeidsfolk gjekk i bølgjer. Sommaren 1915 skal A/S Saudefaldene ha hatt 200 mann i arbeid. Men i mai 1916 var det ikkje fleire enn 107, og i juni same året berre 70. Så steig det kraftig igjen om sommaren til 220 mann i juli og 250 i august. Hausten 1917 var dei oppe i 400 mann, men arbeidet låg heilt nede i første halvår 1918.¹¹

STRAUM TIL EFP OG ANDRE

Den opprinnelige planen var at første leveringsdag for straum frå Saudefaldene til EFP skulle vera 1.1. 1918. Men på grunn av krigen og dyrtida lukkast det korkje for Saudefaldene eller for EFP å få anlegga sine ferdige til den tid. Nesten to år seinare, den 20. oktober 1919, var Saudefaldene kome så langt med utbygginga av stasjon Sauda I at dei kunne setja i gang prøvedrift av stasjonen og levera straum på nettet. Frå den dagen av var A/S Saudefaldene i drift som kraftprodusent. Men EFP var ikkje ferdig med fabrikken sin og kunne såleis ikkje gjera eg nytte av krafta dei fekk levert. Etter den inngåtte kontrakten var dei likevel forplikta til å ta imot, og det skal ha blitt laga til nokre svære kummar med sjovatn på fabriktomta som straumen vart leia ned i. EFP kom ikkje til å ta krafta i bruk før i 1923, då smelteverket vart sett i drift.

Anlegga til Saudefaldene hadde kapasitet til produksjon av meir kraft enn det EFP skulle ha. Difor såg selskapet seg om etter andre aktuelle avtakarar for straumen. Dei innleia forhandlingar med Haugesundshalvøens og Karmøy kraftselskap og slutta kontrakt med dei i mars 1920. Dette var eit interkommunalt kraftselskap for kommunane på Karmøy og innover på fastlandet like inn til Etne. Krafta skulle leverast i Etne, og Saudefaldene tok på seg å byggja ei kraftline fram dit. Det var ei 66 kV line til Litledalen i Etne som vart bygt, og kraftleveransen kom i gang på ettermiddagen 1922. Denne kom til å vara like til 1979. Den gamle Etnelina vart teken ned i 1980. Heilt frå starten av skulle den straumen som vart levert vestover heia til Etne vera 50 periodars vekselstraum, i motsetning til den 25 periodars straumen som EFP kjøpte

og som Sauda-samfunnet kom til å ha i mange år. I stasjonen var det fram til levering til Etne berre installert 25 periodars generatorar. For levering til Etne måtte det på svært kort tid installera ein ny 50 periodars generator.

I desember 1920 fekk Saudefaldene også ein avtale med Haugesund kommune om levering av straum dit. Selskapet var også i forhandlingar med Søndhordland Interkommunale Kraftselskap og dessutan med staten og Kristiania kommune om levering av straum over fjellet til Austlandet, men desse kontaktane førte ikkje fram.¹²

PRISSTIGING OG NYE LÅN

Prisstiginga heldt fram også etter at verdskriga var slutt i 1918. Basisvarer som cement, dynamitt, jernkonstruksjonar og trematerialar steig så mykje at alle tidlegare berekningar stadig måtte gjerast om. Cementprisen steig på eitt år frå 15 til 36 kroner pr. tønne. Ein trottelventil laga av ein mekanisk verkstad hadde kosta 10 000 kroner til Stasjon I, men til Stasjon II måtte ein slik ventil betala med 45 000 kroner. Lønsutgiftene steig også mykje, ikkje minst etter reduksjonen av arbeidstida frå 10 til 8 timer pr. dag. Det måtte stadig lagast nye kalkylar. Utbygging av Stasjon I og II vart kalkulert til 13,8 millionar kroner i mai 1919, men til september 1920 var det brukt 17 millionar, og anlegga var enno ikkje ferdige.¹³

Det vart halde takst over Saudefaldene sine eigedommar og anlegg i januar 1920 i samband med nye lån. Taksten var på 20,4 millionar kroner, som ville bli forhøya til 28-30 millionar når Stasjon II var ferdig. Selskapet tok opp eit nyt lån på 9 millionar kroner i april 1920. Långjavarar var det bankkonsortiet dei hadde lånt av før – Bergens Privatbank, Trondhjems Handelsbank og Centralbanken for Norge. Renten var på 6 prosent, og Saudefaldene måtte finna seg i ein utbetalingsskurs på 94 prosent, slik at dei fekk utbetalet berre 8,46 millionar kroner.

I følgje konsesjonen av 1914 hadde Saudefaldene sju år på seg til å fullføra utbygginga, til 11. desember 1921. Slik tidene blei under og etter verdskriga, syntet det seg umuleg å etterkoma dette. I 1919 hadde selskapet fått tre års forlening av fristen, til desember 1924. Etter kvart vart det klart at

11 Lillhammer 2002 s. 276f.

12 Sandvik s. 79f.

13 Ibid., s. 73f.



EFP sin fabrikk på Klubben i Sauda kom endelig i gang i 1923. Den opprinnelige planen var at EFP skulle produsera karbid, og det var ein karbidfabrikk som vart bygd. Den stod ferdig i 1920, men den kom aldri i drift fordi det ikkje lenger var marknad for karbid. I staden vart anlegget ombygt til produksjon av ferrolegeringar.

sjølv denne forlenga fristen ikkje kunne halda. Hausten 1921 søkte Saudefaldene til departementet om forlenging av fristen med ti år. Då Sauda kommunestyre behandla søknaden, tilrådde dei høgst fem års forlenging. Det endelige vedtaket vart sju års forlenging, til desember 1928.¹⁴ Seinare vart utbyggingsfristen ytterlegare forlenga.

Etter at Stasjon I var heilt ferdig midtsommars 1920, vart det arbeidd vidare med fullføringa av Dalvatnanlegget og Stasjon II der. Etter planen skulle både generatorar, turbinrør og turbinar vera på plass slik at monteringa kunne føregå i løpet av sommarmånadene i 1921. Men krigens ettermirkningar skapte forseinkingar, og kostbar tid gjekk tapt for anlegget. Først i desember 1921 var alt transportert på plass og ferdig montert, og dei først dagane av januar 1922 vart det drive kontinuerleg prøvekjøring av Stasjon II. Forseinka leveransar

og vanskelege ver- og føreforhold, så vel som arbeidskonfliktar og nedlegging av arbeidet hadde vore årsaker til forseinkingane.

Til utbygginga av dei to første kraftstasjonane hadde Saudefaldene brukta heile 25 millionar kroner, eit heilt anna beløp enn det dei opprinnelige kalkylane lydde på. Likvel framheva direktør Kloumann at dette første byggetrinnet hadde blitt billigare enn noko anna kraftanlegg som blei fullført i Norge på denne tida. Byggeprisen var 450 kroner pr. hestekraft.¹⁵

EFP sin fabrikk på Klubben i Sauda kom endelig i gang i 1923. Den opprinnelige planen var at EFP skulle produsera karbid, og det var ein karbidfabrikk som vart bygd. Den stod ferdig i 1920, men den kom aldri i drift. For etter verdenskrigen var karbidens gullalder forbi. Botnen hadde falle ut av den marknaden, dermed var det ikkje aktuelt for EFP å

14 Ibid., s. 82f.

15 Ibid., s. 86.

setta i gang med produksjon av karbid. I staden bestemte bedrifta seg for at anlegget skulle ombyggast til produksjon av ferrolegeringar. Det skjedde i åra 1920-1923. Den 13. juni 1923 kom fabrikkdrifta i gang med ein omn for framstilling av ferrosilicium. Den 24. oktober kom omn nummer to i gang for produksjon av ferromangan, som viste seg å ha den gunstigaste marknaden. Til jul blei difor den første omnene stansa og ombygd til ferromangan.¹⁶ Manganen vart henta frå Ghana i Vest-Afrika, av båtar som gjekk i fast rute.

ØKONOMISK KRISE OG NY EIGAR

I åra 1922-1923 var det dei økonomiske problema som var dominerande for A/S Saudefaldene. Dei sat hardt i det og makta ikkje full betaling av alle renter på dei store låna, og kassakredittgjelda berre voks. Ny takst over anlegga vart teken opp i april 1922, og den lødde på 30,8 millionar kroner. Eit nytt lån vart teke opp på 6,4 millionar kroner frå dei same långjevarane som før. Andresens og Bergens Kreditbank var største långjevar til A/S Saudefaldene, og også største aksjonær i selskapet med kring 50 prosent av aksjekapitalen.¹⁷

Selskapet gjorde eit framstøyt for å få redusert den høge rentebelastinga, som med kostnader kom opp i 8-9 prosent. Dei føreslo overfor bankane å justera ned renta til 5 prosent, for å prøva å skapa ein viss balanse mellom inntekter og løpende utgifter. Men dette førte ikkje fram. Bankane var sjølv i store vanskar. Noko von om auka kraftleveranse til kommunane var det heller ikkje. Mange av dei sleit meir enn hardt nok med å klara seg.

Det vart meir og meir klart at situasjonen for Saudefaldene var umuleg i lengda. Ikke nok med at kraftinntektene ikkje dekte gjeldskostnadene. I tillegg hadde selskapet etter opsjonskontrakten med EFP plikt på seg til å halda fram med utbygginga til dei neste 40 000 hestekreftene, som skulle leverast innan utgangen av 1926. Etter dei kalkylane dei hadde fått utarbeidd, ville utbygging av Stasjon III kosta vel 15 millionar kroner, og den årlege kostnaden med drift og gjeldsbetaling ville overstiga kraftinntekta. Selskapet si gjeld var ved utangen av 1924 på 27,6 millionar kroner, som var meir enn sju gongar aksjekapitalen, som var på 3,925 millionar kroner.

16 Ibid., s. 91.

17 Ibid., s. 89.



Ved Elvekryss går vassrøyret i eit imponerande spenn tvers over dalen. Dette bildet kan vera frå 1929, då arbeidet pågjekk. Røyret var ferdig montert i 1930.

Alle piler peika nedover. Bar det så ret mot konkurs for selskapet? Nei, dei såg ein annan utveg. Det var at amerikanske i EFP skulle overta gjelda til selskapet og stå for den vidare utbygginga. Bankane støtta denne løysinga. Vinteren 1925 steig dei tre herrar direktør Kloumann i Saudefaldene, direktør Bonge i Bergens Kreditbank og regjeringsadvokat Johanssen om bord i Amerikabåten og reiste over Atlanteren for å forhandla med Mr. Edgar F. Price (Mr. EFP!). Det enda med at Mr. Price på vegne av sitt konsern sette fram eit tilbod, der bankane fekk oppgjer for det dei hadde til gode hos Saudefaldene med tre millionar dollar. Dette tilsvarta om lag 17 millionar norske kroner¹⁸, og utgjorde dekking for berre om lag halvparten av det dei hadde lånt ut til selskapet. Den vidare kraftutbygginga i Sauda skulle bli finansiert frå Amerika gjennom EFP. Aksjekapitalen skulle utvidast, og The Dominion Metallurgical Company Ltd. (DMC), eit anna av Union Carbide sine selskap, ville få aksjemajoriteten. Ein førebels avtale mellom partane vart inngått den 15. april 1925.

18 Dollarkursen var på kr 5,69 i 1925. <http://www.ssb.no/histstat/tabeller/24-28.html>.

Viss amerikansk kapital skulle kjøpa opp A/S Saudefaldene, måtte konsesjonsvilkåra frå 1914 endrast. Der heitte det at berre norske statsborgarar kunne eiga aksjar i selskapet. Alt i mars 1925 hadde Saudefaldene sendt søknad til regjeringa om dette. Dei ba om at paragraf 1 i konsesjonsvilkåra måtte endrast, slik at utanlandske interessentar kunne koma inn på eigarsida. Det vart argumentert med at amerikansk kapital framstod som den einaste mulege løysinga på Saudefaldene sine økonomiske problem.

Sauda kommunestyre gjekk i sin uttale av 8. juni inn for endring av konsesjonsvilkåra og opning for amerikanske eigarar til kraftselskapet. Men dei ba om at selskapet skulle tilpliktast å avsetta eit fond på 500 000 kroner til sikring av kommunen mot økonomiske vanskar som kunne koma om arbeidet vart nedlagt eller innskrenka.

Også hovudstyret for vassdrags- og elektisitetsvesenet tilrådde opning for amerikansk kapital. Dei såg det som utvegen for å gjenreisa Saudefaldene og unngå fullt samanbrot og konkurs. Når så mykje arbeid var lagt ned i kraftutbygginga, måtte det vera av vesentleg nasjonaløkonomisk interesse å få bringa selsapet over i brukbare økonomiske forhold. Også Fylkesmannen i Rogaland var positiv. Sjølv om han hadde store "betenkelsigheder" med å gå inn for at aksjemajoriteten kunne overførast til eit utanlandsk selskap, meinte han at det i dette tilfellet ikkje måtte nektast.¹⁹

Og det var dette som var gjennomgangsmelodien. Den foreslalte ordninga med at amerikansk kapital skulle overta Saudefaldene framstod som den einaste mulege vegen ut av dei økonomiske vanskane. Det var eit tilbod som ingen kunne takak nei til. Arbeidsdepartementet gav si innstilling den 4. juli 1925, og det vart utferda kongeleg resolusjon same dag. Der heitte det:

"Stortinget samtykker i at det foretas forandringer i den A/S Saudefaldene meddelte konsesjon på erverv og regulering av Storelven. Stortinget har intet å innvende mot at Mr. Edgar Price på vegne av The Dominion Metallurgical Company Ltd., Canada, erverver aksjemajoriteten i A/S Saudefaldene."

Saka var oppe i Stortinget den 16. juli 1925. Eit mindretal gjekk inn for å utsetja saka, og der var også framlegg om andre avgiftssatsar for selskapet. Men til slutt vart framlegg om

aksjemajoritet for Mr. Price på vegne av DMC vedteke samrøystes. Under stortingsbehandlinga hadde Sauda formannskap sendt telegram og bedt om at søknaden måtte stettast. Dei hadde kome til at dei ikkje lenger våga å stilla nokon krav i samband med konsesjonen, fordi saka hadde så stor betydning for distriktet.


Etter at Mr. Price hadde meldt at DMC ville godta vilkåra i konsesjonen, vart endeleg kongeleg resolusjon utferda den 2. oktober 1925. I den nye konsesjonen var det krav om at fleirtalet i styret skulle vera norske statsborgarar, og at aksjekapitalen skulle vera på minimum 12 millionar kroner. Men det tidlegare kravet om at berre nordmenn kunne eiga aksjar i selskapet, var no borte. Døra var opna for dei amerikanske eigarane. Vidare heitte det at utbyggingsfristen for resten av kraftanlegget vart sett til fem år. Staten kunne ikkje krevja innløysing før det hadde gått 40 år, og utløpet av konsesjonstida vart den same som før, i 1979.

På ekstraordinær generalforsamling i A/S Saudefaldene i veka etterpå, den 10. oktober 1925, gjorde dei utvidinga av aksjekapitalen til 12 millionar kroner, vedtok nye vedtekter og valde nytt styre. I det nye styret sat advokat Herman Christiansen som formann og så fem andre styremedlemmer – direktør William H. Sneath, New York, advokat Wilhelm Bugge, direktør Gustav Henriksen, direktør Sigurd Kloumann i Saudefaldene og statsråd Cornelius Middelthon. Eit halvår seinare vart også Benjamin O'Shea, New York, innvald som styremedlem. Dermed var to amerikanarar og fem nordmenn i styret for selskapet. Amerikanarane var EFP sine folk i Sauda, nordmennene var forretningsadvokatar, direktørar og pengefolk frå hovudstadsområdet. Christiansen var ein leiande industriadvokat på dennetida, og han representerte også andre utanlandske industrikonsern som deltok i industrialiseringa av Norge.²⁰ Cornelius Middelton var kjøpmann og Høyre-politikar frå Stavanger. Han var innvald på Stavanger 1919-1924 og var statsråd i Arbeidsdepartementet i 1920-1921 og 1923-1924.

Hausten 1925 var prosessen ført til endes. A/S Saudefaldene hadde overanstrengt seg finansielt og hamna i eit økonomisk uføre som korkje dei eller andre såg nokon annan veg ut av enn at dei amerikanske eigarane var smelteverket

19 Sandvik s. 89.

20 <http://www.schjodt.no/hvem-vi-er/kultur/historie.aspx>.



Imponerande forskalingar ved bygging av Holmavatndammen i 1920. Foto: Sauda Lokalarkiv.

i Sauda også overtok som eigarar av Saudefaldene. Kraftselskapet og smelteverket vart søsken, begge var i realiteten amerikanske selskap. I denne prosessen var det amerikanarane som var den sterke parten. Dei kunne langt på veg diktera vilkåra og få det som dei ville. I forhandlingane hadde dei spelt ut nedleggingskortet. Om dei ikkje fekk krava sine innfridde, stod smelteverket i Sauda i fare for å bli nedlagt. Det ville føra til økonomisk ruin og sosialt kaos for bygda, det såg alle. Det var ei lita fjordbygd mot ein internasjonal industrigigant. Og amerikansk pengemakt mot norsk politisk avmakt. Kjartan Fløgstad har i boka si *Arbeidets lys* brukt overskrifta *Ja til sal av Norge* når han omtalar prosessen fram mot konsesjon for amerikanarane til å overta Saudefaldene.²¹

Slik det utvikla seg, fall det norske vassdragsselskapet A/S Saudefaldene som ei moden frukt i fanget til den amerikanske storkapitalen. Dette var inga fillesak, men ei stor sak i

nasjonal målestokk. På 1920-talet var Saudefaldene ein av landets største kraftprodusentar, og Sauda ei av dei store kraftbygdene.

11 TURBULENTE ÅR

Eit 11 år langt og til dels smertefullt kapittel vart avslutta i 1925, då Saudefaldene vart rekonstruert med amerikansk kapital. Det hadde vore selskapets skjebne å starta opp midt i krigstida. Vanskane tårna seg opp, på grunn av forhold som dei lite kunne vera herre over. Kalkylane måtte mangedoblast, materiell og utstyr vart forseinka eller kunne ikkje skaf fast, og dei fekk kjempa ein seig kamp mot naturens luner i eit ulendt høgfjellsterreng. I tillegg kom sjukdom og arbeidskonfliktar. Selskapet sine folk og kontraktørar ute i terrenget hadde stått for eit stykke barsk norsk anleggshistorie. Meter for meter hadde dei arbeidd seg fram i kilometerlange tunnellar. Det var boring for hand eller i beste fall med kompressor, medan steinstøvet låg som ei tett skodde rundt dei. Ikke

21 Fløgstad s. 34ff. Sjå og Lillehammer 2002 s. 463f.



Kraftstasjonen i Flørli på sørsida av Lysefjorden under bygging i 1917. Kraftutbygginga her føregjekk samtidig med A/S Saudefaldene. A/S Flørli fekk også økonomiske problem, og her enda det med sal av kraftanlegget til Stavanger Elektrisitetsverk i 1927.

minst hadde transporten bydd på utfordringar, først på den bratte og svingete vegen til Hellandsbygd, og så vidare med taubanar og trallebanar, over vatn og myrlendte strekningar.

MANGE KRAFTPROSJEKT I RYFYLKE

Det var ikkje berre i Sauda dei arbeidde med planar for kraftutbygging i desse åra. Det skjedde mange stader i landet, og det skjedde også på andre stader i Ryfylke. Vassdragsutbygjarar kasta sine auge på vassdraga både i Jøsenfjorden og i Lysefjorden, men her skulle det utvikla seg noko annleis enn i Sauda.

I Jøsenfjorden kom det opp planar for utbygging av både Ullavassdraget, som renn ut i fjorden ved Vadla, og av Førevassdraget, som har utløp inne i fjordbotnen. Vassrettane i Ulla- og Sandsavassdraget vart kjøpte av staten i 1912. Forskjellige private eigarar og selskap hadde kjøpt opp vassrettane i dei føregåande åra, og dei selde no til staten. Staten gjorde nye oppkjøp av eigedommar og vassrettar i Jøsenfjorden i 1916. Tanken var å byggja kraftstasjon både i Ulladalen og nede ved fjorden. På Hauga i Jøsenfjorden var det høvelig tomteland til bygging av storindustri som kunne nytta den elektriske krafta. Men slik skulle det ikkje gå. Det vart ikkje sett i gang noko utbygging av Ullavassdraget. Staten sat med

vassrettane i mange tiår framover, heilt til den store Ulla-Førre-utbygginga kom i gang på 1970-talet.²²

Inne i Føre var det A/S Førre som hadde hand om vassrettane. Selskapet vart skipa i 1908, og det var folk frå hovudstaden som sat i leiinga. I det første styret sat advokat Gunnar Gundersen, kanaldirektør Gunnar Sætren og ingeniør G. Sætersmoen. I 1918 vart selskapet registrert i Ryfylke handelsregister, og det hadde då ein aksjekapital på 1,2 millionar kroner. Dei tre i styret no var overrettsakførar Trygve Sundt frå Kristiania, og så to forretningsmenn frå Stavanger – skipsreiar Berge Bergesen og Einar Meling. Meling hugsar vi var ein av hovdumennene bak oppkjøpet av vassrettar i Sauda og sentral i skipinga av A/S Saudefaldene. Også Trygve Sundt var inne i bildet i Sauda, som juridisk konsulent og sekretær for styret i Saudefaldene.

Vasskrafta i Føre var tenkt bygt ut i to eller tre kraftstasjonar, og nede ved fjorden var det tilgjengeleg tomteland til industribygg. Men det gjekk ikkje så godt for A/S Førre. Dei fekk ikkje i gang den kraftutbygginga og industrireisinga dei hadde vona på. Verdskrig, dyrtid og skiftande konjunkturar gjorde det vanskeleg. Dei ser heller ikkje ut til å ha vore så aktive med eigne utbyggingsplanar. Dei var mest interesserte i å selja vassrettane til andre, som så skulle føreta kraftutbygging. M.a. var det kontakt med Oslo kommune i 1919-1920 om sal av vassrettane til dei, utan at det førte fram. Aktiviteten i selskapet vart redusert til eit minimum i mellomkrigstida, og aksjekapitalen vart nedskriven til det halve i 1925. Selskapet sat på vassrettane i Føre fram til 1947, då dei vart selde til staten. På dette tidspunktet såg staten Føre- og Ullavassdraget i samanheng, og det slik kraftmengda vart utnytta då det endeleg vart sett i gang utbygging i 1970-åra.²³

Vassdraga på nordsida av Lysefjorden og over mot Årdalsheiane vart også omfatta av stor interesse frå oppkjøparar. Distriktslege Engvald Hansen frå Flekkefjord og ingeniør H. Juel frå Stavanger kjøpte vassrettar i stor stil, og desse vart overdregne til A/S Lysefjord, som vart skipa i 1909. Også dette selskapet var dominert av pengefolk frå Kristiania. Disponent Alf Frantzen åtte nesten alle aksjane og var styreformann. I 1914 var hans aksjepost redusert til 1/6. Det Nor-

ske Aktieselskab for Elektrokemisk Industri (seinare Elkem) åtte då 4/6 og tidlegare statsminister Christian Michelsen i Bergen 1/6. Direktør Conrad W. Eger frå Elektrokemisk var styreformann, og han skulle sitja i leiinga for selskapet i 20 år framover. Utbyggingsplanane gjekk ut på å føra store delar av Årdalsvassdraget over til Lyse og byggja kraftstasjon ved fjorden i Lysebotn.

A/S Lysefjord hadde sikra seg vassrettar og fått konseksjon, men kunne ikkje gå i gang med noko utbygging før dei hadde kjøparar til krafta. Men her butta det imot. Det lukkast ikkje for selskapet å få korkje norsk eller utanlandsk storkapital til å starta noko industriutbygging i Lysebotn før første verdenskrig kom og la hindringar i vegen. I depresjonstida etter krigen vart det ikkje lettare. Dei hadde mange kontaktar både nasjonalt og internasjonalt, men utan hell. Dei gjorde eit framstøyt ved å søkja konsesjon for ei mindre utbygging av vassdrag på søraustsida av Lysefjorden, og fekk konseksjon her i 1930. Men heller ikkje den utbygginga lukkast dei å realisera.

I 1933 hadde selskapet brukt 5-6 millionar kroner på arbeidet med å skaffa grunnlag for å kunne byggja ut vasskrafta i Lyse og Årdal. Til slutt vende eigarane tommelen ned for vidare forsøk, og den 20. april måtte selskapet levera konkursbuet til skifteretten. Vatnet i elvane i Årdal og Lyse skulle få renna fritt til etter krigen. I 1947 starta Lyse Kraftverk kraftutbygginga i Lyse, og no skulle ikkje krafta brukast til storindustri, men til allmenn kraftforsyning i fylket. Krafta frå Lyse kom på nettet i 1953.²⁴

I Flørli på sørsida av Lysefjorden var det òg eit stort vassdrag, og interessentar kasta sine auge på det før første verdenskrig. Også her var det utbygging av vasskrafta til bruk for storindustri som vart planlagt. Medan ein i Lyse ikkje kom i gang med kraftutbygging fordi kontakten med storindustrien svikta, gjekk ein i Flørli eit steg lenger. Her bygde dei kraftverket på spekulasjon, i tillit til at planane dei hadde om bygging av smelteverk skulle kunne la seg realisera. Det slo ikkje til, og dermed laut dei finna annan bruk av krafta.

Einar Meling var ein aktiv aktør også i Flørli. Han kjøpte Flørligarden med heiari og vassrettar i 1914. To år seinare tok

22 Trygve Brandal: *Hjelmeland. Bygdesoge 1800-1990*, Stavanger 1994 s. 254f.

23 Ibid., s. 255f.

24 Ibid., s. 256ff. og Trygve Brandal: *Fjordafolk. Kultursoge for Forsand 1800-2000*, Stavanger 2002, bind 1 s. 248ff.



Tonnevis av stein vart transportert ut med hest frå tunnelane. Med skinnegangar og vogner (vaggar) gjekk arbeidet lett. Lokomotiv drivne av pressluft (compressed air locomotive) vart også teke i bruk. Foto: Sauda Lokalarkiv.



han initiativet til å skapa A/S Flørli Kraft- og Elektrosmelteverk, med ein aksjekapital på ein million kroner. Her var han største aksjonær, saman med skipsreiar Sigval Bergesen frå Stavanger. Hartvig Irgens frå hovudstaden vart tilsatt som direktør. Planen var å byggja ei ferrosilisiumverk i Flørli, som skulle nytta krafta som kraftverket produserte. Men i dei vanskelege åra under og etter krigen makta dei ikkje å realisera det. Kraftutbygginga var sett i gang, og dermed ville dei sitja med store kraftmengder som dei ikkje visste kva kunne brukast

til. Dei vende seg til Stavanger kommune, og til slutt vart det inngått ein leigeavtale som gjekk ut på at Stavanger skulle leiga kraft frå A/S Flørli frå 1918 og i ti år framover. Kraftutbygginga var ferdig sommaren 1918. Den 29. august klokka 11 om kvelden kom Flørlikrafta på nettet for første gong.²⁵

A/S Flørli vart ikkje nokon god butikk. Kostnadene med å driva kraftverket vart mykje høgare enn forventa, noko som førte til store økonomiske vanskar for selskapet. Det var først og fremst finanskostnadene som tyngde. I 1925 hadde selskapet ei gjeld på 5,6 millionar kroner og stod på konkursens rand. Det enda med at Stavanger Elektrisitetsverk kjøpte heile anlegget med tilhøyrande eigedommar og fallrettar i 1927 for 3,75 millionar kroner, og A/S Flørli vart oppløyst. Kraftverket i Flørli skulle verta en viktigaste energikjelda for Stavanger i 25 år framover, heilt til produksjonen i Lyse kom i gang i 1953.


I Strand kommune hadde dei Jørpelandsvassdraget. For å utnytta desse vassressursane vart A/S Ryfylke Kraftanlæg stifta i 1909. Først var det meiningsa at det skulle byggast eit treslipeverk, som skulle nytta krafta. Men det vart ikkje noko av, og det var til det nye stålverket, Stavanger Electro Staalværk AS, krafta skulle bli levert. Selskapet vart etablert på tamponen av 1910, og bygging av smelteverket vart sett i gang. I mars 1913 var det ferdig, og produksjonen kom i gang.

I 1916 kjøpte Stålverket så mange aksjar i AS Ryfylke kraftanlæg at bedrifta fekk aksjemajoriteten. Kraftverket vart deretter som ein del av smelteverket. Den første kraftstasjonen vart bygt nede på sjøle Jørpeland, etter nokre år vart det bygt ein ny stasjon oppe i Dalen.

Desse andre kraftutbyggingsplanane i Ryfylke som vi her har hørt om, set kraftutbygginga i Sauda i relief. Alle stader var det kraftutbygging for storindustri som var den opprinnelige tanken. Slik vart det berre i Sauda og på Jørpeland. Dei andre stadane var det til slutt den allmenne kraftforsyninga som skulle nyttiggjera seg krafta.

I Jøsenfjorden og i Lysefjorden kokte dei store planane bort i kålen. Korkje A/S Førre eller A/S Lysefjord maktar å få i gang kraftutbygging. A/S Lysefjord gjekk konkurs, og vatnet fekk renna i fjorden i Årdal og i Lyse som før til det interkommunale selskapet Lyse Kraftverk starta utbygginga i 1947. A/S Førre heldt seg flytande, men selde til slutt vassrettane

25 Brandal 2002 bind 1 s. 253ff.




Det var eit strevsamt og møysommeleg arbeid å få på plass svære rør til røyrgatene i bratte fjellsider. Foto: Sauda Lokalarkiv.

sine i Føre til staten. Staten eigde Ullavassdraget i Jøsenfjorden frå før, og såg desse to vassdraga i samanheng med vassdrag i Suldal då dei starta Ulla-Førre-utbygginga i 1970-åra. I Flørli bygde A/S Flørli kraftverket, men ikkje smelteverket dei hadde planar om. Det var den allmenne kraftforsyninga i Stavanger som kom til å nytta straumen frå Flørli, først ved leige, sidan ved kjøp av anlegget.

BYGGING AV STASJON III

Saudefaldene hadde brukt dei første 10-11 åra til bygging av Stasjon I ved Storlivatnet og Stasjon II ved Dalvatnet med tilhøyrande dammar og tunnellar. Anleggsarbeida på Stasjon

III tok til i 1927. Denne utbygginga utnyttar Storelva sitt fall mellom Storlivatnet i Hellandsbygd og Saudafjorden. Ulike entreprenørar fekk oppdraget. Det skulle byggjast dam ved sørenden av Storlivatnet, ein over sju kilometer tunnel ned til fordelingsbassenget ovanfor Sønnå, røyrgate ned lia til kraftstasjonen og så sjølv kraftstasjonsbygget i Sønnåhavn. Over vegen i Tverrdalen vart røyrgata bygd i ein spektakulær boge, 32 meter over dalbotnen og med ei spennvidde på 60 meter, som var ferdig i 1929. Stasjon III var klar for prøvekjøring i oktober 1930 og vart sett i drift i februar 1931. Stasjonen var bygd for tre aggregat, men berre to var montert ved oppstart. I 1942 vart det tredje aggregatet installert av tyskarane som



Røyrbogen ned mot Stasjon III er ein dristig, original og elegant konstruksjon. Foto: Sauda Lokalarkiv.

då hadde bruk for krafta til aluminiumoksydverket dei bygde i Saudasjøen. Samla hadde stasjonen ei yting på 64 000 kW, fordelt på tre aggregat.

Stasjon III vart teikna av arkitektane Andreas H. Bjercke og Georg Eliassen og bygt av entreprenørfirmaet Hoyer-Ellefse. Bygningen er i den særprega art deco-stilen, men har også element frå nyklassisismen, og fekk seinare også trekk frå funksjonalismen. Stilarten er lite brukt i Norge og enno mindre innanfor industriarkitektur. Stasjon III er ved mange høve framheva som ein fin og eigenarta kraftstasjonsbygning, både innvendig og utvendig. Hovudfasaden har ei spesiell vindusløysing med tre store runde «koøyter» nedst og eit horisontalt vindusbånd øvst. Stasjonen er bygd i betong og har ein lysegrøn fasade. Bygget er 38,5 meter langt, 20 meter breidt og 17 meter høgt.

Vatnet vart leia til stasjonen frå fordelingsbassengen gjennom to 800 meter lange røyr. Denne røyrgata høyrer organisk saman med stasjonsbyggingen. Røydiameteren er 2,4 meter øvst og 1,9 meter nedst, medan godset aukar frå 19 til 32 millimeter.²⁶




Stasjon III i Sønnåhamn i 1930, snart klar for prøvekjøring. Foto: Sauda Lokalarkiv.

NORDAG

I løpet av 1930-åra vart det utført ei rekke mindre utbetningsarbeid ved dei ulike delane av Saudefaldene sitt anlegg, men ingen større utvidinger. Så kom krigen med sine utfordringer. Alt frå 1940 førebudde det tyske firmaet A/S Nordag i Oslo bygging av ein aluminiumoksydfabrikk i Sauda for Nordische Aluminium A/G i Berlin. Først ville dei byggja fabrikken i nær tilknyting til EFP sin fabrikk i Sauda, men etter

²⁶ Kulturminner i norsk kraftproduksjon: en evaluering av bevaringsverdige kraftverk (KINK). Utg. av Norges vassdrags- og energidirektorat 2006, s. 123 og 215-218.




Nordag var eit stort fabrikkanlegg som tyskerane bygde i Saudasjøen under krigen for produksjon av aluminium. Fabrikken kom i drift i liten skala i 1943. I 1946 vart fabrikken overtaken av A/S Årdal Verk og riven og flytta til Årdal i Sogn.

energiske protestar enda det med plassering i Saudasjøen. Men dei trong kraft. Det ville dei skaffa seg frå Saudefaldene, men kraftselskapet heldt på at dei ikkje noko å avsjå, fordi all tilgjengeleg kraft var disponert av AFP og andre kraftleigarar.

Nordag kom likevel til å byggja fabrikken i Saudasjøen, utan at dei hadde sikra seg trygge kraftleveransar. Difor gjekk det så som så med fabrikken. Dei bestilte sjølv eit tredje aggregat til Stasjon III, utan å spørja Saudefaldene. Då dette var ferdig i sluttan av 1943 og skulle prøvekjøyrast, gjekk det ikkje likare enn at lagera skar seg, og aggregatet vart ståande til etter krigen.

Størstedelen av krafta hadde Nordag planlagt å få ved utbygging av fallet frå Slettedalen til Storlivatnet og regulera Slettedalsvatnet og Nedre Berdalsvatnet. Planlegginga av dette starta alt i 1940 og førebuande arbeid pågjekk i periodar i åra 1941 til 1943. Men så skjedde det ikkje meir, bortsett frå vegarbeid og bygging av brakker på Minnehaugen, på Øverland og ved Juvastøl. Det vart brukt mykje pengar på desse eksperimenta, utan at det ført til noko resultat.

Ved utgangen av 1943 var Nordag-fabrikken i Saudasjøen klar for drift i liten skala. Kraft fekk dei gjennom åtte sjøkablar




Slettedalen før neddemming.

over fjorden. Tre av dei kortslutta og kom ut av drift etter kort tid. Dei makta å produsera eit prøveparti med aluminium ved Nordag, det var det heile. Satsinga skal ha kosta kring 300 millionar kroner, ein formidabel sum på den tid. I 1946 vart fabrikken overtaken av A/S Årdal Verk og riven og flytta til Årdal i Sogn.²⁷

Saudefaldene makta stort sett å halda oppe kraftproduksjonen i krigsåra, sjølv om vedlikehald og fornyingar låg på eit minimum, på grunn av mangel både på mat til arbeidarene og på tilgjengelege materialar. Sjefen for Saudefaldene og EFP, adm. dir. John Oxaal, vart arrestert i desember 1941 fordi han ikkje ville bøya seg for tyske pålegg. Etter internering i Stavanger, på Grini og på Akershus, vart han send til Sachsenhausen i april. Der døydde han den 26. september 1942.²⁸

27 Sandvik s. 107ff.

28 Ibid., s. 112 og Njål Tjeltveit: Krigsåra i Ryfylke. Kvardagsliv og motstandsarbeid, Stavanger 1990, s. 63.



Neddemming av Slettedalen hadde lege inne i kraftutbyggjarane sine planar heilt frå starten av. Men utbygginga her kom ikkje før på 1950-talet. I 1960 stod Slettedalsdammen ferdig. Det var ein dobbelkrumma kvelvdam i armert betong med største høgde på 72 meter. Slettedalsdammen var på den tid Nord-Europas høgaste. Mange meinte nok at å demma ned ein vakker seterdal for all framtid var ein høg pris å betala for denne reguleringa. Foto: Sauda Lokalarkiv.

NY UTBYGGING I 1950-ÅRA

1950-talet vart ein periode med ny og omfattande anleggsvirksemad for Saudefaldene. Både smelteverket og den allmenne kraftforsyninga trorg meir kraft. Først vart det bygd ein ny og stor dam ved Holmavatnet til erstatning for den gamle, som vart kondemnert på grunn av dårlig betong. Dette føregjekk i åra 1950-1953. Reguleringsarbeida i Berdalen starta opp i 1952 og var ferdige to år seinare. I enden av Nedre Berdalsvatnet vart det bygt ein 27,5 meter høg betongdam. Utbygginga av Slettedalen føregjekk frå 1955 til 1960. Der vart det bygt ein dobbelkrumma kvelvdam i armert betong med største høgde på 72 meter. Slettedalsdammen var på den tid Nord-Europas høgaste. Med bygging av denne dammen vart store delar av Slettedalen neddemnd. Det skjedde ikkje utan protestar. Mange meinte nok at å demma ned ein vakker stølsdal for all framtid var ein høg pris å betala for denne reguleringsa.

Føremålet med reguleringsa av Berdalen og Slettedalen var å utnytta fallet derifrå ned til Storlivatnet. Der skulle vatnet setja fart på turbinskovlane i ein fjerde stasjon (Stasjon IV), som skulle byggjast inne i fjellet i Hellandsbygd, ved sida av Sauda I. Utbygginga av dette vassfallet var med i konsesjonen frå 1914. Men for å kunna bygga denne måtte ein ha større vassmengder enn det som kom frå Berdalen og Slettedalen. Det vart difor søkt om konsesjon for regulering og overføring av tilleggsfelt vest og nord for Slettedalen. Denne konsesjonen vart gitt i 1966 og omfattar nedbørsfelt på til saman 46 km². Sauda IV ligg ved Storlivatnet og utnyttar fallet mellom Slettedalsvatnet og Storlivatnet. Stasjonen vart bygd med to aggregat på til saman 50 000 kW. Han vart sett i drift ved årsskiftet 1967-1968.

VEGBYGGING

Frå gammalt av måtte dei som skulle til eller frå Sauda anten ta seg fram med båt på fjorden eller til fots på fjellvegane. Dei gjekk til Bjønndalen i Vikedal, til Frette i Etne, gjennom Slettedalen til Seljestad eller langs fjellvatna over til Røldal. Den første køyrevegen var vegen til Hellandsbygd, som stod ferdig i 1894. I 1913 var vegstrekninga frå Sauda ut fjorden til Storkjær ferdig. Arbeidet med forlenging av denne fram til Ropeid pågjekk over fleire år og var ferdig i 1931. Finan-

sieringa av denne Dollarvegen skjedde gjennom eit forskotteringslån frå EFP.²⁹

Vegen frå Hellandsbygd over fjellet til Røldal var eit stort prosjekt som det vart arbeidd med i fire år, frå 1956 til 1960. Saudefaldene hadde interesse av å byggja veg til sine anlegg i heia. Den første etappen på 4,5 kilometer til Eljuvet stod ferdig i 1957. Derifrå går vegen til Svartavatnet, der vegbanen er lagd over damkruna. Vegen stig til det høgaste punktet på 960 m.o.h., går gjennom Ekkjeskaret og ned til Seljestadvegen i Røldal. Det var Saudefaldene som hadde betalt mesteparten av gildet. Men Sauda kommune var med eit beløp på 500 000 kroner over tre år. Staten sitt bidrag var å ettergi omsetningsavgift på innsatsvarer til veganlegget. Den 30. juli 1960 vart vegen opna for trafikk og overlevert til Statens vegvesen som riksveg. Det skjedde ved eit større arrangement både i Sauda og oppe ved Svartavatnet. Der vart det avduka ein minnestein med relief av direktør Knut Vesthassel i Saudefaldene, som hadde vore drivkrafta i vegprosjektet.²⁹

KRAFTSTASJONANE I SAUDA

Namn	Plassering	Sett i drift	Yting
Sauda I	Ved Storlivatnet	1919, nedlagt	28 MW
Sauda II	Ved Dalvatnet	1922	16 MW
Sauda III	Ved sjøen i Sønnåhamn	1931, nedlagt	64 MW
Sauda IV	Ved Storlivatnet	1968	50 MW
Dalvatn	Ved Dalvatnet	2007	
Sønna	I fjellet ved Sønnåhamn	2009	106 MW

HEIMFALL OG NYE EIGARAR

Saudefaldene sin konsesjon frå 1914 hadde utløp (heimfall) i 1979, etter 65 år. Då skulle vassfall, kraftstasjonar, reguleringsanlegg med meir tilfalla staten med full eigedomssrett utan vederlag. Utover 1960-talet påverka dette heimfallet Saudefaldene si investeringslyst. Både smelteverket i Sauda og annan industri på Vestlandet trorg meir kraft, og i Storlivvassdraget var det meir kraft å henta. Men med heimfall

29 Sandvik s. 115ff.



Oversynskart over kraftanlegga i Sauda etter den nye utbygginga 2005-2011.

berre 12-13 år unna såg ikkje Saudefaldene det som aktuelt å setta i gang ny utbygging. Løysinga på dette problemet vart at det i 1966 vart inngått ein avtale mellom Saudefaldene og staten om eit såkalla foregripe heimfall.

Det vart her avtalt at staten alt frå 1966 skulle overta dei vassfall og kraftanlegg som galdt dei tre eldste kraftstasjonane (Sauda I, II og III), og så skulle Saudefaldene leiga dei fram til utgangen av 2009. Stasjon IV skulle Saudefaldene få konsesjon på då i 1966, og denne skulle vera i selskapets eige like lenge, ut 2009.³⁰

Med utbygginga av Sauda IV gjekk Saudefaldene inn i ein ny epoke også på ein annan måte. Kraftproduksjonen i Sauda hadde til då skjedd med 25 periodars vekselstraum. Det var den straumen som smelteverket trong til omnane. Hus og gater i Sauda hadde blitt opplyste av 25 periodars straum i fleire tiår. Denne straumen gav eit særeige uroleg skjelvande lys.³¹ Sauda IV vart bygd for 50 periodar, og samstundes starta ei storstilt ombygging av dei andre anlegga frå 25 til 50 periodar.

Mellom 1967 og 1979 vart heile kraftproduksjonen lagt om til 50 periodars straum. To av generatorane i Sauda III vart bytta ut i 1967-1968, og den tredje i 1979. I Sauda II stod den nye stasjonen med 50 periodars straum ferdig i 1978, til erstatning for den gamle frå 1922. I Sauda I vart tre av generatorane vikla om til 50 periodar, medan krafta frå dei andre to kunne konverterast frå 25 til 50 periodar. Etter denne omlegginga kunne Saudefaldene kopla seg til samkøyringssnettet og til den store kraftmarknaden. På den måten kunne dei selja overskotskraft når dei hadde det, og kjøpa kraft frå andre i vassfattige år.

I 1981 var amerikanarane si tid i Sauda forbi. Då selde Union Carbide sine metallaktivitetar både i Norge og i Nord-Amerika til det norske industriselskapet Elkem, og Saudefaldene følgde med på kjøpet. Union Carbide hadde då site med kontrollen over smelteverket i 67 år og over Saudefaldene i 56 år. Seinare samla Elkem sine energiselskap i ei eiga forretningseinining, Elkem Energi, der Saudefaldene var det største kraftselskapet. Frå 1976 vart EFP eit norskregistrert selskap under namnet Sauda Smelteverk A/S, men var sta-

30 Lillehammer 1988 s. 10f.

31 Fløgstad s. 50.



Inngangspartiet til Sønnå kraftverk. Kraftverket ligg ein kilometer inne i fjellet og vart opna i 2009. Foto: Kristoffer Ryde, Saudefaldene.

dig 100 prosent amerikanskeid, og sambandet elles med Union Carbide var uendra.³² Elkem var eigar av smelteverket i 18 år. I 1999 selde dei si manganverksemd i Norge og USA, deriblant smelteverket i Sauda, til Eramet, eit internasjonalt industrikonsern med hovudbase i Frankrike. Men Saudefaldene ville dei halda fram med å eiga.

SAUDAPROSJEKTET – OPPRUSTING OG UTVIDING AV KRAFTANLEDDA

Nokre år inn i det nye årtusenet var det igjen kraftutbygging i Sauda. Den nye Saudautbygginga føregjekk i åra 2005-2011. Ho har blitt omtalt som den siste store vasskraftutbygginga i

Norge. Kraftanlegga i Sauda gjennomgjekk då ei kraftig opprusting. Prosjektet var kostnadsrekna til 1,6 milliardar kroner, men prislappen vart til slutt på 2,2 milliardar kroner. Det som vart utbygt, var for det meste vassfall som låg mellom magasin som alt var regulerte. Konsesjon vart gitt av Stortinget i 2003. Før den tid hadde det gått mange år med omfattande planlegging, konsesjonssøknad, konsesjonsbehandling og avgjerd om både eigarskap og retten til å føreta utbygginga og driva kraftverka. Dei første planane var omfattande, men måtte reduserast noko under marsjen fram mot endelige vedtak i Stortinget.

Den nye utbygginga var planlagt som ein best muleg kombinasjon med den gamle. Det vart gjort overføringer frå nabovassdrag og bygt 34 kilometer med tunnellar, men ikkje

³² Ibid. s. 200.



Slik ser det ut inne i Sønnå kraftverk. Foto: Kristoffer Ryde, Saudefaldene.

bygt nye magasin. Dei tre elvane Lingvongselva, Tengesdalselva og Maldalselva vart overførte i tunnel og utnytta i Sønnå kraftverk. Slettedalselva vart overført til Nygjelebeitevatnet og drenert vidare til Holmavatnet. Istjørna vart overført til Neder Sandvatnet og Reinsvatnet til Øvre Sandvatnet. Fire av dei berørte vassdraga har konesjonspålegg om minstevassføring. Det gjeld Storelva, Sagelva, Tengesdalselva og Lingvongselva.

Prosjektet omfattar bygging av Sønnå kraftverk med tilhørende tunnelsystem og Dalvatn kraftverk med tilhøyrande tunnelsystem. Sønnå kraftstasjon vart bygd ein kilometer inne i fjellet nede ved fjorden, nær den gamle Stasjon III frå 1930, som vart lagt ned. Den nye stasjonen har to fall og er eigenleg to kraftstasjonar. Det låge fallet har inntak i Storlivatnet og ei fallhøgde på 253 meter, det høge i Dalvatnet, der fallhøgda er 550 meter. Den gamle kraftstasjonen der, Sauda I,

vart også lagt ned. Dalvatn kraftverk består av Sauda II som er utvida og supplert med eitt aggregat. Kraftverket utnyttar eit fall på 193 meter mellom Holmavatnet og Dalvatnet. Til erstatning for den gamle røygata i friluft blei det bygd ny tillopstunnel. Anleggsfirmaa AF Anlegg, Veidekke Entreprenør og Kruse-Smith hadde dei største kontraktane på anlegget. På det meste var kring 300 mann i arbeid på anlegget.³³

Planane for den nye Sauda-utbygginga møtte betydeleg motstand. Dei låg på bordet då statsminister Stoltenberg i nyårstalen i 2002 sa at tida for dei store kraftutbyggingane var forbi. Ei Vernegruppa for Saudavassdraga vart skipa,

³³ Kulturminner i norsk kraftproduksjon: en evaluering av bevaringsverdige kraftverk (KINK). Utg. av Norges vassdrags- og energidirektorat 2006, s. 217 og informasjonheftet Krafttak for framtida. Saudaprosjektet – opprusting og utvidelse gir meir ren energi, utgitt av Elkem Saudefaldene i 2009.



Smelteverket i Sauda har vore i drift i 89 år. Er det smelting av metall krafta i Sauda skal brukast til også i framtida?

og særleg var det sterkt redusert vassføring i den særprega Lingvongfossen det vart protesert mot.

Fjellarbeida vart mykje meir arbeidskrevjande enn forventa ved den nye Saudautbygginga. Hovudgrunnen til kostnadsauke og auka tidsforbruk var at dei støtte på mykje vassførande berggrunn, og det vart nødvendig med omfattande tettingsarbeid med cementinjeksjonar for å få brukbare arbeidsforhold ved bygging av tunnelane. I anleggsperioden vart det etablert eit eige anleggsmråde i Raundalen med anleggskontor, verkstad og lagerhallar. Her vart også store mengder stein frå tunneldrifta deponert. Det vart også laga eit stort landdeponi på Birkeland. Der vart steinmassane dekte til med jord for å bli landsbruksområde. Og endeleg er ein del av steinmassane nyttta til samfunnsmessige føremål lokalt, som vegar, tomter og idrettsanlegg.

Den nye Saudautbygginga ga 650 GWh (millionar kilowatt-timar) ny kraft, og dermed vart den samla kraftproduksjonen til Saudefaldene 1850 GWh. Dette er nok til å forsyna heile Bergen by med kraft.³⁴

Som vi har sett, vart det inngått avtale om foregripe heimfall til staten i 1966, og så leide Saudefaldene kraftanlegget av Statkraft fram til utgangen av 2009. Denne avtalen vart seinare fornya i slik at leigeavtalen gjeld til utgangen av 2030.

Då skal også dei nye anlegga som vart utbygde av A/S Saudefaldene i åra 2005-2011 overdragast til Statkraft. Fram til 2030 skal Saudefaldene stå for drift, vedlikehald, opprusting og utviding av anlegga. Kraftproduksjonen vil bli av sentral betydning for Sauda-samfunnet også i åra framover.

Oversyn over viktige historiske hendingar for A/S Saudefaldene

- 1913 Saude Vassdragsselskap stifta i Bergen 19.2.
- 1913 A/S Saudefaldene stifta i Bergen 8.7.
- 1914 Konsesjon for utbygging av Storelvvassdraget gitt 11.12. 1915 Kraftkontrakt med Union Carbide Corporation.
- 1919 Sauda I sett i drift 20.10., nesten to år etter planen. Store vanskar med vertilhøve, forsyningar, spanskesykje og arbeidskonfliktar årsak til forseinkinga.
- 1922 Kraftline til Etne sett i drift.
- 1922 Sauda II sett i drift.
- 1925 Store økonomiske vanskar. A/S Saudefaldene kjøpt av Union Carbide.
- 1930 Sauda III sett i drift.
- 1960 Slettedalsdammen ferdig etter fem års anleggstid.
- 1966 Foregripe heimfall til staten i samband med bygging av Sauda IV.
- 1967 Ombygging frå 25 Hz til 50 Hz starta. Overgang til 50 Hz også for Sauda komm. E-verk.
- 1968 Sauda IV sett i drift ved årsskiftet 1967-1968.
- 1978 Sauda II nybygd.
- 1979 Heimfall av Sauda I, II og III til staten.
- 1981 Elkem tek over A/S Saudefaldene etter oppkjøp av Union Carbide sine metallaktivitetar.
- 1986 Ny reguleringskonsesjon vedteken av Stortinget.
- 2003 Konsesjon for den nye Sauda-utbygginga.
- 2005 Byggestart for den nye Sauda-utbygginga.
- 2009 Sønnå kraftverk opna 21. april.
- 2011 Den nye Sauda-utbygginga ferdig.

Trygve Brandal (59) er historikar og tilsett ved Ryfylkemuseet som førstekonservator og leiar for avdeling for formidling og samlingar.

³⁴ Haugesunds Avis 12.7. 2011.



Statusen på fabrikken var med på å legge føringer for de ansattes boligtilværelse i byanlegget. Foto: Geir Høilannnd.

Kjærlighet og hat innenfor bedriftens rammer

Av Harald Utter

I hvilken grad var byggherrenes inspirasjonskilder, byanleggets utforming og smelteverkets boligpolitikk med på å legge føringer for industriarbeidernes hverdagsliv i Åbøbyen? I arbeidslivet på smelteverket var arbeiderne underlagte sine formenn og ledere. På fritiden stod de i utgangspunktet fritt til å inngå selvvalgte vennskap bygget på personlig kjemi og ønsket kontakt. For arbeiderne som bodde i smelteverkets boliger kunne det imidlertid være vanskelig å skape et selvstendig liv uavhengig av bedriftens gitte rammer.

Et viktig mål med denne artikkelen er å gi leserne av "Folk i Ryfylke" en forståelse av hvilke tanker og ideer som lå bak utformingen av Åbøbyen. Videre ønsker jeg å vise hvordan utformingen av hagebyen var med på å legge føringer for industriarbeidernes hverdagsliv, handlinger og tenkemåter knyttet til naboskap og sosiale boforhold. Materialet er hentet fra min doktorgradsavhandling om industriarbeiderne liv i Åbøbyen i perioden fra 1960 til 1980. Artikkelen starter med en generell analyse av ensidige industristeder i Norge på begynnelsen av 1900-tallet. Deretter går den inn på de spennende tankerettingene som lå til grunn for utviklingen av hagebyer i Europa og Norge, før den snevres inn mot utformingen av Åbøbyen, inkludert typer av boliger og bedriftens praksis i boligpolitikken. Dette bakgrunnsbildet vil forhåpentligvis gi oss et bedre grunnlag til å forstå årsakene til typer av naboskap og sosiale boforhold i Åbøbyen i 1960- og 1970-årene. I denne delen vil industriarbeidernes egne stemmer komme frem gjennom fyldige livsminnesitater. Forskningen er i stor grad basert på muntlige kilder. Utvalget av informanter ble sammensatt for å kunne skape et mest mulig bredt bilde av industriarbeiderens liv. Kriteriene var at informantene skulle ha bodd i Åbøbyen i løpet av perioden, og i det ligger også at de hadde en eller annen tilhørighet til smelteverket. Av informantene fra

Åbøbyen var 13 industriarbeidere, sju funksjonærer, seks arbeiderfruer og to funksjonærfruer.

ENSIDIGE INDUSTRISTEDER

I begynnelsen av det 20. århundret vokste det frem en rekke nye fabrikker på steder som frem til da hadde vært små bondesamfunn. De nye "elektrostedene" ble stort sett dannet og fikk sitt fysiske utseende som et resultat av geografisk beliggenhet og utbyggars totalplanlegging.¹ Naturen ga sine egne begrensninger og lokaliseringen ble bestemt ut fra produksjonens logikk; hvor var det mest praktisk å bygge fabrikken i forhold til energitilgang, utskipingsmuligheter og tomteareal? Lokaliseringen var teknologisk betinget i den forstand at datidens utviklede teknikk for overføring av elektrisk kraft begrenset transporten til kun korte strekninger, og dermed måtte fabrikkene bygges i nærheten av fosser. For å få en passe tomt og gode utskipingsmuligheter var det som regel mest praktisk å plassere fabrikkene i en fjordbunn ved en elvemunning.²

Stedene ble bygget ut raskt og i stor målestokk. Dette førte til hurtige økninger i innbyggertall.³ Forandringen av stedet, fra bondesamfunn til ensidig industrisamfunn, skjedde ikke gradvis. Stedet var arena for noe plutselig og fundamentalt nytt, det var et symbol på og en konsentrasjon av det moderne samfunnet.⁴ De nye innflytterne hadde alle brutt opp fra kjente fellesskap og måtte inngå nye allianser i et flerkulturelt samfunn. De nye ensidige industristedene ble modeller for

1 Med tanke på artikkels begrensning i omfang viser jeg til min avhandling for detaljerte opplysninger om karakteristiske trekk ved ensidige industristeder. Her vil kun de grove linjene bli presentert.

2 Hansen, Jens Chr. 1997, s. 29.

3 Et eksempel er Tyssedal som i løpet av halvannet år gikk fra 35 til 500 innbyggere. I 1907 bodde det 50 familier i Rjukan, mens det ti år senere bor over 10.000 innbyggere i byen. Låte, Lars J. 1998, s. 21. Fortidsvern, nr. 4, 1998.

4 Kjeldstadli, Knut. 1997, s. 54ff.



Sauda sett fra sjøsiden. Åbøyen er området som strekker seg nordover fra fabrikken (Skrått opp til venstre).

Fotograf: Geir Høiland.

nye levekår og levemåter; og et vesentlig element i fremveksten av det moderne Norge. Selve byplanene var inspirert av samtidens ideer og tankeretninger, noe som kan være med å forklare likhetstrekk i kultur og samfunn. Flere steder kunne bedriftsledelsene danne bortimot totalplanlagte samfunn, Ideene til utformingen hadde grener langt ut i Europa.

INSPIRASJONENE BAK BYGGINGEN AV ÅBØBYEN

Selv om Norge har en lang tradisjon med arbeiderboliger bygget av ulike industriherrer, tok det lang tid før det ble en klar forbindelse mellom byplanlegging og boligbyggerne.⁵ Det seine 1800-tallet representerte på mange måter et brudd med en tradisjon hvor paternalistiske industriherrer skapte ensidige industristeder basert på mindre industrielle anlegg, som jernverkene, og dermed også et brudd med tradisjonell organisert bygging av arbeiderboliger.⁶ Industrialiseringen

5 Rolf H. Jensen: Moderne norsk byplanlegging blir til, Trondheim 1980, referert etter Hopstock, Michael, 1994, s. 55ff. Odd Brochmann viser til at industriherrene bygget arbeiderboliger alt på 1700-tallet, og eksemplifiserer med Bærum Verk, Nes Jernverk og Egelands Verk (gjaldt fagarbeidere). Odd Brochmann: Ingen tittel, 1981, referert etter Hopstock, Michael, 1994, s. 55ff.

6 Hopstock, Michael, 1994, s. 56. Hopstock peker på at forflytningen til de store byene skapte en debatt om hvor store hus som skulle bygges. Debatten gikk i hovedsak ut på hvorvidt en skulle satses på kasernebebyggelse eller småhus, og resultatet ble, blant annet i Kristiania, at det ble bygget mest kaserner, men det var også en del områder som fikk småhusbebyggelse.

foregikk i større grad i byer, hvor arbeiderne bodde under dårlige boligforhold. Først i begynnelsen av det 20. århundret kom en debatt om byplanlegging i gang for alvor i Norge.⁷ Mange hentet inspirasjon i arbeidene til den østerrikske arkitekten, maleren og byplanleggeren Camillo Sitte og den britiske stenografen og parlamentssekretæren Ebenezer Howard (1850-1928), og i hageby-bevegelsen som oppstod i kjølvannet av disse.⁸

IDEER FRA ENGLAND

Howard var en tenker som hentet sine ideer fra et vidt spekter av samtidige tenkere.⁹ Han ville bringe inn en helhetlig forståelse av byplanleggingen; en symbiose av sosiale og estetiske momenter. Hans skisserte utopia, eller idealsamfunn, var større byer bygget på tanken om en sosialreformasjon; en samarbeidsløsning hvor beboerne skulle ha full fri-

7 Rolf H. Jensen: Moderne norsk byplanlegging blir til, Trondheim 1980, referert etter Hopstock, Michael, 1994, s. 63. Jensen bringer frem Ernst Bjerknes og Halfdan Bryhn som sentrale i debatten. Bjerknes, konstituert reguleringssjef i Kristiania fra 1903 til 1906, var sterkt inspirert av Camillo Sittes (1843-1903) bok Der Städtebau (1889), og argumenterte for en ny type byplan som skulle ta hensyn til naturens former og den eksisterende bebyggelse.

8 I 1898 ga Howard ut boken "To-morrow: A Peaceful Path to Real Reform" (revidert 1902 med tittelen "Garden cities of tomorrow") som fikk en meget stor betydning for senere byplanlegging.

9 Røe, Per Gunnar, 2003. (forelesning ved UIO).



Sneaths park viser noe av den prakten som kjennetegnet Åbøyen ved inngangen til epoken som denne artikkelen omhandler. Kilde: Sauda lokalarkiv.

het. Howard hadde dermed et helt annet utgangspunkt enn for eksempel bedriftene på ensidige industristeder i Norge, som hadde andre motiver for sin byggevirksomhet.¹⁰ Men en kjenner likevel igjen kjennetegn som kom til å prege de mer hierarkiske samfunn: konstruksjonen av stedet på jomfruelig grunn, innbyggerne som skulle ha gode boforhold, stedets isolasjon, eget velferdssamfunn osv.¹¹ Howards grunntanke var å bygge et helt nytt samfunn fra grunnen av; et byggeselskap skulle kjøpe alle tomter som var nødvendige for å kunne konstruere en hel by. Det økonomiske aspektet var viktig. Gjennom kalkyler og diagrammer argumenterte Howard for at de nye byene burde bygges ute på landet hvor grunnen var ubebygd og tomtprisen var billige. Dermed ville man unngå problemet med ubrukelige bygg som måtte rives og jordeiere og spekulanter på profittjakt.¹²

10 Se motiver beskrevet hos Oanes. Oanes, Atle, 1994, s. 90ff.

11 Ebenezer Howard: Garden cities of to-morrow, London 1967, referert etter Hopstock, Michael, 1994, s.68ff.

12 Røe, Per Gunnar, 2003. (forelesning ved UIO). Røe viser til at Howard, i sin bok, var mer oppatt av de sosiale prosessene enn de fysiske strukturene, og skisserer følgende sosioøkonomiske system: Verdiøkningen på eiendommene som byutviklingen ville medføre skulle føres tilbake til lokalsamfunnet. Byen som sosioøkonomisk system skulle være preget av lokalt selvstyre. Tjenestetilbuddet skulle kommunen stå for, eventuelt med private som oppdragstakere.

Folk skulle bygge sine egne hjem med penger skaffet til veie gjennom utbyggingsselskaper eller kooperative organisasjoner. Disse aktivitetene ville virke drivende på økonomien (som også Keynes mente 40 år senere).



William Henry Sneath var smelteverkets første direktør og grunnlegger av hagebyen Åbøyen. Kilde: Sauda lokalarkiv.

Howard foretok på mange måter en omdefinering av oppfatningen av menneskets naturlige miljø og leveforhold. Han betonte sammenhengen mellom estetikk, åpent rom og menneskelig frihet. Den fremtidige industriarbeider skulle leve i grønne og luftige boligstrøk. Hvert enkelt, fortrinnsvis lave hus skulle ha en egen hage hvor beboerne kunne dyrke grønnsaker og frukt, noe som igjen ville ha en positiv innflytelse på kostholdet. Idealbyen skulle ligge omsluttet av et vakert jordbrukslandskap og være en form for samarbeid hvor grunnleien skulle finansiere allmennytige tiltak. Howards foreslalte bystruktur er ikke helt ulikt landskapet som etter hvert ble skapt på de norske ensidige industristedene: park i midten; deretter serviceinstitusjoner som skole, barnehager, bibliotek, forsamlingshus og administrasjonssenter, så kjøpesenter, boliger og landbruksområder i stadig utvidede sirkler fra sentrum.¹³ Åbøyen skiller seg likevel ut fra Howards idealmodell på en rekke felt. Stedet er et *boligområde*, og ikke en hel by, og dermed var det primært bolig, rom og det estetiske, selve konstruksjonen av selve boområdet, som inspirerte Åbøyens grunnleggere. Også eierforholdene, og med det de ideologiske motivenes, var grunnleggende annerledes, ettersom det var smelteverket som eide og styrtet Åbøyen.

13 Ebenezer Howard: Garden cities of to-morrow, London 1967, referert etter Hopstock, Michael, 1994, s. 68ff.



Bildet viser hvordan Åbøya ligger i forhold til smelteverket og andre boområder i Sauda. Områdene merket med rød skrift var typiske arbeiderområder. Foto: Geir Høiland.

Boligstrukturen fikk dermed her et langt mer hierarkisk preg, noe vi skal komme tilbake til senere.¹⁴

Ideene om hagebyer fikk ganske umiddelbart praktiske konsekvenser. I 1903 startet Raymond Unwin og Barry Parker planleggingen og byggingen av byen Letchworth i England. Plantegningen fikk et romantisk, nærmest middelaldersk preg. Etter hvert var det nettopp dette romantiske preget, blant annet vist gjennom Unwins og Parkers mange fotografier, som kom til å prege de ulike arkitekters utforming av hagebyene.¹⁵ Historikeren Michael Hopstock, som har dreidt forskning på Holtet haveby i Oslo, hevder at Unwins og Parkers visuelle design nok har hatt en større påvirkningskraft på arkitektenes utforming av hagebyene enn Howards

mer teoretiske tekster og diagrammer.¹⁶ Likevel, det viktigste med Howards tanker var hans perspektiv om muligheten for kolonisering av landsbygda i Europa, det å forsøke å skape et utopisk samfunn, opprettet og totalplanlagt i nye områder med rikelig plass.¹⁷

HAGEBYTANKEN I NORGE

Ikke den ideologiske siden, men den estetiske, hagebyenes form og uttrykk, og tanken om byplanlegging i harmoni med landskapet, preget debatten også i Norge.¹⁸ Det er natur-

¹⁴ Oanes viser, som nevnt (kap. 2.1.2), en rekke motiver som sannsynligvis var viktige for de ulike bedriftenes utforming av hagebyer i Norge. Oanes, Atle, 1994, s. 90ff.

¹⁵ Peter Hall: Cities of tomorrow, Oxford 1988, referert etter Hopstock, Michael, 1994, s. 82ff.

¹⁶ Hopstock, Michael, 1994, s. 83.

¹⁷ Hopstock, Michael, s. 78ff. Hopstock har en interessant fremstilling av de mange utopier relatert til hagebytanken. Spesielt spennende er referansen til Robert Owens utopi om et isolert samfunn med over 2000 innbyggere hvor man hadde arbeidsplasser boliger og skoler. Arbeiderne skulle ha en rekke privilegier som vi kjenner igjen fra hagebyer i Norge, blant annet Åbøya: gode boliger og gode sykeordninger.

Bunkersen i Limekiln var det minst tilgjengelege arkivdepotet på Smelteverket. Men Kjartan Fløgstad skildrar òg resten av arkivistoda ved bedriften: "På omnshuset, under liknande, men endå meir kaotiske tilhøve, fanst restane av smeltearkivet og det tekniske bibliotek. Personalarkivet sto ulåst på loftet av rekvisitalageret. Sjølve Arkivet, det historiske bedriftsarkivet, som i alle år blei ordna og stelt av to fulltids arkivarar, står i kjellaren under kontorbygningen og omfattar blant anna fotosamling, avisklipp og saksarkiv i god orden". Det kan leggjast til at dette var sentralarkivet til begge bedriftene, eit arkiv som nyleg hadde vippa over frå å vera hovudarkivet ved bedriftene til å bli eit historisk arkiv. Sentralarkivet var altså eit arkiv både for Smelteverket og Saudefaldene.

Så kan det leggjast til at det rundt omkring på verket – i krikar og krokar – både her og der – låg mengder av mindre avdelingsarkiv og arkiv for funksjonærar på ulike plan. Men ting utan tilsyn vart aldri liggjande lenge på ein slik plass. Det var lettare å få forlating enn tillating. Eller som den pensjonerte metallurgen sa det, på sin arrogante måte: "Di hivar alt di ikkje forstår, det vil si alt som er vanskeligare enn den lille multiplikasjonstabell". Utseguna var også eit haldnings- og eit tidsbilete av ei tid som var i ferd med å ebba ut. Funksjonærar og arbeidarar levde i kvar si verd og begge grupper hadde sine metodar for å gjera narr av kvarandre. Det var både uskuldig og meir vondsinna humor.

Det såkalla Teknisk bibliotek var på eit vis sentralarkivet sin satellitt nede i Omnshuset. Fram til eit par månader før arkivsynfaringa hadde det vore eit velordna, teknisk bedriftsbibliotek, som også tok vare på omsprotokollane, protokollane som dokumenterte kjernearbeidet ved bedriften, kvar ein-



Bortsettjingsarkivet til rekeskapsavdelinga i Limekiln hausten 1989. Det var dette som møtte Fløgstad og Drange i august 1989. Bunkersen, der alle løyndommane skulle liggja, var prega av støv, varme, tett luft og dunsten av alt for tørt papir.

skild tapp gjennom tiåra. No var biblioteket – men heldigvis ikkje omnsprotokollane - lempa over i ti store metallkassar etter ordre frå ein av dei unge, nye leiarane ved bedriften, og det svarte støvet la seg raskt over smelteverkets lærde og intellektuelle fortid.¹ Øvst i ein av metall-kassane, liggande spreidd og i kaos mellom bøkene, fann eg hundrevis av sirlig førté kartotek-kort over bøker og annan litteratur. Det hadde vore gjort mykje metallurgisk forsking på verket, pionerforsking, ikkje minst i dei første tiåra.

No var det bruk for eit nytt pauserom, alt måtte gjerast raskt, og barnet gjekk ut med badevatnet. Her forsvann mange årsverk med bibliotekarbeid. Det var sjølvsgått langt frå kjernearbeidet ved bedriften, men det var med og dokumenterte den teoretiske kunnskapen om kjerneverksemda, inkludert grunnforskning og bruk av kunnskap om smelting av metall.

Eit anna lite, men viktig, arkiv var bygningsavdelinga sine teikningar, notat og korrespondanse om bedriftens hus i Åbø-byen, Amerika-byen, stoff både av bygningsmessig og personalhistorisk karakter. Dette arkivet hadde alt for ein stor del vorte plyndra på sitt vis. I samband med at husa i Åbø-byen vart seld, eitt etter eitt, fekk kjøparane med seg originalmaterialet bedriften hadde liggjande på kvart einskild hus, utan at det vart teke kopiar.

Av andre arkiv kan nemnast at Saudefaldene hadde eit arkivdepot i Søndenå kraftstasjon.

EIGARSKAP, KONTROLL OG HEMMELEGHETSKREMMERI

Det Union-Carbide-eigde selskapet EFPCoLtd i Sauda vart firma-meld i 1915 som eit canadisk registrert aksjeselskap. Men det var styrt frå New York City. Det norske kraftselskapet A/S Saudefaldene vart etablert to år tidlegare. Sauda Fabrikkarbeiderforening vart skipa eitt år etter at fabrikkanlegget i Sauda tok til å produsera ferrolegeringar, i hovudsak mangan, i 1923.

Den amerikanske typen bedriftskultur fordra på den eine sida ein god og systematisk dokumentasjon av alt som føregjekk på ein bedrift, og som følgjer av dette eit godt utvikla kontrollsysten. På den andre sida fordra det òg eit utstrakt hemmelegheitskremmeri. Det var få som visste alt, men alle

1 Biblioteket hadde i 1958 vorte brannforsikra for 260 000 kr.



Teknisk bibliotek i omnshuset hausten 1989, ganske nyleg lempa frå orden og system i hyller og kartotekskuffer over i kaos. Det var behov for eit nytt pauserom i omnshuset, og desse kassane, på eit støvfullt rom i omnshuset, var alternativet.

Ein lukkast ikkje berga det rikhaldige og viktige Teknisk Bibliotek. Den som i si tid «skapte» biblioteket var ein tidlegare avisredaktør og journalist, Vidkun Schreiner. Før han gjekk av - i desember 1964 - skreiv han ei lengre utgreiing om biblioteket, der det heitte til slutt: «Alt forandrer seg, men ingenting forgår, som salig Pythagoras hevder. Jeg håper dette vil omfatte også Electric Furnace Products Company Ltd. Teknisk Bibliotek». I 1977 vart det teke ut frå ansvarsområdet til Sentralarkivet, «og gikk raskt sin undergang i møte, trass pythagoras», som det heitte i ein kommentar i marga til Schreiner si utgreiing. Etter eit par omgangar med forsøk på å berga det, gjekk det opp i flammar, nett som biblioteket i Alexandria.

visste at det var slik det skulle vera, og ein fekk forvalta lojalt det ein var betruggd. Det var òg det formannen i Limekiln formidla, han som vakta rekneskaps-bunkersen: Dette var ein plass for dei få. Rett nok hadde stemplingsura ved bedriften ganske nyleg forsvunne, men den gamle lojaliteten hang endå ei tid att i funksjonær-sjiktet. Mellom arbeidarane var vel haldninga til systemet meir fandenivoldsk.

Elkem Spigerverket løyste i 1981 Sauda smelteverk ut frå eit over 70 år gammalt amerikansk eigarskap. Konsernet sende i 1986 ein leiar-utviklar til Sauda med vide fullmakter og med føremål å ta knekken på dei siste restane av den alderdom-melege bedriftskulturen. Vekkmonteringa av stemplingsura

i november 1988 vart eit hovudsymbol for avviklinga av det gamle, inngrødde kontrollsystemet av arbeidsfolka. Ein moderne bedriftsleiar byrja eit samarbeid med fagforeininga som gjorde tillitsmannsapparatet til å bli "så å seia den nye personalavdelinga, medan den gamle blir sett til å arkivera alt som er laust, og deretter seg sjølv" (Fløgstad).

Dei to siste fulltidstilsette arkivarane i sentralarkivet forlét valplassen som pensjonistar omlag på same tida. Den nye tida tok òg i bruk nye arkivsystem, og det gamle arkivet vart avslutta (1990). Det viste seg at dei to arkivarane, Sæther og Johnsen, hadde vore medvitne om å ta vare på historisk materiale ved bedriften. I samband med makulerings-arbeidet



Biletet, som er ein faksimile frå bedriftsavisa Smeltegelen (1956/4), viser dei to arkivarane på Smelteverket. Det er Kjeld Stub Sæther, til venstre, og Sverre Johnsen, til høgre. Sæther var arkivsjef ved bedriftene 1947-85, Johnsen arkivassistent frå 1954, frå 1965 med hovudansvar for Teknisk Bibliotek. Så var han den siste arkivsjefen frå 1985 til 1988, då han gjekk av med pensjon og arkivet i kjellaren i kontorbygget på Smelteverket vart lagt ned. Innreiinga av arkivet var om lag uendra i åra frå 1956 til 1988. Kjeld Sæther fekk Interkommunalt arkiv i Rogaland sin arkivpris i 1990. Biletet er teke i samband med serien «Vår arbeidsplass» i Smeltegelen.

oppretta dei til dømes eigne oppslag i arkivet med tema "bedriftshistorie" og "bygdehistorie". For sjølvsagt vart det mest dagleg gjort kassasjon og makulering. Folk elles hadde ei oppfatning av at dei to tok vare på alt. "Tenk at det finnes et brev i Sauda-bygda et sted som dere ikke har kopi av!", var ein syreg kommentar som kom inn til arkivet ved eit høve. Men slik var det ikkje.

Arkivarane var òg ein del av systemet, det gamle kontroll- og hemmelegeheitskremmeriet. Men då direktør Danielsen skreiv si hemmelege bedriftshistorie (Danielsen 1954) - på engelsk sjølvsagt - i nokre få nummererte eksemplar, fekk ikkje ein gong sentralarkivet eit eksemplar. Men eit eksemplar tilhøyrande Wilhelm Bugge, ein av Oslo-advokatane som sat i

styret i ei årrekke, og visste det meste, dukka opp antikvarisk i 1990. Det var eksemplar nr.3. No lek det på alle kantar.

SAMARBEID MELLOM EIT MUSEUM OG EIN HJØRNESTEINSBEDRIFT – EIT PIONER-ARKIVPROSJEKT (1989-)

Etter at tøvåret hadde gjort sitt over nokre år, med byrjande modernisering av bedriftskulturen, og innsetjing av nye kostar, dukka det i 1990 opp eit høve til å profilera og jubilera Sauda Smelteverk AS i form av eit 75-årsjubileum. Og i januar 1989 vart det oppretta ein interessant avtale mellom Ryfylkemuseet og Smelteverket, ei generell samarbeidsavtale om ulike tiltak som kunne fremja arbeidet med dokumentasjon,

forsking og formidling av historia til bedriften og til Sauda-samfunnet. Slike avtaler hadde vel aldri vore skrive før i konserket.

Innafor det vide tema vart arbeidet med arkiva til dei tre ak-tørane Sauda Smelteverk A/S, A/S Saudefaldene og Sauda Fabrikkarbeiderforening prioritert. Det var ein pioneravtale mellom eit museum, to hjørnestearinsbedrifter og ei fagforeining, og det vart eit pionerarbeid, for slike store private arkivmengder hadde aldri kome under verne-hand i landet før. Arbeidet med privatarkiv kring 1990 dreidde seg endå for størstedelen om arkiv til lag og organisasjoner, arkiv som ikkje nådde halvmeteren i hylrometer. I Sauda var det snakk om eit halvt tusen hylrometer med bedriftsarkiv.

Same året – 1989 – hadde Elkem sitt beste år i Sauda, medan dei kommande åra var dårlege, med omorganisering, permitteringar og stor nedbemannning.

Det var ikkje så rart at folk i arkiverket meinte at eit museum gjerne ikkje var rette instansen til å gå laus på ei slik utfordring. På den andre sida var regionmuseet Ryfylkemuseet allereie inne i Sauda både på bygningsvern- og museums-sida. Like frå oppstarten, i 1981, hadde regionmuseet Ryfylkemuseet industristaden som eit viktig satsingsområde. Bedrift og lokalsamfunn var sider av same saka og eit godt arkiv ville vera ein viktig faktor i arbeidet med å dokumentera industristanden.

Det kan nemnast at midt oppi Sauda-jubilea fekk Kjeld Stub Sæther i 1990 Interkommunalt Arkiv i Rogaland sin arkivpris for sitt arbeid med bedriftsarkiva til Smelteverket og Saudefaldene.

Som resultat av avtalen i januar 1989 betalte Sauda Smelteverk for at Ryfylkemuseet kunne tilsetja ein stipendiat i august 1989 for å ordna og katalogisera arkivet. Smelteverket betalte òg for opprusting og tilrettelegging av det gamle lokalet for sentralarkivet. Så medan dåverande eigar – Elkem Sauda – sto for finansieringa, hadde Ryfylkemuseet det administrative og faglege ansvaret for arbeidet. Forfattar av denne artikkel-en vart tilsett i stipendiatstillinga og fekk til saman halvtanna år i prosjektet. Eg hadde fram til då i hovudsak arbeidd som bygdebokskrivar, men hadde òg ½ års praksis med å byggja opp Lokalarkivet i Tysnes. Den faglege arkiv-bakgrunnen min var altså først og fremst som brukar, som kjeldegranskar.

KASSASJONS-PROBLEMATIKK

Både museum og stipendiat gjekk audmjuke til oppgåva. Eit tidleg-vink frå arkiv-hald var at ein måtte vera varsam med å kassera i private arkiv. I motsetning til offentlege arkiv veit ein i mindre grad kva som finst andre stader i eit slikt materiale. Den pensjonerte metallurgen John Løtveit var på si sida tidleg innom på det gamle sentralarkivet, der eg sat, oppteken av å formidla at ein ikkje måtte kasta for mykje. Det var alt kasta alt for mykje. Løtveit tenkte for sin del då sjølvsgart speiselt på det tekniske/metallurgiske. Dei første metallurgane i Sauda var, kunne han fortelja, mellom dei fremste i sitt fag i verda, folk som seinare sat med toppjobbar i Union Carbide. Ved eit høve hadde han kome over 3 sekker med kassert materiale som skulle gå i omnane. Der kom han over ein rapport, underforstått den einaste i sitt slag, som svarte til 3 års-verks med arbeid. For meg, ein humanist, vart dette sjølvsgart tankevekkande. For kva føresetnad var hadde eg til å vita kva som var viktig og kva som ikkje var viktig i eit tekniske materiale? Til dømes var der seriar med omnsprotokollar som dokumenterer kvar einskild tapp gjennom tiåra, grunndata for heile verksemda, inkludert metervis med analysemateriale. Men korleis såg det overordna materialet ut, rapportane, konklusjonane. Innafor rekneskap var det også store og plass-krevjande og utfordrande seriar.

Frå bedriften – og einskildpersonar si side – låg der klart føre forventingar om rask kassasjon i stor stil. Innafor det gamle funksjonærssjiktet kunne det vera folk som frykta at no kom alt for dagen, så det var best å hiva. Og ut i september 1989 opplevde eg at ein av dei gamle overordna funksjonærane, som hadde fulgt over frå det gamle til det nye regimet, fekk kalde føter for noko av materialet som låg i arkivet, knytt til personale, beredskap, tekniske finessar etc.

Innafor arkiverket fanst det ingen retningslinjer som regulerte kassasjon i private arkiv. Private arkiv var i det heile teke ikkje omfatta av lovverk og retningslinjer. Men boka "Arkivhandbok. Eldre arkivsaker – kommunane" vart gjeve ut nett i året 1990. Der refererer til dømes Hermod Kleppa ei utsegn frå riksarkivaren om *kommunale* arkiv frå 1949: "Ein bør heller kassera for lite enn for mykje. Granskinga kan i framtida få bruk for mangt som no synest å vera utan interesse. I dei offentlege arkiva saknar ein så å seia kvar dag arkivsaker som i si tid har vorte kasserte av di dei vart haldne for verdilause".



Form X. 10							Ovn nr. 1	Uke 10-19		
Dato	Tapp nr.	Tid	% Metall	% Slagg	Vekt av metall	Vekt av slagg	Vogn nr.	Brennem tid		
1/6	2703	23 ²⁵			4700	4200	37	2		
	2704	24 ²⁵			4600	4400	37	2		
	2705	6 ²⁵	68/13		4600	4800	37	2		
	2706	12 ²⁵	22.00	22.0	2000	6000	37	10		
	2707	15 ²⁵	7.00		4000	5200	37	5		
	2708	18 ⁰⁵			4200	5400	38	3		
	2709	31 ¹⁰			3000	5300	38	5		
					31300	36700				

Anmerkninger	
24.3.92	en sliteplak hadde løsnet og satt seg fast i spantet, måtte rømme ut ovenfra for å få den opp. Automat.



Omsdrifta ved Smelteverket er dokumentert i detalj frå dag til dag, og fleire gonger i døgeret. Dette er faksimile frå ein av protokollane for Ovn nr.1 det meste av året 1935. Ein kan også finna notert «Anmerkninger», som her på eit nattskift 14. juni.

Kleppa siterer også historikaren/arkeologen Arvid Lillehammer, Sauda sin eigen lokalhistorikar: "Som lokalhistorikar er det for meg ingen grenser for dei problemstillingane som kan bli aktuelle. Dei grensene set berre min hjerne, kall det gjerne dagsform, og min fantasi. Til liks med alle andre lokalhistorikarar sin fantasi. I utgangspunktet kan eg difor finna noko i alt. Det bør difor ikkje vera eit byråkratisk regelverk som begrensar moglegheitene mine. Bevar, ikkje kasser!", skriv Arvid Lillehammer om tema kassasjon i kommunearkiva.

Eg var bevisst stoda mi om at eg sat med ei nøkkelrolle i høve til kva for materiale som skulle kunne bevarast frå Sauda-samfunnet på 1900-talet, og dermed kva for spørsmål ein

i framtida i større grad skulle kunne få svar på, og kor detaljerte desse svara kunne vera.

Eg støtta meg også til tanken om eit "eksemplarkiv", eit arkiv for ein periode og ein type kultur om ei særprega samfunnsform i landet vårt, nemleg dei einsidige industristadsamfunna som vokste opp inne i fjordbotnane tidleg i førre hundreåret.

Mi haldning var tidleg at historias gang hadde gjort den naudsynte kassering gjennom tiåra. Det som skulle kassert, var kassert, eller var i ferd med å bli kassert rundt om på bedriften. Ei anna sak var arkiv-avgrensing, utlukking av kopiar, som har vore gjort systematisk på delar av materialet, for den del fjerning av binders og overføring av materiale frå

arkivskap til arkivboks. Det er òg ei form for slanking av eit arkivmaterialet.

I slutten av januar 1990 vart det tilsett ein hjelperessurs til arbeidet med det historiske arkivet via arbeidskontoret, slik at der eitt år var to som arbeidde med arkivet.

JUBILEUMSMARKERINGANE 1990 – EI EVALUERING

Jubileums- og profileringsåret ved Sauda Smelteverk i 1990 førte til sikring av eit stort og viktig arkivmateriale frå hjørnesteinsbedrifter i Sauda, dermed òg eit særsviktig dokumentasjonsmateriale for lokalsamfunnet Sauda. Vi skal sjå at dette materialet ytterlegare skulle bli sikra i form av ei eiga arkivstifting i desember 1992.

1990 gav òg Sauda ei annleis bedriftshistorie skriven av Kjartan Fløgstad, boka «Arbeidets Lys». Boka fekk stor merksamhet, og oppdragsgjevaren, verksdirektør Ytterdahl – som sjølv skreiv dikt – var gjest i Brigt Jensen sitt bokprogram i fjernsynet. I den gamle matsalen på bedriften vart det opna ei historisk utstilling og bedriften gav pengar til opprusting av Folkets Hus. I det heile var det mykje fest og moro året igjennom. Midt i august vart det skipa til ein konferanse om industrisamsfunnet med overskrifta «Kultur i Smeltedigelen».

Men kva skjedde vidare med arkivbunkersen i Limekiln og det tekniske biblioteket? Og fann Kjartan Fløgstad noko ut om overskotet til Union Carbide?

Bunkersen i Limekiln vart støvsugd og vaska ned alt månaden etter Fløgstad og Drange var der første gongen tidleg i august 1989. Vi skal sjå at eit utval av materialet nokre år seinare vart berga over i betre lokalitetar i Sauda III.

Teknisk bibliotek vart like eins nokre år seinare – som eit eige prosjekt – berga ut av metallkassane, støvsugd, vaska og sett opp i hyller på lageret. Der sto dei nokre år, hylrometer på hyllemeter, før dei måtte nedprioriterast som Lokalarkivet sitt ansvar, og gjekk i omnane.

Med omsyn til overskotet skreiv Kjartan Fløgstad i Arbeidets Lys: «Ingen veit (dermed) kor stort overskot Union Carbide i røynda har tatt ut gjennom «konverteringsverket» i Sauda. Den konklusjonen kan ein, med fleire av EFP's eigne veteranar i rekneskap og bokføring, trygt slå fast. Like trygt kan ein gå ut frå at det i lange periodar, så som i tidsrommet opp mot den andre verdskrigen, og åra under og like etter Korea-krigen, dreia seg om formidable summar..... Stålverka



Det gamle personalarkivet sto plassert ulåst på loftet av rekvisita-lageret hausten 1989, men vart berga i løpet av arkivprosjektet.

gjekk for fullt, og all manganen EFP kunne pøsa ut, blei selt, nær sagt uavhengig av pris og kvalitet».

Boka «Arbeidets Lys» vart av forfattaren sjølv presentert som ein blandingsgenre av historikk, reportasje, dikt og essay, og fekk til dømes positive melding i «Heimen», lokalhistorierørsla sitt tidsskrift: «For i tillegg til lokalkjennskapen har han (Fløgstad) trening i å gå andre vegar enn faghistorikaren når det gjeld å gi liv til eit tema», skreiv Ingar Kaldal, og konkluderte: «Det er imponerande kor mange sider ved livet og makten i og omkring ein fabrikk Fløgstad på eitt år har greidd å bake inn i ein språklig og intellektuelt spennande tekst» (Kaldal 1990).

Men Fløgstad har òg godord til det ny-organiserte arkivet ved Sauda-bedriftene: «Vinteren 1989-90 har arkivet blitt omorganisert, og vil for framtida vera eit ope og offentleg arkiv, tilgjengeleg for dei som måtte ønska å forska vidare i industrihistoria – eller gå mi framstilling nærrare etter i saumane. Møteprotokollane til Sauda Fabrikkarbeiderforening, som eg har hatt full tilgang til, vil også bli plassert i det nye arkivet».² Ja – arkivet er ope for mange problemstillingar innanfor ulike fag.

² Stipendiaten og artikkelforfattaren likar òg, som det heiter i facebook-verda, fylgjande utsegn frå Fløgstad i Arbeidets lys: «Ernst Drange, som har stått for



Ernst Berge Drange vart sommaren 1989 tilsett av Ryfylkemuseet for å ordna og katalogisera arkivmaterialet til Smelteverket, Saudefaldene og Sauda Fabrikkarbeiderforening. Det var i eit samarbeid med bedriftene, som betalte for arbeidet.

I 1999 fekk eg sjølv høve til å testa arkivet då eg vart beden om å skriva Sauda Fabrikkarbeiderforening si 75-årsberetning. Tittelen på boka, «Mænd som ved hvad solidaritet er» er eit utsegn frå den første streiken i bedriften, den såkalla «kranførar-streiken», der den noko gåtefulle, syndikalisten Hjalmar Hauge eller Pettersen spelte ei stor rolle, og til sist på eit vis vart ofra av fagforeininga. I boka fekk eg òg avslørt identiteten til denne første streikeleiar Pettersen i Sauda. Familien hans ville forresten ikkje låna meg portrett av han til boka.

EITT ARKIV – TRE ARKIVSKAPARAR

Arkivprosjektet i Sauda omfatta i utgangspunktet tre arkiv, eller arkivskaparar. Ein arkivskapar – eit sentralt omgrep i arkivverda - er ein institusjon eller ein person som gjennom si verksamhet over tid byggjer opp eit arkiv. Det kan vera ei bedrift, eit lag eller ein privatperson. Dei tre arkivskaparane var

omorganiseringa av arkivet, har gitt mange gode råd og diskrete vink om ting eg elles knapt ville lagt merke til.

dei to Elkem-bedriftene Sauda Smelteverk A/S og A/S Saudefaldene og det var Sauda Fabrikkarbeiderforening. Fabrikkarbeiderforeininga sitt arkiv var stort og rikhaldig til å vera eit fagforeningsarkiv, men lite i den store samanhengen her.

I tillegg til dei tre arkivskaparane kom eg under arbeidet over mindre dokumentsamlingar og protokollar frå andre arkivskaparar. Det var til dømes Saude Zinkgruber, som markerte det første tilløp til industri i Sauda, på 1880-talet, og det var Sauda Sykehus. Det var A/S Folkets hus og fleire fagforeningar som Saudasjøen Arbeiderforening, Sauda Jern- og Metallarbeiderforening, ei fellesforeining i Hellandsbygd og anna.

Etter grovregistrering var det snakk om mellom 400 og 500 hylrometer arkiv, eller eit par vanleg store kommunearkiv. Bedriften sitt sentralarkiv, som var definitivt det lettast tilgjengelege, utgjorde berre 1/3-del av dette. Bunkersen i Limekiln utgjorde det største arkivrommet i hylrometer.

I løpet av arkivprosjektet, som kom til å strekka seg over til saman to år - 1989-1991 - vart det – på grunnlag av ei grovregistrering - utarbeidd skisse til ein katalog for alle tre arkivskaparane. Dei til hovudsaksarkiva og fire andre korrespondanse-seriar er finordna med ferdige detaljerte katalogar og fleire hundre oppstilte og merka arkivboksar.

Lokalet for det gamle sentralarkivet, med to rom, vart gjort om og modernisert til det nye historiske arkivet. Der det sto store mengder arkivskap vart det etablert eit besøksrom med skranke og arbeidsplassar. I det indre rommet vart det, i tillegg til ein eksisterande liten rullereol (60 hylrometer), sett inn ein ny og større rullereol med plass til 220 hylrometer arkiv. På bakveggen – der mellom fabrikkarbeidarforeininga sitt arkiv er plassert – er der om lag 40 hylrometer.

A/S SAUDEFALDENE SITT ARKIV

Innafor arkivskaparen Saudefaldene ligg det i dag føre fire finordna og katalogførte arkivseriar som utgjer det overordna og viktigaste historiske materialet for kraftselskapet, ope og tilgjengeleg for ei mengd med problemstillingar og tilnæringsmåtar for ulike faggrupper.

Det er

1. Eit stort saksarkiv som går tilbake til tida før etableringa av firmaet (1913) og fram til 1990.

2. Delar av generaldirektør Sigurd Kloumann sitt arkiv frå anleggstida (1914-32).³
3. Delar av advokat Sundt sitt arkiv frå same perioden (1910-45).
4. Ein serie som har fått nemninga "Jubileumshistorie 1963". Dette var "arkivplukk" gjort i samband med skriving av jubileumsbok i 1963, plukk frå dei tre føregåande seriane som ikkje vart ført tilbake til sin opphavlege orden, eit døme på korleis ein ikkje skal bruka arkiv.

For det femte kan nemnast Saudefaldene sitt gards- og bruksnummerarkiv som inneheldt arkivmateriale så å seia etter matrikkelen. Forutan kopiar "skapt" i selskapet, finst det kopiar av ei mengd med tinglyste forretningar, utskiftingar, tvistar, forlik etc. – frå dei første "haandgivelser" og fram til dags dato. For den såkalla "Egne Hjem-busetnaden" finst det eit tilsvarande arkiv.

Avgjort "ikkje-tekniske" materialet i "Jubileumsarkivet 1963" kan nemnast oppslag som "Arbeidsforhold", som er omtale av konfliktar, streikar, fagforeiningar, lønstilhøve, bustadtilhøve, matforsyning og sjukdommar. Her ligg to mapper med "Streiker, konflikter" som mellom anna inneheldt ein "protokoll" (referat) skriven på svensk. I pionertida var det mange svenske rallarar i Sauda, ei tid med hyppige streikar. Men det var ikkje berre revolusjonære, svenske syndikalistar som kom til Sauda. I eit skriv frå Kloumann i 1918 heiter det: "Under mit fravær i Kristiania er der tat ind en mand ved navn Mortensen, en utpræget ubehagelig agitator, som har snudd hoerne rundt paa samtlige arbeidere".

Oppslaget "Rapporter, korrespondanse – anleggsarbeidet" tek føre seg framdrifta i anleggsarbeidet, rapportar heilt ned på vekenivå. Dei omhandlar både tekniske og menneskelege forhold. Rapport 18. september 1916 kunne "desværre notere en styg ulykke paa fjeldet, idet en tunnelarbeider under opboring eller undersøkelse av et ladet borehul i synk II Førstavann blev skutt ihjel av den exploderende sats. Antagelig er døden strax intrådt. Begravelsen fandt sted paa Kirkegaarden i Hellandsbygden".

³ Eg prøvde hausten 1989 spora opp resten av arkivet til generaldirektør, ingeniør og industri-gründer Sigurd Kloumann (1879-1953), som budde på Grav gård i Bærum frå 1936. Det låg lenge på stabburet der, men vart brent straks etter 1971 då Steinerskole-rørsla overtok garden.

Saudefaldene sitt saksarkiv (1) har oppslag på 121 hovedemne, ofte med mange underemne. Det er snakk om 211 arkivboksar i alt. Nøkkelenummer 67 "Eiendommer og rettigheter" har 41 underoppslag heilt ned på personnivå, t. d. "Malena Aabø, husmannsplass". Det er to mapper om "Sauðe Zinkgruber", eit selskap som vart oppløyst formelt først i 1978. Nøkkelenummer 70 går på "Bebyggelse", alt frå brakkar på fjellet til pensjonistbustader i Sauda.

I Kloumann sitt arkiv (2) kan nemnast oppslag som "Bygging av hus på Søndenåhaugen", "Vannforsyning i Sauda", "Lysinstallasjonar i Sauda", "Automobiler og snøplog", oppslag på ulike fagforbund, "Forhandlinger, arbeidsoverenkomster for anlegget", forutan ei mengde med oppslag som vil kunne vera interessant for teknisk interesserte arkivbrukarar.



Denne illustrasjonen vart funnen nede i omnshuset i oktober 1927 og arkivert i den såkalla P-file. Det var ei tid prega av konjunktur-nedgang med innskrenkingar og varsel om oppseiingar og Uncle Sam – det amerikanske selskapet Electric Furnace Products Company - seier takk for samværet.



Dette er eit bilet som kunne gje mareritt, óg med tanke på at der var mange slike skap. Likevel var arkivskap-delen av arkivet, ordna etter arkivnøkkel, den enklaste jobben, for her var det god og skjønn orden. Her var det mest berre å leggja over i arkivboksar.

For ein klassisk bygdebokskrivar er det morosamt å bla i den såkalla "Stovedalssaka (1916-36)" i Sundt-arkivet, ei sak mellom Helge og Valborg Tornes i Suldal på den eine sida og A/S Saudefaldene, Kristen og Johannes Handeland, på den andre sida. Men her var òg innblanda nokre røldølar. I saka om Stovedalsbeitet trer dei fram både stølsbudeier frå Nesflaten, slåttekarar frå Saude, krøtter på beite, rolige sauher i grøne bakkar, fedrifter og olme stutar (Drange 1990 s.59f).

ARKIVSKAPAREN SAUDA SMELTEVERK A/S

I arkivet til Smelteverket er det naturleg å nemna først det store saksarkivet. Det er snakk om 273 arkivboksar i ordna og oppstilt form. Saksarkivet er ordna hierarkisk etter desimalsystemet, med hovudklassar frå 0 til 9. Hovudklasse 0 går på administrasjon og organisasjon, 1 på økonomi, 2 på eidegomar/bygningar, 3 på personale, 4 på sal og (ut)skiping, 5 på produksjon, medan hovudklassane 6-8 er "ledig", som det heiter i arkivterminologien, og 9 er "Diverse". Kvar hovud-

klasse er så inndelt i 10 undergrupper, frå 0-9, grupper som igjen let seg dela på same måten, frå 0-9. Under 0 vil ein alltid finna generelle opplysningar om eit emne, under 9 diverse. Smelteverket har hatt flinke arkivarar, så diverse-gruppene er små.

Smelteverket sitt store saksarkiv, som har ytteråra 1913 og 1989, dekkjer i prinsippet alle emne og saker som har vore aktuelle på Sauda Smelteverk gjennom åra. I praksis er det som nemnt sentraladministrasjonen sitt arkiv. Og der var eit stort materiale på verket elles som ikkje låg i sentralarkivet, slik eg fann det, men som i dag har fått sin faste plass i det historiske arkivet.

I smeltearkivet finst der omnshusjournalar, miksbøker og ordrebøker som går inn på drifta frå dag til dag, like frå kring 1930 til 1990. Det er eit enormt erfarmingsmateriale om omnsdrift gjennom to generasjoner. Truleg skal ein leita lenge etter noko liknande. I tillegg kjem eit stort materiale med råstoff- og metallregister og kjemiske analysar. Vidare er det rekneskap



Ingenting er vakrare enn eit ordna og oppstilt arkiv.

og løn. Personalarkivet, som er klausulert, inneholdt namn og opplysningar om alle som har arbeidd på verket frå dag 1. Under omgrepene "Progress Letters" finst det rapportar til New York, ofte to gonger i månaden, åra 1924-81, altså heile Union Carbide-tida, ordna etter smelteprodukt.


Attende til saksarkivet har dette altså oppslag på dei fleste emne som dekkjer verksemda på eit stort smelteverk, men dermed òg emne knytt til bygda og lokalsamfunnet. Særleg gjeld dette hovudklasse 3. Eit av dei største oppslaga finst under 363,31 "Selskapshistorikk og leksikale data", som i ordna form fyller 17 mapper og 3 arkivboksar. Der ligg særleg mykje stoff frå krigen, mellom annan fleire notat frå "tysk besøk". Og som eit underoppslag finst 3 mapper for bedriften Nordag, aluminiumsverket tyskarane bygde opp i Saudasjøen, og som aldri kom i produksjon.

Emnet "Bygdehistorikk" på 363,34 fyller 9 mapper og inneholdt mellom anna ein protokoll for "Tuberkuloseforeningen" 1926-30, kommunale kunngjeringar for Sauda 1942-45, og

mykje meir. Det er ukjent korleis protokollen for tuberkuloseforeininga har forvilla seg inn i Smelteverket sitt arkiv. Dette er ein type privat arkivmateriale som ofte kjem vekk, vert kasta eller brent opp, fordi ingen har ansvaret for å sikra det.

Ei rekke med oppslag under 331 inneholdt korrespondanse med lag og foreiningar i Sauda (3-4 boksar). Det er alt frå Frelsesarmeens til sportsfiskarforeininga. Mykje går på bidrag og gåver frå Smelteverket. I nokre tilfelle er dette kan hende det einaste materialet som finst om nedlagde lag og foreiningar i Sauda. Under emne 356 "Sykehus, helsekontroll og helsevern, bedriftslegeordning", finst mellom anna eit stort underoppslag på "Lungebetennelse, manganrøk" (356.64), som tek føre seg Sauda-pneumonien (i heile 8 mapper). Nøkkelnumra 2.220 til 2.229 tek føre seg Åbøbyen, frå gate til gate.

Under hovudklasse 9 (Diverse) vart det i 1964 oppretta ei mappe nummer 913 "Naturvern". Nyttårsaftan 1971 vart det nedsett ein komité og eit arbeidsutval "for å utrede bedriftens



Faksimile av eit memorandum om arkivet i 1940. Instruksane i teksten skulle vera kjend for dei fleste som har eit forhold til arkiv. «Ta ikke brevet ut av mappene. Behandl arkivets arkivalier omhyggelig» er retningslinjer som også gjeld for Sauda Lokalarkiv. Merk signaturalistene øvst på dokumentet. Mange hadde kvittert ut bodskapen, men om dei først omtalte dypna i det, er meir usikkert.

nåværende og fremtidige miljøproblemer". Dette var ei ny problemstilling, men i løpet av 20 år skulle nummer 913 verta eit av dei største oppslaga i saksarkivet, med 20 mapper.

Eit saksarkiv for ei bedrift som dekkjer ein periode på 75 år, som i Sauda, må vera spesielt. Og nøkkelen må ha vore tungvind å bruka og fylgja opp etter kvart. Men ut frå eit historisk

synspunkt er det eit godt og unikt materiale samla innanfor ein klassisk arkivnøkkel.

To einskildseriar frå Smelteverket kan nemnast som særleg interessante og opplysande. Den eine er den såkalla P-file, der P'en står for "Personal". Den inneholder alt som går på løns-spørsmål, tariff, ansiennitet, tvistar og konfliktar ved verket, kronologisk samla frå 1917 til 1961.

Den andre einskildserien er kontraktarkivet, som pr. i dag er på godt over 900 nummer. Kontraktane er eit spennande materiale som går på alt frå levering av smeltetransformatorar til husbygging i Åbøbyen, avlønning av hjelpeprest i Sauda, salskontraktar, lønsviklår etc., kort sagt alle viktige kontraktar Smelteverket har inngått med ulike leverandører, firma og einskildpersonar. Så å seia heile kontraktmaterialet, frå 1915 og fram til 1990, er intakt.

SAUDA FABRIKKARBEIDERFORENING

Den tredje arkivskaparen er "Sauda Fabrikkarbeiderforening". Her er ein så heldig å ha eit bortimot fullstendig materiale like frå den første dag, i 1924. Alle møteprotokollane for hovudforeininga finst, like eins korrespondanse frå år til år, bortsett frå mottekte brev i 1952 og sende brev 1957-58. Truleg er det eit styremedlem som har teke det med seg heim og ikkje lagt det tilbake i Folkets Hus, der eg fann materialet. Fagforeningsarkivet inneholder også ei mengde med einskildsaker, som no er ordna emnevis og kronologisk. Ved hjelp av katalogen er det lett å finna fram til dei ulike sakene.

Når det gjeld protokollar frå undergruppene, manglar dei fleste. Den einaste protokollen frå Byanleggets gruppe femner til dømes berre om åra 1946-55. Her ligg det nok ein del materiale kringom hos privatpersonar i Sauda. Frå den kjende streiken i 1970 ligg det lite i fabrikkarbeidarforeininga sitt arkiv, og eit eige "streikekomité-arkiv" er ukjent.

LITTERATUR OG TRYKTE KJELDER

Det er mogeleg å nærma seg arkivet på ulike nivå. Kor lett tilgjengeleg det er, vil vera avhengig av spørsmålsstillingane. Arkivet vil kunne koma i møte folk med ulike spørsmålsstillingar, og kor detaljert kunnskap ein vil søkja. Ein elev frå vidaregåande skule som vil skriva særoppgåve, vil kunne finna det han treng utan å gå inn i det detaljerte arkivet, korrespondanse og saker frå dag til dag. For det finst litteratur, det finst

klippbøker og det finst meir samlande oppslag som overordna rapportseriar, loggbok, historiske notisar og årsrapportar.

Andre – både profesjonelle forskrarar og amatørar innafor mange fagområde, frå økonomi til meteorologi – vil kunne gå inn og finna detaljopplysningar om mange type emne.

For første gongs besökande i arkivet er det naturleg å visa til litteratur og trykte kjelder som finst i arkivets bibliotek. For mange vil direktør Danielsens si hemmelege bedriftshistorie, trykt i 1954 i eit fåtal nummererte eksemplar, vera eit kuriosum som òg gjev ei mengde grunnleggjande opplysningar. Ho skildrar først og fremst bedriften i detalj, men har òg med fleire sider om lokalsamfunnet Sauda under eit hovudkapittel "Recreational and social undertakings". For korleis kunne tilreisande funksjonærar bruka fritida si inst i ein avgøymd fjordarm. Men arbeidarane sine "Own Home colonies" (Egne Hjem) er òg omtala.

Lokalavisa Ryfylke ligg i arkivet, frå nummer til nummer. I same gate kan nemnast eit rikhaldig klipparkiv frå 1915 og fram til i dag. Det er klipp som omhandlar bedriftene (Saudafaldene/Smelteverket), men òg lokalsamfunnet generelt. Avisene det er klippa frå er til dømes Stavanger Aftenblad, Stavangeren, 1. mai, Aftenposten, Haugesunds Dagblad og Arbeidet.

Også bedriftsavisa Smeltedigelen (1948-70) vil gå under omgrepet trykte kjelder, så vel som meldingsbladet Støpskjeen, i daglegtalen Auså, som vart påbyrja i 1964. I det omfattande hemmelegheitskremmeriet som føregjekk på Smelteverket, kunne til og med Smeltedigelen bli kontroversiell. I saksarkivet, under 363.24, ligg der eit brev frå ein smålåten og ufarleg snikkar i Fitjar som hadde hørt om Smelteverket sitt 50-årsskrift av Smeltedigelen. Han bad om å få eit eksemplar fleire år seinare, til amatørinteressa si for bedriftshistorie og ikkje-profesjonelle skrivearbeid, som han uttrykte det. "Ja, men ikke hvis det er forfatterskap a la Obrestad", har ein person notert i marginen, og viste til Obrestad si bok frå streiken i 1970.

Då seinare direktør Blegen, den mest populære direktør i det gamle regimet, kring 1950 hadde ein artikkelsearie om "Korporasjonen vi tilhører", kom det reaksjonar frå New York. Det var redsle for at løyndomar skulle koma i hendene på konkurrentar. Advokat Christiansen i Oslo kunne for sin del ikkje sjå at det hadde gått for vidt. Han skriv til dåverande

GÅVEBREV

Med dette gävebrevet överlet A/S Saudafaldene sitt historiske bedriftsarkiv för perioden 1910-1990 till Stiftelsen "Sauda Lokalarkiv".

Stiftelsens vedtekter (vedlagt) är godkänd av gävaren.

Innhaldet i arkivet går fram av "Hovedkatalog for det historiske arkivet til A/S Saudafaldene".

Laust inventar med mobile reolar i arkivrommet fylgjer med i gäva.

Frå dags dato er arkiv og inventar Stiftelsen sin eide.

Sauda 5. II. 1992

Heg. Erik Haglund
Underskrift

Vedlegg: Godkjende vedtekter

Det vart skrive 3 slike gävebrev i november 1992 før Sauda Lokalarkiv vart oppretta som eiga stifting, dei to andre frå Smelteverket og frå Sauda Fabrikkarbeiderforening.

direktør Haglund: «Som de ved holder Corporationen meget strengt på at Sauda's tekniske og annen viten ikke skal gjøres tilgjengelig for utenforståande. Personlig kan jeg ikke skjonne at «Smeltedigelen» har gått over streken, men det kan vel ikke være noe iveren for på forhånd å sende våre venner alle artikler vedrørende fabrikken, hvis de gjerne vil ha det slik». I brev til New York forsikrar Christiansen «vennene» om at i Sauda har dei fått det inn med morsmjølka å vera varsame og ikkje avsløra noko om korporasjonen sine affærar.

VEDTEKTER
FOR

STIFTELSEN "SAUDA LOKALARKIV"

1. Stiftelsen Sauda Lokalarkiv er ein privat stiftelse som har til formål å samla inn, bevara og gjera tilgjengelig privat arkivmateriale fra Sauda.

Stiftelsen skal samarbeida med andre institusjonar og organisasjonar for å samordna og styrke det lokalhistoriske arbeidet som blir drive i Sauda.

2. Stiftelsen er skipa ved overføring av desse arkiva til stiftelsen:

Fra Sauda Smelteverk A/S: Bedriftsarkivet for perioden 1913-1989, slik det går fram av Hovudkatalog for det historiske arkivet til Sauda Smelteverk A/S.

Fra A/S Saudefaldene: Bedriftsarkivet for perioden 1913-1990, slik det går fram av Hovudkatalog for det historiske arkivet til A/S Saudefaldene.

Fra Sauda Fabrikkarbeiderforening: Foreningsarkivet for perioden 1924-1988, slik det går fram av Katalog over arkivet til Sauda Fabrikkarbeiderforening.

Hovuddelen av arkivmaterialet er ved opprettinga av stiftelsen plassert i arkivrommet i kontorbygningen til bedriftene, men det finst og materiale i eit arkivrom i kraftstasjonen i Søndenå (for Saudefaldene) og i ein bunkers i den såkalla Limeklint (for Smelteverket).

Arkivet kan til eikvar tid utvidast gjennom gåver, testamentariske disposisjonar eller på andre måtar, så framt styrkt finn det forsvareleg å ta i mot materialet.

3. Stiftelsen har eit styre på 6 medlemmer som er sett saman slik:

- 1 representant oppnevnt av Sauda Smelteverk A/S
- 1 representant oppnevnt av A/S Saudefaldene
- 1 representant oppnevnt av Sauda Fabrikkarbeiderforening
- 1 representant oppnevnt av Sauda kommune
- 1 representant oppnevnt av Sauda sogelag
- 1 representant oppnevnt av Ryfylkemuseet

Kvar av representantane har eit personleg varamedlem.

Representantane blir oppnevnt for 2 år om gangen, men slik at halvparten av styret blir nyoppnevnt kvart år. Förste året blir halvparten av styret nyoppnevnt etter loddtrekking om kven som går ut.

Styret vel seg i mellom leiar og nestleder.

Styret møter etter innkalling frå leiaren, eller når 3 av styrmedlemmene krever det.

Styret er vedtaktsfert når 4 medlemmer møter og er samde om vedtak. Elles gjeld som styrevedtak det flertallet royster for. Står roystene like, gjeld det som nötelelaren har roysts for.

4. Styret har desse oppgåvane:

Styret skal ivareta dei oppgåvane som er nedfelt i forhålaparagrafen til stiftelsen og sørge å utvikle arkivet vidare ut frå det grunnlaget som er lagt ved opprettingsa vif stiftelsen.

Styret skal ivareta praktiske tiltak, inngå nødvendige avtalar og soke finansiering for å ivareta arkivmaterialet på tilfredsstillande måte og stille det til rådvelde for brukarar.

Styret skal elles følge dei krav til drift og forvalting av stiftelser som følger av lov om stiftelser m.m. av 23. mai 1980, herunder føre nötebok og kvart år innan utgangen av mars setta opp revidert rekneskap for siste kalenderår.

5. Omdanning av stiftelsen kan skje etter dei reglane som går fram av lov om stiftelser.

Einar Berg Brugel *Jean Ringstrand*
Lager Leff *Jan Ringstrand*
Aksel Bæker *Rolf Nilsen*

Faksimile av vedtekten for Sauda Lokalarkiv, godkjent og registrert som stifting av fylkesmannen i Rogaland i januar 1993.

Samstundes kunne han forsikra om at Smeltegelen berre var ei lokal avis, der få kopiar gjekk ut over lokalsamfunnets grenser.

Forutan det som er nemnt spesielt her, er der eit større bibliotek knytt til det historiske arkivet, med litteratur og oppslagsbøker innafor juss og økonomi, administrasjon og organisasjon, personalforvalting, arbeidsmiljø og statistikk. Der er òg eit mindre fagforeningsbibliotek, jamvel eit mindre lokalhistorisk bibliotek.

Medan det store faglege, metallurgiske og tekniske biblioteket er gått opp i flammar, nett som biblioteket i Alexandria.

FOTOMATERIALE

Både Smelteverket og Saudefaldene har store biletarkiv, foto som dokumenterer bedriftene frå dei første åra og fram til i dag – eit par tusen biletar. Hovuddelen av dette materialet er registrert og ordna.

VIDARE SIKRING AV ARKIVET - STIFTINGA SAUDA LOKALARKIV (1992)

Seinhaustes 1990 - då arkivprosjektet gjekk på overtid med tilleggsløyvingar frå bedriften - reiste eg spørsmålet om vidare sikring av arkivet i form av eit Sauda Lokalarkiv, eit arkiv



Kristoffer Nødland, formann i styret for Stiftelsen Sauda Lokalarkiv, har gjort mykje for å berge privat-arkiv i Sauda. For ved overgang til Sauda Lokalarkiv, sjå faksimile s. 77, tok arkivet mål av seg å ta vare på arkiv frå heile Sauda, både foreningsarkiv, firmaarkiv og private arkiv elles, arkiv det offentlege ikkje har ansvar for. Her står Kristoffer i eitt av romma i Stasjon III. Ein vonar at Sauda III skal bli fast lokale for Sauda Lokalarkiv i samband med freding av stasjonen. (Foto: Jarle Lunde / Suldal foto)

som kunne ta mål av seg å ta vare på privat arkivmateriale frå industristaden Sauda. Dette kunne òg styrka tanken om eit Sauda-arkiv som eksemplarkiv for dei einsidige industristadane.

Hausten 1991 hadde eg mi siste 3-månaders økt med arkivet. På same tida vart dei to bedriftene og fagforeininga samde om å gje sine historiske arkiv til ei arkivstifting. Melding om skiping av stifting vart fylt ut og underskriven av rette vedkommande 17. desember 1992. Rett over nyåret 1993 kom det melding frå fylkesmannen i Rogaland om at stiftinga Sauda Lokalarkiv var registrert.

Sauda Lokalarkiv er altså ei stifting som peikar ut over stiftarane. I føremålsparagrafen heiter det: «Stiftelsen Sauda Lokalarkiv er ein privat stiftelse som har til formål å samla inn, bevara og gjera tilgjengeleg privat arkivmateriale frå Sauda». Styret består av ein representant for kvar av dei tre gjevarane (arkivskaparane), ein oppnemnd av Sauda kommune, ein av Sauda Sogelag og ein av Ryfylkemuseet (underteikna).

I 1993 melde vi oss på lokalarkivrørsla, ved medlemskap i Landslaget for Lokal- og Privatarkiv, for privatarkiv-arbeidet er ei slags folkerørsle, driven av entusiastar. Det er ingen offentlege instansar som med lova i hand tek vare på privat

arkivmateriale og dagleg forsvinn viktig kjeldestoff rundt om i bedriftar og i dei tusen heimar der det ligg materiale frå lag og organisasjonar, og privatpersonar.

Senior på Smelteverket, Jostein Handeland, fungerande driftsdirektør då direktør Ytterdahl⁴ var permittert nokre veker våren 1991, saman med det meste av arbeidsstokken elles, og heile verket vart stansa opp nokre månader, for første gong i bedriftens historie, vart vald til første formann i Sauda Lokalarkiv (1992). Handeland kan mellom anna hugsast i arkiv-soga som den som på lokalarkivets vegner uoffisielt annekterte Stasjon III til lokalarkivet.

Jan Ringstrand, fagforeningsformann 1987-97, sterkt oppteken av industristadhistoria og innehavar av kommunens kulturpris, tok over som formann i Lokalarkivet i 2000. Ringstrand har vore ein hovudressurs i soga til Sauda Lokalarkiv, som i så mykje anna kulturvernarbeid i Sauda.

Når denne artikkelen kjem på trykk har stiftinga Sauda Lokalarkiv eksistert i ganske nøyaktig 20 år. Seks kvinner og menn har gjennom ti år forvalta stiftinga under stramme økonomiske år frå år til år. Men då skal òg den «uoffisielle» økonomien nemnast: Smelteverket har gjennom åra sjenerøst halde lys, straum og varme i lokalet. Og Karin Paulsen, varamedlem i styret i Sauda Lokalarkiv frå 1995, har gjennom åra stødig halde si hand over arkivet som ein mindre del av sin jobb på verket. Frå 2004 har ho òg møtt som Smelteverket sin representant i styret. Både Smelteverket og Saudefaldene har dessutan innimellom gjeve små og milde gåver til arkivstiftinga.

På dugnad har styret i stiftinga delteke i arbeid med vel-lukka utstillingar og arrangement gjennom tiåret, gjerne i samarbeid med Sauda Sogelag. I periodar med og i periodar utan spesiell marknadsføring har det kome inn fleire lokale privatarkiv, både organisasjons- og firma-arkiv, til stiftinga, som såleis i den forstand har vore i stand til å leva ut målsetjinga si. Oddvar Rønning har hatt kortare engasjement med tilvekstføring og ordning av nytt materiale, både som kommunens- og Ryfylkemuseets mann. Men der er eit stort etterslep. Riksarkivaren sin arkivplattform ASTA vart teken i

⁴ Listabuen Stein Ytterdahl var mannen som innførte det nye regimet ved Smelteverket. Han var såleis ein annan type listabu enn kraftsjef Knut Vesthassel ved A/S Saudefaldene, som fekk si byste og æra for å ha bygd Røldalsvegen. Bygde han vegen heilt åleine?

bruk gjennom eit prosjekt i 1996, men sidan har lokalarkivet berre sørga for å betala for abonnementet.

Kristoffer Nødland, formann i styret frå 2004, sto i 1997 for sikring av materialet i arkiv-bunkersen i Limekiln med å ta ut og overføra det viktigaste materialet til eit rom i Stasjon III i Søndenåhavn. Sauda Lokalarkiv befesta dermed sitt tak på Stasjon III. Nødland har òg vore ein ivrig mann med å få tilført arkivet nytt materiale frå lokalsamfunnet Sauda.

Til saman er der gjennom åra tilvekstført oppunder 100 privatarkiv frå Sauda, for ein stor del cm-arkiv. Men der er òg store avleveringar frå til dømes frå Øgreid Bygg, Sauda Klubb og Sauda turnforening.

I det heile har det skjedd mykje i soga til Sauda Lokalarkiv åra 1992-2012, både med omsyn til tilvekstføring og formidling (mange årleg besøkande og deltaking i utstillingar og arrangement). Ingen skal seia at styret ikkje har jobba for å både sikra og utvikla arkivet vidare, men midlane har vore små, og ein skulle gjerne hatt ein som kunne jobba berre med arkivet.

NY AKTIVITET VED 100-ÅRSJUBILEA?

Nye jubileum er under oppsegling i 2013 (Saudefaldene) og 2015 (Smelteverket). Det er 100-års-jubilea som no står for døra. I 2010 vart Stasjon III (1930) føreslegen freda på Statkraft sin landsverneplan, og smykka jamvel forsida av underprosjektet «Kulturminner i norsk kraftproduksjon» (KINK), eit samarbeid mellom NVE, Riksantikvaren og kraftbransjen. Arkitektane jubla, då få bygningar i landet elles er så tydeleg prega av art deco-stilen som òg internasjonalt hadde sitt høgdepunkt då Sauda III vart bygd. Det er godt å ha dei prestisjefylte arkitektane med på lasset.

Stasjon III (Søndenå) er i dag etter heimfall ått av Statkraft, men A/S Saudefaldene, som har bygd ein ny kraftstasjon i fjellet rett utafor den gamle stasjonen («Sønnå»), held ved like den gamle stasjonen. Sauda Lokalarkiv hadde på si side annektert stasjonen alt på 1990-talet, og eit mogeleg vern måtte gå vår veg. Så er det fabrikksjef ved Eramet Sauda⁵, Kåre Bjarte Bjelland, våren 2011 ber Sauda Lokalarkiv presisera

⁵ Elkem selde Smelteverket i 1999 til det franske selskap Eramet, men beholdt kraftselskapet Saudefaldene. Dermed skilde kraftselskap og smelteverk lag eigarmessig etter over 80 år.

ELECTRIC FURNACE PRODUCTS COMPANY, LIMITED

CABLE ADDRESS: SAUDECA
CROSS: WESTERN UNION AND LINTNER

SAUDA, RYFYLKE, NORWAY

19th March 1927.

Mr. J. Oxasæl,
Office.

Mr. Correspondence,
Subjecting letters.

Dear Mr. Oxasæl,

While I was in New York it became necessary to revise a filing system for Mr. Sneath's correspondence. One of the fundamental changes was to eliminate as far as possible all "name" files and substitute "subject" files. This was absolutely essential with the type of correspondence which is being handled there.

however, as soon as this was done we found that it was extremely difficult for stenographers to file correspondence properly as technical and practical experience were very frequently needed in order to determine what subject should be used. Mr. Voiz has therefore requested me to explain the situation to the staff at Sauda, and ask all people here who write letters to New York office to have them "subjected", i.e. use some form which I notice Mr. Voiz employed in recent letters of March 3rd and 4th, copies of which I have received.

before this system goes into effect, I think it would be best for you to call together all people to whom this matter has direct application, in order that I may explain to them some of the principles which we have used in the subject indices in the New York file.

Another point must especially be borne in mind, it is next to impossible to file letters which cover more than one subject, and from now on particular attention should be paid to this point, if necessary a large number of short letters should be written in preference to a long letter, even though the latter may seem to be a more efficient method of passing along information.

Sheet No. 2.

C. P. C. C. C. T. Mr. J. oxasæl, 19/3-1927.

Personally I find it difficult to remember that all letters should be subjected and it occurs to me that it might be well to inform all stenographers of this new practice, instruct them to have it always in mind, and to ask people who dictate letters to give them a subject for each letter, in case the writer himself forgets to do so.

Very truly yours,

W. H. Avery.

P.S. I am having several copies of this letter typed in order that you may pass them along to interested parties if you wish to do so.

Done/SR.

Faksimile av eit brev skrive av ein i den amerikanske staben ved Smelteverket i 1927. Det går på arkivordning og ligg under 041.30 i saksarkivet («Arkivering, arkivplaner etc»). Dei hadde funne det naudsynt i New York og revisera General Manager William H. Sneath sin korrespondanse fra namnemapper til saksmapper. Men så vart det problem avdi stenografdamene ikkje hadde den praktiske og tekniske erfaringar som måtte til for å avgjera kva for emne som skulle brukast i arkiveringa. Staben i Sauda vart difor beden om å «saksretta» alle breva til New York. Mr. Sneath var anleggsleiar for fabrikken, og har fått både ein byste og ein park i Sauda kalla opp etter seg. Headingen på brevarket er elles den same som vart nytta i heile Electric Furnace Co.-tida, fram til 1976. Øvst til venstre heiter det at «This company is a Canadian Corporation». Men i «Canada Life Building» i Toronto var det ingen som visste noko om EFP då Kjartan Fløgstad var der i 1989/90 (Fløgstad s.22).

dei utfordringane lokalarkivet har med omsyn til vidareføring av ordning av arkivet, lokalitetar, vidare drift og formidling i nyare mediar. På eit første møte med lokalarkivet med dette som tema, møtte òg direktør ved A/S Saudefaldene,

Svein Istad, og leiar i Sauda Fabrikkarbeiderforening, Helge Handeland. I dei vidare drøftingane har òg Ryfylkemuseet, Sauda vidaregåande skule og Sauda Vekst vore med. Det er partnarskap-tanken ein vil prøva å få til å fungera.

I 2006 hadde ein komité oppnemnt av Sauda kommunestyre, med representantar både frå Sauda Sogelag og Ryfylkemuseet, rådd til at kommunen engasjerte seg i arbeidet med Stasjon III, med røyrgate og kraftlinje til fabrikken. Ein peikte på Stasjon III som eit nav i arbeidet med dokumentasjon og formidling av Sauda som industristad, med materialet frå Sauda Lokalarkiv som grunnbase.

Her står saka i det denne artikkelen går i trykken. Sauda Lokalarkiv vil ta i bruk Stasjon III for samlingane sine, med høvelege publikums-mottak og andre arkiv-funksjonar, og med dette vera både basen og navet som kulturarbeidet i Sauda dreier seg om. Her må det òg inn ein fast personalressurs, ein dagleg leiar. I samband med dette må òg arkivet rustast opp, samstundes med full utnytting av den digitale verda, den nye røyndommen, og det den kan gje arkivformidlinga.

LITTERATUR

Danielsen 1954: S. Danielsen (prepared by): *Electric Furnace Products Company, Limited, Sauda, Norway, An historical review of the organization and development of the Sauda Plant up to the end of 1953*, Sauda boktrykkeri A/S 1954

Ernst Berge Drange: «Mænd som ved hvad solidaritet er». *Sauda Fabrikkarbeiterforening. 75-årsberetning*, Sauda 1999

Ernst Berge Drange: *Bedriftsarkivet og industristad-kulturen*. «Historisk arkiv» ved Sauda Smelteverk A/S og A/S Saudefaldene, Årsskrift for Sauda sogelag 1991 s.48-71

Kjartan Fløgstad: *Arbeidets lys. Tungindustrien i Sauda gjennom 75 år*. Det norske samlaget 1990

Hermod Kleppa: *Arkivhandbok: eldre arkivsaker – kommunane*, Oslo 1990

Ingar Kaldal: *Bedriftshistorie*. Kjartan Fløgstad: *Arbeidets lys. Tungindustrien i Sauda gjennom 75 år*. Bokmelding i Hjemmen 4/1991, s.240-241

Arvid Sandvik: *Aktieselskabet Saudefaldene 1913-1963. Saudakraft i 50 år*. Stavanger 1963.

Ernst Berge Drange (58) er Mag. Art. med hovudfag i teknologi. Han er tilsett ved Ryfylkemuseet som førsteamannensis og bygdebokskrivar. Drange arbeider for tida med bygdebøker for gamle Jelsa kommune.



Sauda kyrkje, bygd 1866

Litt om det religiøse livet i Sauda før 1970

Av Tone Årtun

Framveksten av lekmannsrørsla skjedde i Sauda, som over det meste av landet, på 1800-talet. Kvekarsamfunnet i bygda vart eitt av dei største i landet og bygde eige samlingshus. Haugianarane heldt samlingar i heimane og av og til i skulestovene. Seinare kom bedehusa, fem i talet. Pinserørsla, Frelsesarmeен og Metodistkyrkja har og sett sitt preg på kristenlivet i bygda. Ved hjelp av blant anna bedehusprotokollar frå Betel og Saron, som nå er arkiverte på Ryfylkemuseet, prøver denne artikkelien å seia noko om tilhøvet mellom bedehusa, frikyrkjene og statskyrkja, og noko om vekkingsbølgjene som aldri kom.

Den eldste kyrkja i Sauda stod på Kyrkjehaugen i Saudasjøen. Nøyaktig når ho vart bygd, veit ingen, men ho kan ha vore frå 1100- eller 1200-talet.

Kor presten budde den første tida, er heller ikkje kjent, men me veit at Sauda sokn hørde under Suldal prestegjeld i om lag 300 år frå 1500-talet til 1858. Så følgde nesten hundre år under Sand før Sauda vart eige prestegjeld i 1949.

I 1866 stod det ny kyrkje ferdig, ikkje i Saudasjøen, men i Indrabygdå, på dei flate moane under garden Fløgstad. Den nye staden vart sjølv sagt ikkje valt utan diskusjon, men eitt av argumenta som vann fram for den nye plasseringa, var om synet til sokneborna i Hellandsbygd. Den lange kyrkjevegen deira vart kortare nå.

Gamlekyrkja i Saudasjøen hadde i alle hundreåra ho stod der, vore det einaste religiøse byggverket i bygda. Kyrkje og stat var eitt. Presten var embetsmann og representerte slik både Gud og kongen. Staten ville ha kontroll over det religiøse livet. Derfor vart det i 1737 innført tvungen konfirmasjon. Folk burde og gå til nattverd minst to gonger i året. Konventikkplakaten, som var verksam kring hundre år fram til 1842, slo fast at det berre var presten som hadde rett til å preika

Guds ord i religiøse samkomrar. Unntak kunne gjerast, men då måtte presten vera til stades og slik sjå til at alt gjekk rett føre seg.

LEKFOLKET STÅR FRAM

Likevel skjedde det ei utvikling på den religiøse arenaen som gjekk utanom kyrkje og stat. Hans Nielsen Hauge hadde inga teologisk utdanning. Likevel reiste han rundt og talte Guds ord. Han preika til omvending. Å vera fødd inn i eit kristent samfunn, slik alle i Danmark-Noreg var på den tida, var ikkje godt nok, meinte Hauge. Ei personleg omvending måtte til om ein skulle vera sikker på å få del i himmelriket.

I 1801 reiste Hans Nielsen Hauge gjennom Suldal. På Sand hadde han møte, og me veit at saudabuen Lars Brekke var til stades der, og at han vart påverka av bodskapen til Hauge. Slik voks det fram eit haugianarmiljø i Sauda tidleg på 1800-talet. Johannes Johannesson Saua i Saudasjøen og Tore Christoffersson Øye i Svandalen vart aktive haugevener. Der er sagt at Lars Skipavåg i Imsland vart omvend i 1830 etter å ha hørt Tore Øye tala.

Haugianarane møtte fram til gudsteneste i kyrkja, men hadde behov for å møtast oftare og ønskte seg eit nderlegare kristenliv enn det kyrkja stod for. Dei møttest i heimane hos kvarandre. Heimen til Ågot Ringhagen i Saudasjøen skal ha vore ein slik veneheim der haugianarane møttest til samling. Ågot var fødd i Etne, og mor hennar skal ha vore påverka av Hans Nielsen Hauge.

Frå tidleg 1800-tal veks det altså fram eit kristenliv som ikkje bryt med kyrkja, men som likevel lever eit liv utanom og litt til sides for det kyrkja stod for. Dei ville i stor grad styra seg sjølv og gjekk ikkje av vegen for å preika Guds ord, sjølv om det var forbode for lekfolk å gjera det heilt fram til 1842.

Denne utviklinga var ikkje unik for Sauda. Haugianske venesamfunn vokste fram på denne tida over store delar av landet.



Kvekargravplassen var i bruk 1858 – 1914

I 1856 står framleis den gamle kyrkja i Saudasjøen. I tillegg har det kome eit nytt gudshus i heradet. Det er ikkje haugianarane som har bygd seg eige hus å møtast i, men eit anna religiøst samfunn; nemleg kvekarane. Kvekarane tar, i motsetnad til haugianarane, avstand frå statskyrkja og melder seg ut. Den første utmeldinga finn stad i 1848, den neste året etter.¹ På få år veks kvekarsamfunnet til 43 personar, vaksne og born, og vert eitt av dei største i landet. Desse er det som, med pengehjelp frå kvekar-vener andre stader, blant anna i England, bygger sitt eige samlingshus på Solbrekk i 1856. To år seinare har dei og fått sin eigen gravplass på garden til Bjedne Bjednesson Åbø.

Det kunne vera fullt i samlingshuset på Solbrekk. Samfunnet hadde ofte tilreisande vener på besøk, og då fann mange

saudabuar vegen dit, mange fleire enn dei som var skrivne medlemmer. Det skal ha vore 200 personar til stades sommaren 1868 då engelskmennene John Henry Douglas og Robert Alsop var på vitjing.

Ettermælet til kvekarane seier at dei var heiderlege og ærlege menneske og alvorlege og gode kristne. Den vanlege saudabuen skal ha hatt respekt for dei. Presten Mohr, derimot, hevdta at dei var farlege og umoralske.

Sidan kvekarane hadde meldt seg ut av statskyrkja, nekta dei å betala kyrkjeskatt. Dessutan underviste dei borna sine sjølv og nekta å ta imot omgangsskulen. Dermed kom dei i gjeld til staten, som kravde skattar og avgifter til prest og klokkar likevel. Det enda med at Ådne Tormodsson Brekke og huslyden hans vart driven frå gard og grunn. Det er sagt at kvekarane i Sauda fekk hardare medfart enn det som var vanleg andre stader i landet.

1 Arvid Lillehammer 1, s. 590

Då 1900-talet kom, hadde det minka på kvekarane i bygda. Etter kvart døydde dei ut eller reiste frå Sauda. Kvekarhuset på Solbrekk finst ikkje lenger, men gravplassen er freda og ligg i Åbøbyen.

Medan kvekarane var eit intermesso i det religiøse livet i Sauda, galdt ikkje det same for haugianarane. Dei heldt samlingane sine og var aktive gjennom heile 1800-talet. Då Det Norske Misjonsselskap vart grunnlagt i Stavanger i 1842, møtte Johannes Johannesson Saua i Stavanger som utsending frå Søvde Missionsforening. Dermed veit me at det fanst ei misjonsforeining i bygda på denne tida. Kor lenge denne foreininga hadde vore i verksemd då, er uvisst, men det er kjent at ein ung mann, H.C. Knudsen, reiste rundt i Ryfylke i 1840 og grunnlia mange misjonsforeiningar, mens han venta på å få reisa ut som misjonær. Kanskje oppstod Søvde Missionsforening som eit resultat av arbeidet hans.

Det var mennene som først byrja med misjonsforeiningar, men det gjekk ikkje lang tid før kvinnene organiserte eigne kvinneforeiningar. Dei spenn og vov og gav tinga dei laga til misjonen. Noko av det vart brukt som utstyr til misjonærar, noko kunne seljast og gjerast om til kontantar.

Den første kvinneforeininga i Sauda kom i Saudasjøen. Andreas Lea flytta frå Stavanger til Saudasjøen i 1852 og slo seg ned som handelsmann der. Det var kona hans, Guri Lea, som organiserte kvinnene i misjonens teneste. Med seg fekk ho Brita Saua og Sofie Fosstveit. Seinare sluttar Ågot Ringhagen seg til dei. Det er sagt at Andreas og Guri Lea var dei første i bygda som heldt avis. I tillegg hadde dei vore tingarar av Misjonstidende heilt sidan bladet byrja å koma ut i 1846. Truleg har det vore lese frå bladet på misjonsmøta. Talet på kvinner som ville vera med i foreininga, auka. Til og med frå Sauda skal dei ha kome med rokkar og kardar, gåande eller roande. Etter kvart vart det oppretta eiga foreining i Indrabygðå og, slik at dei slapp den lange vegen.

Haugianarane hadde i utgangspunktet ikkje vore formelt organiserte. Dei møttest fordi dei hadde behov for å vera saman med truande vener. Det var vanleg med postille-lesing på møta, det vil seiå lesing or ei preikesamling. Møteleiar vart gjerne ein person som var respektert blant bygdefolket. Ein slik leiar var altså ikkje formelt valt, og han kunne gjerne fungera i leiarrolla livet ut.

Når samlingane vart så store at heimane ikkje strekte til, kunne dei halda møte i skulestovene, men desse kunne og bli i minste laget, for dragninga til å samlast om Guds ord var sterkt og auka utover ved overgangen frå 1800- til 1900-talet. Dessutan var det ikkje alltid lett å få låna skulehusa til "Opbyggelsesmøder"², noko som nok viser at det har vore ein viss skepsis mot lekemannsrørsla, kanskje særleg frå det offentlege. Kyrkja var det og vanskeleg å få låna.³

Etter kvart som misjonsforeiningane vokste fram, oppstod dessutan behovet for ei meir formell organisering. Det var pengar som skulle samlast inn og sendast til misjonen. Samtidig sendte misjonsorganisasjonane ut emissærar som besøkte dei ulike foreiningane, delte Guds ord med dei og oppmuntra dei til vidare arbeid i misjonens teneste.

Reinert Ås (1849-1931) frå garden Ås mellom Sand og Sauda, arbeidde i mange år som misjonær på Madagaskar. Når han var heime på besøk, kom han ofte til Sauda og fortalte på møte, gudstenester og stemne om arbeidet på misjonsmarka. I 1901 hadde han med seg gassaren Daniel, ein lys levande kristen og eit synleg vitne om at arbeidet for misjonen bar frukt. Daniel kunne norsk, men fekk ikkje tala i kyrkja. Det er sagt at sokneprest Synnes ikkje syntest han kunne gi prekestolen til ein "heidning". Misjonær Ås og Daniel let seg likevel ikkje stoppa, men heldt då eit friluftsmøte på Øyra, kring 100 meter frå kaien, der det seinare kom eit postkontor. Talarstolen var ein kasse. Ei stor folkemengd møtte fram for å sjå og høyrta ein svart mann som hadde blitt kristen. Misjonsveren i byda vart ikkje mindre etter dette.⁴

Etter kvart vokste det fram eit klart behov for eige hus å halda møta i.

Ved inngangen til 1900-talet begynte lekfolket i Sauda å planlegga bygging av eige hus. Fleire av venesamfunna i Ryfylke hadde fått eigne bedehus i siste halvdel av 1800-talet. Det galdt både Kvitsøy, Rennesøy, Finnøy, Årdal, Sand og Ropeidhalvøya. Hjelmeland hadde vore tidlegare ute; bedehuset i Hjelmelandsvågen vart bygd alt i 1840.

Venene hadde først tenkt å setta opp eitt hus som skulle fungera for heile bygda, men kunne ikkje bli einige om kor

2 "Forhandlings Protokol for Bedehuset "Saron" i Saudasjøen"

3 Ibid.

4 Emil Birkeli, s. 325



Bedehuset Saron, Saudasjøen, bygd 1905

huset skulle stå. Det er tre – fire kilometer mellom dei to bygdesentra, og vegen kunne vera strevsamt nok når ein måtte gå denne strekninga til fots eller ta årane fatt på fjorden. Dermed vart det sett opp to bedehus nesten samtidig; eitt i Saudasjøen og eitt i Sauda sentrum.

Bedehuset Fredheim på Øyrå stod ferdig i 1904. Året etter, i 1905, vart bedehuset Saron innvigd i Saudasjøen.

Fra Saudasjøen er den første protokollen bevart, og me kan lesa der at så mange som 500 møtte fram til den høgtidlege opningsfesten, og at alle "blev beværtet med Cokolade og Boller."⁵ Fire tilreisande frå Fellesforeningen for Ryfylke og Jæren Indremisjon, blant desse pastor N. Aalvig og Gabriel Bårdsen, deltok med talar og vitnesbyrd.

DEI GAMLE OG DEI NYE

Med to bedehus i bygda fekk lekmannsrørsla betre kåر, og det religiøse livet var i vokster med faste søndagsmøte, kvinneforeningsmøte og bønemøte på begge bedehusa. Likevel var det ikkje berre harmoni i kristenflokken.

Omvending og frelse hadde alltid stått sentralt i lekmannsrørsla. Blant haugianarane hadde vegen til frelse vore tung å gå. Ein lang periode med anger og "ruelse" var nødvendig før ein kunne tru seg frelst. Det kunne vera individuelle skilnader på kor lang tid denne angeren og botsgangen ville ta, men kortvarig kunne ein slik prosess aldri vera. Det var eit slit og eit strev å bli frelst, ein måtte vera trufast i bøn og i samvære

med venene før ein kunne føla seg frigjort og glad og sikker på frelsa.

Under innverknad frå den svenske predikanten Rosenius skjedde det mot slutten av 1800-talet ei endring i synet på omvending og frelse. "Kom som du er" vart det nye slagordet. Det forunderlege skjedde at folk kunne bli frelste i løpet av ein kveld. Om den svartaste syndaren kom inn på eit møte i bedehuset, kunne han der og då oppleva ei gjennomgripande vekking og vera eit nytt og frelst menneske før han gjekk ut igjen. Dei som var vane med den gamle ordninga, stygdest ved dette nye og såg det som rein vranglære.

Desse to ulike syna på korleis eit menneske kunne bli frelst, gjorde seg og gjeldande mellom misjonsorganisasjonane. Medan Misjonsselskapet og Indremisjonen stod for det gamle synet, tok Kinamisjonen, som hadde blitt grunnlagt etter at Rosenius sine tankar var kjente, til å halda fram det nye synet i si forkynning.

På byrjinga av 1900-talet var det store vekkingar i Ryfylke ved alle organisasjonane, men særleg ved Kinamisjonen. Den unge emissæren Sven Foldøen frå Foldøy i Jelsa byrja å reisa som emissær for Kinamisjonen frå hausten 1903. Store vekkingsbølgjer slo ofte over stadene han vitja.

I Sauda var det blant dei gamle på bedehusa stor skepsis til dette nye. Dei hadde hørt at bønemøte på kne var blitt moderne, og at folk som var blitt frelste i ein fei, kunne stå opp og vitna. Dei meinte det var svermerisk, på grensa til det blasphemiske. Etter deira syn var det rettast å halda fram med postille-lesing og formaningar slik dei alltid hadde gjort det på møta sine.

Mange av dei yngste på bedehusa hadde likevel sansen for dei nye møteformene og den nye vegen til frelse. Cornelius Andersen hadde ein vinterdag i 1903 spent skeisene på og tatt seg utover den islagte fjorden til Sand for å høyra Sven Foldøen tala. Han var med i den kristne veneflokk, men følte seg ikkje frelst, sjølv om han lenge hadde angra syndene sine og bede om nåde. Nå ville han finna ut om Foldøen kunne hjelpe. Og det kunne han. Cornelius Andersen fann det han hadde vore på leit etter. Han vendte heim til Sauda etter få dagar, glad og frelst, og han var ein av eldsjelene i arbeidet for å reisa bedehuset Fredheim på Øyrå.

Sommaren 1904 hadde Indremisjonen stemne i Sauda. Palle Thu frå Jæren var ein av talarane, og han kom med

5 "Forhandlings Protokol for Bedehuset "Saron" i Saudasjøen"

eit spark til dei som "berre gav seg over." (Truleg er han den same Palle Thu som var byggmeister for bedehuset Saron året etter.) Samtidig møtte og Holger Kjølvik frå Ropeidhalvøya på stemnet. Han representerte dei som Palle Thu kritiserte og hadde med seg ein flokk nyfrelste frå Jelsa, som vitna varmt og personleg om korleis Gud hadde frelst dei.⁶ Sven Foldøen kom og saman med dei, men det er ikkje sagt at han tok ordet på stemnet.

I Sauda var det på denne tida ikkje store vekkingar slik det var i mange andre bygder i regionen. Vekkinga skal ha kome stilt og umerkande over Sauda, utan farande talarar.⁷ Det skal ha kome med 12-14 unge i denne brytingstida. Av desse var mellom andre Paul Fløgstad, Teodor Austarheim, Johan Brekke, Karina Birkeland, Steffen Birkeland, Eli Birkeland og Madli Søndenå frå Sauda og Sjur Hoftun og Elisabeth Fosstveit frå Saudasjøen.

Dei unge var frimodige og ønskte å dela gleda dei følte. Dei ønsktene å vitna på bedehusa om frelsesopplevinga si. Det gjekk lang tid før dei fekk lov til det. I Saudasjøen var Lars Rafdal ein av dei som ikkje ville ha vitnemøte på bedehuset, og i Sauda var mellom andre Njel Lofthus, Johannes Herheim og ekteparet Brita og Jakob Ringhagen motstandarar av det nye.⁸ På Fredheim var det ei tid forbod mot bønemøte på kne. Brita Ringhagen skal ein gong ha kome i skade for å kalla dei som dreiv med slikt, for knehøner, men det er sagt at ho angra på dette seinare.

Kring 1906 kom emissær for Kinamisjonen Johan Slettebø til Sauda. Med seg hadde han Bjørn Rønnevik⁹. Dei begynte på bedehuset i Saudasjøen. Folk strøymde til møta, og mange gav seg over til Gud. Dei gamle var skeptiske til det som skjedde, særleg sidan det var så "lett" å bli frelst, og då Slettebø inviterte til bønnemøte på kne, fekk nokre av dei nok og gjekk opp på galleriet i protest. Andre gjekk ut og stod der og kikka inn gjennom glaset. Dette fortel sogeskrivaren til Kinamisjonen, Jakob Straume.

Det var ei hard kamptid, der det og skal ha versert under-skriftslistar med opprop mot den nye læra.¹⁰

6 Jakob Straume, s.251

7 Ibid.

8 Ibid.

9 Ibid.

10 Ibid



Bedehusa Fredheim, bygd 1904 og Betel, bygd 1918

Trass i uro og usemjø, vokst den kristne flokken i Sauda så mykje at Fredheim vart for lite. I 1918 stod det store, nye bedehuset Betel ferdig, nesten vegg i vegg med det gamle. Anleggsverksemda var då i gang i fjella, og storindustrien var på trappene. Dei kunne gjerne bygga stort.

Planen var at Fredheim skulle rivast når Betel var innflyttingsklart. Rivingsarbeidet var og kome i gang, då eitt eller anna skjedde, som gjorde at det vart bygd opp igjen.¹¹ Det var Misjonsselskapet som var ført som eigar av Fredheim,

11 Ibid

mens Indremisjonen stod som eigar av Betel. Desse ulike eigartilhøva treng ikkje ha noko å gjera med det som skjedde, men ei tid framover var kristenflokken delt i to, der den eine delen heldt til på Fredheim og den andre på Betel. Mest sannsynleg er det at denne kløyvinga hadde noko med dei gamle og dei nye å gjera, og at det var dei gamle som ei tid etter at Betel stod ferdig, heldt fram med å møtast på Fredheim. Kjeldene teier om detaljane kring denne delinga.

Sauda Kinamisjonsforening vart grunnlagt i 1926. I mars 1929 diskuterte styret i foreininga om dei skulle kjøpa pinsevennene sitt forsamlingshus, dersom pinsevennene kom til å selja det. Det vart ordskifte om saka; nokre var for kjøp, andre mot. Saka hadde kome brått på. Styret gjorde derfor vedtak om å ta henne opp på eit medlemsmøte.¹² Seinare er ingenting om kjøp av forsamlingshuset til pinsevennene protokollført.

Pinsevennene sitt forsamlingshus Salem vart bygd i 1928. Kvifor det var snakk om å selja dette alt året etter, i 1929, er uklart. Sikkert er det at huset ikkje vart selt. Pinsemenigheten Salem har i alle år drive arbeidet sitt i og frå forsamlingshuset i Espelandsvegen og er framleis aktive i Sauda.

Sidan Kinamisjonsforeininga vurderte å kjøpa eige hus, kan det tyda på at dei hadde vanskar med å få innpass på Fredheim og Betel. Men det vart ei løysing, for berre ein månad etter diskusjonen om eit eventuelt kjøp av Salem, hadde styret for kinamisjonen møte med styret for Betel og fekk der løyve til å bruka Betel annankvar laurdag.

NESTEN SEKS BEDEHUS OG TRE FRIKYRKJER

I 1918, same året som Betel vart innviggd, fekk Sauda og eit anna, eit fjerde bedehus. Det var Soar på Austarheim. Krinsen kjøpte her det gamle skulehuset og bygde det om til bedehus. I 1929 kom deretter Hellandsbygd bedehus. Totalt hadde bygda dermed fem bedehus. Kring 1960 eksisterte det planar for eit sjette. Det skulle ligga på Andersengja. Ein grunneigar gav tomta Betania gratis til kristenfolket i Birkeeland krins. Desse planane vart aldri sette ut i livet. I dag står det et privathus på tomta.

I Ryfylke er fem bedehus lite for ei bygd av Sauda sin storleik. Til samanlikning har det vore 21 bedehus i det som i dag

12 Protokoll, Sauda Kinamisjonsforening



Frelsesarmeens sitt samlingshus frå 1935.

er Suldal kommune. Hjelmeland og Strand har begge hatt 19, mens Finnøy har hatt 18.

Ei av forklaringane til at Sauda etter måten har hatt få bedehus, kan nok ligga i busettingsmønsteret. Busetnaden i kommunen er nokså koncentrert. Dei fleste kunne nå eitt av dei fem bedehusa, sjølv i ei tid før privatbilismen var rådande.

I tillegg til bedehusa har og ulike frikyrkjer prega det religiøse livet i Sauda. Som nemnt, fanst det eit kvekarsamfunn i bygda i siste halvdel av 1800-talet. Seinare, etter at kvekarane var borte, kom det tre andre rørsler og etablerte seg i bygda; Frelsesarmeene, pinsemenigheten Salem og Metodistkyrkja.

Representantar for Frelsesarmeene hadde kome til Sauda kring årsskiftet 1918-1919.¹³ Dei vart møtt med ein viss skepsis og fekk ikkje utan vidare leiga lokale å ha møte i. Skulestyret sa nei til å lata dei låna skulehuset på Øyrå. Grunngjevinga var at det kunne føra til uro i krinsen. Seinare i året 1919 bad dei heradsstyret om å få leiga ei tomt der dei kunne bygga eige forsamlingshus. Også då fekk dei avslag. Heradsstyret meinte at dei trong tomta sjølv. Den eigentlege grunnen var truleg at tomta låg nær kyrkja, og at ein derfor frykta at samlingar hos Frelsesarmeene kunne uroa gudstenesta.¹⁴

Etter at pinserørsla hadde bygd eige hus, møtte Frelsesarmeene velvilje hos dei og fekk leiga samlingshuset Salem.

13 Arvid Lillehammer 2, s.393

14 Ibid., s. 565



Pinsemenigheten Salem's hus, påbegynt i 1927

Først i 1935 kunne Frelsesarmeens ta i bruk eige hus etter at dei hadde fått tomt av EFP like ved Det Nye Folkets Hus.

Pinserørsla kom til bygda med saudabuar som hadde vore i Amerika. Den første skal ha vore Johannes Søndenå som var på besøk heime i 1920.¹⁵ Same året kom pinsemenigheten Zion fra Stavanger og hadde dåp ute ved Treaskjeret på Saunes. 19 personar let seg døypa, blant dei ein saudabu; Torger Handeland fra Hellandsbygd. Han hadde reist til Amerika i 1908 og var nettopp heimkommen då. Truleg hadde han kjennskap til pinserørsla frå tida i Amerika. Handeland vart ei eldsjel i arbeidet med å bygga opp ein møtelyd i Sauda. Det var vanskeleg å få tak i lokale å halda til i. Tungetale og vaksendåp stengte dei ute frå bedehusa, derfor måtte mange av møta haldast i private heimar. I 1927 fekk dei kjøpt ei tomt i Espelandsvegen og bygde forsamlingshuset Salem med sitteplass til 80 personar. Innviinga fann stad i 1930.

Metodistane var den siste frikyrkja som etablerte seg i Sauda. Dei hadde møte i bygda tidleg på 1950-talet, kanskje før. Eiga kyrkje fekk dei reist i 1958 og dreiv kyrkjelydsarbeid nokre tiår. Etter kvart viste det seg vanskeleg å rekruttera nye medlemmer, og kring 1990 kjøpte pinsevenene kyrkja. Dei driv nå brukthandel i lokalet.



Metodistkyrkja, bygd 1958

SAMARBEIDET MELLOM BEDEHUSA OG FRIKYRKJENE

I november 1941 skriv kaptein i Frelsesarmeens, Bjarne Sissener, brev til styret for bedehuset Saron i Saudasjøen der han viset til avslaget dei har fått på ein søknad om å få leiga bedehuset til offentlege møte.¹⁶ Grunngjevinga skal ha vore at Frelsesarmeens ikkje var tilslutta statskyrkja. "Dette er imidlertid en misforståelse. Vi står innskrevet som medlemmer i Statskirken og er i Kirken med alle våre kirkelige handlinger." skriv Sissener. Han viser vidare til at Frelsesarmeens ofte får nytta kyrkjene til møte, og at han personleg alltid har fått leiga kyrkjer og bedehus der han har arbeidd.

Fem veker seinare forfattar bedehusstyret eit nokså knapt svar der avslaget er omgjort og Frelsesarmeens "foreløpig" kan få ha "et ukentlig møte". Det vert opplyst om at vedtaket er gjort med tre mot ei stemme og avslutta med "Dog må De holde brensel og vaske selv."¹⁷

Styret for Saron synest altså å ha ein viss skepsis mot Frelsesarmeens. Denne skepsisen ser ut til å avta, for utover på 1950- og 1960-talet er Frelsesarmeens stadig ført med møte i bedehusprotokollen.¹⁸

Hausten 1958 er bedehuset Betel 40 år, og hendinga vert markert med fin fest og mange spesielt inviterte, blant desse

15 Leif Ljung, s. 26 i Årsskrift for Sauda sogelag 1994

16 Ryfylkemuseets arkiv

17 Ryfylkemuseets arkiv

18 Møtebok for bedehuset Saron

evangelist Tveit frå Salem, evangelist Esther Bårdsen frå Metodistkyrkja og kaptein og løytnant frå Frelsesarmeens. Men ingen av "våre nabosamfunn" møtte, skriv referenten.¹⁹ Forklaringa var at dei hadde møte sjølv.

1950-og 1960 talet synest likevel å ha vore ei tid då bedehusfolket og frikyrkjene heldt dørene opne for eit visst samarbeid. I 1955 hadde Betel eitt fellesmøte med pinsevenene og to fellesmøte der både Frelsesarmeens, Metodistkyrkja og pinsevenene deltok.

10 år seinare, i 1965, hadde Betel fleire bønemøte saman med dei tre frikyrkjene, og i årsmeldinga for Betel for året 1967 er det understreka at det herskar eit svært godt forhold mellom alle organisasjonane som arbeider på Betel, "likeledes mellom bedehuset og de andre menighetene på stedet."

BEDEHUSA OG KYRKJA

Om kyrkja i utgangspunktet var skeptisk til lekfolket som organiserte eigne møte og talte Guds ord utan godkjenning frå presten, endra dette seg over tid. Konventikkelpakaten vart oppheva i 1842 og gjorde det dermed lovleg for lekfolk å halda religiøse møte. Bedehusfolket braut offisielt ikkje med kyrkja, og mange av dei var flittige kyrkjegjengarar.

Etter at Menighetsfakultetet vart oppretta i 1908, som ein motpol mot den meir liberale teologien som dominerte ved universitetet, kunne bedehusfolket føla eit nært slektskap til presten om han var uteksaminert frå Menighetsfakultetet.

I 1930 kom den unge presten Ola Sande som stiftskapellan til Sauda. Han var uteksaminert frå teologisk fakultet ved Universitetet i Oslo. Han var den første presten sidan seinmellomalderen som skulle busetta seg i Sauda – som framleis ikkje var eige prestegjeld, men underlagt Sand. Ganske snart kom han på kant med bedehusleiinga på Betel. Ei av dei første sakene det stod strid om, var tidspunktet for kveldssongen i kyrkja.²⁰ Sande hadde kunngjort klokka 20. Bedehusstyret bad han om å endra tidspunktet til klokka 17, slik at det faste søndagsmøtet på Betel kunne gå som vanleg, klokka 19.30. Kva Sande svara på dette, er ikkje klart, men det synest som om han har stått på sitt. Det var kveldsmøte på Betel kvar søndag og bønemøte kvar onsdag. Kveldssong

i kyrkja var det ikkje så mange gonger i året. Kanskje har han tenkt at bedehusfolket kunne bøya seg for kyrkja dei få gongene det var kveldssong.

Dette har truleg ikkje falle i god jord, for kort tid etter vart det lyst til konfirmantfest på Betel. Det var Sande som hadde ført ungdommane fram til konfirmasjonen, men han var ikkje invitert på festen. Konfirmantkullet var på 69 ungdommar, og alle samla seg utanfor Betel på festkvelden, men berre fem av dei gjekk inn. Slik markerte dei sin støtte til Sande. Arne Aano, seinare kjent forkynnar og songar, var ein av dei fem konfirmantane som gjekk inn på bedehuset den kvelden. Han hadde foreldre som var aktive bedehusfolk og kom derfor mellom borken og veden. Seinare uttalte han: "Ola Sande var ein festelege og gilde prest, i bedehuset var det viljesterke menn som ikkje ville bøya seg for presten."

Sande reiste frå Sauda til Ullensvang i 1937. Han kom aldri heilt på godfot med mange av dei som var ivrige på bedehuset, og dette såra han mykje, skal han ha sagt seinare.

Det var Morten Lerø som overtok som hjelpeprest etter Sande. Han synest å ha arva problemet med kyrkjesongen og søndagsmøta på Betel. Nå er det han som vender seg til bedehusstyret og ber dei om å kutta søndagsmøta på bedehuset dei gongene det er kveldssong i kyrkja. Han sender fleire gonger brev om dette, men får kvar gong det same svaret; at møtedagane på Betel er delte mellom alle misjonsorganisasjonane, og at det er opp til dei organisasjonane som har fått tildelt dei aktuelle søndagskveldane, om dei vil kutta møtet den dagen eller ikkje.

Sidan Lerø sender fleire brev om same saka, må me tru at organisasjonane ikkje valte å kansellera møta dei kveldane dei fall saman med kyrkjesongen.

Kanskje vart frontane litt mildare etter som tida gjekk. I mars 1955 skriv referenten frå styremøte i Indremisjonsforeininga: "Siden presten hadde bestemt seg for aftengudstjenneste skjærtorsdag fant styret denne gangen å sløyfe møtet på Betel skjærtorsdag. Prøver heller møte i Hellandsbygd."

I 1966, etter 28 års tenestetid i Sauda, reiser Morten Lerø frå bygda til Gjerdrum i Buskerud, og då vart det vart halde stor avskjedsfest for han på Betel 12. juni.²¹

19 Protokoll bedehuset Betel

20 Lars Viland i Årsskrift for Sauda Sogelag 1998

21 Protokoll for bedehuset Betel

I september same året var det igjen fest for presten på bedehuset. Denne gongen var det velkomstfest for den nye soknepresten, Rolf Idsøe. Idsøe rekna seg sjølv som bedehusmann, og i fleire årsmeldingar for bedehuset blir det gode samarbeidet mellom kyrkje og bedehus understreka. "Ikkje minst takka vere prost Idsøe."²²

DEI STORE VEKKINGANE SOM IKKJE KOM

Bedeheusrørsla var ei misjons- og vekkingsrørsle. Dei ulike misjonsorganisasjonane hadde både barnelag, kvinneforeningar og misjonslag som alle arbeidde for å samla inn pengar til misjonen. I tillegg la dei til rette for at vekkinga skulle koma. Bønegrupper arbeidde i det stille, organisasjonane sendte emissærar, og bedehusstyra la dei praktiske tinga til rette så godt dei kunne.

Frå andre bygder kom det rapportar om store vekkingar og åndskrefter som ikkje let seg stoppa. Slikt skjedde på Ombo, Jørpeland, Jelsa, Ropeidhalvøya, Finnøy, Imsland – men ikkje i Sauda.

Mange stader var det Sven Foldøen som var den emissären som fekk vekkingsvinden til å blåsa. Han var i Sauda ved fleire høve, men det finst ikkje mange rapportar om vekkingar etter han her. Rett nok skriv Jakob Straume i sogeskriftet for Rogaland krins av NLM at Foldøen stod i vekking i Sauda i 1929, og at det var ei sterk vekking ved Foldøen i Saudasjøen i 1933 der mange unge kom med.²³

Protokollen for kinamisjonsforeininga i Sauda skriv at det i året 1929 var om lag 60 møte ved Sven Foldøen i bygda. Det står ingenting om at det har vore vekking, men når ein emissær står i så mange som 60 møte, er det kanskje rimeleg åtru at det må ha vore ei viss vekking på staden.

Bedehusprotokollen for Saron nemner heller ikkje vekkinga for 1933, men så er også innføringane frå denne tida svært knappe og mest fokuserte på å referera namnet på styremedlemmene.

Også i 1935 var Sven Foldøen i Sauda. Då kom han inn og var talar på basaren som var halden på Betel mellom 3. og 6. november. Bruttoinnkoma var 604 kroner, "over all

forventning."²⁴ Etter basaren held Sven Foldøen seg i Sauda til slutten av januar 1936. "Møtene har vært ganske godt besøkt. Han har også hatt møter i Saudasjøen, Svandalen og 1 møte i Hellandsbygden. Vi tror at møtene har virket til fornyelse, og der var også 2 som overgav sig til Gud."²⁵

Referatet er ganske nøkternt. To personar har gitt seg over til Gud. Ikkje store skarar, som andre bygder kan vitna om.

Krigsåret 1940, i november, verkar P. I. Berge og Schröder frå Misjonsselskapet i Sauda. Dei står lenger enn planlagt, for "vekkelsens Ånd hadde vitja Sauda – til stor glede for oss alle."²⁶

Kor mange som kom med i vekkinga då, er altså ikkje tal-festa, og når hendinga er omtala i årsmeldinga noko seinare, står det: "... og ved Guds nåde er nokre sjeler vunne for Kris-tus. Hans namn til pris."

"Nokre sjeler", ikkje mange, ikkje store flokkar.

På 1950- og 1960-talet er det ingen vekkingar å melda om. " ..men vekjing, liv og nyskaping som me so lenge har lengta etter, kom ikkje. Kva er årsaki – mangel på bøn, indre åndskraft og eit heilagd liv?"²⁷

Indremisjonslaget, eigentleg det same som styret for Betel, melder tilsvarande. Årsmeldinga for 1967 skildrar gode økonominiske tider med full drift på EFP og pågående arbeid på Stasjon 4, gaver frå ulike firma og rike gaver i kollektkorgene.

Men: "Av vekkelse og nytt liv er det lite å spore. Rekrutteringen kommer helst fra ungdomsfronten – og kva er vel mer naturlig enn det."²⁸

Ungdommen møter altså fram på bedehuset. Fleire referat frå denne tida nemner den gilde ungdomsflokken som ser ut til å trivast så godt på Betel. Det er stor glede over dette. Likevel skulle dei gjerne ha nådd fram til fleire, særleg slike som ikkje var oppvaksne på bedehuset. Desse er det vanskeleg å nå fram til, for dei kjem aldri på eit bedehusemøte.

"Aksjon 69" var eit forsøk på å nå dei som stod utanfor bedehussamfunnet. Det var Betel saman med begge dei kristlege skulelaga og Sauda Kristelege Ungdomslag som stod bak aksjonen. Den kjente forkynnaren i Indremisjonen,

24 Protokoll, Sauda Kinamissionsforening

25 Ibid.

26 Ibid.

27 Ibid.

28 Protokoll Sauda Indremisjonsselskap, Betel

22 Ibid.

23 Jakob Straume, s. 256

bibelskulelærar John Olav Larssen, skulle tala kring to veker i februar 1969. Med seg hadde han songaren Rolf Listrøm. Ved dette høvet var det og sett saman eit aksjonskor av lokale krefter.

Møta vart haldne i kyrkja, truleg fordi dette lokalet var det største, men og fordi "folk flest" sannsynlegvis ville finna det lettare å møta i kyrkja enn på bedehuset.

Denne aksjonen var godt førebudd. Alle som stod ført som medlem i ein av dei lokale misjonsorganisasjonane, fekk månaden før brev med informasjon om kva som skulle skje, og med oppmoding om å be for aksjonen. "Fornyelse blant Guds folk" og "Vekkelse for Sauda" var to av fem konkrete emne dei vart bedne om å gå i forbøn for.

I tillegg vart det i veka før aksjonen halde kurs for "medhjelparar". Det heile og fulle ansvarsområdet for ein slik "medhjelpar" er det ikkje kjelder som seier noko om, men dei skulle truleg tre støttande til og hjelpe eit menneske som følte seg kalla, på rett veg.

Møta vart gjort kjente gjennom annonsar i lokalavisa og på kinoen. Flygeblad vart lagt ut og delt rundt.


"Aksjon 69" med undertittelen "Vi møtes i Sauda kirke" var kort og godt ei velorganisert storsatsing på å få ei vekking i bygda. Når aksjonen i tillegg måtte utsetjast nokre dagar fordi predikant John Olav Larssen stod i vekking i Stavanger, var vonene gode om at det same kunne skje i Sauda.

Men det skjedde ikkje. Folk kom, også slike som vanlegvis ikkje gjekk i kyrkje eller bedehus. Kyrkja var fullsett. Men vekking vart det ikkje. Folk gav seg ikkje over. Medhjelparane kunne berre rapportera om ein fire – fem personar som hadde tatt eit standpunkt, og av desse hadde kring halvparten kome til fornying og den andre halvparten til frelse. På førehand hadde aksjonskomiteen håpa på høgare tal.

Bedehusprotokollane for Betel og Saron melder ikkje om store vekkingar i Sauda i dei åra som er gjennomgått her, det vil seia fram til ca. 1970. Miljøet vert halde oppe ved at unge som er fødde inn i bedehusrørsla, trivst og føler seg heimeder.

Denne artikkelen fokuserer på kristenlivet i Sauda berre fram til 1970-talet, men det må likevel nemnast at det skjer ei dramatisk utvikling på ungdomsfronten i åra som kjem. Sauda Kristelege Ungdomslag, som i mange år har hatt møta sine på Fredheim, og som har hatt ein fast representant i sty-

ret for Betel, slit med rekrutteringa. Likevel strøymer det ungdom til Betel. Og ein stor del av dei er den typen ungdom som bedehusfolket så lenge har ønska skulle finna vegen til dit. Det vil seia ungdom frå verdslege heimar, ungdom som ikkje har hatt noko med bedehuset å gjera før. Men det er ikkje ei vekkingsbølgje som har ført desse ungdommane inn på Betel.



Interiør frå Åbøbyen i 2012, plakatar med tekster på engelsk og tigrinja

Det er ungdomskoret Star Sing med Bjørn Eidsvåg som dirigent som øver på Betel ein kveld i veka. Dette hopehavet blir ei utfordring for begge partane.

I DAG

Om me nå tar eit sprang på 40 år fram til dagens saudasamfunn, har mykje sjølvsagt endra seg. Bedehuset Betel er framleis det største bedehuset, og det er her det meste av bedehusaktiviteten går føre seg. Naboen, bedehuset Fredheim, er nedlagt for eitt år sidan og bygningen selt.

I bedehuset Saron i Saudasjøen er det ein viss aktivitet for born, men elles er det meste av møteverksemda som før fann stad her, nå flyttet til kapellet som vart bygd i 1973.

Bedehuset i Hellandsbygd frå 1929 er det nyaste bedehuset i Sauda. Det er ikkje mykje aktivitet der i dag, men det har frå 1950-talet vore kapell, der det er eit par gudstenester årleg.

I tillegg driv pinsemenigheten Salem aktivt, særleg innan ungdomsarbeid. Frelsesarmeene har i dag ingen tilsette i Sauda, men held likevel ein viss aktivitet oppe ennå. Metodistkyrka er nedlagt.

Internasjonaliseringa har ikkje gått forbi Sauda. Mange personar med utanlandsk bakgrunn bur i kommunen i dag. Det har vore katolsk messe i bedehuskapellet i Hellandsbygd.

Over 60 flyktningar med bakgrunn frå Somalia og Eritrea er busette i Sauda. Fleirtalet av desse er muslimar. Nokre er kristne, og namn som Saron og Betel er ikkje lenger berre knytte til bedehusa, men er fornamnet til jenter frå Eritrea.

Det heng Jesus-bilete på veggene i nokre av dei tidlegare arbeidarbustadene i Åbøbyen. Mange av biletene er pryda med engelsk tekst, andre med vakre, men uskjønelege for saudabuar flest, skriftteikn på tigrinja, eit semittisk språk som vert snakka i Eritrea og delar av Etiopia..

Tone Årtun (60) er cand. Philol med hovudfag i norsk. Ho er heimehørande i Hellandsbygd og arbeider i vaksenopplæringa. I perioden 2009-2011 arbeidde ho delvis som vikar i Ryfylkemuseet og delvis som prosjektmedarbeidar i bedehusprosjektet vårt.

KJELDER

Arnvid Lillehammer 1: Soga om Sauda III. Sauda kommune 1991

Arnvid Lillehammer 2: Soga om Sauda IV. Sauda kommune 2002

Emil Birkeli: Liv i vekst. Jubileumsbok for Stavanger krets av Det Norske Misjonsselskap 1846-1946. Stavanger 1946

Jakob Straume: Kristenliv i Rogaland. Eit sogeskrift. A.S. Lunde & Co.s Forlag 1956



Åbøbyen før, under og etter verneplanen

Av Grete Holmboe

I heile mitt vaksne liv har eg jobba med bygningsvern, først som privatpraktiserande interiørarkitekt, og sidan 2002 ved Ryfylkemuseet. Frå vernearbeidet for Åbøbyen tok til i 1982, har eg vore konsultert ved ombyggingar, påbygg, garasjar og oppussingar. Eg har vandra gatelangs i Åbøbyen og studert og fotografert portar, gjerdepålar og postkasseoppcheng, og eg har skrevet statusrapport om Åbøbyen 20 år etter at det blei laga verneplan. Denne artikkelen skal i stor grad handla om dei visuelle kvalitetane ved Åbøbyen, verneplanarbeidet og utfordringane med den.

FABRIKKBY MED STORE KVALITETAR

A/S Saudefaldene, Limited fekk og Electric Furnace Products Company konsesjon for utbygging og leige av Storelvvassdraget i 1914. Eit av vilkåra for konsesjonen var at bedrifta skulle skaffa arbeidarane sunne og forsvarlege husrom. I

ein kommentar til dette skreiv bedrifta at " Vi agter at bygge det sundeste og bedst utstyrt fabrikanlæg i sit slag i Norge – et anlæg som vil bli til ære baade for Norge, distriktet, regjeringen og os selv".

I åra frå 1915 – 1930 bygde selskapet 69 hus med til saman 199 leilegheiter. Og fram til 1970, blei det i alt bygd 117 hus med til saman 279 leilegheiter.


Det nærmar seg no 100 år sidan dei første husa nede i Wergelandsgata blei bygd, og mykje har skjedd sidan då. Mellom anna har fabrikken kvitta seg med dei fleste husa og det er laga verneplan for området. Hus er rive og hus har brent. Eg vil sjå på kva det er med Åbøbyen som gjer han så spesiell, korleis han har utvikla seg og kva som skal til for at me skal bevara han som ein god plass å bu og som eit levande kulturminne for ettertida. Med andre ord, Åbøbyen før, under og etter verneplanen.

I vilkåra frå Vassdragskommisjonen heitte det at det skal lagast ein bymessig bebyggelse etter godkjent regulerings-



Bilda av Wergelandsveien er tatt med snaut 100 års mellomrom. Me ser at husa hadde tegl på taket, lemmer for glasa, stakitt og der var nyplanta lindealleie.





Dei første husa blei reiste i Wergelandsveien alt i 1916.



Fabrikkbyen hadde det meste. I 1926 sto første trinn av Fløgstad skule ferdig, om lag samtidig med Sauda Sjukehus.

plan. Det var det kanadiske firmaet Electric Furnace Products Company, Limited som sto som utbygger av fabrikkbyen, der Mr. William Sneath leia arbeidet med utbygginga av fabrikken og fabrikkbyen, godt hjelpen av sjefsingeniør Earl B. Moss. Det kom bygningsarbeidarar frå heile landet, murarar frå Danmark, og H. Øgreid & sønn frå Stavanger etablerte seg med filial i Sauda. Det blei stor byggeaktivitet den første tida, som ga plass for mange lokale handverkarar.

Dei første husa blei planlagt og teikna i Niagara Falls lenge før Mr. Sneath og staben hans kom til Sauda i 1916. Muleg at dei er teikna ut av norske arkitektar for å tilpassa norske forhold, men med amerikansk påverknad. Einaste namnet ein finn på dei første teikningane er E.B.Moss, chief engineer.

Det varte ikkje lenge før ein henta inn leiande arkitektar frå Stavanger og Bergen. Av desse er det særleg arkitekt Gustav Helland frå Stavanger som har fått prega Åbøyen. Me skal komma tilbake til desse arkitektane seinare.

Områdeplanen var organisert slik at arbeidarbustadane låg nedst i området, nærmast fabrikken, medan direktørbusdelen låg øvst opp, saman med husa til overingeniøren og legen, og med utsikt til parken. I området mellom var ingeniør- og funksjonærbusdene. Området nedst, med Wergelandsveien, Håkonsgate og Torsveien, var dei første områda som blei bygd ut, saman med noen få hus i Kongsveien, bak parken og tre fire hus lengre opp i vegen.

Neste store utbygging kom frå 1924, lengre opp i Håkonsgate, i Parkveien, 3 hus i Kongsveien, og eit par hus i Brekkeveien, Griegsgate og Åbødalsveien. Fløgstad skule, Sauda sjukehus og Sauda Klubb blei og bygde på tjuetalet. Så har me ein del hus frå 1930. Dei ligg i Odinsveien, det gjeld murhusa i Parkveien, og tre hus i Kongsveien. I 1936 bygde ein ut i Wergelandsveien ved Sauda Klubb.

Dei første funkishusa kom i 1940. Eit i Håkonsgate og eit i Parkveien. Etter krigen, blei det ei ny utbyggingstid med eit par hus i Parkveien, og vidare opp i Kongsveien og Brekkeveien, i Oxaalsvei og oppe på Brekke. Vidare heldt ein fram å bygge funkisbustader på 50-talet i Kongsveien, Brekkeveien og Oxaals vei. Dei siste husa som blei sett opp i Åbøyen var Kongsveien 94-96.

Det blei bygd 4-manns bustader, 2-manns bustader og einebustader. Det var bustader for arbeidarar, funksjonærar, lege og direktør. Felles for dei alle saman var at det var høg



Alle bustadene i den nye fabrikkbyen var utsyrt med innlagt vatn og eige kjøkken og bad. Her ein typisk 4-mannsbustad. Bildet er tatt frå baksida i 1921.

standard, med innlagt straum, vatn på kjøkken og bad og vassklosett i alle husa. Det var ein del av konsesjonsavtalen at tomtene skulle klargjerast med vatn og avlaup. Om ein hadde hatt slike fasilitetar i Amerika noen år, så var ein ikkje vane med slikt i indre Ryfylke.

Ikkje alle fekk seg bustad i Åbøyen. I 1930 var der 650 tilsette på fabrikken, og der var 199 husvære. "Ein var aldeles storheldig den som fekk hus i Åbøyen. Ein måtte ha familie og vera av det slaget som selskapet hadde bruk for," fortel ein.

Utanom å bygge eigne husvære med straum, vatn og kloakk, skulle selskapet syta for forsamlingslokale og lokale for kooperativ eller annan handelsverksemd, og halda sjukehus og lege. Kolonialen blei bygd alt i 1917. Første sjukehuset heldt til i Wergelandsveien. I 1926 blei det nye sjukehuset bygd og skulen. Det blei laga til stadion for folket, og bygd tennisbane for det øvre skikket og mellomsjikket, med tilhørende tennishus. Funksjonærane fekk sin møtestad i Sauda Klubb, medan arbeidarane etter kvart bygde Folkets hus i Sauda sentrum.

Og mellom klubbus og bustader blei det lagt inn grøne lunder og parkområder med lindeallear, lønn og kastanjetre, der bysten av Mr. Sneath skodar nedover sitt rike, mot fabrikken. Mr. William Sneath var leiar for oppbygginga av fabrikk-



Bedrifta la opp til grøne lunger mellom husa. Parken ligg som ein oase midt i byen, men som eit fysisk skilje mellom arbeitarbustadane nedanfor og ingeniør- og direktørbustadane ovanfor. Og på høgda av parken står bysten av Mr. William Smith.

og byanlegget og seinare leiar for bedriften fram til 1925. Ved avdukinga av bysten sin i 1951 sa han i talen:

"Da jeg arbeidet sammen med dere med byplanen, var jeg så ærgjerrig at jeg ikke bare ville ha Sauda til en bra arbeidsplass, men også til et hyggelig og godt bosted for alle, slik at også de som trekker seg tilbake og blir på stedet, kan føle velvære og glede seg over skjønnheten i Sauda."

Amerikanar-byen, som han også blei kalla, blei eit føregangsanlegg for liknande fabrikkbyar, med mange aktivitetsmulegheiter og stimulerande opplevelinger.

Før den store utbygginga av fabrikkbyen, var det gardsbruk i dette området. Tre av desse gardshusa blei stående att, og me finn dei i Torsveien, i Kongsveien og i Åbødalsveien, der

dei går inn som ein del av byanlegget. Før ein kom i gang med utbygginga av fabrikkbyen, budde Mr. Sneath og Earl Moss i huset i Torsveien. Huset i Kongsveien blei seinare tatt i bruk som ingeniørbustad.

Desse husa skil seg frå husa elles i Åbøbyen i måten dei er bygde på. Det er tradisjonelle gardshus med tømra stover på kvar side av ein gang, som var vanleg i Ryfylke frå midten av 1800-talet. Gode takutspring der bjødnane er trekt ut og har fått dekor, fortel oss at husa må vera frå slutten av 1800-talet då sveitsarstilen kom på moten. Då blei det og moderne med krysspostglas, dvs. glas med to kvadratiske ramar oppe, og to høge nede, delt av med midtpost og losahl. Husa var gjerne forsynt med kvist.



Desse tre gardshusa blei brukte til innlosjering av dei første ingeniørane på fabrikken. Seinare er dei gått inn som ein del av fabrikkbyen.

Dei aller første husa som blei bygd finn me i Wergelandsveien. Her blei det bygd 2 åtte-mannsbustader, som seinare blei gjort om til 4-mannsbustadar. Men dei fleste husa blei bygd som 4-mannsbustadar frå starten. Dei var bygde i ståande plank, kledd på innsida og utsida, og dei hadde tegltekka tak. Etter kvart fann ein at skifer passa betre i det skiftande klima i Sauda, og la om dei gamle taka.

Desse første husa var planlagt og teikna i Amerika, i moderne nyklassisistisk arkitektur, med klare førebilete i klassismen frå århundreskiftet 17-1800. Der henta ein inspirasjon og stil element frå antikken og dei greske tempela. Nyklassismen kom som ein reaksjon på alle dei stilretningane ein hadde vore innom på slutten av 1800-talet. No skulle ein hente fram att symmetrien og dei klare, reine linene og flatene i



Det blei bygd to slike 8-mannsbustader i Wergelandsveien. Desse blei seinare gjort om til 4-mannsbustader.



Desse husa har same hovedform, men med stor variasjon i ny klassisistiske detaljer.



Ovanfor parken, i Kongsvegen, finn me mellom anna direktør bustaden og ingeniør bustaden som var noen flotte hus for si tid, med rik detaljering.



Med skifte i stillingane blei det brukt mykje ressursar på utbetringa og moderniseringar på desse husa som har ført til at dei har mista sin karakter.

den klassiske byggekunsten, krydra med søyler og gesimsar frå dei greske tempela. Me ser dei trekanta gesimsane både i fasadane og over dørene. Småruta glas frå 1700-talet høyrer med til denne perioden, og halvvalm eller mansardtak. Mansardtaka har ein knekk, og skiftar takvinkel. Dette ga ein god utnytting av loftsetasjen i tillegg til den estetiske kvaliteten.

Husa i Håkonsgate kom like etter. Her ser me understrekinga av dei trekanta gesimsane, særleg på Håkonsgt. 55. Dei greske søylene skal me komma tilbake til seinare. Husa i Wergelandsveien og Håkonsgate er teikna over 2 - 3 typeteikningar. Men for å få variasjon i bygningsmassen, har ein spelt på ulike kombinasjonar av arkitektoniske verkemiddel i tak-

form, arker og kvistar og detaljering rundt dørene. Men dette er bare begynnelesen på all variasjonen som kjem etter kvart.

Tilsvarande desse husa finn me i Åbodalsvegen, og som hjørnehus i Griegsgate.

På same tid som dei første arbeidarbustadane kom i den nedre delen av byen, blei det bygd direktør bustad og ingeniør bustad lengre oppe i byen, i Kongsveien 62 og 58. Mr. Sneath flytta inn alt i juli 1917.

På det gamle biletet i midten ser me ingeniør bustaden med trekantgesimsar over glasa, og hjørnebord med ein form og ein farge som understrekar at dei skal halda takkonstruksjonen oppe. Som ein søyle.



Desse flotte 4-mannsbustadane i Odinsveien er truleg teikna av Gustav Helland. Legg merke til symmetrien, svaien i taket og den fine detaljeringa rundt dørene og hjørneborda.

Som sokke ned i hekkar, ser me korleis det går med arkitektoniske perlar når ein ikkje legg restriksjonar på utbetring av husa. Skiftande direktørar og sjefsingeniørar har sett sitt preg på desse husa. I dag står dei fram blant dei minst flotte i Åbøbyen.

Som perlar på ein snor ligg det fire 4-mannsboligar på eine sida av Odinsvei. Dei er bygd i 1930. Me kjenner ikkje kven arkitekten for desse har vore. Truleg er det Gustav Helland. Dei er stilreine og flotte, med fin detaljering. Me kjenner att trekant-gesimsen over døra, symmetrien og dei reine linene frå dei eldste husa. Desse husa har også fått ein svai i det valma taket, som var typisk for klassismen, og me ser her tydeleg



Som eit punktum i kvar ende av husrekka i Odinsveien ligg desse små einebustadane som to smykke.



Dette huset i Håkonsgate var av dei første husa arkitekt Helland teikna. Detaljen av døra er frå Parkveien. Huset i Håkonsgate har nok og hatt ei slik fin dør.



søyleforma i hjørnebordet som held takgesimsen, understreka av malinga i kontrastfarge.

Som ei avslutting og eit punktum i begge ender av Odinsvei finn me to små smykka av noen hus. Me kjenner att svaien i taket, og me ser hjørneborda forma som søyler. Same søyleforma finn me rundt døra. Desse to husa har elles fått karnapp med koppartekka tak, avslutta med flott dekor. Dette er element som er tatt med av reint estetiske grunnar. Me kjenner ikkje arkitekten til desse husa heller, men mykje tyder på at det er same arkitekten som står bak heile Odinsvei.

Det var arkitekt Gustav Helland som blei den norske hovudarkitekten etter at fabrikken var kome i gong. Veldig mange av husa i Åbøbyen er teikna av han i heile perioden frå 1924 og fram til han døydde i 1958. Han var utdanna i Dresden i Tyskland, og hadde praktisert både der og i England før han kom til Stavanger då 1.verdskrigen brøyt ut. Her blei han ein av byens leilande arkitektar. Helland sine første arbeider i Stavanger var jugendpåvirkta. Men frå 1920-talet blei han den store nyklassisistiske arkitekten. Mykje av det han teikna for Åbøbyen er såleis frå denne perioden. Me skal seinare sjå at

han følgde med i utviklinga, og teikna også flotte funkishus når den tid kom.

Dei første husa Helland teikna finn me i Griegsgate, Åbødalsvegen, og eit i Håkonsgate. Dei er symmetrisk oppbygd, med inngang og trappegang i midten, og med leiligheter på kvar side av gangen. Inngangspartiet er noe framstokte, og Helland har brukt dette som dekorativt element. Sjølv døra har noe svulstig jugendpreg, og er innrama av søyleforma pilaster som held ein gedigen gesims. Glaset over døra har dekor i underkant som me finn i klassismen på slutten av 1700-talet, og over glaset er der eit ovalt, medaljongforma glas, som me og finn i klassismen, eller Louis seize. Husa i "Langgården", Parkveien 101-103, er bygd over same lesten, men her har me fått mansard tak med arker. Vindskia har ein annan avrunding, som med finn i jugend stilien, og døra har ei anna utforming. Detaljane er måla i kontrastfarge for å koma klarare fram. Desse husa har mykje flotte detaljer, og med variasjonane dei har fått, står dei fram som forskjellige. Med huset i Langegården ser me korleis Helland også tenkte ar-



I øvre delen av Parkveien, kalla Langegården, låg tre hus av dette slaget, litt inntrukket frå veien. Desse viser Helland sin evne til å variera detaljeringa over same grunnform på husa.



Helland teikna tennishuset som eit lite tempel.



Helland teikna Sauda Klubb i 1929.



Teglsteinshusa i Parkveien er tydeleg inspirerte av engelsk arkitektur.



kitektur i plasseringa av bygningen, noe innskote frå Parkvegen, mellom andre utgåver av desse praktfulle bygningane.

Helland teikna og Tennishuset på denne tida. Også dette huset har den kraftige gesimsen over døra og markerte hjørnebord, med dekor på søylehodet.

Gustav Helland teikna også Sauda Klubb i 1929, og Rådhus 9 år seinare. Her finn me att den symmetriske oppbygginga av bygget, med inngangspartiet sterkt markert midt på, med to søyleforma pilaster med den same dekoren på toppen som me såg på Tennishuset, og me kjenner att svaien på taket, som gjer at ein slik bygning ikkje verkar for tung.

Oppdragsgivaren ønskete at arkitekten skulle vidareføra tanken om å skapa variasjonar over få hustyper. Helland teikna noen hus i teglstein, der hovudforma er mykje lik dei første husa han teikna. I desse teglsteinshusa er han tydeleg inspirert av sitt opphold i England. Me kan særleg merka oss inn-

gangpartia. Det ligg to slike murhus i Parkveien, to i Allegata og eit i Kongsveien. Me kjenner att forma på husa også når han trekker det over i trearkitekturen, som i Kongsveien 50. Desse husa liknar mykje på 4-mannsbustadane i Odinsvei,



Kongsvegen 50.



To flotte funkishus i Parkveien og Håkonsgate, truleg teikna av Gustav Helland i 1940 og 41.

noe som skulle tilseie at det er Helland som har teikna dei og. Her er der til saman ein stor detaljrikdom.

Det siste huset i Parkveien, og huset på hjørnet av Håkonsgate og Odisvei, er to flotte funkishus frå 1940 og 1941, truleg også teikna av Helland. Her har Helland helde på svaien i taket, men han er noe flatare enn før. Den symmetriske oppbygginga av husa, kjenner me att, men legg merke til glasa, som her er to-rams glas utan sprosser, og med fast midtpost,

og så er dei trekt godt ut i hjørna av husa. Her er det knappe detaljer og listverk. Typisk for tida var samansetting av kubistiske former, slik me ser det i forma på huset, og i dørpartiet, med glaset over og den mura trappa.

Det var stopp i bygginga under siste verdskrigen. Husa som kom etter krigen er fortsatt signert Gustav Helland. Men han har fått ein god medarbeidar i arkitekt Endre Årreberg, som nok tar over mykje av teiknearbeidet for Åbøyen. Typisk



Etter krigen blei det store utbygginger i Parkveien, Kongsveien og Brekkeveien. Helland hadde no fått med seg Endre Årreberg. Det markerte eit skilje i arkitekturen, med nøkterne hus med god form og funksjon som kom til å prega denne delen av byen.





Garasjeproblematikken blei løyst ved felles garasjer i utkanten av bustadområdet.

for etterkrigs arkitekturen var at dei var funksjonelle, rektangulære huskassar, og husa var prega av därleg materialtilgang på grunn av rasjonering på materialar. Det var såleis lite rom for karnapp, utspring og unødig dekor.

Dei første husa blei bygd i Parkveien. Vidare bygde ein ut Kongsveien og Brekkeveien. Husa blei bygd som vertikale to-manns bustadar i to etasjar med loft, med felles inngangsparti midt på huset, med takoverbygg og dør inn til kvart husvære. Glasa var to-rams utan oppdeling med sprosser, gjerne med eit tre-rams glas i stova, der det midtarste glaset var større enn dei to på sidene. Det var stilreine og flotte hus. Det blei eit heilt lite felt av desse 50-talsbygningane. Garasje-problematikken blei løyst med fellesgarasje.

Arkitekt Endre Årreberg førte arbeidet til Gustav Helland vidare, mellom anna i Brekkeveien 55. Arkitekten har vore bevisst på å bruka skifer på taket. Dette er med på å gje Åbøbyen eit felles preg på tross av stor variasjon i bygningsmassen.

Ole Landmark og Torgeir Alvsaker var av dei leiande arkitektane i Bergen. Dei teikna for bedrifta parallelt med Gustav Helland. Landmark er arkitekten bak dei to 4-manns bustadane i Brekkeveien, medan Alvsaker teikna Fløgstad skule og Sauda Sjukehus. Husa i Brekkeveien er teikna som 4-manns bustadar med inngang i kvar ende av husa. Sjølv om me på denne tida har forlatt nyklassismen og funksjonalismen, så er inngangspartia forma som Bergenske lysthus frå slutten av



Brekkeveien 55 blei teikna av arkitekt Årreberg.




Ole Landmark i Bergen var arkitekten for eit par av husa i Brekkeveien.

1700-talet, med svai i taket, søyler som ber taket og klassisistisk rosett som dekor på søylene. Glasa er 2-rams, der kvar rame er delt i to med ei sprosse. Desse glasa er ein annan variant av funkisglasa. Dei to husa i Brekkeveien er ganske godt tatt vare på, men druknar i vegetasjon.

Hagane i Åbøbyen var meir og mindre opparbeidde, alt etter interessa til leigetakarane. Det var slik at bedrfta sytte for gartnar hjå leiinga på fabrikken, medan folk flest fekk ordna hagane sine sjølv. Det var ikkje så mange som såg seg til til anna enn å syta for å klippa graset. Det vanlege var såleis



Sykkelskur, tørkestativ, porter, stakitt og nettinggjerde med støypejernspålar var typiske element i hagane i Åbøbyen, og er ein viktig del av heilskapen.



Det offentlege rommet har mange detaljer og mykje historie som gjer det til ei oppleving å ferdast der. Mellom anna Kvekar kyrkjegarden.

hagar med klippt gras, tørkestativ og sykkelskur. I den grad det var blomar, så var der gjerne noen bed langs husveggen. Tomtene var gjerdet inn med stakitt, nettinggjerde med støy-pejernspålar, eller hekkar. Stakitt blei brukt i nedre delane av byen, men me finn og nettinggjerde.

Det var store tankar som låg til grunn for oppbygging av fabrikkbyen, og dei store tankane har blitt følgt opp. Byen hadde store arkitektoniske kvalitetar både i dei store linene, og ned til kvar minste detalj. Her var parkar, vegar, gater og hagar som var til rekreasjon og glede, og det var eit godt buminilø. Her var klasseskilje, ja då, både fysisk og sosialt, det var heilt klart. Men det er eit anna kapittel.

FABRIKKBYEN PÅ SAL

Fram til 2. verdskrigen gjekk villabyen med overskott, og pengane blei brukte til utbetringar, vedlikehald og oppussing av anlegget. Bedrifta sytte for at Byavdelinga, med 30 mann og ein gartnar, heldt bygningar og parkområder ved like, la ned kantstein og planta tre og blomar. Det skulle sjå ordentleg ut. Det gjorde det og. Det kom journalistar reisande for å skriva

om kor fint det var i Åbøbyen. Byavdelinga heldt hus i lokale noe tilbaketrekt frå Håkonsgate, også desse med arkitektoniske kvalitetar.

Under krigen, og i tida etterpå, blei vedlikehaldet problematisk. Men i 1951 blei det tatt eit krafttak att. Selskapet satsa stort, og fekk til og med tak på fargekonsulent som skulle



I desse bygningane heldt Byavdelinga til. Det var base for 30 mann som jobba med vedlikehaldet av Åbøbyen.

hjelpa til med fargesetting av husa for å gjera dei meir attraktive. Fram til då hadde dei vore lyse eller grå. Med litt bearbeiding og justering kom ein fram til ein fargeplan som seinare er blitt følgt.

Vedlikehaldskostnadane voks, samtidig som krav om større bustader, med ombygging av fire-mannsbustader til to-manns og innreiing av loft, fekk utgiftene til å auka ytterligare. Etter kvart som det blei vanleg med bil, kom ønskje om garasjar til kvart av husa. Det blei for langt å gå frå fellesgarasjane. Standarden på husa var ikkje lengre kva han hadde vore. Eit vedlikehaldsprogram ville krevja millioninvesteringar. Etter diskusjonar i styreorgana for bedrifa, blei bustadane lagt ut for sal i 1981, og ansvaret for byanlegget blei overført til Sauda kommune. Dei tilsette ved fabrikken fekk tilbod om å kjøpa bustader i Åbøbyen til ein svært gunstig pris.


Sauda Sogelag fatta interesse for kva som kom til å skje med Åbøbyen når selskapet ikkje lenger heldt i taumane, når nye eigarar skulle til med oppgraderingar av bygningane, og kommunen skulle ta hand om fellesområda. Dei tok kontakt med den gong Rogaland Folkemuseum, no Ryfylkemuseet. Etter tilråding frå Riksantikvaren og Rogaland Fylkeskommune, blei det etablert ein verneplankomite som skulle utarbeide ein bruks- og verneplan for Åbø-byen. Ved sida av Sogelaget og museet, var også Sauda fabrikkarbeiderforening, Fellesrådet for funksjonærane, Sauda Kulturstyre, Kulturninnenemda og Sauda Formannskap representert. Etter kvart organiserte bebuarane seg, og kom med i verneplankomiteen.

Målet for arbeidet i komiteen var å koma fram til eit forslag som både skulle ivareta dei arkitektur- og miljøkvalitetane byanlegget hadde, og som skulle sikra at dei ressursane som boligmassen utgjorde blei utnytta etter ei tilpassing til dei krava som i dag blir stilt til tidsmessige husvære.

No skjedde ting fort.

15.6.1981 – Etablering av Bruks- og verneplanutvalet for Åbøbyen. Initiativtakarar Ryfylkemuseet og Sauda Sogelag på bakgrunn av oppfordring frå Riksantikvaren og Rogaland Fylkeskommune

27.1.1982 – Forslag til reguleringsplan. Ryfylkemuseet, Sauda Sogelag, Sauda Fabrikkarbeidarforening, Fellesrådet for funksjonærane, Sauda Kulturstyre, Kulturninnenemda og Sauda Formannskap




Reguleringsplanen som blei vedtatt 21.4.1983.

21.4.1983 - Sauda kommunestyre vedtok forslag til utbedringsprogram og nye reguleringbestemmelser for spesialområde Åbøbyen.

TILTAK

I arbeidet med å få brukta verneplanen i praksis, blei det utarbeida teikningar for omgjering av bustadhusa som kunne tilfredsstilla Husbanken sine krav for lånetilsegn.



Overbygd trapp, garasje og stakitt som blei teikna for Verneplankomiteen. Dette var eit forsøk på å imøtekoma ønskjer om frå dei nye hus-eigarane.

Vidare blei det utarbeida teikningar av garasjer for ulike type hus, nye inngangsparti og trappeoverbygg, og der blei laga teikningar av stakitt laga på grunnlag av gamle foto.

Ein del av teikningane blei samla i eit rettleiingshefte om utbetring av bustadhus i Åbø-byen som blei delt ut til hus-eigarane. Her var det orientering om gangen i byggesaker og om låne- og tilskottssordningane til husbanken og der var adresseliste og liste over nytta litteratur.



Industriarbeidarmuseet i Håkonsgate 51-53. Her er fargesettninga ført tilbake til det som var, huset har fått lemmer for glasa og trappa fører rett beint ut. Huset blir i dag forvalta av Ryfylkemuseet.

Det blei oppretta eigne kontordagar i Byavdelinga der hus-eigarane kunne søkja råd, der eg var engasjert som interiørarkitekt saman med ein frå Verneplankomiteen som kunne svara på korleis ein skulle gå fram om ein ønskte å gjera noe med huset sitt. Ordførar Olav Dybing stilte også opp desse kveldane for å gi råd. I tillegg blei det halde orienteringsmøter for huseigarane med jamne mellomrom.

Sauda kommune kjøpte Håkonsgate 51 – 53 for å sikra huset som industriarbeidarminne. Ryfylkemuseet fekk ansvar for forvalting og formidling av huset. Utvendig blei huset sett i stand og restaurert som eit referanseobjekt for tilsvarande hus. Øvre delen av huset er rekonstruert med ein leilegheit frå 1920-talet og ein frå 1960-talet. Huset står fram som eit eksempel på tilbakeføring av denne type bygningar, og med tidsriktige, temmeleg komplette interiør i eine delen av huset som kan gi eit bilde på korleis livet i desse husa har vore.

VERNEPLANEN I PRAKSIS

Når nye offentlege behov skal dekkast, har det vist seg at verneplanen blir lagt til side når presset mot han blir for stort. Første prøve på det, fekk ein noen år etter at verneplanen blei vedtatt. Då måtte legebustaden vike for ny rehabiliteringsavdeling i tilknyting til sjukehuset. Legebustaden var endra ein del sidan han blei bygd, og forsømt vedlikehald gjorde at



To hus i verneområdet måtte vika for å gi plass til nytt eldresenter.


han av mange ikkje blei sett på som verneverdig. Det var nok grunnen til at det ikkje blei så mykje oppstyr rundt den saken.

Rundt år 2000 skulle det byggast eldresenter, og tomta skulle vera Brekkeveien 50 og 52. Verneplankomiteen var klar over at desse husa sto i faresona, og hadde fått dei med i verneplanen. Sogelaget engasjerte seg sterkt for bevaring av husa, men måtte gi tapt, og to fine, verneverdige hus blei revet.

Så seint som i 2007 blei garasjane i Torsveien rive for å gi plass til Barneboligane. Området her var regulert til felles parkering for bustadane i Åbøyen, men dei gamle garasjane var ikkje tatt med i verneplanen. Det nye anlegget ligg noe tilbaketrekt frå dei viktigaste ferdelsvegane i Åbøyen, men garasjeskur og trafoar i tilknyting til dette, er lagt heilt ukritisk kloss i gjerdet til naboen og er skjemmande og godt synleg frå Håkonsgate.



Kloss i vernebebyggelsen blei Barnesenteret bygd på tomta der garasjane låg.





Det midtarste av dei tre husa i Langegården brann i rundt 1982. I staden fekk me eit Block Watne hus.

Det er gode og nyttige formål alt dette. Men det er synd at det offentlege viser så liten respekt for dei kulturhistoriske verdiene og verneplanen. Når bygningsvern blir sett opp mot helse og omsorg, er det gitt kven som taper. For kvar gong dette skjer, mister me Åbøyen bit for bit.

Under arbeidet med verneplanen brann Parkveien 93-95. Dette var sjølv sagt eit stort tap for Åbøyen, og det blei ei stor utfordring for verneplankomiteen korleis ein skulle handtera nybygg i eit verna område.

I § 7 i reguleringsbestemmelsane heiter det, "Ny bebygelse skal gis en eksteriørutforming, fasade, vindus-deling og materialbruk som harmonerer med eksisterende bebygelse."

Dette er ein paragraf der ein må gi rom for skjønn. Det blei det og gjort. Resultatet blei ei godkjenning av forslag frå bygefirma Block Watne. Symmetriene er vidareført, og skiferen på taket er på plass. Men elles er det lite som bygger på dei gamle intensjonane til arkitekt Helland, og den fine rekka av boligtypen hans har fått ei holtann. I dag ville me nok lagt meir vekt på å få til eit moderne bygg med god tilpassingsarkitektur. Slikt er ikkje for amatørar. Her burde ein brukt ein arkitekt som er god på slike oppgåver.

Ved ei kvar fasadeendring skal det søkast bygningsrådet om løyve. Det gjeld påbygg og garasjar, og det gjeld skifting



av glas, dører, fargar og materialar. For kvart nye påbygg, og for kvar endring av dører og glas, så mister huset gradvis sin karakter og arkitektoniske heilskap.

I § 5 i reguleringsbestemmelsene heiter det : "Eksisterende bygninger kan utvendig istandsettes, underbygges, tilbygges og påbygges, men det forutsettes at husenes målestokk, takform, fasader, dør- og vindusutforming, materialbruk og farge i karakteren opprettholdes eller tilbakeføres. Ved arbeid på



Vindusutskiftingar har øydelagt ingeniørbusstaden i Kongsveien.



Etterkrigshuset i Kongsveien er ikkje til å kjenna att etter at det drukna i garasjer og påbygg.

bygningen bør en sikte på gjenbruk av eksisterende materialer og bygningselementer"

Det er politikarane sitt ansvar å syta for at reguleringsbestemmelser blir følgt.

Garasjer er å sjå på som nybygg. Det er ikkje mange som har nytta seg av teknologiene som blei utarbeida for dei ulike



Dette var eit hyggeleg og velproporsjonert lite hus øvst i Åbødalsveien, innanfor verneområdet. Her har det fått påbygg som er større enn huset, glaserte panner på taket og ein ny detaljering som ikkje hører heime på dette huset.

husotypene. Resultatet er eit virvar av former med lita tilpassing til den gamle bebyggelsen. Det verste eksempelet er kan hende garasjen som grenser mot industriarbeidermuseet. Denne er heilt ute av proporsjoner og har fått ei form og ein karakter som ikkje passar inn i nabogruppen. Det skal søkjast om byggeløyve for oppsetting av slike garasjer, og der skal sendast ut nabovarsel. Me kan ikkje sjå at me på museet, som nabo, har fått varsel om denne garasjen, og eg lurar på kven som kan gi løyve til noe slikt etter dei gjeldande reguleringsbestemmelserne.

Øvst oppe i Åbødalsveien, i utkanten av verneområdet, men markert innanfor låg eit enkelt, rektagulært hus. Huset blei kjøpt og bygd på til det ugienkjennelege. Her er det gitt løyve til ein totalendring av huset, der ein har heva huset, og bygd på eit to-etasje utbygg i vinkel på hovudkroppen, med dobbel garasje i underetasje. Taket er lagt om, det er lagt på, ja, for meg ser det ut som svarte stålplater som skal sjå ut som glaserte teglpanner. Uansett blir det heilt feil i denne skiferbyen. Dette er mangel på respekt for den reguleringsplanen som blei politisk behandla og godkjent i 1983.



Ny garasje vegg i vegg med Industriarbeidarmuseet sprengar alle ramar for dimmensjonering og form.



Fortau og opne plasser gror igjen.

HAGAR OG GRØNTOMRÅDE

Uteavdelinga i Sauda kommune har fått ansvaret for alt grøntområde, med parkar, leikeplassar, tennisbane, fortau og alleiar, i tillegg til enkelte bustadhus med hagar, som kommunen no eig. Det er klart at det krævast store ressursar å vedlikehalda alt dette.

Tilgroing er eit problem også i tettbygde strøk. Det som før var lindeallear med grusa fortau og vegbane, er i dag som



Hekker skjuler mange flotte fasadar.



Moderne post- og søppelhandtering forsøplar området.

grøne tunnellar. Det meste er grodd att, og fotgjengarar tyr til gater og vegar for ikkje å vassa i gras på fortaua. Hagegangan i Sneath`s Park blir slått som plen og opne løkker er villniss.

Dei private husa er ringa inn av høge hekkar som skjuler dei arkitektoniske perlene frå gate løpet. Fleire stader har dei satsa på thuja. Dette er ein framand vekst som ikkje hører heime i Åbøbyen, han er tett, og han blir høg.

Det blei i si tid teikna eksempel på stakittgjerder som kunne brukast i Åbøyen. I tillegg ønskte me å bruka det gamle netting gjerdet. Variasjonen med stakitt, nettinggjerder og hekker gjorde byen spennande. Det som pregar byen i dag, er eit virvar av ferdigkjøpte gjerder som bryt med den gamle kulturen.

Moderne søppelhandtering har blitt ei estetisk utfordring, med fleire dunkar av ulike årgangar, farge og fasong som me alle saman strevar med å plassera, og plastposer rundt dunkane som vitnar om for sjeldan tøyming. Det er trist at det er sørpelelet ein møter ved porten, ja langt ut i gata og det offentlege rommet.

GODT BYGNINGSVERN

Det beste bygningsvernet er å godta dei ramane huset gir og driva jamt og godt vedlikehald med minst muleg endringar. Bygningsdelar som må skiftast, erstattast med kopi av det som blir tatt bort. Me finn gode eksempel på det i Åbøyen, og dei er prisverdige.

Men skal husa ha ei framtid, må me akseptera ei viss modernisering for tilpassing til moderne bruk. Det er ei utfordring å få til gode løysningar utan at ein forringar heilskapen.



Det beste bygningsvernet er og blir jamt og godt vedlikehald.

Samtidig med forfallet i Åbøyen ser me at interessa er i ferd med å vakne for det spesielle bumiljøet. Det kjem kjøparar utanfrå som sett i stand husa sine, og der er utflytta Sau-dabuar som kjem heimatt og kjøper seg hus i fabrikkbyen. Her er eksempel på gode rehabiliteringsprosjekt, og her blir



Når nye funksjonar krev sitt, bør ein søkja profesjonell hjelp. Det gjorde Sauda kommune då dei måtte til med universell utforming på Fløgstad skule. Resultatet er bra.



Heile rekka av 4-mannsbustader i Odinsveien er nyleg sett i stand. Eigar Leiv Haga fekk Fortidsminneforeningen Rogaland sin vernepris for arbeidet han har gjort i 2011.



Også Parkveien 81/83 har vore gjennom store oppussingsarbeider. Her er mykje skifta, men det er gjort med gode kopiar.

gjort mykje bra bygningsvern. Her går Sauda kommune føre og har rehabilert Fløgstad skule på ein veldig bra måte.

Fløgstad skule blei teikna av Torgeir Alvsaker. 1. byggetrinn var ferdig i 1926, 2. byggetrinn i 1932 og 3. i 1936. Det er ein flott, ny klassisistisk og staseleg bygning. I 2009 var tida overmoden for oppussing, samtidig som nye krav til univer-sell utforming gjorde det nødvendig med ei omfattande rehabili-ttering. Arkitekt Arne Tveit hjå Brekke- Helgeland-Brekke as, har stått for utforminga. Dei nye funksjonane er lagt på baksida av bygget slik at den flotte hovudfasaden er urørt. Dei nye trapperomma og heistårnet har tatt opp takforma frå den gamle bygningen, og er fargesett så det går flott saman med det gamle. Det er drastiske inngrep i fasadane, men det er gjort på ein måte som gjer at dei glir inn i det gamle. Sauda

kommune skal ha all ære for at dei tok utgiftene med å sikra skulen for ettertida.

Leiv Haga i firma Møllergata 71 AS, har kjøpt fleire hus i nedre del av Åbøbyen, mellom anna dei fire store fire-manns bustadane i Odinsveien. Det var bygningar som var slepte ganske langt ned, men han såg potensiale i bygningsmassen og sette i stand huset på ein framifrå måte, utan for mykle utskiftingar. Det er klart at det er eit løft setta i stand slike store hus, og her er mange restaureringfeller å gå i. Med god hjelp av handverkar Arild Austerheim blei dette veldig bra. Han fekk Fortidsminneforeningen i Rogaland sin vernepris for 2011.

Parkveien 83/85 er og eit godt eksempel. Her er der og gjort store arbeider, der all kledning, alle glas og dører er skifta. Ikke sikkert at det hadde vore nødvendig å skifta alt. Men når det først er gjort, så er det gjort bra.

Endå er det fleire gode istandsettingar som eg ikkje får med meg her. I Wergelandsveien og Håkonsgate har ein sett opp stakittgjerder ved fleire hus, og i Torsveien ser me eksempel på garasje og overbygd inngangsparti som blei teikna. Det same finn me i Åbødalsveien 66/68. Også overbygget i Parkveien er eksempel på det som blei teikna den gongen.

Dei gamle hagane i Åbøbyen var ganske enkle. I dag varierer dette mykje. Hageglade huseigarar bruker hagen sin fullt ut, medan andre har meir nøkterne, men moderne hagar. Og slik må det vera i eit levande bumiljø. Det viktigaste er at dei er stelte. Og så er det kjekt når dei gamle tørkestativa får stå att saman med sykkelskura, i lag med leikeapparat i levande Hagar.

ÅBØBYEN I FRAMTIDA

Åbøbyen er eit kulturminne, nasjonalt, regionalt og lokalt. Men det viktigaste av alt er at det er eit godt bustadområde med høge miljøkvalitetar for store og små. Her er mykje som er veldig godt bevart og mykje som lett kan bli veldig bra.

Dersom ein skal ta vare på området må det førast ein be-visst politikk følgjt opp av handling både politisk og adminis-trativt når nye saker om omdisponering av tomter kjem opp, når det blir søkt om oppføring av nye garasjar, nye påbygg og endringar av fasadar, fjerning av gjerder, hekkar og portar. Ik-kje minst bør det reagerast når det ikkje blir søkt om. Det må reagerast når reguleringsplanen ikkje blir følgt.




Tradisjonelle hagar og frodige moderne hagar i Åbøbyen.



Vidare må kommunen ta sitt ansvar for vedlikehald av oftentlege områder, allear og fortau, og for sine eigne bustadar i området. Det må settast av pengar til slikt.

Kommunen må finna ordningar som gjer at ein kan redusa talet på søppeldunkar for kvar bustad for eksempel med fellesordningar. Dei resterande dunkane må ein påbý huseigarane å setta innanfor gjerda sine. Dette er, kan hende pirk, men det er forslummande slik det er i dag, og noe må gjerast.

Men når alt kjem til alt, så er det kvar enkel huseigar som må ta ansvaret for sin eigedom. Når ein kjøper eigedom i verneområdet så forpliktar ein seg til å følgja retningslinene for verneplanen. Ein må sjølv innretta seg etter det huset ein har fått, og ikkje omvendt. Det handlar om å sjå verdien i hu-



set og all den historia som ligg i det. Ved å ta vare på huset tar ein vare på viktige deler av Sauda si historie. Det skal ein vera stolt av.

Kan hende er tida inne for at kommunen opprettar ein vernepris for å oppmuntra huseigarane til å gjera godt vedlikehald og istandsetting av hus og hage og få fram dei gode førebilda.

KJELDER

Roy Høibo: Amerikabyen på Åbø, Sauda Sogelag sitt årskrift 1981.

Mari Kollandsrud: *Med hus for øye*, Hus og stil, Fortidsminneforeningen 1988.

Karen Sofie Tangstad: *Arkitekturen i Åbøbyen*, Folk i Ryfylke 1/85, Ryfylkemuseet.

Gustav Helland, privatarkiv, Ryfylkemuseet.

Ryfylkemuseet si fotosamling.

Artiklar i Bladet Ryfylke.

Jan Ringstrand, informant.

Grete Holmboe (63) har diplomeksamen i møbel og interiør frå Kunsthåndverksskulen i Bergen og er leiar for bygningsavdelinga ved Ryfylkemuseet. Ho har lang erfaring frå vernearbeid og blei tidleg engasjert i arbeidet med vern av Åbøbyen.



Industristaden var eit nokså nytt arbeidsfelt for musea da vi kom til Sauda. I 1981 rauk det framleis or skorsteinane.

Eit museum for industristaden

Av Roy Høibo

Eg var ny og fersk den gongen, og hadde berre så vidt fått etablert ein museumsadministrasjon som omfatta meg sjølv, ein skrivemaskin og ein lånt kontorpult på landbrukskontoret i Suldal. Det gamle Rogaland Folkemuseum var etter fylkeskommunalt vedtak og ikkje lite sjau omgjort til regionmuseum for Ryfylke med sete på Sand. Da ringte Lars Viland frå Sauda Sogelag og spurte om eg ville komma til Sauda og vera med på eit møte om Åbøbyen. Det blei starten på eit langvarig og interessant engasjement i Sauda.

Året var 1981, det var om våren endatil. I Sauda hadde ein meint at den naturlege plasseringa av hovudsetet for det nye regionmuseet burde vore i det eine av dei to regionsentruma i Ryfylke, og da sjølv sagt i Sauda. Alternativet var Jørpeland. Men fylkeskommunen ville det ikkje slik, og hovudsetet blei plassert i Suldal. Bakgrunnen for denne plasseringa var at det var i Suldal Rogaland Folkemuseum hadde dei største samlingane sine. Museet hadde dessutan samlingar i Hjelmeland og på Jæren. Men samlingane på Jæren skulle innsgå i den nye museumseininga som var i emning på Jæren, og tyngdepunktet for regionmuseet for Ryfylke blei derfor i Suldal og Hjelmeland.¹

Rogaland Folkemuseum hadde ikkje samlingar i Sauda. Museumsengasjementet hadde vore knytt til det gamle bondesamfunnet. Industrisamfunnet hadde knapt kome på dagsorden til det regionale museumsstellet før folkemuseet blei regionmuseum. Men nå var industrisamfunna i endring landet over. I Sauda kom dette til uttrykk ved at smelteverket starta sal av bustader i Åbø-byen. Da vakna vernetanken.

Dette var 40 år etter at ei kommunal kulturminnenemnd hadde starta arbeidet sitt. Interessa for kulturminnevern og museumsarbeid hadde ikkje vore fråverande i Sauda. Og det var oppnådd gode resultat. Men dei som sto sentralt i dette arbeidet var utolmodige og frustrerte. "Resultata svarte ofte ikkje til strevet", skreiv Lars Viland i Årsskriftet til Sauda Sogelag for 1983. "For framtida skulle ein ynskja at det korkje vert tale om vellukka eller mislukka redningsaksjonar, men at det kjem i gong eit systematisk og målretta arbeid for vern av kulturminne". Ryfylkemuseet blei møtt med store forventningar om systematisk og målretta arbeid.

Opp gjennom åra er det blitt kasta fram eit stort mangfold av museums- og kulturverninitiativ i Sauda. I denne artikkelen vil vi løfte fram noen av dei. Det største engasjementet har lenge vore knytt til arbeidet med å få til eit museum for industristaden. I 2014 og 2015 er det 100 år sidan kraftselskapet Saudefaldene og smelteverket Electric Furnace Products Company, Ltd. blei etablert. Kanskje dette kan vera ei brekkstong for å komma vidare i arbeidet med industristadmuseet?

KULTURMINNENEMND

Eg skreiv ovanfor at det i 1981 var 40 år sidan det var etablert ei kommunal kulturminnenemnd i Sauda. Men engasjementet for vern av minne frå tida som kvar var eldre.

Alt i 1927 skreiv Sauda ungdomslag eit brev til heradstyret om behovet for å få etablert eit bygdemuseum og få skrive ei bygdesoge for Sauda. Bakgrunnen var at ungdomslaget var blitt kjente med at «gamle kommunestova», også kalla «pretestova», skulle bort. Ungdomslaget kalla saman til eit allmannamøte og valde ei nemnd til å arbeide med saka. I eit nytt brev til heradstyret i 1928 ber Hans Hylen på vegner av nemnda om at heradstyret behandler eit forslag til museumslover. Oppmodinga blir følgjt av ei åtvaring: «Dersom ik-

¹ Historia til Ryfylkemuseet er meir utførleg behandla i Folk i Ryfylke 2004 og 2006.



Tveit-tunet blei resultatet etter eit langvarig strev for å skaffe Sauda eit bygdetun. Tunet blei opna i 1980. Noen få år seinare kom Jonegarden på Hustveit på sal, og saudabuen tok initiativ til at også den skulle bli museumsgard.

kje desse (lovene) kan verta vedtekne i sine hovuddrag, ser nemndi seg nøydd til å lata museumsarbeidet fara».²

Dette var tidleg. Men likevel ikkje det første initiativet til å tenke på museumsetablering i Ryfylke. 1920-talet var bygdemusea sitt tiår i Norge. Dei aller første tankane om eit museum i Ryfylke målbar Johan Veka alt i 1921. Etter kvart meldte fleire seg på. I 1928 målber Magnus Vaage tanken om å få til eit bygdetun i Stavanger. Dette fekk tilslutning innetter bygdene. I 1932 går 19 ordførarar i Ryfylke saman om eit opprop der dei rår til at Ryfylke går saman med Jæren om eit folkemuseum på Mostun i Stavanger. Noen år seinar blir grunnsteinen for Rogaland Folkemuseum lagt der.

Men i Sauda var ein kanskje likevel ikkje så sikker på at dette var beste løysinga. Her kom det opp ein debatt om eit

alternativ, eller eit supplement til folkemuseet i Stavanger. Det spissa seg til da Rogaland Folkemuseum i 1938 sökte om tilskott til drifta. Sondolf Rabbe målbar det han kalla «bondesynet». «Bondesynet» gikk ut på at det var ille å flytte gamle, særmerkte bygningar bort frå sin plass. Det var eit syn som seinare blei ein bærebjelke for Rogaland Folkemuseum. Men i 1938 var ikkje gründerane i folkemuseet modne for den tanken. Og tanken var ikkje krystallklar i Sauda heller. Omtrent samtidig, eller noen få år seinare, var standpunktet at Sauda burde vera staden for eit bygdemuseum for indre Ryfylke. Altså med tilflytta hus. Forholdet til Rogaland folkemuseum ser ut til å ha vore noe anstrengt.

Det kom ingen rask og avgjerande respons frå heradstyret på initiativet til ungdomslaget. Heradstyret sa seg rett nok villig til å avstå «den gamle kommunestova» til bygdemuseum. Kommunen var og villig til å avsja eit lite grunnstykke av lærargarden Rød til å setta huset på. Men det skjedde ingenting,

2 Historia om kulturminnenemnda bygger på gjennomgang av arkivsaker i Interkommunalt Arkiv.

bortsett frå at det etter kvart blir oppnemnt ei kommunal kulturminnenemnd.

Første møtet i den nye, kommunale kulturminnenemnda var i januar 1942. Dei som møtte var Hans Hylen, J. L. Vandvik, Ola Fagerheim og Paul Åbø. Samuel Tveit og Dorthea Rabbe kunne ikkje møte. Den viktigaste saka ser ut til å ha vore å få berga ei røykstove frå Nessøya i Saudasjøen som var blitt riven da tyskarane sette i gang med bygging av det store fabrikkanlegget der. Men røykstova var øydelagt under riving, og det lukkast aldri å få ho opp att. Bygdesoga var ei anna sak som var framme i mange møte. Seinare tok også Sauda Bondelag opp arbeidet med å få til ei gards- og ættesoge. Men først i 1960 blei det nemnt opp ei kommunal nemnd til å arbeide med saka. Første bandet av bygdesoga kom i 1973. Den tredje store saka var å få tatt opp Sauda-dialekta på lydband, men det måtte vente til etter krigen.

Det blir mange enkelsaker og mange lokaliseringsalternativ for eit bygdemuseum som finn vegn inn på saklistene til kulturminnenemnda, men det er vanskeleg å finne gode løysingar og det er tungt å få nødvendig tilslutning til dei forslaga som blir fremja.³ Så, etter at det i 1952 er vald ei ny nemnd med nesten berre nye medlemmar, peikar kulturminnenemnda på det verneverdig Tveit-tunet på Amdalstveit, og foreslår freding av dette. Det var Einar Eik-Nes, O. Øiestad, R. Rolfsen, Oskar Risvoll, Knut Risvoll og E. Vandvik som nå sat i nemnda.

På Tveit-tunet sto det fem bygningar: Stovehus, eldhus, stall, folgestove og følgeløe og ei delvis nedfall løe/fjøs. Husa var ikkje i spesielt god stand, og forslaget om freding ført fram. Men verne- og museumstanken fekk tilslutning. Fylkeskonservator Bergsaker tok til orde for å etablere eit bygdemuseum kalla Tveit-tunet/Sauda Bygdemuseum.

Det tok lang tid før det ordna seg med overtaking av husa på Tveit. I mellomtida bygde kulturminnenemna opp ei gjennestandssamling som fekk lagerplass i kjellaren på Høllandshheimen. Først i 1978 hadde arbeidet med Tveit-tunet kome så langt at Sauda kommune kunne opprette ei stifting til å ta ansvaret for tunet, og etter at Helmert Herheim hadde gjort ein eineståande innsats med å setta husa i stand kunne tunet

³ Lars Viland skriv meir utfyllande om dei sakene kulturminnenemnda arbeidde med i ein artikkel i årsskriftet til Sauda Sogelag for 1983.



Den delen av samlinga til Kulturminnenemnda som var att etter at ein del av ho var flytta til Tveit-tunet gikk inn i arbeidet til kulturkontoret med å bygge opp eit Sauda Museum i det tidlegare Skotøy-magasinet i sentrum av Sauda.

opnast som museumstun i august 1980. Det var same året vedtaka om å gjera om Rogaland folkemuseum til regionmuseum for Ryfylke blei gjort. Året etter etablerte folkemuseet nytt hovudsete på Sand.

Attåt arbeidet med Tveit-tunet var det sikring av Fagerheim-samlinga, treskulpturane til Ola Fagerheim, som var hovudsakene til kulturminnenemnda utetter 1970-talet. Fagerheim-samlinga fekk plass i den nye Saudahallen da den blei opna i 1976. I tillegg tok nemnda vare på ei uteløe i Slottedalen.

I 1982 blei kulturminnenemnda lagt ned og dei gjenvarande samlingane tilbydd Rogaland folkemuseum, det som var blitt regionmuseum for Ryfylke og snart skifta namn til Ryfylkemuseet.

Ei av utfordringane var kva som skulle skje med restane av den samlinga som sto att i kjellaren på Høllandshheimen etter at ein del av samlinga var brukt til å «möblera» Tveit-tunet. Hausten 1991 tok kultursjef Leiv A. Berg eit initiativ. Kultureta-



Løa i Slettedalen slik ho såg ut da vi arva ho. Foto frå 1981.

ten hadde fått hand om eit butikklokale i Torggata, det tidlegare Skotøymagasinet, på skrå over gata frå Kommunehuset. Her ønskte kultursjefen å laga utstilling. I første omgang var planen å stille ut det som var på Høllandsheimen, gruppert i tema så langt det let seg gjera. Det var m.a. grunnlag for å konstruere eit stoveinteriør og ei skuleavdeling. Men det oppsto raskt eit behov for å komplettere utstillinga. Dette opna for eit nokså aktivt innsamlingsarbeid som etter kvart har ført fram til ei relativt omfattande samling av husholdningsartiklar og -apparat som er blitt formidla under namnet Sauda museum. Det var Oddvar Rønning som bestyrte museet så lenge det var pengar til å lønne han.

Uteløa i Slettedalen tok vi ansvaret for.

Møtebøkene og arkivet etter kulturminnenemnda etterlet eit inntrykk av sterkt engasjement og stort idétilfang. Men det var langt mellom suksessane, og i periodar avspeglia dette seg også i ein noe resignert møtefrekvens. I eit notat forfatta av det stillefarande nemndmedlemmet Lars Viland kjem frustrasjonen til uttrykk på denne måten:

«Men samtidig må en si at det i lengre tid har foregått misbruk av kulturminnenemndas medlemmer, misbruk av deres tid, evner og arbeidsinnsats. Kulturminnenemndas protokoller er nedslående lesning. Nemndas mange initiativ, forslag og arbeid i det hele, har i svært liten grad ført til praktiske resultat. En skulle tro at mange av nemndas medlemmer i de siste 40 år må ha følt en viss frustrasjon (...).»



Utbygginga av Åbøbyen starta i 1916. Det første området som blei utbygd var den nedste delen kring Håkonsgate og Wergelandsveien.

Viland etterlyste «...eit systematisk og målretta arbeid for vern av kulturminne...», og var nok mellom dei som sette sivon til at Ryfylkemuseet skulle kunne fylle funksjonen som pådrivar. Og han var sjølv mellom dei som fekk sett oss i arbeid før kulturminnenemnda pakka saman.

ÅBØBYEN

Kulturminnenemnda hadde ikkje i særleg grad engasjert seg i industristadens kulturminne. Men ein vaken Venstre-representant i kommunestyret, Gro Voldner Birkeland, fekk kulturminnenemnda til å innhente uttale om Åbøbyen frå fylkeskonservatoren og Riksantikvaren. Uttalen konkluderte med at det burde bli utarbeidd ein bruks- og verneplan for byanlegget. Kulturminnenemnda sendte og eit brev til formannskapet om at kommunen burde sikre seg eit av husa i Åbøbyen til museumsformål. Da Sauda Sogelag blei skipa kom det til å stå lagleg til for å overta stafettpinnen frå kulturminnenemnda.

Åbø-byen, også kalla Amerikanarbyen eller berre byanlegget, er bustadområdet som kraftselskapet og smelteverket blei pålagt å bygge for sine tilsette gjennom dei konsesjonsvilkåra som blei fastsett for anlegget.⁴ Det var stort, omfatta

4 Historia til byanlegget er nærmare omtala både i årsskriftet til Sauda Sogelag for 1981, i årboka til Ryfylkemuseet for 1985 og i annan lokalhistorisk litteratur. Sjå også andre artiklar i dette heftet.

om lag 120 hus, hadde relativt høg standard og var i god stand. Alt på skipingsmøtet til Sauda sogelag i januar 1979 hadde Arnvid Lillehammer peika på at Sauda her sat med ei potensiell vernebombe, men ingen hadde tenkt tanken at ho skulle bli detonert så raskt. Det skjedde på nyåret 1981. Da blei dei første bustadane lagde ut for sal, og noen skjønte at nå måtte ein handle om ein skulle lukkast med å ta med seg eit viktig minne om industristaden inn i framtidta.

Det første møtet mellom Sauda Sogelag og Ryfylkemusset fann stad seks dagar etter at planane om sal av bustadane var omtala i bladet Ryfylke. Det var den 9. april 1981. Berre ei snau veke etter det gikk den framleis nokså ferske konservatorene ved Ryfylkemuseet ut i avisene og foreslo at Åbøbyen burde vernast. Framstøyten var godt førebudd både gjennom dei initiativa kulturminnenemnda og sogelaget hadde tatt, og gjennom den faglege støtta frå fylkeskonservatoren og Riksantikvaren. Men forslaget møtte ikkje udelt begeistring. Ordforaren, Kåre Årthun (H), var bekymra dersom konsekvensen ville bli at "det blir lagt for mange bånd på huseierne".⁵ Det var den same Kåre Årthun som hadde jobben som personalsjef og husseljar på smelteverket.

Spørsmålet om vern av Åbøbyen kom til å vekke stor mediinteresse. Utover våren fekk arbeidet med å verne byanlegget mange oppslag både i lokalavisa og i regionavisene. Stavanger Aftenblad drog til med ei heilside illustrert av Roar Hagen i mai. Sauda sogelag sette av romsleg plass til omtale av Åbøbyen i årsskriftet for 1981. Dette bidrog til å skape nødvendig merksemd om saka. Det viktigaste var likevel å skape forståing og oppslutning om vernetanken i Sauda, og ikkje minst mellom dei som budde i husa.

For det første blei det etablert ei utval som forutan medlemmar frå sogelaget og museet omfatta representantar for Sauda Fabrikkarbeiderforening, Fellesrådet for funksjonærane, Sauda kulturstyre, kulturminnenemda og Sauda formannskap. Det var gode folk med sterkt engasjement og god kontakt med sine grupper som kom med, men framleis hadde utvalet eit visst elitepreg. Utpå hausten blei det derfor invitert til eit ope møte om saka, der ein også inviterte Husbanken for å fortelja om mulege lån til rehabilitering av bustadene. Det



Åbøbyen var eit attraktivt bustadområde for arbeidarar og funksjonærar ved smelteverket og opplever nå ei fornøy interesse for busetting frå både eldre og yngre, fastbuande og fritidsbrukarar.

var stor interesse for møtet, men delte meiningar om arbeidet til bruks- og verneplanutvalet.

For å styrke kontakten med bebruarane blei det i januar 1982 etablert ei velforening som blei representert i bruks- og verneplanutvalet. Ei viktig oppgåve i forhold til bebruarane og dei som etter kvart kjøpte dei husa som kom på sal, var å kunne vise til praktiske løysingar på behovet for rehabilitering. Utvalet lukkast og med å skaffe noen pengar som kunne setast inn i dette arbeidet, og Grete Holmboe blei engasjert til å utarbeide eit utval forslag til ombyggingar, tilbygg og nybygg som kunne gjera husa meir tenlege i forhold til dagens krav, og som samtidig ivaretok omsynet til vern og tilpassing til eksisterande bygningar. Poenget var å gjera Åbøbyen til eit attraktivt bustadområde gjennom å ta vare på dei antikvariske kvalitetane samtidig som bustadane tilfredsstilte rimelege krav til moderne bustader. Attåt dei modellteikningane som blei utarbeidd, fekk utvalet reist pengar som gjorde at bebruarane kunne frå gratis arkitekthjelp til å tilpasse løysingane til dei konkrete problema som oppsto, og rettleiing om korleis dei kunne gå fram for å søke Husbanken om lån.

Det kan vera grunn til å peike på at heller ikkje denne ordninga kom på plass utan debatt. Utvalet sökte Sauda kommune om 15.000 kroner til rettleiingstenesta. Rådmannen gikk i mot, i formannskapet var det eit knapt fleirtal for,

⁵ Kåre Årthun til Stavanger Aftenblad 15. april 1981.

kommunestyret blei det ein lang debatt. Ordføraren var framleis mellom dei skeptiske, og fekk delvis støtte mellom dei andre borgarlege partia, men vernesaka hadde fått ein god talsmann i den seinare ordføraren Olav Dybing frå Arbeidarpartiet, og det blei til slutt eit solid fleirtal på 17 mot 10 for å løyve pengar til rettleiingstenesta. Det var viktig for saka at Arbeidarpartiet hadde syn for vernesaka. Men partiet var ikkje aleine. Venstre sto på barrikadane, som vi alt har sett, og leiaren i Bruks- og verneplanutvalet var venstredama Aslaug Astad, tale- og skrifefør lærar og seinare rektor ved Fløgstad skole. Det skjemte heller ikkje ut å ha Jan Ringstrand, leiaren i Sauda Fabrikkarbeidarforening med på laget. Han hadde gode antenner for det som rørte seg mellom bebruarane, var sjølv ein av dei, hadde god kontakt med folk og var ein mann med stor autoritet.

Det kan sjå ut til at debatten om dei 15.000 kronene til rettleiingstenesta kom til å bli avgjerande for holdninga til vernearbeidet framover. Da bruks- og verneplanutvalet la fram ein verneplan i form av eit forslag til reguleringsplan, der Åbøbyen blei foreslått regulert til spesialområde med formål vern, vekte han ikkje særleg debatt. Tvert i mot følgte formannskapet nå opp med å be Bruks- og verneplanutvalet utarbeidet eti forslag til utbetringsprogram for byanlegget. Slikt forslag med trykt rettleiing blei lagt fram tidleg på hausten 1982. Saka blei framleis følgj tett i media, og Aftenbladet spanderte ei ny heilside i oktober. Karen Sofie Tangstad, arkitektstudent frå Sauda, meldte at ho ville ta føre seg Åbøbyen som diplomoppgåve.⁶ Det var slått fast at vern av Åbøbyen var ei stor og viktig sak og at byanlegget var eit minne om industristadhistoria som hadde interesse langt ut over det lokale. Vernesaka hadde framleis sine motstandarar, men i april 1983 blei både reguleringsplanen og utbetringsprogrammet vedtatt av kommunestyret.

Korleis det seinare har gått gjer Grete Holmboe greie for i ein annan artikkel i dette heftet. Vi skal vende tilbake til spørsmålet om eit museum for industristaden.

INDUSTRIARBEIDARMUSEET I HÅKONSGATE

Vi har sett at kulturminnenemnda på eit tidleg tidspunkt hadde bedt kommunen sikre seg eit av husa i Åbøbyen til museumsformål. Eit hus som tidleg peika seg ut som aktuelt var Håkonsgate 51-53, det nedste huset i Håkonsgata. Det var aktuelt fordi det ikkje budde noen i det. Det hadde den siste tida vore brukt som hybelhus for framandarbeidarar, og var ikkje i overveldande god stand. Men det låg også godt til. Det var det første huset ein kom til når ein følgte Håkonsgata frå fabrikken og opp i Åbøbyen, og Håkonsgata var ein viktig akse gjennom Åbøbyen. Nedst låg arbeidarbustadene, der Håkonsgate 51-53 var ein av dei eldste, i midten låg funksjonerbustadane, og heilt øvst, i krysset med Kongsveien, låg direktorbustaden.

Sauda kommune fekk overta Håkonsgate 51-53 til museumsformål, vederlagsfritt som gav frå Aktieselskabet Saudefaldene og Sauda Smelteverk. Kommunestyret ga etter dette kulturstyret i oppdrag å utarbeide eit forslag til korleis det vidare museumsarbeidet skulle organiserast. Etter å ha søkt råd hos fabrikkarbeidarforeininga, kulturminnenemnda, sogelaget og Ryfylkemuseet, konkluderte kulturstyret med at Håkonsgate 51-53 burde overførast til Ryfylkemuseet, men ikkje berre det, også samlingane til kulturminnenemnda, det vil seia dei restane som var att i kjellaren på Høllandsheimen etter at delar av samlinga var flytta til Tveit-tunet, og dessutan ansvaret for eit stølsbu i Slottedalen. Føresethnaden var at det blei skipa eit lokalt museumslag som skulle ha eit ansvar for det lokale museumsarbeidet i Sauda. På lengre sikt ønskte kulturstyret at Ryfylkemuseet arbeidde for "et museum for all museal aktivitet i Sauda". Museet aksepterte tilbodet med dei vilkåra som følgte med, men måtte ta etterhald for at det ikkje disponerte nødvendige lokale for oppbevaring av museumsmateriale frå Sauda. Kommunestyret slutta seg til innstillinga frå kulturstyret.⁷

Vi var ikkje skvetne, tenkjer eg nå. Dette var i 1983, det endelege kommunestyrevedtaket blei gjort på nyåret i 1984. Museet hadde to faste stillingar og eit budsjett på 600.000 kroner. Vi var på ingen måte etablerte i noe som likna permanente lokale, men låg tvert imot i høgt profilert diskusjon

⁶ Ein kortversjon av noen hovudtrekk i oppgåve til Karen Sofie Tangstad er tatt inn i Folk i Ryfylke, årsskriftet til Ryfylkemuseet, nr. 1/85..

⁷ Saka blei behandla som sak nr. 95/83 i Sauda kulturstyre og som sak nr. 17/84 i Sauda kommunestyre.



Det nedste huset i Håkonsgata, det som ligg nærmasta fabrikken og er det første ein møter når ein går opp i byanlegget, blei stilt til rådvelde for museumsformål. Første etasje blei innreia slik det såg ut på 1920-talet.

med suldølingane om kor i Suldal museet skulle ha sitt hovudsete, og kring om i bygdene sto det eit femti-tal hus og blødde etter årevis med forsømt vedlikehald. Men vi tykte nok industristadhistoria var spennande, vi var framleis unge og vi blei inspirerte av det sterke trykket frå den frivillige innsatsen i Sauda.

I mars 1984 blei Sauda museumslag skipa. Med i det første styret kom Olav I. Oftedal, Aslaug Astad, Tone Århun, Jan Ringstrand og Kjersti Dolmen Schelcott. Alle solide namn som hadde vore viktige aktørar i arbeidet med verneplanen. Både Aslaug Astad, Jan Ringstrand og Olav I. Oftedal blei etter kvart tildelt den kommunale kulturprisen i Sauda. Den første oppgåva til museumslaget var restaurering og innreiing av Håkonsgate 51-53 til museum. For å skaffe seg eit grunn-

lag for planlegging og gjennomføring av oppgåva reiste styret på studietur til Eydehavn. Det var nyttig, og det sådde ei ny ide: Ein skulptur som heidra industriarbeidaren. Handlekrafta var stor. 28. mai kunne skulpturen avdukast. Det var handlekraft i museumslaget.

Håkonsgate 51-53 var eit firefamilie-hus. Det blei utarbeidd ein plan som gikk ut på å innrei dei to husværa i øvste enden (nr. 51) som historiske husvære høvesvis frå 1920-talet, da huset var nytt, og frå 1960-talet, da det framleis tente som attraktivt husvære for ein arbeidarfamilie. Første etasje i den nedste enden skulle brukast som eit informasjons- og utstillingslokale som skulle gi ein introduksjon til Åbø-byen og setta bustaden inn i ein samanheng, medan andre etasje skulle brukast som møte- og arbeidsrom for museet og



Gjennom engasjert medverknad frå frivillige hjelparar blei det samla inn eit unikt tilfang av møbler og anna inventar som kunne brukast til å gjenskape nokså autentiske interiør. Her frå stova i 1920-tals leiligheta.

museumslaget. Det var ein ambisiøs plan som føresette både omfattande restaurering og innsamling av kunnskap og gjenstandstilfang som kunne bidra til å formidle den nære fortida.

Totalkostnaden med restaurering og innreiing blei rekna til nærmare 400.000 kroner. Vi lukkast ikkje fullt ut med å reise denne summen, men hadde til slutt 335.000 til rådvelde, fordelt på Sauda kommune, Norsk Kulturråd, Rogaland fylkeskommune, Sauda Smelteverk og Sauda Fabrikkarbeiderforening. Det var så nærmere ein suksess som det var rimeleg å rekne med, men enda større suksess var den frivillige innsatsen i arbeidet med å skaffe fram møbler, utstyr og alt som hørte ein heim til. Seinare kom det også tilskott frå Riksantikvaren.

Medlemmane i styret for museumslaget var sentrale, men andre viste og eit uvanleg engasjement, og det blei samla ei ubegripeleg mengde med inventar og utstyr som gjorde at dei to husværa kunne innreiast så nærmere det tidsriktige som ein kunne tenkje seg. Ja, ikkje berre det, ein del av det som blei samla inn var originalt! Det var møbler, tekstilar og anna inventar som hadde vore i bruk i desse husværa, og som var tatt vare på da bebuarane flytta til anna husvære. Dei to husværa i Håkonsgate 51 framstår såleis som svært gode ut-

trykk for bustandarden på den tida dei er i frå, og var på den tida vi kunne opne museet mellom det beste vi kunne vise til i miljøavdelingane til museet.

Men det gikk ikkje så fort, og museet blei kritisert for svak framdrift. Vi hadde mange oppgåver som skulle ha merksemnd, og vi hadde ingen fast tilsett handverkar. Så langt fram som i 1988, åtte år etter at Rogaland folkemuseum var gjort om til regionmuseum for Ryfylke, og skulle ta i ferde med arbeidsoppgåver i heile Ryfylke-regionen, var det framleis berre 2 1/2 faste stillingar ved museet.

Industriarbeidarmuseet blei opna 28. mai 1988, og det var faste opningstider med omvising om sommaren. Attåt arbeidet med å innrei dei to husværa frå 1920- og 1960-talet, blei det montert ei foto- og gjenstandsutstilling i første etasje i nr. 53 og medlemmar i Sauda Hagelag sette i stand hagen rundt huset. Det var stas, det var fest, og det kom delegasjonar heilt frå Oslo og Odda for å sjå korleis vi hadde fått det til. Begeistringa var så stor at det blei halde møte om eit nærmare samarbeid mellom industristadmusea i Sauda, Odda og Rjukan, men da det kom til stykket viste det seg å vera vanskeleg å finne ut kva vi skulle samarbeide om, kva formålet skulle vera og kven som skulle betale. Det var synd, og vi må ta vår del av skulda for at det ikkje blei noe av. Til vår orsaking må vi likevel kunne peike på at dei arbeidskraftressursane vi rådde over på ingen måte sto i eit rimeleg forhold til dei oppgåvene det var forventa at vi skulle løyse i Ryfylke.

Lokalt gikk det likevel ikkje så verst. Medan vi arbeidde med restaurering og innreiing av museet blei det gjennomført tiltak for å styrke dokumentasjonen av det livet som var levd i Åbø-byen. I 1986 gjennomførte vi eit intervjuprosjekt der 20 personar som hadde vore knytt til smelteverket blei intervjuet, og to år etter blei det gjennomført ei avgrensa innsamling av eldre foto frå Åbøbyen. Bruks- og verneplanutvalet for Åbøbyen arrangerte eit seminar for å løfte fram dei verdiane Åbøbyen representerte og kva som skulle til for å ta vare på desse verdiane for ettertida. I 1990 blei det arrangert ein stor konferanse kalla "Kultur i smeltedigelen". Daverande smelteverkseigar Elkem og Fylkeskultursjefen i Rogaland var arrangør saman med museet. Konferansen blei støtta av Norsk kulturråd og kunne skilte med store namn, enda til med internasjonal deltaking. Høgskulelektor Kjell Bergmann frå Göteborgs Universitet deltok med eit foredrag kalla



Ambisjonen var å skape stor aktivitet kring Industriarbeidarmuseet. Her frå konsert i hagen bak museet med Lars Klevstrand og Jack Fjeldstad i 1993.

"Gränsoverskridanden och gränsdragningar – kulturmöten i industristaden". Det var slikt det svinga av.

Et viktig resultat av konferansen var at han styrka ein tanke som alt hadde vore under utvikling ei stund: Behovet for å ta vare på arkivmateriale. Dette utvikla seg etter kvart til å bli det tredje av dei store tiltaka for å ta vare på minna om industristaden, etter vernearbeidet i Åbøbyen og etableringa av Industriarbeidarmuseet. Arbeidet starta hausten 1990 og med god støtte frå smelteverket, kraftselskapet, fabrikkarbeidarforeininga og kommune blei det muleg å opprette eit engasjement for ein stipendiat som kunne arbeide med ordning og tilrettelegging av arkivet. Etableringa av Sauda Lokalarkiv var ei særdeles viktig tiltak. Dette blir nærmare omtala i artikkelen til Ernst Berge Drange i dette heftet. Det var han som fekk jobben med å ordne arkivet.

Og så kom det bøker. Først ute var Kjartan Fløgstad som fekk i oppdrag å skrive ei 75 års historie for smelteverket. Boka fekk tittelen "Arbeidets lys – tungindustrien i Sauda gjennom 75 år", og kom ut i 1990. Han fekk god hjelp av det arbeidet med å ordne arkivet til smelteverket som vi var i gang med. Boka blei presentert på ein pressekonferanse på Industriarbeidarmuseet. Ei lita stund etterpå ga kommunen, smelteverket, kraftselskapet og fabrikkarbeidarforeininga støtte til

eit bokprosjekt journalist i Stavanger Aftenblad, Finn E. Våga sette i gang med, og som førte til utgiving av debutverket "De unge slekter – Rørsla som bygde Sauda" i 1993, ei bok som handla om arbeidarrørsla i Sauda. Også han hadde stor glede av arkivet. Da fabrikkarbeidarforeininga skulle markere sitt 75 års jubileum i 1999 var det vår eigen Ernst Berge Drange som fekk oppdraget med å skrive historia. Det var knappe økonomiske rammer for dette arbeidet, men det blei ei bok på 190 sider med tittelen "Mænd som ved hvad solidaritet er". Verken kulturminnenemnda, sogelaget, museumslaget eller museet kan ta æra for desse bøkene, men grunnlaget blei lagt da arbeidet med å ta vare på historia tok til, og viktig kjeldetilfang blei sikra gjennom arbeidet med arkivet. Bøkene var det synlege resultatet av eit langvarig arbeid med å sikre kulturminna til industristaden.

Ei hovudoppgåve og ei doktorgradsavhandling utfyller bildet av livet i industristaden og av interessa for han. Åshild Marie Øverland leverte i 2000 ei hovudfagsoppgåve i historie ved Universitetet i Bergen med tittelen "Klasseskilje og klassemøte – Kvinner i eit industrisamfunn. Sauda 1910-1980". Harald Utter disputerte i 2011 på ei doktorgradsavhandling kalla "Å leve med fabrikkens puls. En studie av hagebyen Åbøbyen i Sauda og industriarbeiderne som bodde der i perioden 1960-1980".

Sommarprogrammet på museet blei utvida utover på 90-talet. Det blei lengre opningstider og fleire openingsdagar. I 1993 blei det endatil arrangert eit ambisiøst hageselskap med Lars Klevstrand og Jack Fjeldstad som store trekklaster. Museumslaget tok største jobben med å få det til. Hageselskapet heldt fram med å sjå etter hagen. Kulturkontoret, seinare Turistkontoret, og dei siste åra Sauda Ferie og Fritid/ Sauda Vekst har bidratt sterkt til å kunne halde eit tilfredsstilande opningstilbod til publikum.

Det har likevel vore vanskeleg å finne rom for ei utvikling av museumstilboden. Tanken var aldri at Industriarbeidarmuseet i Håkonsgate skulle vera avsluttinga av arbeidet med eit industristadmuseum for Sauda. Det skulle vera starten. Nedanfor skal vi gjera noen visittar til forsøka på å komma vidare med industristadmuseet, og noen sidespor som har peika i andre retningar.

MANGE FORSØK – INGEN NAPP

Arbeidet med Åbøyen, Industriarbeidarmuseet og arkivet skjedde i tett kontakt med bedrifta og fagforeininga, og parallelt med vårt arbeid blei det arbeidd med å legge betre til rette for besøk på smelteverket. Etter bygging av ny kantine blei den gamle kantina midt på smelteverksområdet stilt til rådvelde for visningsformål og vi tok på oss å samarbeide med konsulentfirmaet Kon-Sul om å utvikle ein plan for visningslokalet. Meininga var å gi ein introduksjon til og ein historisk bakgrunn for bedrifta, og knyte produksjonen og livet utanom arbeidsstaden saman. Det var flott tenkt og det blei sjåande riktig kjekt ut på papiret, fint bunde inn med folie på framsida og spiral i ryggen, men det kom aldri lenger. I staden for å følgje våre forslag valde bedrifta å laga ei inkjevetta oppstilling som ikkje kosta noe, og snart kom det nye kostar og nye eigararar som hadde enda mindre interesse av kommunikasjonen med samfunnet omkring.

Eit vesentleg innspeil kom på nyåret 1997 fra ein sjølvoppnevnt komite med Rolf Nilsen (Hellandsbygd), Olav Oftedal og Rolf Nilsen (Sauda) om muleg bevaring av industrielle og tekniske kulturmiljø. Komiteen hadde gått gjennom utstyr for lossing og innkjøring av råmateriale på smelteverket, råvarebehandling, utstyret i omnshusa, transportutrustning, utstyret i pakkeriet, anna utstyr og bygningane på smelteverkstomta, kartlagt kva som fanst og drøfta kva som kunne vera muleg å ta vare på. Tilsvarande hadde dei kartlagt kraftverket med dammar, taubanar, trallebanar, rørgater, stier, hus og brakker. Det var eit stort og viktig arbeid som var gjort, og det var openbart at det framleis var mye som kunne og burde vernast om ein ville dokumentere historia til industristaden.

Innspelet blei drøfta i eit møte mellom initiativtakarane, museumslaget, sogelaget, kulturkontoret og museet i mai 1997 og det blei sett i samanheng med den føreståande kraftutbygginga til Saudefaldene. Tanken var at eit tidleg innspeil kunne gi uttelling i form av pengar til kulturminnevern og museumstiltak.

Det var semje om at vasskraftutbygging, industrireising og arbeidarrørslle var viktige kjennemerke for identiteten til Sauda-samfunnet. Ut frå dette utvikla det seg ein tanke om at museumsarbeidet måtte omfatte ikkje berre industrien, men også vasskrafta. Ryfylkemuseet hadde tidlegare engasjert seg sterkt i arbeidet for å få etablert eit vassdragsmuseum

i Suldal i kjølvatnet av den store Ulla-Førre-utbygginga som hadde gått føre seg frå tidleg på 1970-talet og fram mot slutten av 1980-talet. Men museet lukkast ikkje med å få gjennomslag for sine tankar i Suldal, og ideen kokte bort i eit kultur- og opplevingsbygg som blei altfor dyrt. Nå blei tanken reist om det ikkje var i Sauda vassdragsmuseet burde byggast, og det var langt frå noen meiningslaus tanke. I første omgang var det semje om å søke private tilskott, d.v.s. tilskott frå kraftselskapet til å utarbeide eit forprosjekt. Men ideen møtte ikkje like stor begeistring hos dei som sat med pengane.

Det var openbart at det å utvikle eit industristad- og/eller vassdragsmuseum var ei større oppgåve enn Ryfylkemuseet kunne ta inn over seg attåt alle andre små og store oppgåver som utvikling og drift av eit allereie underbemannet museum førte med seg. Eit viktig strategisk grep var såleis å finne utvegar til å finansiere ei stilling som kunne arbeide med saka. Ei lita von låg i ein "Handlingsplan for spesialmusea- og samlingane" som fylkeskommunen hadde vedtatt i 1995. Gjennom denne planen kunne det sjå ut til at fylkeskommunen prioriterte utvikling av spesialmuseum framfor generell utbygging av regionmusea. Kanskje kunne det vera håp om å nå i fylkeskommunale midlar til å utvikle eit spesialmuseum for kraftforsyning og industristadkultur i Sauda? Det var i alle fall lov til å håpe, og det kom ingen betre alternativ på bordet. Men det kom fleire. Det kom etter kvart mange idear på bordet, idear som kvar for seg var gode, og som saman kunne bliitt eit industristadmuseum på linje med dei beste i landet. Men det var eit altfor stort sprik mellom draum og røyndom, det var ingen som makta å samle alle interessene om ein felles strategi og ei klar prioritering og til slutt gikk pengane med i eit prosjekt som blei styrt av andre enn saudabuar.

FOLKETS HUS

Frå først av var tanken at det med tid og stunder kunne bli råd med å bygge eit moderne museumsbygg ved sida av Industriarbeidarmuseet i Håkonsgate. Det var behov for eit hus som kunne setta det vi viste fram i Industriarbeidarmuseet inn i ein samanheng, og en stad som kunne tene som utgangspunkt for ei vandring i Åbøyen. Eit slags senter for kunnskap og oppleveling av industristadhistoria. Men det var så langt fram at det aldri blei løfta fram til noe slags realitetshandsaming. Det kjentest meir enn tungt nok å få sett i stand



Folkets Hus var eit sentralt samlingspunkt og ein politisk verkstad også for arbeidarkvinnene. Bildet er frå 1935 og utlånt for avfotografering av Gerd Lien, men vi har ikkje opplysningar om kva hending som er avbilda.

det huset som var stilt til rådvelde for formålet, om vi ikkje også skulle skaffe pengar til eit nytt. Men så dukka det opp noen utvegar som kunne gi plass for høveleg areal i andre bygningar. Det første var Folkets Hus.

Folkets Hus, eller eigentleg Nye Folkets Hus, var bygt i 1930 etter at det gamle Folkets Hus i Brugata var blitt for lite. Det var eit staseleg bygg, og det hadde hatt si glanstid som sentrum for sosialt samvær i industristaden. Men det var lenge sidan. Nå var det ikkje lenger så staseleg, forfallet var i ferd med å vinne over vedlikehaldet, behovet for huset var ikkje lenger så stort, og det behovet som var blei hemma av mangelfulle tiltak for å tilfredsstille krava til brannsikring. Frå å vera ein ressurs var Folkets Hus i ferd med å bli eit problem. Da fann eigarane, Sauda Fabrikkarbeiderforening, tida inne

til å invitere Fylkeskonservatoren og Ryfylkemuseet til møte. Ønskjet frå eigar var m.a. å få museet med i ei plannemnd eller prosjektgruppe som kunne arbeide fram eit forslag til rehabilitering av huset, ein finansieringsplan og ein plan for organisering og drift av huset.

Ikkje særleg overraskande fann både Fylkeskonservatoren og vi at huset "ber i seg viktige kulturhistoriske verdiar" og at det "har arkitektoniske verdiar som synest å vera sterkt undervurderte». Vi meinte huset var "eit viktig minne om den betydningen arbeidarrørsla har hatt i samfunnsforminga både i Sauda og andre industrisamfunn", og understreka det siste ved å vise til Odda, der Folkets Hus var rive. Vi peika og på at Folkets Hus i Sauda hadde ei rolle i litteraturen. Folkets Hus var ein viktig del av den heilskapen som det blei arbeidd for å

ta vere på. Konklusjonen var at "det ville vera eit tap for dette arbeidet som også vekkjer oppsikt nasjonalt, om ein ikkje skulle lukkast i å ta vere på Folkets Hus".⁸

For Ryfylkemuseet var det eit spørsmål om lokale i Folkets Hus kunne tene behovet for formidling av industristadhistoria og besøk i Åbøbyen og Industriarbeidarmuseet. Vi meinte det kunne det.

Med bakgrunn i ei kartlegging av mulege brukarar og drøftingar av muleg organisering blei det utarbeidd ein tilstandsrapport og ein plan for rehabilitering av huset. Sluttsommen kom på 6,1 mill. kr. Det var mye pengar og det var ikkje mange nok som ville bidra med store nok summar til at reknestykket gikk opp. Det var dessutan ei utfordring at det var under oppseiling ein tanke om eit regionalt kulturhus i Sauda. Halmstrået blei å spørja Ryfylkemuseet om det kunne spele ei sentral rolle i finansieringplanen ved å utnytte dei tilskottsordningane som musea hadde tilgang til. Men om museet hadde interesse av å ta i bruk lokale i huset, var det langt frå å kunne ta eit sentralt ansvar for heile bygningen.

Det blei ikkje noe av dei store planane for revitalisering og rehabilitering av Folkets Hus i denne runden. I 1992 blei det inngått ein driftsavtale mellom Sauda kommune og Sauda Fabrikkarbeiderforening om drifta av Folkets Hus. Kommunen tok på seg det meste av driftsutgiftene og brukte huset ved særlege høve på dispensasjon frå krava til brannsikring. Det hadde før denne avtale kom i stand også blitt fremja forslag om freding av huset i von om at det kunne gi tilgang til tilskottsmidlar frå Riksantikvaren. Men fabrikkarbeidarforeininga valde etter ei stund å be om at fredingssaka blei stoppa på grunn av den usikre situasjonen for huset.

Det blei ikkje noe av det regionale kulturhuset heller. Sauda kommune fann ikkje rom for å bygge noe regionalt kulturhus, og overlet statusen til nabokommunen Suldal. Kjensla av å vera med på eit stigespel tok til å veksa fram, sjølv om det aldri var noen snarveg opp til neste nivå. Det handla meir om å rykke tilbake til start. Nå kom Rune Håndlykken, frilans kulturrådgjevar på banen med friskt blod og uplett synspunkt på saka. Han fekk i oppdrag å levere eit notat "om kulturarenaer i Sauda og opprusting av Folkets Hus".⁹ Håndlykken var ikkje

i tvil om at Folkets Hus burde opprustast som hovudarena for teater og konserter i Sauda: Musikk og Teaterhuset i Sauda. Første etasje foreslo han nytt til øvingslokale og kontor. Museet var ikkje lenger med i planane for huset.

Ei kommunal nemnd som blei sett ned for å vurdere Folkets Hus som Saudas framtidige kulturarena let seg ikkje begeistre. Nemnda vende tommelen ned og konkluderte med at dette ikkje var noen framtidsretta løysing. Nå var det større tankar som blei bretta ut. Nå var det kultur og næring som galdt. Kulturen skulle bli reiskap for fremje av næringslivet, og særleg reiselivet. Saudahallen frå 1975 skulle vera utgangspunkt for ein samlande arena for kultur, idrett og fritid, Sauda kultur og fritidspark. Folkets Hus blei trekt inn att i dette arbeidet, og underetasjen blei foreslått stilt til rådvelde for museumsformål. Arbeidet skjedde i det oppadstigande lyset frå Stavanger som skulle bli kulturhovudstad i 2008. Med sterk assosiasjonseffekt blei ei skisse til eit prosjekt kalla "Working Class Hero" spelt inn til kulturhovudstadssekretariatet og Sigval Grøsfjeld frå Universitetet i Stavanger blei kalla inn for å plassere soga inn i eit industrihistorisk cluster. Det var stort og det var flott og det ville koste masse pengar. Første kalkylen hadde ein sluttsum på 117 mill. kr.¹⁰

Innspelet til Sigval Grøsfjeld var ikkje uinteressant, og til forveksling likt tankar vi sjølv hadde søkt å fremje i 20 år. Grøsfjeld var inspirert av besøk i Tyskland der han hadde opplevd industristader som sökte å formidle ein heilsak gjennom samarbeid mellom ulike attraksjonar, institusjonar og organisasjonar. Han understreka særleg den unike situasjonen som fanst i Sauda der ein både hadde det historiske grunnlaget men framleis også levande industri.

Det var behov for ny kartlegging av brukarar, målgrupper, innhald, eigarskap, organisering og drift og formulering av mål og finansieringplan. Det var framfor alt behov for å selja ideen om at det kunne vera ei framtid for Folkets Hus. Det blei kasta inn ustukturerte idear om kva ein kunne stille ut og Riksantikvaren var ikkje gløymt. Og enda ein gong dukka det opp ein bygning som kunne vera eit alternativ til å satse på Folkets Hus, men som blei framstilt som eit både-og-løysing:

8 Uttale i brev frå Fylkeskultursjefen i Rogaland og Ryfylkemuseet 13. april 1989.

9 Notat frå Rune Håndlykken 1. desember 2003.

10 Framstillinga bygger på ei programdokument utarbeidd av Rune Håndlykken for Sauda kommune i 2006.

Søndenåhavn kraftstasjon, Stasjon III. Eg kjem tilbake til den nedanfor.

Sauda kultur- og fritidspark var i mellomtida omdøypt til Kulturverket, og da det nærma seg ei avgjerd om kommunen skulle gå for dette utvikla det seg utetter sommaren og hausten 2009 ein trillar som fylte avissidene i lokalavisa Ryfylke. Det var prisen som skapte hovudbry. Prislappen var stige til nærmere 200 mill. kr. Ein vona på store tilskott frå næringslivet, fylkeskommunen og staten, men største børa måtte kommune bera sjølv. Det blei gjort forsøk på å redusere omfangset, men det skapte ny debatt. Da saka kom fram til endeleg behandling i kommunestyret i desember 2009 var det ikkje vilje til å gapa så høgt. Det blei for dyrt. "Dette er ei trist sak og ein trist dag", kommenterte Ivar Tangerås (H). "Men kostnadane er ikkje til å leva med. Me har ingen økonomiske moglegheiter til å bygga".¹¹

I mai 2011 vedtok Sauda Fabrikkarbeiderforening "å avvike sitt engasjement i både Det Gamle og Det Nye Folkets Hus".¹² "Me lever i ei anna tid, og har ikkje behov for slike forsamlingshus lenger", forklarar kasserar Per Austarheim til Ryfylke.¹³ Gamle Folkets Hus blei seinare seld til private.

Kultursjefen innkalla til "møte vedrørende framtida til Folkets Hus". Det blei vedtatt at kommunen skulle be Sauda Fabrikkarbeiderforening "ta kontakt med Sauda Vekst for å få utarbeid en fremtidig driftsplan/driftsmodell for Folkets Hus". Etter 22 år med møte og utgreiingar var ein akkurat like langt, bortsett frå at forfallet heldt fram heilt uavhengig av alle møta. Ein del av engasjementet var i mellomtida flytta til ein gammal kraftstasjon i Søndenåhavn som kom til å bli fasa ut når den nye kraftstasjonen som var under bygging blei fasa inn.

STASJON III

Det var ingen kva som helst slags kraftstasjon. Søndenåhavn kraftstasjon, Stasjon III eller Sauda III, det er brukt ulike namn på stasjonen, var den einaste kraftstasjonen i Norge med ein så heilskapleg gjennomført Art Deco-stil, han låg lett tilgjengeleg, var ikkje så altfor stor og representerte "en del typiske

og viktige trekk ved norsk kraft- og industrietbygging".¹⁴ Trygve Brandal gjer nærmare greie for kraftutbyggingshistoria og Stasjon III i ein annan artikkel i dette heftet, her skal vi søke å setta engasjementet rundt stasjonen inn i ein samanheng med det andre arbeidet for å bevare og formidle industristadhistoria.

Det hadde vore ein del laust prat rundt stasjonen ei tid, men frå 2004 blei det arbeidd seriøst for å få verna stasjonen og komma fram til avtalar for å kunne ta han i bruk til kulturformål. Arbeidet fekk god støtte i eit arbeid som Norges Vassdrags og Energidirektorat og Riksantikvaren sette i gang med for å kartlegge behovet for dokumentasjon og bevaring av vassdrags- og energirelaterte kulturminne. Og det var ikkje så vanskeleg å få Ryfylkemuseet engasjert i arbeidet. Vår store sak hadde på 1980-talet vore å etablere eit vassdragsmuseum i Suldal med grunnlag i gamle og nye installasjoner langs Suldalsvassdraget og innsamla materiale frå Ulla-Førre-anlegga. Vi hadde lagt ned svært mye arbeid i dette prosjektet, og vonbrotet var derfor stort da vi først blei parkerte på sidelinja av Suldal kommune fordi noen meinte vi var for mye opptatte av kunnskap og for lite av oppleveling, og da det prosjektet som til slutt blei lagt på bordet til kommunestyret blei nedstemt fordi det blei for dyrt.

Stasjon III kunne bli kjerna i eit alternativt vassdragsmuseum for Ryfylke og det manglande dreiepunktet for formidling av industristadhistoria i Sauda. Turbinane og ein del av det andre utstyret i stasjonen kom truleg til å bli ståande, det var eit romsleg forrom og ein maskinsal som kunne brukast til utstillings- og andre formidlingsformål, og det var plenty av bakrom som eigna seg til arkiv- og kontorbruk. Stasjonsbygningen hadde ei lengde på 38,7 meter, sjølve maskinsalen var 11,8 meter brei, med bakbygningen målte bygningen 20,1 meter i breidda. Bakbygningen var fem etasjar høg. Det var stort, men likevel meir handterleg enn mange andre kraftstasjonar som blei vurdert eller var i ferd med å bli verna. Og så hørte det ei interessant rørgate med trallebane, dam og kraftoverføring til smelteverket med. Altså eit komplett kraftverk som snart skulle ut av produksjon.

11 Ryfylke 18. desember 2009.

12 Brev frå Sauda Fabrikkarbeiderforening til Sauda kommune v/ordføraren 10. mai 2011.

13 Ryfylke 24. mai 2011

14 NVE: Kulturminner i norsk kraftproduksjon – en evaluering av bevaringsverdige kraftverk (KINK), 2006



Søndenåhavn kraftstasjon, Stasjon III eller Sauda III, er kome på lista over verneverdige kraftstasjonar. Vi har peika på at stasjonen kunne høve godt som senter eller nav i ei kunnskapsbasert formidling av industristadhistoria og industristadkulturen.

Det siste var både ein muligkeit og eit problem. Det var utfasinga som gjorde det muleg å tenkje på vern og bruk til andre formål, men den dagen produksjonen blei utfasa ville det bli kaldt i stasjonen og forfallet ville raskt akselerere. Det var ei teknisk og økonomisk utfordring å finne ei løysing på oppvarming av stasjonen.

På nyåret 2004 kalla kultursjefen i Sauda inn til eit møte for å drøfte muleg framtidig bruk av Stasjon III. Saka blei ikkje løfta fram frå inkje. Tidlegare direktør Aamodt i Elkem Saudefaldene hadde førespegla Sauda Lokalarkiv utvegen til å kunne nytte rom i stasjonen til arkiv. Nå var det aktuelt å

kartlegge interessa for stasjonen før ein gjorde nye framstøyt mot eigaren.

Frå museet stilte vi opp med begeistra notatark der vi hadde lista opp heile regla av handlingar som måtte til før saka var i boks og vi kunne ikle oss lys skjorte og slips og invitere til ei unik vandring i kraft- og industrihistoria. I 2004 skulle saka utgreiaast, året etter skulle ho seljast. Vi laga Power Point med den glitrande tittelen "Industrisamfunnet Sauda – identitet og oppleving", og den ikkje mindre meiningsstunge undertittelen "Mennesket lever ikkje av snø aleine". Det handla om kultur som strategisk virkemiddel, kulturturisme, om verdigjering av

eit industriksamfunn og ikkje minst den store samanhengen mellom kraft, industri, bustader, fagforeiningar og fritid. Vi trudde på det, var fulle av energi og hadde gløymt 20 års ørkenvandring i Folkets Hus. Men det var ikkje lenge vi fekk vera i paradis.

Det gikk eit halvt år. Da ville Saudefaldene rive kraftoverføringslinja frå stasjonen til smelteverket. Vi peika på at kraftlinja var ein viktig del av anlegget, representerte ein unik utveg til å vise samanhengen mellom vasstilførsla, kraftproduksjonen, overføringa og bruken av krafta og ba om at rivinga blei utsett til ein hadde fått høve til å vurdere bevaring av anlegget. Det var som å pisse i havet. Det var ingen som merka det, og kraftlinja blei riven.

Frå museet si side begynte vi nå å bli noe opptatte av å få til ei heilskapsvurdering av vårt engasjement i Sauda, og ei prioritering av kva oppgåver vi skulle bruke ressursane våre på. Dette kjem eg tilbake til i kapitlet nedanfor som er kalla "Samarbeid mellom Ryfylkemuseet og Sauda kommune". Det var dessutan uklart om og når Stasjon III ville bli utfasa. Det var såleis ein litt opp som ein bjørn og ned som ein skinnfell-situasjon. Men så drog lokalarkivet, museumslaget og sogelaget til med eit nytt "ide- og samarbeidsmøte" med undertittelen "Frå prat til handling". Det lukta action og det var invitert gjester frå Norsk Vassdrags- og Industristadmuseum i Odda for å setta fart i oss. Det blei starten på ein møteserie vinteren 2005/2006 der vi drøfta både organisering, innhald og strategiar. Altså ikkje ulikt meir prat. Resultatet blei at Ryfylkemuseet blei beden om å ta på seg ansvaret for å utvikle saka vidare og vi prioriterte saka så høgt at vi la inn ein søknad om 600.000 kr. tilskott til ein prosjektmedarbeidar i budsjettøknaden vår til Kulturdepartementet for 2007. Men det førtre ikkje fram. Og det var nok ikkje særleg realistisk å reke med at departementet ville ta heile rekningsa heller.

Men vi let oss ikkje knekke. Intensiteten i arbeidet med saka auka og nådde eit klimaks sommaren 2007. Vi utarbeidde skisse til eit forprosjekt, tenkte stort, inviterte toppane og laga ny Power Point med den enda meir glitrande tittel enn den førre: "Kraft er kultur – kultur er kraft". Det store underet var at dei kom. Kommunen, Saudefaldene, Eramet Norway, Fylkeskommunen, Statkraft og NVE. Vi orienterte og argumenterte og drog på synfaring til stasjonen. Alle var samde om at det var behov for å greie ut saka nærmare og etter eit slags



Stasjon III er nesten intakt og godt vedlikehalde. Det er god plass både til utstillingar og aktivitetar. Her frå maskinsalen. Stasjonen blei bygt i 1930.

svarteperspel var alle samde om at Saudefaldene skulle betale. Alle unntatt Saudefaldene. Dermed var ein like langt.

Sauda kommune sa seg villig til å bidra med 150.000 til utgifter utanom personalkostnadane. Det var velvillig og positivt, men det var ikkje til så mye hjelpe da hovudposten uteblei. Sauda kommune var dessutan på full fart inn i kulturhovudstadsåret, der kommunen skulle bidra med 4 mill. kr. til vintershowet i Svandalen.

Ein av dei som var mest oppglødd for prosjektet var Helena Nynäs frå Museumsordninga til NVE. Ho kom tilbake året etter da Museumsordninga arrangerte "Kraftreisa", ei reise gjennom kraft-Norge frå Jøsenfjorden og Ulla-Førre-utbygginga i sør til Tysse i nord. Besøk i Stasjon III var lagt inn i programmet, og det oppsto store vyer om ei turistrute som kunne omfatte anleggs- og museumsbesøk som belyste kraftproduksjon i nåtid og fortid og med Sauda og Odda som sentrale formidlingspunkt. Førebels er det blitt med turen for styret i Museumsordninga, men Stasjon III fekk ny merksamd, og kom etter kvart med på lista i ein landsvernplan for nasjonalt bevaringsverdige vasskraftanlegg. Det var viktig for det eine formålet med engasjementet: Vern av stasjonen.

Det var ein halv siger, men døra var framleis stengt for oss som ønskte å ta stasjonen i bruk. Bortsett frå at vi merka oss eit overraskande initiativ frå leiaren for Statkraft i Sauda, Jan Alne, som gikk ut i lokalavisa Ryfylke og etterlyste gode idear til kva stasjonen kunne brukast til. Vi som trudde vi hadde nådd fram både munnleg og skriftleg med gode idear for bruk av stasjonen.

Vi tok eit initiativ for å forhøre oss om listeføringa kunne vera eit steg vidare mot ei planlegging av framtidig bruk. Vi gjorde og eit nytt forsøk på å finansiere midlar til ei prosjektstilling, nå med ei fordeling mellom Sauda kommune, Saudefaldene, Statkraft og Ryfylkemuseet. Det siste førte ikkje fram, men vi fekk eit møte med Statkraft (eigar) og Saudefaldene (brukar) der også ordføraren i Sauda var med. Stasjonen var nå fasa ut, tillaupet stengt, rørgata sikra og Saudefaldene heldt han varm ved hjelp av elektrisk oppvarming. Lovande var det også at Litteraturhelga i Sauda hadde fått bruke stasjonen til eit arrangement hausten 2010. Det såg ut til å kunne vera grunnlag for optimisme.

Men det viste seg at verken Saudefaldene eller Statkraft var interesserte i noen vidare utvikling av aktiviteten i stasjonen. Vi fekk dessutan tilbakemelding om at det blei for dyrt å tilsetta ein prosjektmedarbeidar for å utvikle prosjektet. Statkraft meinte jobben kunne gjerast både betre og billegare på dugnad, eventuelt at Sauda Vekst kunne ta oppdraget, der Jan Alne var styreleiar, føresett at Rogaland fylkeskommune betalte. Opplegget vårt var for smalt, det var inga tru på behovet for eit forprosjekt og det var avgrensa behov for vår kompetanse. Det var ikkje grunnlag verken for å arbeide meir med eit forprosjekt eller noen nye initiativ i forhold til bruken av stasjonen. Vi kasta inn handkledet.

Lokalarkivet, derimot, hadde gjennomført ein stille okkupasjon av rom i kraftstasjonen, og var meir gira enn noen på å få bruke stasjonen. På eit møte om arkivet våren 2011 blei spørsmålet om lokale i kraftstasjonen løfta fram på nytt. Dette blei følgt opp om hausten, og nå viste bedriftene ei viss interesse for arkivet i samband med dei føreståande hundreårsju-bilea i 2014 og 2015. Det var semje om at det var behov for å laga ein plan for korleis ein kunne få til tenlege lokale i stasjonen, at det var behov for ei prosjektstilling for å ordne alt materialet som hadde kome inn til arkivet etter at det hadde blitt skipa og at det var nødvendig med ein fast stillingsressurs.

Vi stilte opp på nytt, og sa oss villige til å söke om bidrag til prosjektstilling. Innafor eit totalbudsjett på vel 600 000 kroner sökte vi Norsk kulturråd om 300 000 og fekk 200 000. I skrivande stund blir det arbeidd med å få på plass ei fullfinansiering som grunnlag for å setta i gang arbeidet.

SINKGRUVENE

Parallelt med arbeidet med industristad- og kraftverkshistoria i Sauda sentrum blei det arbeidd med to andre museums tiltak i Sauda. Det eine av desse var arbeidet med bevaring, sikring og formidling av sinkgruvene i Allmannajuvet langs vegen mellom Sauda og Hellandsbygd. Dette var eit interessant prosjekt fordi sinkgruvene kunne sjåast på som ein forlaupar til den seinare industrialiseringa av Sauda og fordi gruvene hadde potensiale i seg til å bli ein attraktiv besøksstad med vekt på både natur- og kulturhistorie.

Spørsmålet om opning av gruvevegen hadde kome opp i Sauda kommune i 1986. I eit notat til Formannskapet prøver teknisk sjef å seia noe om kva omfang eit utbetningsarbeid vil ha, og kva ansvar kommunen tar på seg ved å opne vegen for allmenn ferdsel. Vegen var da delvis sperra av nedraste tre og steinblokkar, delvis utrust, og det mangla sikring mot elva. Bruene var dessutan dårlige. Kultursjefen var meir positiv, og det viste seg å vera mange som gjerne ville vera med og få sett i stand att gruvevegen som eit første steg mot aktivisering av sinkgruvene som eit kulturmiljø og museum. Dette var i ei tid da det var lett å få arbeidsløysemidlar til omframme arbeidsoppgåver, Saudefaldene, som hadde eigarinteresser i området, var villig til å stille med arbeidsleiar og det var brei oppslutning om å ta i ferde med oppgåva. Det blei invitert til eit samarbeid der både museumslaget, sogelaget, Saudefaldene, smelteverket, kommunen, og museet, stilte opp. Arbeidet gikk godt, og i juni 1989 blei vegen opna med historisk vandring og stor deltaking.

Museet hadde i første omgang ei smålåten rolle i arbeidet. Nå blei vi spurte om å ta på oss ei meir forpliktande rolle i arbeidet med den vidare utviklinga av gruveminnet. Museet var sjarmert av det sterke, lokale engasjementet, og sa ja takk til invitasjonen. I første omgang blei det inngått avtale med grunneigarane på Birkeland, som åtte grunnen til vegen, om rett til bruk og vedlikehald.



Sinkgruvene i Allmannajuvet med gruvevegen, vaskeriet og sjølv gruveområdet byr på opplevingsrike utvegar til formidling av gruvehistorie, sosialhistorie og kunnskap om mineraler. Ingen av bygningane i gruveområdet har overlevd tida som har gått siden gruva var i drift, men grunnane etter byggverka er framleis godt synlege. Dette var truleg ei brakke, eller kanskje ei smie.

Drift av gruverminne reiste nye utfordringar som vi ikkje hadde erfaring med frå før. Berre spørsmålet om korleis ein kunne verne ei gruve var uklart. Folk med mutingsrett kunne utan vidare krevje avståing av grunn og stenging av ei gruve. Bergvesenet tolka det likevel slik at når det var inngått avtale med grunneigarane om bruk av gruva til museumsformål, måtte det medføre at gruva ikkje lenger var å sjå på som ei nedlagt gruve, men som eit museumsområde, og at gruva dermed var freda for skjerpning. Vi satsa på at det heldt, og gjorde ikkje noe meir for å få gruva regulert til spesialområde eller eventuelt freda. Sjølv om det var ein interessent som påberopte seg rett til gruva etter Bergverkslova, blei det aldri noen konflikt om bruken av gruva.

I Sauda tok interessa for gruva aldeles av, ikkje minst takka vera kultursjefen, Leif Arild Berg, og marknads- og reiselivs-

konsulenten i kommunen, Are Halkjelsvik, som begge var sterkt personleg engasjerte i prosjektet. Før sommarsesonen 1993 uttalte Halkjelsvik til Ryfylke at "gruvene i Allmannajuvet skal verta Sauda sitt flaggskip i turistsamanheng". Ambisjonane var store, og det blei sett i verk eit arbeid for å gjera gruva sjølv tilgjengeleg for publikum, og ikkje berre vegen inn til gruva. "Gruving", var det store nye, det vil seia klatring/rapellering innvendig i gruvesjaktene. Halkjelsvik forklarte at dette var eit risikotilbod for høgstimulisøkarar, på linje med elvepadling, hanggliding, strikkhopping og liknande. På museet tok vi til å bli noe betenkte på kva ansvar vi eigentleg satt med som ansvarleg for drifta av gruvene.

Leiv Arild Berg tok med seg erfaringane og kollegaene frå Sauda Teater- og Revylag opp i gruveområdet og laga framfrå utandørsteater langs gruvevegen. Det blei ei sterk og opplevingsrik dramatisering av gruvelivet.

Det var ikkje lenge før det meldte seg behov for ei vidare utvikling av publikumstilbodet, og i eit notat uutarbeidd av Are Halkjelsvik blei det skissert fleire utviklingsområde:¹⁵

- Prosjektering av visningshus. Høveleg tomt var ved nedre del av gruvevegen, der gruva hadde hatt ei kontorbrakke.
- Dokumentasjon og innsamling av materiale om gruvehistoria, herunder mineraler.
- Utstillingar, informasjonsmateriell og opplæring av omvisarar.
- Rydding og restaurering av anlegg i gruveområdet.
- Sikring av gruva og tilrettelegging for "gruving".

Ved museet var vi positive til dei tre første punkta, men tok etterhald for det ansvaret museet ville ta på seg ved å opne for risikoatferd inne i gruvegangane.

Det var uansett behov for å gjennomføre sikringsarbeid, både langs vegen inn til gruvene og i dei hovudgangane i gruva der det var aktuelt å ta med folk inn. Dette kosta pengar, og samarbeidspartnerane, Sauda kommune, Elkem Sauda og Saudefaldene hadde aldri skrive under på den avtalen som blei utarbeidd i 1989, og som føresette at alle partar skulle bidra til å dekke utgiftene. Det var i ferd med

¹⁵ Are Halkjelsvik: *Prosjektbeskrivelese for opplevsesprosjektet Sinkgruvene i Sauda*, Sauda 22. april 1994.



Sauda Teater- og Revylag laga ei forestilling som dramatiserte livet og arbeidsforholda i sinkgruvene.

å skjera seg. Kultursjefen kjente seg provosert av kravet om bidrag til dekning av utgiftene museet hadde hatt.

Museet hadde heller ikkje pengar til iverksetting av noen omfattande omvisarteneste i gruvene, men her blei det inn-gått ein avtale med turistkontoret som tok jobben med organisering av omvisartenesta, og som betalte kostnadane med det.

Konsekvensane av å legge til rette for publikum, kva oppgåver det ville føre med seg og kven som skulle betale var i det heile tatt svakt ivaretatt før ein begynte å invitere folk på besøk i gruveområdet. Det blei noen ad hoc-løysingar der kulturkontoret og turistkontoret i Sauda tok den praktiske jobben og ein del av utgiftene, medan museet sat med eit ansvar og resten av utgiftene. Etter nærmare undersøkeringar var det klart at gjennomføring av ein skikkeleg rensk av gruvegangane ville komma på ca. 100.000 kroner, etter kvart

aukande til nærmare 200.000 kroner. I tillegg ville det vera behov for årleg oppfølging av både vegen og gruvegangane. På eit styremøte i januar 1997 måtte Ryfylkemuseet sannkjenne at det ikkje rådde over nødvendige midlar til å kunne gå inn i eit såpass kostnadskrevjande arbeid, og at gruva måtte stengast inntil ein hadde funne fram til ein måte å organisere og finansiere drifta på som var foreinleg med driftsbudsjettet til museet. Turistsesongen sto for døra og i Sauda blei det lagt stor vekt på kvenne vidareføre tilbodet til publikum. På denne bakgrunnen lukkast det å få til eit spleislag mellom Saudefaldene og Sauda kommune som dekkja ein stor del av kostnaden med sikringsarbeida. Museet tok på seg resten. Vi hadde løyst eit akutt problem, men dei store utfordringane knytt til utvikling av gruveminnet synest langt borte.

Da kom Statens vegvesen på banen. Statens vegvesen var i ferd med å utvikle eit konsept kalla Nasjonale Turistvegar.

Ryfylkevegen, herunder inkludert vegen mellom Sauda og Hellandsbygd, skulle bli ein av 18 Nasjonal Turistvegar, og gruvene i Allmannajuvet var peika ut som eit hovudsatsingsområde for utvikling av stoppunkt langs vegen. Museet blei bede om å laga ei utgreiling om gruveområdet. Slik rapport blei levert i juni 2002 og omfatta ein stutt historikk, mål for formidlinga, romprogram for servicebygg, forslag til investeringsprogram, og overslag over driftskostnadane. Her blei skapt von om at det store potensialt som vi såg i utvikling av eit kunnskaps- og opplevelingstilbod i Allmannajuvet kunne bli realisert, og ved hjelp av midlar som vi ikkje visste at eksisterte på førehand.

Vi var opp i været, skjønte at det kunne vera store ting på gang, og oppfatta oss sjølve som ein sjølvsgåt hovudsamarbeidspartner. Frå den store verda blei Peter Zumthor, prisbelønna arkitekt frå Sveits, henta inn for å prosjektere det som skulle prosjekterast i gruveområdet. Det å få Zumthor til å tenne på oppgåva var på høgde med å få OL til Lillehamer iflg. vegvesenet. Bygningar teikna av Zumthor skulle gi tilleggsverdi til gruveminnet som i seg sjølv skulle føre til internasjonal merksemd og generering av ein internasjonal straum av turistar til Sauda. Etter at vegvesenet og Zumthor hadde vore på besøk hos oss foreslo vi at det blei sett ned ein komite med medlemmar frå vegvesenet, Sauda kommune og Ryfylkemuseet som kunne samarbeide med Zumthor om oppgåva.

Men det var og noen som åtte det området som skulle utviklast. Dei hadde museet avtale med. I samarbeid med kultursjefen i Sauda fann vi grunn til å ta på oss ansvaret for å informere grunneigarane om dei planane vegvesenet hadde for utvikling av eigedomen deira. Grunneigarane var glade for det, og stilte seg velvillige til vidare utvikling av gruveområdet.

Vi fann og grunn til å reise spørsmål om kven som skulle eige og ha ansvar for drift og vedlikehald av det anlegget vegvesenet ville reise i området. I det heile tatt såg vi eit behov for nærmare rolleavklaring. "Det er Ryfylkemuseet som sit med dei legale rettane og det faglege ansvaret for bevaring, kunnskapsproduksjon og formidling av gruveanlegget, medan Sauda kommune, knytt til det sterke personlege engasjementet til Leiv Arild Berg, har utvikla den praktiske formidlinga og det daglege tilsynet med anlegget", skreiv vi. "Vi antar at det vil vera nødvendig å utarbeide ein avtale som



Det står att reiskap og utstyr i gruva som kunne gi grunnlag for formidling av korleis gruvearbeidet gikk føre seg. På bildet: Trygve Brandal, Ryfylkemuseet og Leiv Arild Berg, Sauda kommune.

regulerer ansvar og plikter mellom museet, kommunen og vegvesenet". Ut frå erfaringane frå første runde var det nokså naturleg for oss å fremje behovet for nødvendige avklaringar i starten på denne runden med utviklingsplanlegging. Men vegvesenet hadde ingen bråhast med slike avklaringar.

I februar 2004 var det tid for presentasjon av forslaga til Peter Zumthor. Planen omfatta utviding av vegen gjennom Almmanajuvet slik at det blei betre parkeringsforhold, reising av eit service- og toalettbygg ved starten på gruvevegen, eit møterom/auditatorium på tomta der kontorbygget til gruva hadde stått, eit museumsbygg lenger inne langs vegen og ein bygning ved gruvene som ly for publikum og for lagring av utstyr, i alt seks små og noen større bygg, alle i ei lett og enkel og smålåten utforming. Men ikkje berre det. Zumthor tok også styringa med det som skulle skje i bygningane. I møterommet/auditoret skulle det ligge eit stor bok med gruvelitteratur frå heile verda, samla av Kjartan Fløgstad, og han hadde alt teikna inn kva som skulle visast i museumsbygningen. Zumthor var ein mann som ville ha kontroll med heile prosessen frå a til å. Utan altfor omstendelig kalkulering fekk byggeprosjektet ein prislapp på 5,8 mill. kroner, nokså raskt oppjustert til 11 mill. kr. Det var ikkje så lite i vår målestokk.

Vi let oss ikkje overbevise utan etterhald. Vi hadde kommentarar til romprogrammet, praktiske løysingar og økonomien, og etterlyste på nytt utfordingar knytt til planlegging, produksjon og formidling av historia om gruva og det gamle behovet for rolleavklaring. Etter at vi hadde levert vår utgreiing sommar 2002 var vi parkerte som premissleverandør i utvikling av eit kulturminne som vi såg på som ein del av Ryfylkemuseet.

Det kom etter kvart fram at spørsmålet om utforming av det som skulle formidlast av publikum var ivaretatt på profesjonell måte. Det var folk i Bergen som var sett på saka. Dette skulle bli noe nytt, ikkje noe keisamt og gammaldags, og vegvesenet fann det tryggast å gå andre stader enn til den institusjonen som hadde ansvaret for formidlinga av gruveminnet. Frustrasjonen voks. På museet opplevde vi det meiningslaust å vera ein slags høringsinstans til utbygging av eit av våre eigne anlegg, og der våre innspel berre blei tatt omsyn til i den grad dei passte inn med det som vegvesenet alt hadde tenkt. Etter ei vurdering av saka saman med styret fann vi å måtte seia at vi ikkje fann å kunne ta noe ansvar for ei framtidig drift utan å ha full innsikt i og medverknad under planlegginga.

Av eit referat som tilføyte Ryfylkemuseet i juli 2005 gikk det fram at kostnaden med prosjektet nå var stige til 17,4 mill. kr. og det sto at Sauda kommune skulle vera ansvarleg for drift og vedlikehald i samarbeid med sine samarbeidspartar. Som døme på samarbeidspart var lista opp to, Ryfylkemuseet og Sauda ferie og fritid. Det var etter kvart klart at det ikkje var noe behov for Ryfylkemuseet i det vidare arbeidet med utvikling og drift av gruveminnet i Almannajuvet, og vi foreslo at Sauda kommune inngikk ny avtale med grunneigarane som kunne avløyse den avtalen vi hadde. Vi konstaterte vidare at anlegget i Almannajuvet ikkje lenger skulle vera ein del av Ryfylkemuseet og ikkje inngå i den konsoliderte museums eininga.

Vi blei inviterte til noen møte også etter dette, men da det kom melding om ras i gruva og spørsmål om drift i sommarsesongen 2007 gjorde vi merksam på at det definitivt ikkje var vårt ansvar. Vi var lei oss for at vi ikkje fekk vera med som fullverdige medlemmar da det såg ut til å komma pengar som kunne utvikle sinkgruvene til ei attraktiv museumsavdeling. Men vår fagkompetanse blei ikkje anerkjent av vegvesenet,

vi blei parkerte på sidelinja i arbeidet med planlegging av anlegget og fekk indirekte tildelt ei muleg rolle som billettseljar når anlegget var ferdig utbygt. Den naturlege konsekvensen av denne utviklinga var å avvikle det ansvaret vi hadde gjennom avtalen med grunneigarane og trekke oss stille og roleg ut.

Museumsanlegget er ennå ikkje bygt. Planen er at anlegget skal vera ferdig bygt i 2013 og vera klart til opning før turistsesongen 2014. I 2010 blei sluttrekninga for prosjektet antyda til 50 mill. kr., men utan at vegvesenet kunne seia om dette blei den endelige rekninga. Ryfylke fann grunn til å karakterisere prosjektet som eit "Forseinka pengesluk".¹⁶ Hausten 2011 var prisen stige til 62 mill. kr. og det blei føresett at Sauda kommune skulle skaffe 17 mill. kr.¹⁷ Det var ufatteleg mye pengar i ein kommune der det knapt hadde vore pengar til museumsformål tidlegare. Det var ufatteleg mye pengar også i forhold til dei samla investeringar det hadde vore muleg å gjennomføre for Ryfylkemuseet sett under eitt, etter at det blei etablert som regionmuseum i 1981, inklusive bygninga for sentrale funksjonar på Sand. Det viste at det var pengar til museumsformål når det var vilje til det, men ikkje til museumstiltak som Ryfylkemuseet hadde ei sentral rolle i. Det var eit nederlag, og det var grunn til å stille spørsmål ved om vi hadde gjort jobben vår godt nok. Til vårt forsvar må vi kunne peike på at arbeidet med utvikling av Allmannajuvet gikk føre seg i ein periode der vi alt hadde andre, krevjande engasjement i Sauda, og at det var forventingar om aukande innsats også i dei andre sju kommunane i Ryfylke. Skulle vi brukta enda meir tid og pengar i Sauda, ville det ført til enda fleire negative reaksjonar andre stader.

HUSTVEIT

Eit av dei andre tiltaka vi arbeidde med i Sauda var Jonegarden på Hustveit. Oppfordringa om at Ryfylkemuseet burde engasjere seg på Hustveit kom samtidig med at interessa for sinkgruvene i Allmannajuvet vakna. Jone Hustveit, den siste eigaren av det eine bruket på Hustveit, Jonegarden, døydde i 1986, og garden kom på sal. Garden ville bli tilbydd sta-

16 Ryfylke 25. juni 2010.

17 Samarbeidsavtale mellom Statens vegvesen og Sauda kommune om Attraksjonen Almannajuvet, vedtatt av Sauda kommunestyre 5. oktober 2011.



For Staten var det kulturlandskapet med slåttengene og artsrikdomen som utgjorde hovudgrunnlaget for engasjementet på Hustveit. Foto: Audun Steinnes, Fylkesmannen i Rogaland.

ten, men utan det originale innbuet ville husa miste mye av verdien som eit autentisk kulturminne. Det som fanst i huset hadde stått urørt i mest 100 år. Men museet kom for seint på banen, og i dødsbuauksjonen 11. oktober 1986 blei alt som fanst av reiskap, inventar og anna lausøyre seld stykkevis og delt. Slik kunne eit gryande verneprosjekt ha døydd alt før det hadde kome i gang. Men det var ei som ville det anndeis. Halldis Rørvik heitte ho.

Halldis var søskenbarnet til Jone, og hadde eit sterkt engasjement i forhold til å ta vare på bygdehistoria. Ho baud på, og fekk tilslag på ein stor del av buet. Ja, så stor del av buet at hovudbygningen i dag står fullt møblert med det originale inventaret. Ho la ut av eigne pengar utan å vita korleis ho skulle

få dekka den etter kvart nokså store summen, men det kom omsider til ei lukkeleg løysing da Sauda kommune seinare fann å kunne dekke utlegga til Halldis. Oppkjøpet som Halldis gjorde på dødsbuauksjonen var eit sterkt innlegg i debatten om vern av garden, men det var likevel langt fram til mål.

På sidelinja sto Sauda sogelag og heia fram vernetanken. I eit brev til Fylkesmannen i desember 1987 skreiv dei at dei "ser dette som ein eineståande utveg til å få etablert eit museumstun med heilt uvanlege kvalitetar i Sauda". Sogelaget la vekt på to kvalitetar ved Hustveit som dei nemnte uvanlege: For det første utvegen til bevaring og pleie også av kulturlandskapet kring husa, og dermed utvegen til å demonstrere sambandet mellom naturgrunnlaget og det livet som hadde



Første gongen Ryfylkemuseet kom til Jonegarden på Hustveit sto alt urørt. Seinare blei det gjennomført ein auksjon, men Halldis Rørvik tok affære slik at det meste av det opphavlege inventaret framleis er på plass.

vore levd på garden. For det andre utvegen til å rekonstruere det autentiske interiøret. Sogelaget la også vekt på det pedagogisk godt tilrettelagte kvernhusmiljøet som hørte til garden, og den sjølvstendige og klare verdien garden hadde som edellauvskogreservat.

For staten, representert ved miljøvernavdelinga hos Fylkesmannen i Rogaland, var det naturverninteressene som var det viktigaste. Området var godt kjent og høgt prioritert, fordi ein kunne bygge på registreringar heilt tilbake til tidleg på 1970-talet. Staten var derfor interessert i å kjøpe garden for naturvernformål og gjorde det i april 1987. Men staten ønskete hjelp til å ta vare på husa, og spurte om Ryfylkemuseet kunne ta på seg oppgåva.

I vurderinga av tilbodet la museet vekt på det autentiske både ved husa og innbuet. "Det er svært sjeldan ein får høve til å overta til museumsformål eit objekt som er så intakt i forhold til det opphavlege", meinte vi. Vi la også vekt på kulturlandskapet som minne om ei driftsform som hørte fortida til. Samtidig var vi klar over at det ville bli kostbart å setta husa i stand, og at interessa for Ryfylkemuseet mest skuldast at vi hadde tilgang til andre kjelder for finansiering av bygningsvern enn det Fylkesmannen hadde.

Museet måtte også legge vekt på at det hadde eit oppdrag som omfatta heile Ryfylke. "Det er klart at det ikkje er eit nytt gardstun som har høgast prioritet når det gjeld å utvide verksamda", sannkjente vi. Ryfylkemuseet åtte alt tre tun i Ryfylke, og ei rekke enkeltbygningar frå det gamle bondesamfunnet, til saman kring 50 hus. Utsiktene til å skaffe tilstrekkelege ressursar til å vedlikehalde alt dette var ikkje gode. Lokalt i Sauda hadde museet dessutan alt tatt på seg eit engasjement i forhold til industrihistoria gjennom vern av Åbøbyen og etablering av eit industristadmuseum.

Styret for museet gikk såleis inn i saka fullt av tvil og etterhald, men det heldt likevel døra på gløtt. Dersom det var muleg å komma fram til forpliktande avtalar og tilslagn som sikra tilførsel av tilstrekkelege økonomiske midlar til musealt vern av husa, ville museet kunne vurdere spørsmålet om å ta på seg ansvaret. Det siste blei oppfatta som eit signal om at arbeidet med ein verneplan for Hustveit kunne halde fram, og Fylkesmannen sendte i 1988 søknad til Landbrukets utbyggingsfond (LUF) om støtte til reparasjon og istandsetting både av hus og innmark. Nå var dessutan Nord-Rogaland og Sunnhordland friluftsråd invitert med for å drøfte deltaking i tilrettelegging for publikum. Men noen pengar var framleis ikkje kome på bordet.

25. november 1998 fekk Ryfylkemuseet brev frå Fylkesmannen med konkret tilbod om å overta bygningane vederlagsfritt. Fylkesmannen sa seg dessutan villig til å skyte inn kr. 120.000 for å dekke takreparasjonar og andre reparasjonar detasta med for å redde husa. Dermed var det duka for ein ny runde i museumsstyret. Nå blei det lagt vekt på det breie engasjementet for vern av Hustveit som etterkvarthadde kome fram. Attåt sogelaget hadde kulturadministrasjonen i Sauda kommune, skulen og lokalavisa vist sterkt engasjement. Engasjementet til friluftsrådet blei også trekt fram som ei positiv utvikling.

I ein avtale som blei inngått mellom Fylkesmannen i Rogaland, Sauda kommune, Nord-Rogaland og Sunnhordland Friluftsråd (nå Friluftsrådet Vest) og Ryfylkemuseet blei ansvaret fordelt slik:

- Fylkesmannen skulle ha ansvaret for forvalting og skjøtsel av kulturlandskapet, og for informasjonstiltak på staden.



Forvaltinga av Jonegarden på Hustveit skjer i samarbeid mellom Friluftsrådet Vest, Sauda kommune, Fylkesmannen i Rogaland og Ryfylkemuseet. Her, under eit møte på Hustveit i 2003, representert ved Oddvin Øvernes, Leiv Arild Berg, Per Terje Håland og Grete Holmboe. Lengst til høgre eigaren av nabogarden og ein god rådgjevar og informant, Ola Hustveit.

- Friluftsrådet skulle ha ansvar for tilrettelegging av tilkomst, slik som veg, parkeringsplass, stiar m.m, søppelhandtering og toalett.
- Ryfylkemuseet skulle ha ansvaret for bevaring av bygninane og formidling av kulturhistorisk informasjon.
- Sauda kommune skulle gi tilskott til restaurering, vedlikehald og drift av husa på garden.

Sauda kommune vedtok å løye eit tilskott på kr. 50.000 pr. år. Det blei dessutan stilt midlar til rådvelde både frå friluftsrådet og LUF, utanom dei pengane Fylkesmannen alt hadde løvt. Det låg 320.000 i startpotten og framtida såg lys ut.


Fylkeskulturstyret gav også grønt lys for eit visst engasjement frå museet si side, men meinte det måtte avgrense seg til eit fagleg ansvar, og at engasjementet på Hustveit ikkje måtte "gå ut over allereie prioriterte investeringstiltak ved Ryfylkemuseet og at Ryfylkemuseet sjølv må ta eventuelt økonomisk ansvar for utvida drift".

I august 1990 kunne det inviterast til opning. Det var lagt stort opp. Arnvid Lillehammer, førstekonservator ved Arkeo-

logisk museum i Stavanger og bygdebokfattar i Sauda, kåserte om historia til Hustveit. Fylkesmann Kristin Lønningdal utførte den offisielle opninga og planta eit tre saman med rådførar Olav Dybing. Bondekvinnelaget serverte kaffe og mat, og til slutt var det omvising ved frilufts- og naturvernkonsernent Audun Steinnes hos Fylkesmannen.

"Dette betyr likevel ikkje at det er noe ferdig anlegg vi har å vise fram", måtte vi seia i velkomsttalen. Vi sa at det vi ønskte var å markere at vi hadde kome i gang, at vi ønskte å gi folk høve til å sjå kva som gikk føre seg og takke dei som hadde hjelpt oss med startkapitalen. "Dei som har hatt høve til å lesa den bruks- og informasjonsplanen som vi har stelt til, vil vita at her ligg føre ambisiøse planar som langt frå er realiserte enda. Men vi synest sjølve at det vi driv med her er så spennande at andre og må få del i det". Sa vi. Og vi trudde på det. "Får vi det til slik vi vil, trur vi at Hustveit vil bli ein svært attraktiv utferdsstad både for indre Ryfylke, Nord-Rogaland og kanskje Sunnhordland".

Bygningane skulle settast i stand, restaurerast og rekonstruerast, berggrunn, landskapsformer, planteliv, vegetasjon



Oddvar Rønning har arbeidd som vert, omvisar og registratør både på Industriarbeidarmuseet, Hustveit og Sauda museum. På det siste har han også vore ansvarleg for eit omfattande innsamlingsarbeid.



Gjenreising av løa på Hustveit var eit omfattande prosjekt der mange frivillige var med. Her har ein del av dei tatt oppstilling på stillaset etter at taket var ferdig tek i 2007.

og dyreliv skulle gjerast om til kunnskaps- og opplevingstilbod, det var friluftsliv ved sjøen, ved garden og på fjellet. Vi hadde endatil planar om å halde oss med gamle husdyrrasar, utvikle skuleteneste og setta opp skilt, produsere utstillinger, merke naturstiar og lage attraktive naturrasteplassar. Framdriftsplanen føresette at det meste skulle vera gjort til utgangen av 1992. Slik gikk det ikkje. Men mye blei likevel gjort.

I 1991 fekk vi eit tilskott på 10.000 kr. frå fylkeskommunen til istrandsetting av saga. Sauda kommune søkte om omstillingssmidlar frå Kommunaldepartementet, men det blei inga

utteljing for Hustveit. Fylkesmannen følgde opp med mindre løyingar, også til istrandsetting av husa inne med Kvednafossen. Det blei sett i gang slått av dei gamle slåtteteigane og gransking av vegetasjonsendringar som følgje av ny slått. Ved museet brukte vi vår eigen handverkar, Kjell Johnsen, til å ta i ferde med buhuset og saga inne med Kvednafossen. Ola Hustveit fekk med seg Torleif Næss til å hjelpe seg med dei arbeida han hadde tatt på seg.

Oddvar Rønning blei engasjert som museumsvert og omvisar. Han utvikla etter kvart gode kunnskapar om garden og folka som hadde budd der, og kunne orientere publikum

på fleire språk. Han fokuserte på vasskrafa, på dei tekniske løysingane, på levesettet på garden, på jord- og berggrunn og på historia om trelasthandelen på 1600-talet. Men publikumstilstrøyminga tok aldri heilt av. Besøket heldt seg lenge kring 400-500 registrerte personar i året, med ein topp på over 700 i 1999, men så tok det til å minke av.

Det er fleire grunnar til denne utviklinga i besøkstalet. Ein grunn er t.d. at eit reiseselskap som fleire år var flittig gjest på Hustveit, fann andre reiseruter. Men det må også lesast som eit signal om at tilbodet ikkje har vore attraktivt nok, og at utviklinga av anlegget mot dei høge måla gikk for sakte. Vi må likevel understreke at dette er det registrerte besøket i opningstida til museet. Det er ikkje ei registrering av det samla besøket på Hustveit.

Det var friluftsrådet som grep fatt i ideen om å rekonstruere stølshuset. Dei skaffa friluftsmidlar, engasjerte Ola Hustveit og Torleif Næss til å bygge det og 21. september 1997 kunne fylkesmann Tora Aasland opne det. Det var eit vellukka tiltak, og det er blitt eit populært hus. Huset står ope og er utstyrt slik at ein kan overnatte der. Same året blei rekonstruksjonen av smia avslutta.

I 2003 meldte Fylkesmannen at han ikkje lenger hadde midlar til skjøtsel av kulturlandskapet og såleis ikkje kunne gi støtte til slåtten på Hustveit. Det var nedtur av dimensjonar. Hadde det ikkje vore for innsatsen til Leif Magne og Bjarne Østebø hadde innmarka grodd til. Dei har altså slått ein god del av den tungdrivne slåtte-enga utan noen form for godt-gjersle. Det var nåttå og gråten og ein kunne lure på om 15 års strev med å utvikle ein tanke som hadde mange føresetnadar for å kunne bli eit vellukka tiltak til fremje av naturopplevingar, kulturforståing og friluftsliv hadde vore til fånyttes. Da ringte Anders Tysseland.

Anders Tysseland åtte ei løe på Tysseland. Han ville gi ho bort om vi tok ho ned. Vi tok ikkje bølgja i første omgang, men lova å ta eit mål. Løa hadde same mål som løegrunden på Hustveit! Vi sa ja takk, og starta eit omfattande flytte- og restaureringsprosjekt.

Det ville vera ein viktig del av rekonstruksjonen av tunet å få gjenreist løa. Og da vi ikkje lukkast med reising av eit servicebygg, kunne ei løe gi rom til noen av dei funksjonane vi hadde planlagt der. Vi ville få store areal under tak, og ville få gode utvegar til å ta i mot grupper, skuleklassar og til å

laga eit utstilling om garden, kulturlandskapet og folka som hadde levd der. Det blei ein stor jobb, men vi kom i mål med han. 21. juni 2007 blei ferdigstilling av løa feira med ordførar, låvedans og smørgraut.

Arbeidet med flytting og gjenreising av Tysseland-løa har gitt ny vitalitet til Hustveit. Det er i åra etter gjenreisinga produsert fire nye utstillingar i løa: Ei om garden og folka som budde der, ei om byggeskikken, ei om skogen og sagbruka og ei utandørsutstilling om kulturlandskapet. Løa står oppje heile året og er tilgjengeleg for alle som går forbi, anten det er omvisarar i tunet eller ikkje. I 2011 blei det registrert 2 061 besøkande på Hustveit.

Arbeidet med å setta i stand husa og etablere eit publikumstilbod på Hustveit er den tyngste og mest omfattande satsinga til Ryfylkemuseet i Sauda så langt. I 2005 var Hustveit tema for årboka til museet. Her finst det eit omfattande stoff om husa, livet på garden og kulturlandskapet ikring.

EIT MANGFALD AV MUSEUMSAKTIVITETAR

Det var mange aktørar og det var mange kulturvern- og museumstiltak i Sauda. Det var Åbø-byen og Industriarbeidermuseet, Lokalhistorisk arkiv, sinkgruvene i Allmannajuvet, Stasjon III, Hustveit og Sauda Museum. Og det var meir. Det var eit skulestove og ei lensmannsstove på Molla, det var ei gammal trebru i Hellandsbygd, Russer-brua mellom Øyra og smelteverket, Sauda klubb, innspel om å ta vare på hestereiskap, gamle hestevegar og tradisjonar knytt til hest, restaurering av steinsel på Vierane i Slottedalen, det gamle lageret til Øgreid, dekorerte bord frå den gamle kyrkja i Saudasjøen, kvekar-kyrkjegarden og huset etter Egil Tveit i Saudasjøen. Og så var det Tveit-tunet, Fagerheimsamlinga, ein ide om å setta opp at ei oppgangssag i Svandalsfossen og møte om etablering av eit skimuseum med grunnlag i samlinga til Leif Bakka. Det var så mye at industristadmuseet kunne komma til å kverve bort i dimma.

Vi gjorde noen forsøk på å komma på banen. Vi inviterte oss sjølv til møte i kommunestyret. Vi laga ny Power-Point, "Industristanden Sauda – identitet og oppleveling", denne gongen. Vi foreslo ei utgreiing. Vi prøvde oss på eit par alternative strategiar: På den eine sida var det eit potensielle for å legge kultur som ein tilleggsverdi til kommunens eigen strategi for utvikling av Sauda som reisemål. På den andre sida meinte

vi det var behov for ei prioritering. For eigen del hadde vi på Ryfylkemuseet behov for ei avklaring av kva rolle vi skulle ha i utviklinga av museumstilbodet i Sauda. Erfaringane var nokså sprikande.

Ordføraren tok ballen, og i april 2006 oppnemte kommunestyret ein komite som skulle kartlegge dei ulike museums- og kulturvernprosjekta i Sauda og komma med grunngitte forslag til prioriteringar og organisering. Det var ein breitt samansett komité med medlemmar både frå kommunestyret, kulturkontoret, sogelaget og museet. Tiltrådinga blei overlevert ordføraren i oktober same året.

Komiteen tok med seg idear som på ulike vis hadde vore fremja om å bruke industrihistoria som eit strategisk virke-middel i arbeidet med ei positiv samfunnsutvikling. Komiteen foreslo at følgjande mål kunne leggast til grunn for det vidare arbeidet:

Formålet med å etablere, utvikle og drive museumsanlegg og verne kulturminne i Sauda er dels å formidle kunnskapar om og forståing av samanhengar i utviklinga av staden og gjennom dette styrke identiteten til staden og dei som bur der, dels å profilere kulturgrunnlaget som eit strategisk virke-middel i utviklinga av staden.

Komiteen fann det naturleg at Ryfylkemuseet skulle vera hovudsamarbeidspartnaren i utviklinga av museumstilbodet i Sauda, men sannkjente at det var behov for monaleg større midlar til museumsformål om det skulle bli noen veg i vellinga. Komiteen tok utgangspunkt i den røyndomen som var, og foreslo prioritering av to hovudsatsingsområde: Industri-staden med Stasjon III, Industriarbeidarmuseet, Åbøbyen, lokalarkivet som kjerneområdet, og sinkgruvene, Folkets hus og Sauda klubb som dei ytre delane av ei industrihistorisk senter. Det andre satsingsområdet var kulturlandskap og økologi, i hovudsak knytt til Hustveit.

Året etter, i 2007, auka kommunestyret tilskottet til Ryfylkemuseet til 200.000 kroner, men frå 2010 blei tilskottet redusert til 100.000 kroner. Same året bokførte vi 340.000 til drift av museumsanlegga våre i Sauda. Fokuset i Sauda var nå på turistveg-anlegget i Allmannajuvet.

Det er to flotte museumsanlegg Ryfylkemuseet har ansvar for i Åbøbyen og på Hustveit i Sauda. Det er potensiale for å utnytte desse anlegga enda betre både i forhold til reiselivet, nærområdet og skulen. Anlegga og aktivitetane i

tilknyting til dei vil bli utvikla vidare innanfor dei økonomiske rammene museet til ei kvar tid arbeider under. Men potensialet for eit industristadmuseum eller eit industrihistorisk senter er ikkje utløyst, heller ikkje når gruveminnet i Allmannajuvet er ferdig utbygt og opna. Det er framleis behov for eit lokale som kan vise samanhengar i historia til industristaden, og som kan tene som eit utgangspunkt for safariar ut i det industrihistoriske landskapet. Kan vi håpe at jubileuma i 2014 og 2015 kan legge til rette for at Stasjon III kan bli dette lokalet?

Når ikkje anna er nemnt bygger artikkelen på arkivmateriale og publikasjonar i arkivet til Ryfylkemuseet. Eg har dessutan gått gjennom arkivet til Kulturminnenemnda som er overlevert til Interkommunalt Arkiv i Stavanger. Her er det arkivsaker frå tidsrommet 1928-1982. Eg har og hatt nytte av artikkelen «Kulturminnenemnda gjennom 40 år» av Lars Viland i årsskriftet til Sauda Sogelag for 1983.

Forfattaren, Roy Høibo (64) har vore styrar, seinare direktør ved Ryfylkemuseet sidan 1981.

Årsmelding 2011

Vedtatt av styret i møte 15. mars 2012

Årsmeldinga til Ryfylkemuseet bygger på ein detaljert resultatrapport som direktøren leverer til styret. Den årsmeldinga som er tatt inn her bygger på denne resultatrapporten.

Noen av høgdepunkta i arbeidsåret 2011 var desse:

- Vi avslutta to dokumentasjonsprosjekt: "Betel", om bedehuskulturen i Ryfylke, og "Common Ground", om innvandring til Ryfylke.
- Vi produserte og opna fem nye utstillingar: "Kvitbjørnen" og "Det gode liv" på Sand, "Skog og sagbruk" på Hustveit,



Ei av dei store høgdepunkta i 2011 var opning av utstillinga «Kvitbjørnen». Opninga var første lekken i utviklinga av det som vi håper skal bli eit senter for barnekultur: Lølandsenteret. Bildet er frå besøk av klassetrinn 3 på Sand skule: Thomas Håranes, Bjørn Wigestrød, Lars Veggeland, Siri Håranes Eide, Hanna Bendiksen Brekke, Klara Langenberg, Tuva Løge Skålheim, Odd Ivar Skåre Grov, Magnus Søraas, Kaja Eilertsen og Eline Overskeid.

"Kunst- og handverk" på Kolbeinstveit og "Lekmannsrørsala og bedehusa" på Bethel, Finnøy.

- Vi gjennomførte i alt 76 aktivitetsdagar, konserter, foredrag, utstillingsopningar, songkveldar, kafear og andre arrangement.
- Det var sommardrift på 7 av våre eigne avdelingar, av desse Li som ny. I tillegg har det vore drift på 4 andre museumsavdelingar i Ryfylke.
- Det samla publikumsbesøket blei 22.639, av desse 3.222 besökande i turistinformasjonen på Sand. Dette er det høgaste besøkstalet som noen gong er registrert ved museet.
- Vi fekk digitalisert ei stor mengde foto frå Hjelmeland. Det var ved siste årsskiftet lagt ut om lag 3.000 postar med foto og vel 1.300 postar med gjenstandar på Digitalt Museum. Ytterlegare 1.800 foto frå Suldal er digitaliserte.
- Dei fleste spoleband og kassettar i folkemusikkarkivet er digitaliserte. Dette er eit stort framsteg både i forhold til sikring av samlinga, og i forhold til framtidig formidling. Men det gjenstår katalogisering og avklaring av bruksrettar før heile eller delar av materialet kan leggast ut.
- Det blei gjennomført omfattande restaureringsarbeid i Viga. Arbeida med stovehuset, stabburset og Sisselastova er fullført.
- Arbeidet med å hente fram att, dokumentere og vidareføre tradisjonskunnskap blei vidareført. I 2011 blei det gjennomført kurs i sliping av tradisjonsverktøy og muring med kalkmørtel. Eit prosjekt for arbeid med tunge helletak er førebudd.

ORGANISERING AV VERKSEMDA

Museet har sidan 1991 vore organisert som ei sjølveigande, privat stifting. Styret blir oppnemnd av venneforeininga til museum, kommunane i Ryfylke, Rogaland fylkeskommune og dei tilsette.

VENNEFORENINGA

Etter endringar i lov om stiftingar blei medlemmane til museet frå 2007 organisert i ei venneforeining. Ved årsskiftet var det 368 som hadde fornya medlemskapen sin i venneforeininga gjennom betaling av årspengar. Det var 28 færre enn året før. Dei registrerte medlemmane fordeler seg slik mellom dei enkelte kommunane i Ryfylke:

Kommune	2010	2011
Forsand	2	2
Strand	15	14
Hjelmeland	41	40
Suldal	140	126
Sauda	41	37
Finnøy	30	28
Rennesøy	30	30
Kvitsøy	5	5
Andre	92	86
Sum	396	368

Det blei halde årsmøte for medlemmane på Tau 26. mars. Årsmøtet blei kombinert med eit seminar om den frivillige innsatsen i museumsarbeidet og presentasjon av årboka for 2010 som hadde Mølleparken på Tau som tema. Arrangementet var i samarbeid med Mølleparkens Venner.

I styret for venneforeininga satt Jorunn Strand Vestbø (leiar), Einar Berge og Kristoffer Nødland. Solveig Sande og Trygve Brandal var varafolk.

Venneforeininga har meldt seg inn i Forbundet for norske museumsvenner.

I tillegg til Venneforeininga til Ryfylkemuseet er det eit museumslag i Sauda og ei sjølvstendig venneforeining for "Brødrene af Sand". Museet samarbeider også med ei rekke andre foreiningar. Sjå meir om dette nedanfor.

STYRET

Styret har 13 medlemmar:



Venneforeininga for museet arrangerte årsmøte og seminar om den frivillige innsatsen i museumsarbeidet på Tau i lag med Mølleparkens venner. Det er Trygve Brandal som orienterer.

For medlemmane (valde på årsmøtet til venneforeininga):

Terjer Hidle, Finnøy (leiar) Vara: Audun Rake
Kristoffer Nødland, Sauda Vara: Lars Olav Fatland

For kommunane (valde av kommunestyra):

Thor Håland, Forsand Vara: Reidar Thu
Einar Berge, Strand Vara: Birgit Hjelbak
Ingjerd Nicolaysen, Hjelmeland Vara: Olav Hetland
Tormod Skeie, Suldal Vara: Kari Vaage Gjuvslund
Gro Voldner Birkeland, Sauda Vara: Knut Risvold Aalvik
Heidi Skifjell, Finnøy Vara: Grethe Kolbjørnson
Bjørg Vestbø, Rennesøy Vara: Christoffer Hausken
Anders Nordbø, Kvitsøy Vara: Monika Høie

For fylkeskommunen (valde av fylkestinget):

Ellen Solheim Vara: Rune Tvedt

For dei tilsette:

Trygve Brandal Vara: Kjell Gunnar Haraldseid
Åshild Marie Øverland Vara: Bernd Elmies
Styret hadde 3 møte og behandla 14 saker.

Styret har eit arbeidsutval med desse medlemmane: Terjer Hidle, Tormod Skeie, Einar Berge, Ellen Solheim og Trygve Brandal.

Arbeidsutvalet hadde 2 møte i 2011 og behandla 4 saker.



Dei tilsette ved museet i mai 2011. Framme frå venstre: Maria Corazon A. Dørheim, Sanja Ignjatic, Grete Holmboe, Åshild Vetrhus, Arnfinn Olsen, og Åshild Marie Øverland. Bak frå venstre: Roy Høibo, Trygve Brandal, Tone Årtun, Bernd Elmies, Ernst B. Drange, Kjell Johnsen, Sven Hoftun og Kjell Gunnar Haraldseid.

TILSETTE

Museet hadde i 2011 desse tilsette:

Faste stillingar:

Roy Høibo, direktør (permisjon 1.09-30.11)

Sanja Ignjatic, kontorleiar

Maria Corazon A. Dørheim, reinhaldar (30%)

Amira Mohamaed Abdalla, reinhaldar, frå 23.11 (20%)

Trygve Brandal, førstekonservator/avdelingsleiar formidling og samlingar, vikar for direktør 1.09-30.11 (80%)

Bernd Elmies, arkivar, (80%)

Åshild Marie Øverland, formidlar

Åshild Vetrhus, gruppeleiar folkemusikkarkivet, (50%)

Grete Holmboe, antikvar/avdelingsleiar bygningsavdelinga

Sven Hoftun, museumshandverkar/driftsleiar

Kjell Johnsen, museumshandverkar/driftsteknikar (80% frå 11.08)

Kjell Gunnar Haraldseid, museumshandverkar/driftsteknikar

Ernst Berge Drange, førstekonservator/bygdebokforfattar

Mellombels stillingar:

Tone Alise Årtun, prosjektmedarbeidar/vikar, til 30.11

Arnfinn Olsen, museumshandverkar, frå 28.02 (60%)


Sesongtilsette, ekstrahjelp og korttidsengasjement:

Anita Svendheim, museumsvert

Anne Elmies, registrator
Audun Magnus Skjelbreid, omvisar
Bjørnar Blaavarp Heimdal, instruktør hallingdans
Britt Elin Håranes, forteljar
Bård Drange, museumsvert
Cecilie Hamre Lien, museumsvert
Elin Sandvik, museumsvert
Ellen Synnøve Hoftun, julenisse
Elsa Legård, reinhald
Felis Mohamud, kokke
Frank Henrik Rolland, instruktør hardingfele
Haben H. Teklay, kokke
Hanna Yousuf Hussein, kokke
Johanne Flottorp, spelemann
Jon Jelmert, instruktør hardingfele
Kirsten Bråten Berg, folkemusikar
Kirstin Vigre, omvisar
Laurentsa Wigestrånd, museumsvert
Marian Langenberg, museumsvert
Mark James Laurenson, spelemann
Marthe Hamre Lien, museumsvert
Mohamed Sayid Ali, kokk
Oddgeir Heggland Randa, grasklyppar
Peter ten Napel, museumsvert
Ragnhild Johnsen, museumsvert
Ronak Hekmak, kokke og sydame
Sabira Berbic, kokke
Selam Kahsay Mana, kokke
Seynab Ahmed Muhudin, kokke
Sigbjørn Apeland, musikar
Sjur Førland, museumsvert
Sukanya Jaiboon, reinhald
Suzanne Houbraken
Sveinung Søyland Moen, museumsvert
Trine Merete Sjølyst, instruktør hardingfele
Vanja Ignjatic, museumsvert og ekstrahjelp

Praksisplassar
Mohamed Sayid Ali, Integreringsprogrammet

Kristoffer Jonassen, Sauda vg. skule
Sjukefråveret var på 2,67%.



Det er mange frivillige som støttar oss i arbeidet. Her noen av dei ivrigaste under ei pause i arbeidet med restaurering av stampa på Kvæstad: Fremst til venstre Anita Helmikstøl, gift med Gunnar Helmikstøl som sit til høgre i bildet. Ved sida av han vår eigen Kjell Johnsen, og så Jon Seland som er med på mange av bygningsvernprosjekta våre. Lengst borte våre eigne medarbeidarar Sven Hoftun og Grete Holmboe.

FRIVILLIG ARBEID

Summen av den frivillige innsatsen er vanskeleg å dokumentere, men oversynet nedafor viser at han er ganske omfattande:

Venneforeininga for Brødrene af Sand utfører eit stort arbeid for å halde "Brødrene af Sand" i drift. Til arbeidet med rigging/nedrigging og vedlikehald reknar venneforeninga årleg kring 500 dugnadstimar. I tillegg kjem den frivillige deltainga i seglingar med fartøyet.

På Kvitsøy har vennegjengen deltatt aktivt i arbeidet med å drive Hummarmuseet. Etter brannen i hummarmuseet i mai vil det vera nødvendig å mobilisere vennegjengen på nytt for å bygge opp at samlinga ved museet.

Bygdekvinnelaga i Hjelmeland, Erfjord og Suldal hjelper oss med hovudreingjering i Viga, på Håland og på Kolbeinstveit.

Museet drar også nytte av frivillig innsats i arbeidet med den frukthistoriske hagen i Viga. Rogaland frukturdyrkarlag stiller med ein representant i faggruppa for hagen.



Deltakinga i ICOM, the International Council of Museums, som er verdsorganisasjonen for musea, har gitt oss fagleg påfyll og nyttige kontakter. Her er vi gjester hos Stiftung Preussische Schlösser und Gärten i Berlin og har vore på omvising i Neues Palais i Potsdam.

I Sauda er det eit museumslag knytt til industriarbeidarmuseet. Museumslaget har den siste tida særleg engasjert seg i arbeidet for vern og bruk av Søndenå kraftstasjon, den såkalla Stasjon 3.

Foreininga Suldsaldampen har vendt seg til museet med spørsmål om hjelp til å greie ut planar for restaurering av M/B Suldal og eventuell overføring til Ryfylkemuseet.

I arbeidet med etterreising, dokumentasjon og vidareføring av den handlingsborne tradisjonskunnskapen i bygningsfaga er vi heilt avhengige av at tradisjonsberarar og informantar stiller opp og er med oss i arbeidet. I år har det vore stor innsats i restaureringsarbeida på Viga, men det har også vore

frivillig deltaking i arbeidet med stampa på Kvæstad og andre stader.

FOLKEMUSIKKARKIVET

Folkemusikkarkivet er ein viktig del av Ryfylkemuseet. Arkivet har heile Rogaland som arbeidsområde og har hatt eit stor nettverk både nasjonalt og internasjonalt. Da Ruth Anne Moen blei sjuk våren 2010 stoppa arbeidet med arkivet opp. Ruth Anne Moen døydde i oktober 2011. Frå hausten 2010 fekk vi til ei vikarordning i kring halv stilling, og frå 2012 vil arkivet igjen ha full bemanning. Noe av dei ledige lønnsmidlane har vore brukt til digitalisering av det meste av lydmaterialet i

arkivet, og det er dermed lagt eit grunnlag for betre sikring og formidling av materialet.

Mye av arbeidskrafta er brukt på opplæring og til å ta i ferde med etterslep på bestillingar frå brukarar av arkivet, men Folkemusikkhelga har vore gjennomført både i 2010 og i 2011. Det har og vore gjennomført skuleteneste og konsertar og driftsleiaren har deltatt på gjennomføring av nissekveldar og andre arrangement.

Det blei hausten 2011 utarbeidd ein plan for den vidare utviklinga av arkivet, denne er lagt til grunn for handlingsprogrammet dei nærmaste åra.

KVALITETSSIKRING

Museet driv eit systematisk HMS-arbeid i samarbeid med Ryfylke HMS-senter. Det blir kvart år utarbeidd ein samarbeidsplan som lister opp dei tiltaka ein tar sikte på å gjennomføre. Både verneombodet og varamedlemmet har i år gjennomført eller starta på kurs i grunnleggande HMS-arbeid.

Museet blei i 2008 meldt inn som IA-bedrift. Avtalen er i år fornya som lekk i vidareføring av IA-satsinga. Innmeldinga er følgt opp med deltaking på kurs.

Det blir frå overordna styresmakter stilt krav om eit stort utval planar for verksemda. Med grunnlag i slike planar utarbeider vi kvart år rullerande handlingsprogram og årsplanar. I år er det i tillegg lagt fram ein tiltaksplan for katalogisering og ein oppdatert sikringsplan.

For å vedlikehalde og utvikle kompetansen til dei tilsette prøver vi å delta på møte, kurs, seminar og konferansar innafor aktuelle fagområde, og vi oppmuntrar dei tilsette til å ta på seg verv i nasjonale og internasjonale organisasjonar for på den måten å få rimeleg tilgang til informasjon og kompetanseutviklende aktivitetar. Alle dei fast tilsette har deltatt på slike aktivitetar i 2011. Detaljert oversyn over deltakinga finst i resultatrapporten til styret.

RAMMEVILKÅR


Inntektene til museet er driftstilskott frå Kulturdepartementet, fylkeskommunen, vertskommunen Suldal og andre kommunar i Ryfylke, ulike former for prosjekttilstskott, tilskott til særlege tiltak, gåver og eigeninntekter i form av billettinntekter, sal av tenester, medlemspengar, varesal, kurs m.v.

Det er særleg Museumsreforma som har gitt grunnlaget for den veksten i løvingane som museet har fått dei siste åra. Museumsreforma er eit statleg program for vidareutvikling av musea. Summen av bokførte driftsinntekter var i 2011 på 10,6 mill. kr. Av dette utgjorde driftstilskotta 8,7 mill. kr. Utviklinga av driftstilskotta er slik:

I tillegg til driftsmidlane søker museet om prosjektmidlar for å gjennomføre særlege prosjekt. I 2011 utgjorde prosjektmidlane om lag 2,3 mill. kr..

Kulturdepartementet bidrar med det største tilskottet til drifta, deretter kjem Rogaland fylkeskommune og vertskommunen, Suldal.

DRIFTSTILSKOTT 2003-2012



MUSEET SOM SAMFUNNSMINNE

Den eine, store oppgåva til musea er å vera *samfunnsminne*. Denne oppgåva søker vi å løye gjennom å drive med innsamling, dokumentasjon, forsking og bevaring.

BYGNINGAR

Den bygningssamlinga Ryfylkemuseet forvaltar er relativt stor. Ved utgangen av meldingsåret var talet på antikvariske bygningar som museet har fullt eller delt ansvar for 73. Det har ikkje skjedd noen endring i storleiken på bygningsmassen dette året. Dei antikvariske bygningane fordeler seg slik på dei ulike avdelingane:

Kommune	Stad	Eigar	Tal
Forsand	Bergevik	Grunneigar/ Forsand kommune	1
Hjelmeland	Viga	Sjølv	10
Suldal	Håland	Sjølv	3
	Jelsa	Sjølv	1
	Sand	Sjølv	1
	Kvæstad	Sjølv	1
	Ritland	Grunneigarane	4
	Kolbeinstveit	Sjølv	15
	Øystad	Grunneigarane	2
	Lalid	Grunneigarane	1
	Røynevarden	Sjølv	6
	Li	Suldal kommune og Rogaland fylkeskommune	13
Sauda	Hustveit	Sjølv	10
	Åbø-byen	Sjølv	2
	Slettedalen	Sauda kommune	1
Rennesøy	Bakken	Rennesøy kommune	1
Kvitsøy	Grøningen	Kvitsøy kommune	1
SUM			73

I tillegg til den antikvariske bygningsmassen forvaltar museet eit bygg for kontor-, arkiv- og verkstadfunksjonar og eit bygg for lager- og verkstadfunksjonar på Sand.

Den store bygningsmassen reiser utfordringar av to slag: Den eine er å ha tilstrekkeleg kapasitet til å kunne drive eit



Suldal kommune og Rogaland fylkeskommune kjøpte det freda Li-tunet i 2010 og inngikk avtale med Ryfylkemuseet om drift og vedlikehald. Det ga oss ein tilvekst på 13 bygningar. I juni 2011 markerte vi opninga av Li for publikum med stort opningsarrangement. Det er Tove Solheim som spelar.

tilfredsstillande restaurerings-, pleie- og vedlikehaldsarbeid. Den andre er å ha tilfredsstillande kompetanse til å kunne drive ei truverdig forvalting av bygningssamlinga.

Gjennom systematisk arbeid sidan 1995 har vi etter kvart bygt opp god kompetanse på bygningsvern. Vi legg stor vekt på å hente fram, dokumentere og vidareføre den handlingsborne tradisjonskunnskapen som vi ser på som ei verneoppgåve i seg sjølv. Dette er i tråd med UNESCOs konvensjon om immaterielt kulturvern som Norge har slutta seg til, og der handverkskunnskap er ei av dei prioritære arbeidsoppgåvene.

Kompetansehevinga har ført til at vi har fått eit meir realistisk bilde av tilstanden til bygningane. Denne er dessverre dårlegare enn vi tidlegare har rekna med, og det er avdekkat eit stort etterslep på vedlikehald. Vi ser også at endring mot eit våtare og mildare klima aukar behovet for vedlikehald og reparasjon av bygningane våre.

Vi er tildelt rolla som ansvarsmuseum for Nasjonalt nettverk for bygningsvern og handverkskompetanse på museum (Byggnettverket). Gjennom rolla som ansvarsmuseum har vi arbeidd for å styrke merksemda om bygningsvernet på mu-



Bygningsvernet handlar mye om å tilegne oss og vidareføre tradisjonskunnskap. På ettermålet i vinteren arrangerte vi kurs i sliping av handverktøy. Frå vendre Kjell Gunnar Haraldseid, Sven Hoftun og Kjell Johnsen. Det er Ellen Kalvig som står med ryggen til.

sea. Dette har ført til ei prioritering av bygningsvernet i tildelingane frå Kulturdepartementet, der også vi kunne gle oss over friske midlar i statsbudsjettet for 2011. Som ein lekk i arbeidet med å styrke bygningsvernet på museet har Kulturdepartementet bedt oss utarbeide ei utgreiing om kulturhistoriske bygningar på musea i Rogaland.



Vi er i gang med det mest omfattende restaureringsarbeidet i soga til museet på Viga i Hjelmeland. Her er hovudbygningen etter at han var ferdig restaurert ved utgangen av 2011.



Venneforeininga for «Brødrene af Sand» har like sidan fartøyet kom i museet si eige i 1997 tatt eit hovudansvar for drift og vedlikehald av fartøyet. Her frå tur ut med Hjelmsmoenkollektivet i juni 2011. Det er Kjell Solheim som er skippar og som går gjennom sikringsrutinar og reglar for oppførsel om bord før dei legg ut.

Med nye handverkarstillingar frå 2007 og 2011 har vi fått ein god auke i kapasiteten. Det er også stilt omframme midlar til rådvelde som har gjort det muleg å engasjere prosjekt-handverkarar i Viga. Vi reknar nå med at vi har ein bygningsavdeling som er rimeleg dimensjonert i forhold til løpende vedlikehald, men det er framleis behov for ekstrainsats for å ta att etterslep.

I 2011 er framleis den største ressursen sett inn på å redde bygningane på Viga i Hjelmeland. Arbeida i Viga er ikkje fullfinansierte, og arbeida her vi pågår i fleire år.

FARTØY

Museet eig 12 mindre båtar og Ryfylke-jekta "Brødrene af Sand".

Venneforeininga for "Brødrene af Sand" har også i 2010 tatt hovudansvaret for drifta av fartøyet og har lagt ned eit stort arbeid med vårpuss og anna vedlikehald, rigging for sesongen og nedrigging og klargjering for vinteropplag. Jekta har vore ute på 14 turar i 2011, av desse seks betalte oppdrag. Venneforeininga har tilsyn med fartøyet medan det ligg i vinteropplag. Det er behov for investering i betre vinterdekning. Det er også behov for eit større vedlikehaldsarbeid på dekket.

GJENSTANDAR

Museet eig eller disponerer gjennom deponeringsavtalar følgjande gjenstandssamlingar:

Kommune	Stad	Tal gjenstandar	Av desse		
			Registrert	Katalogisert	Kat. I Primus
Forsand	Forsand b.mus. (D) ¹	700	0	640	0
	Bergevik, sjøhuset	500	0	0	0
Hjelmeland	Viga ²	2192	2192	2192	2170
	Hjelmeland b.mus. (D)	1688	1348	1348	1346
Årdal	Årdal b.mus., Høiland ³ (D)	591	225	229	210
	Håland	854	854	854	854
Suldal	Jelsa skulemuseum	67	0	0	0
	Sand ⁴	2372	2372	1452	1452
	Kolbeinstveit	1211	1211	1211	1211
	Røynevarden	359	359	359	359
	Kvednahola	44	0	0	0
Sauda	Li (D)	988	988	988	0
	Hustveit	527	527	527	527
	Industriarb.museet	539	539	489	539
Finnøy	Sauda museum	1227	1227	186	186
	Finnøy bygdemuseum (D)	1700	1669	1669	0
Rennesøy	BibMus, Kulturhuset	165	0	0	0
	Bakken	100	0	0	0
Kvitsøy	Mosterøy b.mus.	455	455	0	0
	Hummermuseet (D)	348	348	0	0
Magasinet Åmøy ⁵	Åmøy	3084	2784	2784	2784
Sum		19711	16110	13940	11638

1 D: Gjenstandane er deponert til Ryfylkemuseet. Eigedomsretten ligg hos den respektive kommunen.

2 Grunneigar på garden står som eigar av gjenstandane.

3 Samlinga vart huslaus i Årdal i 2010 og måtte flyttast til Sand. Ein del av gjenstandane vart kasserte pga. dårlig tilstand.

4 I utstilling på Nesasjøhuset, i magasin i nybygget og i lagerhall på Gardaneset.

5 Dei største gruppene her er gjenstandar frå Erfjord bygdemuseum og frå samlinga etter Johs. Rasmussen på Sand.



Eit av dei store dokumentasjons- og formidlingsprosjekta vi arbeidde med i 2011 var «Bedehuskulturen», eit prosjekt som skulle kartlegg livet i og kring dei mange bedehusa i Ryfylke. Prosjektet førte til tilvekst både av immateriell og materiell kultur, den siste her representert ved eit koppstell frå Sarau i Saudasjøen. Resultata frå prosjekter er presentert i ei utstilling på bedehuset Betel på Judaberg og i Folk i Ryfylke for 2011.

Det har i 2011 vore ein tilvekst av 151 gjenstandar. 49 er innsamla frå 13 ulike bedehus i Ryfylke i samband med bedehusprosjektet som blei avslutta dette året. Dei fleste av desse gjenstandane er brukte i utstillinga på galleriet på Bethel på Finnøy. 102 andre gjenstandar er gåver frå ulike gjevarar. All tilvekst er forløpende katalogisert i Primus med foto.

Bedehusgjenstandane har vi fått frå Bru og Sokn bedehus i Rennesøy, bedehusa på Reilstad, Steinnesvåg og Judaberg i Finnøy, bedehusa på Sandanger på Randøy, i Årdal, på Dalen i Årdal og i Jøsenfjorden, alle i Hjelmeland kommune, og bedehusa i Kjølvik, Erøy og Hålandsosen i Suldal.

Dei private gjevarane av gjenstandar til museet var Ivar Skjelbreid, Sand, Nils Mo, Nesflaten, Johannes Amdal, Finnøy, Olav Veka, Brumunddal, Mo bygdehus, lars og Kari Erøy Slåttå, Stavanger, Bjørg Ågod Djuvik, Vikedal, Tone Alise År-

tun, Sauda, Ernst Berge Drange, Sand, Kjellaug Marie Hidle, Finnøy, Marit Meltveit Vignes og Else Skartveit, Finnøy, Klara Eide, Sauda, Dagny Hausken, Rennesøy, Oddvar Vasstveit, Oslo og Rogaland bondelag.

Museet fører ein restriktiv innsamlingspolitikk og prioriterer i hovudsak gjenstandar som er knytt til faglege innsamlingsplanar og dokumentasjonsprosjekt.

På garden Li i Hylsfjorden, som er kjøpt av Rogaland fylkeskommune og Suldal kommune, har vi registrert og fotografert gjenstandane, i alt 988 nummer. Halvparten av gjenstandane er merka, og arbeidet med katalogisering er påbegynt."

Gjenstandssamlinga i Viga er deponert til museet av tidlegre eigar av bygningane. Om lag 2200 gjenstandar er fotograferte og katalogiserte i Primus. 322 diasfoto av gjenstandar i Viga blei digitaliserte av ein praksiselev frå Sauda vidaregåande skule hausten 2011.

Størsteparten av gjenstandane til museet er plasserte i miljøutstillingar på dei ulike anlegga. Resten er magasinerte på tre ulike lokalitetar: I lagerhallen som Ryfylkemuseet disponerer i fellesmagasinet for musea i Rogaland på Åmøy, i magasinet i nybygget på Sand og i lagerhallen på Gardaneset på Sand.

NATURHISTORISKE SAMLINGAR OG KULTURLANDSKAPSVERN

Ryfylkemuseet er i hovudsak eit kulturhistorisk museum. Men slik samlingane er lokaliserte, ligg forholda godt til rette for å formidle samanhengar mellom kultur og natur. Det er særleg to stader vi har kome i gang med slikt arbeid.

I samarbeid med Nordisk Genbank og frivillige krefter i Hjelmeland er det bygt opp eit klonarkiv med 130 tre av 91 eldre eple-, pære- og plommesortar frå Ryfylke på Viga i Hjelmeland. Det er gjennomført hogging av ein del av trea i den eldre delen av hagen for å gi meir plass til dei som står att, og frukttre vart skorne i april. Så godt som alt tilgjengeleg areal i Viga er nå tilplanta.

Gjennom samarbeid med Sauda kommune, Fylkesmannen i Rogaland og Nord-Rogaland og Sunnhordland friluftsråd har museet i lengre tid arbeidd med restaurering, tilrettelegging og skjøtsel av det eine bruket på Hustveit i Sauda. Gjennom bruk av forkjøpsrett har Staten her sikra seg eit unikt naturområde som strekker seg frå fjorden og opp til



På Hustveit i Sauda er formidling av kulturlandskapet ein viktig del av museumsoppgåva. Det er Staten ved Fylkesmannen i Rogaland som eig garden og som har ansvaret for skjøtsel av kulturlandskapet. Museet har ansvaret for husa og formidlinga med Friluftsrådet Vest har ansvaret for veg, parkering, stiar og det gjenreiste stålshuset ved Stølsvatnet på vegen opp mot Hustveitsåta. Foto: Audun Steinnes

høgaste heia. Potensialet for bruk til kultur- og naturhistorisk formidling, undervisning og friluftsformål er stort. Frå museet si side har vi satsa mye på å følgje opp samarbeidsavtalen. Eit program for utstillingsverksemd i løa er fullført gjennom opning av ei utstilling om skog og sagbruk dette året. I 2012 skal det setjast opp informasjonstavler om kulturlandskapet på Hustveit.

Gjennom avtale med grunneigaren har Nesflaten skule fått høve til å bruke jord på Røynevarden til poteter og anna. Dette er først og fremst eit skuleprosjekt, men det er også eit bidrag til formidling av bruken av åkerarealet kring husa på plassen. Skulen bruker husa når dei er der, og har også overnatta ei natt. Det har vore arbeidd for å få Vegvesenet til å stå ved ein gammal lovnad om å setta opp sikringsgjerde på stu-

pet mot riksvegen. Dette blei det gitt klarsignal for på slutten av året, og gjerdet vil bli sett opp før sommarsesongen 2012.

FOTO

Ryfylkemuseet har ei stor fotosamling som tel kring 100.000 foto. Dette fordeler seg på kulturhistoriske foto frå regionen, spesialsamlingar, eigne opptak og gjenstandsfoto.

Vi har ca. 12 500 kulturhistoriske foto frå Ryfylke (medrekna Archer-samlinga). Størsteparten av desse er reprofoto, avfotograferingar av eldre bilde som er lånte inn frå eigarane av bilda. Museet har hatt slike fotoaksjonar i samarbeid med kommunane i Sauda, Suldal, Hjelmeland og Finnøy og sit med negativar i arkivet. Opplysningar om hovuddelen av dei eldre bilda er katalogiserte og lagt inn i database i programmet Primus. Vel 70% av reprobilda er digitaliserte.

I 2011 har vi registrert ein tilvekst på 627 kulturhistoriske foto. 46 er analoge foto, 581 er digitale kopiar. Ein del av desse er innlånte og digitaliserte som lekk i arbeidet med bedehusprosjektet. 351 andre digitale foto er også tilvekstført, samt 172 digitale gjenstandsfoto.

Av eigne opptak er det tilført 3546 digitale dokumentasjonsfoto. 1500 av desse er foto av bedehus i Ryfylke. Andre er frå arrangement ved museet og andre dokumenterer bygningr og arbeid som bygningsavdelinga har utført. 577 er katalogiserte i Primus. Samla tilvekst av foto i 2011 er 4696 foto.

Det er dessutan laga digitale kopiar av 2071 foto i fotoarkivet. Størsteparten av desse er kulturhistoriske foto frå Suldal frå fotoinnsamling på 1990-talet i samband med bygdekarbeid. Det store arbeidet med digitalisering av desse bilda er utført i samarbeid med Suldal sogelag ved Terje Bråteit.

Etter kvart som fotosamlinga blir digitalisert kan heile eller delast av samlinga gjerast tilgjengeleg på internett. Fotosamlinga etter Alice Archer på 633 foto samt knapt 500 reprofoto frå Hjelmeland er publisert på internett på Digitalt Museum, ein felles nettportal for norske museum, www.digitalmuseum.no. Ei tematisk nettutstilling om Archer-samlinga ligg likeins på nettet, på nettsida til Fotonettverk Rogaland, www.fotonettverk-rogaland.no/nettutstillingar/alicearcher. Det ligg lenke til desse nettsidene på heimesida til Ryfylkemuseet.

	Tal på foto	Herav digitalisert
Kulturhistoriske foto		
Repro av innlånte originalfoto frå fire kommunar (Sauda, Suldal, Hjelmeland, Finnøy), svart-kvitt film	8 318	6 372
Digitale kopiar av innlånte originalfoto	721	
Originalfoto	2 867	11 906
Spesialsamlingar		
Alice Archer	633	633
Julius Bårdesen, Sand	4 100	491
Heradsskogmester Kveim, Sauda	2 429	
Gartnerhallen	1 242	
Widerøe's Flyveselskap	1 035	413
Suldalsposten, reportasjefoto	11 685	
Bygningsvernprosjektet	5 177	
Bunad- og folkedraktrådet	503	
Frå idé til næring	519	
Finn Johannessen, Stavanger	10 000	231
Suldal reiselivslag	2 461	39 784
Eigne opptak		
svart-kvitt film	8 191	
fargefilm	386	
dias	10 075	
digitale foto	13 871	32 523
Andre digitale foto (Suldal reiselivslag)		5 063
Gjenstandsfoto		
svart-kvitt film	3 952	
dias	5 398	8 376
digitale foto (originalt digitale)	1 483	10 833
Sum	100 109	15 824



Større og større delar av samlingane til museet blir gjort tilgjengeleg på internett. Mellom dei bilda som ligg på Digitalt Museum er dette frå Hjelmeland. Det viser Astrid og Edvard Austigard framfor ein kombinert buss og lastebil med knottgenerator. Bildet er innlånt for avfotografering frå Edvard Austigard.

VIDEO OG FILM

Samlinga av video- og filmopptak er på i alt 159 nummer. Av desse er 55 videoopptak som gjeld aktivitetane ved folkemusikkarkivet. 4 er smallimar, og av dei 100 andre er fleirtalet opptak som speglar ulike sider ved aktiviteten til museet elles. Tilveksten i 2011 var på 2 nummer.

LYDOPPTAK

Lydopptaksamlinga ved Ryfylkemuseet tel 1094 nummer inklusive opptaka i folkemusikkarkivet. Lyden er registrert på ulike lagringsmedium som spoleband, kasettar, DAT-kasettar, minidisk og digitale lydfiler. Noe over halvparten av opptaka

er intervju som også er skrivne av, men teksten er ikkje lagt i noen form for database som kunne gi grunnlag for elektronisk søk. Det meste av lydopptaka i folkemusikkarkivet er digitaliserte i 2011.

Det er registrert ein tilvekst på 3 lydopptak i meldingsåret. 13 av dei er intervju gjort i samband med ulike prosjekt, som bedehus- og Common Ground-prosjektet.

Ved innsamling av lyd bruker vi nå harddiskopptakar og materialet blir lagra på server som digitale lydfiler. Det har vore ei utfordring å sikre tidlegare opptak som er gjort på ulike typer band.



Ut på tur aldri sur er eit motto også for innvandrarfamilien Vanema/Stielstra. Her på tur til Fossdal i Sauda. Familien var ein av dei som bli bedt om å dele historia si med oss som del av prosjektet «Common Ground». Resultata av dokumentasjonsprosjektet blir m.a. vist i utstillinga «Det gode liv». Foto: Vanessa Vanema.

PRIVATARKIV

Privatarkivsamlinga ved Ryfylkemuseet omfattar 156 arkiv. Noe av materialet er ordna, men det meste ikkje. Privatarkiva utgjer om lag 80 hyllemeter.

Tilveksten i 2011 var på heile 34 privatarkiv. Mesteparten blei samla inn i samband med bedehusprosjektet. Dette dreier seg om originale protokollar og notisbøker frå 13 ulike bedhus og materiale etter 12 ulike kristelege foreiningar med tilknyting til bedehuset Fredheim i Sauda, som vart nedlagt og selt i 2011. I tillegg til dei nemnde avleverte originale bedehusprotokollane vart det innafor bedehusprosjektet lånt inn og fatt kopiar av mange andre bedehusprotokollar. Desse kopiane er arkiverte i prosjektarkivet for bedehusprosjektet.

Det nye museumsbygget på Sand rommar gode arkivrom der det aller meste av arkivmaterialet nå blir oppbevart. Dette gjeld både foto-, papir- og lydarkiv.

DIGITALT ARKIV

Som ein forstår er det eit mål at store delar av arkivmaterialet til museet etter kvart blir digitalisert, både av omsyn til sikring

av materialet og lettare tilgang til det. Dette er eit omfattande arbeid som vil ta tid om vi skal få det til innafor dei ordinære driftsmidlane.

Det digitale arkivet blir sikringskopiert gjennom driftsavtalen for dataanlegget som vi har med Kultur IT på Lillehammer. Lagringskapasiteten for digitalarkivet er utvida i 2011.

BIBLIOTEK

Det er i 2011 registrert ein tilvekst på 51 bøker. I tillegg kjem ein del årbøker som vi får tilsendt gjennom bytesamband.

DOKUMENTASJON OG FORSKING

Ryfylkemuseet har eit langsiktig samarbeid med Suldal kommune om skriving av bygdebøker for dei ulike delane av kommunen. I 2011 er det arbeidd vidare med bygdebøkene for gamle Jelsa kommune. Eitt band Jelsa-historie blei utgitt i 2010. Det vil bli ytterlegare to band som vil vera ferdig i 2013.

Arbeidet med oppbygging av kompetanse om tradisjons-handverk omfattar også forskingsoppgåver, men dette er omtala på annan stad i årsmeldinga.

I samarbeid med styret i bedehuset "Bethel" på Finnøy er det eit dokumentasjons- og formidlingsprosjekt om bedehuskulturen. Arbeidet blei avslutta hausten 2011 med opning av ei utstilling om lekmannsrørsla og bedehusa på Bethel, Judaberg, og utgiving av Folk i Ryfylke, årboka til Ryfylkemuseet, som eit temanummer om bedehuskulturen.

Med støtte frå Stavanger 2008 har det vore arbeidd med eit prosjekt for dokumentasjon av innvandring frå Nederland og Tyskland kalla "Common Ground". Prosjektet blei avslutta med opning av utstillinga "Det gode liv" på Nesasjøhuset i juni.

MUSEET SOM MØTEPLESS

Den andre hovudoppgåva til musea er å vera *møtestad og dialoginstitusjon*. Musea må kommunisere med omverda for å formidle kunnskap og opplevelingar. Suksessen til musea blir ofte målt ut frå publikumstalet. Ryfylkemuseet legg stor vekt på å styrke den utoverretta verksemda ved museet.

VITALISERING AV PUBLIKUMSTILBODET

Ei av dei store utfordringane for Ryfylkemuseet er å vitalisere dei ulike avdelingane som hører museet til. Vi forvaltar eit



Det var eit trist syn som møtte oss etter brannen i Kvitsøy Hummermuseum 21. mai. Skadane var omfattande, og det er lagt ned eit omfattande arbeid for å rekonstruere museet. Bygningen blir betre tilrettelagt for publikum enn han var, men noe av gjenstandsmaterialet blei totalskadd.

unikt materiale som kan gi vesentlege bidrag både til kulturtelt medvit og identitetsbygging, og til utvikling av reiselivet i regionen. Etter søknad har Ryfylkefondet gitt tilsegn om eit tilskott på til saman 2,5 mill. kr. for tiltak i dei kommunane som er med i Ryfylke IKS. På dette grunnlaget blir det arbeidd med detaljplanar og tilleggsfinansiering for fleire tiltak under hovudtitelen "Mitt Ryfylke". Prosjektet er ein del av merkevaraprosjektet til Ryfylke IKS.

I Kvitsøy blei det i perioden 2006-2009 etablert eit museum med høg standard knytt til forteljinga om hummaren og andre fiske. Museet brann i mai 2011. Arbeidet med gjenreising starta straks, og det er eit mål å kunne gjenopning den første utstillinga hausten 2012. Den store utfordringa er i tillegg å få til eit skule-, aktivitets- og publikumstilbod som står i stil med investeringane. Dei driftsressursane som er nødvendige for å få dette til er førebels ikkje til stades.

Etter rekonstruksjon av løa på Hustveit har det vore arbeidd med etablering av robuste utstillingstilbod om garden og kulturlandskapet. I meldingsåret er den siste av dei planlagte innandørsutstillingane, ei utstilling om skogen og sagbruka,

opna. Utstillingane er døgnopne. Det er eit eksperiment som så langt har fungert godt.

LØLANDSENTERET

I samarbeid med stiftinga Rasmus Løland-markeringa har museet tatt på seg å arbeide for etablering av eit senter for nynorsk barnekultur og -litteratur i tilknyting til hovudsetet til museet på Sand. Frå hausten 2008 har det vore arbeidd med finansiering av tiltaket. Dei første løvyingane, frå Suldal kommune og Rogaland fylkeskommune, kom på plass i budsjettet for 2010 og vi kunne våren 2011 opne ei utstilling basert på forteljinga om "Kvitebjørnen" i tilknyting til markeringa av at det i 2011 er 150 år sidan diktaren blei født.

Frå 2012 gir Kulturdepartementet eit tilskott på ein mill. kroner til styrking av arbeidet mot barn og unge.

UTSTILLINGAR

Museet har hatt desse temaautstillingane i meldingsåret:

- 01.01-31.12 *BibMus*, permanent utstilling i Kulturhuset Mei-eriet, Viklevåg
- 01.01-31.12 *Garden og folka*, permanent utstilling på Kolbeinstveit
- 01.01-31.12 *Stader i Ryfylke*, permanent punktutstilling på Preikestolen Fjellstue
- 01.01-31.12 *Stavkonstruksjonen*, permanent utstilling på Hustveit
- 01.01-31.12 *Garden og folka*, permanent utstilling på Hustveit
- 01.01-31.03 *Ein kvinneheim*, mellombels utstilling på Sand
- 01.01-21.05 *Frå teine til solvfat*, permanent utstilling i Kvitsøy Hummermuseum
- 01.01-21.05 *Fiske året rundt*, permanent utstilling i Kvitsøy Hummermuseum
- 01.01-21.05 *Båten og motoren*, permanent utstilling i Kvitsøy Hummermuseum
- 27.04-31.12 *Kvitebjørnen*, utstilling for barn, Nesa-sjøhuset, Sand
- 03.06-31.12 *Det gode liv*, mellombels utstilling, Nesa-sjøhuset, Sand
- 16.06-31.12 *Skog og sagbruk*, permanent utstilling, Hustveit
- 18.06-14.08 *Kunst og handverk*, mellombels utstilling, Kolbeinstveit



Kolbeinstveit i Suldal er den best besøkte av miljøavdelingane våre. Her er buande vertskap, skiftande utstillingar, dyr, servering og ein del arrangement. Bildet er frå slåttedagen 22. juni.

25.10-31.12 Lekmannsrørsla og bedehusa, Bethel, Finnøy

Vi er og "medeigarar" i ei vandreutstilling om Rasmus Løland som blir administrert av Nynorsk Kultursentrum.

Følgjande anlegg har hatt faste opningstider i sommarsesongen:
Sjøhuset i Bergevik, Forsand – heile veka
Hjelmeland bygdemuseum – måndag-fredag
Skulemuseet på Jelsa – torsdag og laurdag
Håland - fredagar
Nesasjøhuset, Sand – heile veka (vintersesongen ope på kvardagar)
Kolbeinstveit – heile veka

Røynevarden - onsdagar

Li-tunet – tysdag-søndag

Industriarbeidarmuseet i Åbø-byen, Sauda – daglege omvisningar

Hustveit - søndagar

BibMus, Rennesøy – heile året i oppningstidene til biblioteket

Dei stadene der det er ope berre ein eller to dagar er med på programmet til den ambulerande museumsverten. Dette gir ikkje noe breitt tilbod til publikum, men det er eit kostnadseffektivt tilbod på stader der det elles ville vore vanskeleg å få til noe tilbod i det heile tatt.

I tillegg til dei faste opningstidene har det vore omvising av grupper og arrangement ved fleire av anlegga.

ARRANGEMENT

Attåt opne anlegg og utstillingar, og ofte i tilknyting til desse, har museet kvart år ei rekke arrangement av ulike slag. I 2011 har vi hatt desse arrangementa:

Aktivitetsoversyn 2011	Tal
Forsand	4
Tokt med "Brødrene"	14
Bokkafe	3
Foredrag	20
Årsmøte	1
Mottakingar/spesialarr.	4
Konsert	2
Songkveld	1
Familiedag/open dag/aktivitetsdag	8
Omvisingar	5
Forteljarkveld/kveldssete	3
Nissekveld	2
Skuleopplegg	5
Internasjonel kafé	5
SUM	76

Det som her er oppført som "omvisingar" er omframme arrangement. Ordinære omvisingar blir ikkje telt opp som enkeltarrangement.

BARN OG UNGE

Det er utarbeidd skuleopplegg for fleire av anlegga til museet og for "Brødrene av Sand". I Åbøyen og Industriarbeidarmuseet i Sauda inngår skulebesøk i skulesekksplanen for Sauda. Dette er blitt følgt opp med skuleturar med "Brødrene" (Sand skule), og bøk på Industriarbeidarmuseet og i Åbøyen(Sauda ungdomsskule). I tillegg har det vore skulebesøk på Kolbeinstveit (Vinjar skule), i folkemusikkarkivet



Folkemusikkhelga samlar deltakarar på tvers av generasjonane. Her er det Bjørnar Blaavarp som held kurs i halling for dei aller yngste.

(Finnøy skule) og sentrumsvandring på Sand (Sand skule). Nesflaten skule har tatt Røynevarden i aktiv bruk.

På Nesajøhuset har det vore stort innrykk av barnehagar etter opninga av "Kvitbjørnen".

Den årlege folkemusikkhelga samlar deltakarar på tvers av generasjonane, og det var også i år eit stort innslag av barn og unge på dei ulike kursa.

Det var fullt hus på nissekveldane som blei arrangert på Kolbeinstveit og Hustveit før jul.

TURISTINFORMASJON

På oppdrag frå Suldal vekst har vi drive turistinformasjon på Sand i sommarsesongen. Dette har vore ein "vinn-vinn-situasjon" der begge partar har fått eit større publikumstilbod for dei same pengane som tidlegare blei brukte på bemanning av to besøksstader. For museet har det ført til meirbesøk på museumsanlegget på Sand.

BESØK

Statistikken for publikumsbesøk i 2011 samanlikna med tala for 2010 ser slik ut:

Stad	2010	2011
Forsand bygdemuseum	341	368
Dalen skule	340	0
Viga	838	656
Hjelmeland bygdemuseum	119	142
Håland	597	671
Jelsa skolemuseum	1 271	845
Nesa-sjøhuset	5 603	6 523
Kolbeinstveit	2 488	2 979
Røynevarden	816	894
Li	122	460
Hustveit	2 009	2 061
Industriarbeidarmuseet	654	544
Bakken	115	84
BibMus	1 241	1 097
Kvitsøy Hummermuseum	1 252	720
Brødrene af Sand	60	268
Sum museumsanlegg	17 866	19 417
Eksterne arrangement	645	825
Suldalsdampen	221	0
Turistinformasjon	2 720	3 222
Sum publikum	21 452	22 639

I tillegg til dei tala som kjem fram her kjem besøk på anlegga våre utanom opningstidene. Vi har heller ikkje tal for besøk på vandreutstillinga om Rasmus Løland.


På Hustveit er det installert automatisk teljing av dei besøkande i døra til løa. Det oppgitte talet er justert i forhold til mulege feilkjelder.

Avtalen mellom Høiland Gard og Hjelmeland kommune om museumsdrift i Dalen skule er oppsagt, og går ut av tilbo-

det vårt. Suldalsdampen fekk seilingsforbod før sommaren, og kjem ikkje på vatnet att før det har vore gjennomført omfattande restaurering.

Dette betyr at veksten i besøket held fram. Samla er dette det største besøket vi har registrert, og det stadfestar ei god publikumsutvikling dei siste åra.

I ei grafisk framstilling ser besøksutviklinga slik ut:



ELEKTRONISKE MEDIA

Musea blir i sterk grad oppfordra til å ta elektroniske media og nettbaserte kanalar i bruk i si formidling. Ryfylkemuseet har lenge hatt ei heimeside som blir kontinuerleg oppdatert. I 2010 blei det nødvendig å gjennomført ein meir gjennomgripande revisjon av denne da ABM-utvikling sa opp avtalen om webhotell og vi måtte finne ei ny løsing. Omlegging av heimesida har skjedd i samarbeid med Norsk Plan.

Kvar månad har vi sidan 2004 sendt ut eit elektronisk nyhendebrev. Dette hadde på slutten av 2011 kring 300 "abonnerantar".

Den første nettstillinga, "Turistens bilder", med fotografi frå samlinga etter Alice Archer, blei publisert på nett i 2009.

Museet har lagt ut 3.000 digitaliserte foto og 1.300 digitaliserte gjenstandsregistreringar på Digitalt Museum. Med

dette er vi mellom dei førande i Rogaland. Vi har også gjort eit par forsøk på å legge ut øvingsmateriale på Digitalt Fortalt.

Vi brukar Facebook aktivt for å gjera kjent smått og stort om det vi driv med.

Det er gjort førebuingar for å ta i bruk QR-kodar i formidlinga av bakgrunnsmateriale om dei ulike anlegga gjennom mobiltelefon. Det vil bli iverksett eit forsøkstiltak på Hustveit i 2012.

ANDRE PUBLIKUMSTENESTER

Museet driv ei relativt omfattande rådgiving, både over for kommunar og privatpersonar. Dette året har særleg kommunale saksbehandlarar i Forsand og Rennesøy brukt oss som rådgjevarar i bygnings- og vernesaker i tillegg til ei rekke private huseigarar spør om råd som gjeld bevaring og istandsættning av bygningar. Når rådgivinga omfattar synfaring og skriving av rapportar eller uttale blir slike oppdrag fakturerte.

Fotosamlinga vår har også mange eksterne brukarar som er på leit etter bildestoff til ulike formål. Det er faste satsar for kopiering og ekspedering av fotomateriale.

Arkivet elles har færre eksterne brukarar, men vi rår over ein del privatarkivmateriale som kjem til nytte i ulike samanhengar.

Bygdebokskrivaren har mange besøk av folk som vil ha hjelp med slektsgransking.

Folkemusikkarkivet yter tenester til utøvarar av folkemusikk som er på leit etter materiale til verksemda si, og som, på visse vilkår, kan få kopiert materiale som grunnlag for innøving av nytt stoff.

PUBLIKASJONAR

I 2011 har Ryfylkemuseet publisert følgjande materiale i eigne og andre publikasjonar:

Drange, Ernst Berge: *Jelsa – eit lærdomssete i fjordane, Åett og heim*

Holmboe, Grete: *Åbøbyen – 30 år med verneplan, Verd å verne, Fortidsminneforeningen i Rogaland*

Holmboe, Grete: *Tekking med never og torv i Ryfylke, i Jon B. Godal: Tre til tekking*

Årtun, Tone: *Bedehus, temanummer av Folk i Ryfylke 2011*



Vi hadde glede av å beverte Kulturdepartementet på Håland. Gjestene er avdelingsdirektør Stein Sægrov og statssekretær Lubna Jaffery på venstre sida av bordet. Stortingsrepresentant Geir Pollestad på høgre side mellom Trygve Brandal og Grete Holmboe.

TAKK

Vi vil takke Kulturdepartementet, Rogaland fylkeskommune, Suldal kommune og andre bidragsytarar for godt samarbeid og for støtte til drifta av museet.

Sand, 15. mars 2012

Terje Hidle

Styreleiar

Rekneskap 2011

Vedtatt av styret 15. mars 2012

RESULTATREKNESKAPEN

Driftsinntekter og driftskostnader	2011	2010
Salgsinntekt	1 253 125	1 313 968
Bilettinntekter	147 796	141 300
Driftstilskott	9 131 754	7 283 914
Inntektsført fra bundne midlar	1 589 772	1 340 922
Andre driftsinntekter	184 983	110 468
Sum driftsinntekter	12 307 430	10 190 572
Varekostnad	229 347	241 897
Lønnskostnad	7 344 703	6 518 833
Avskrivning på varige driftsmidler	437 197	379 933
Samlingar	194 483	88 946
Utstillingar, publikasjonar og arr.ment	204 126	327 055
Drift og vedlikeh. bygningar og anlegg	670 218	1 005 854
Kontorutgifter	508 515	586 602
Reise og transport	256 788	255 977
Annen driftskostnad	1 514 364	552 875
Sum driftskostnader	11 359 741	9 957 972
Driftsresultat	947 689	232 600
Finansinntekter og finanskostnader		
Renteinntekt	205 784	125 267
Utbytte	4 454	
Rentekostnad	250	
Netto finansresultat	210 488	125 267
Ordinært resultat	1 158 177	357 867
Årsresultat	1 158 177	357 867

BALANSEREKNESKAPEN

Eige	2011	2010
Anleggsmidler		
Varige driftsmidler		
Historiske bygninger	0	0
Andre bygninger	1 610 832	1 681 614
Driftsløsøre, inventar, biler, kontormaskiner og lignende	985 498	818 031
Sum varige driftsmidler	2 596 330	2 499 645
Finansielle anleggsmidler		
Investeringer i aksjer og andeler	77 972	53 690
Sum anleggsmidler	2 674 302	2 553 335
Omløpsmidler		
Varer	73 171	78 325
Fordringer		
Kundefordringer	141 117	116 078
Andre fordringer	2 656 250	2 993 375
Sum fordringer	2 797 367	3 109 453
Bankinnskudd, kontanter og lignende	5 678 492	5 334 234
Sum omløpsmidler	8 549 030	8 522 011
Sum eiendeler	11 223 332	11 075 346
Eigenkapital og gjeld	2011	2010
Eigenkapital		
Innskoten eigenkapital		
Grunnkapital	200 000	200 000
Sum innskutt eigenkapital	200 000	200 000
Oppkjent eigenkapital		
Annen egenkap. med selvpålagte restriks.	1 807 343	2 471 743
Annen egenkapital uten restriksjoner	3 907 171	2 084 593
Sum oppkjent eigenkapital	5 714 514	4 556 336
Sum egenkapital	5 914 514	4 756 336
Gjeld		
Kortsiktig gjeld		
Leverandørgjeld	194 791	372 497
Skyldige offentlige avgifter	298 890	293 903
Avsetting bundne midlar	4 163 594	5 034 242
Annan kortsiktig gjeld	651 543	618 368
Sum kortsiktig gjeld	5 308 818	6 319 010
Sum gjeld	5 308 818	6 319 010
Sum eigenkapital og gjeld	11 223 332	11 075 346

Årsberetning 2011

Årsberetninga til Ryfylkemuseet bygger på ein detaljert resultatrapport som direktøren leverer til styret. Resultatrapporten for 2011 dokumenterer god måloppnåing i forhold til vedtatt handlingsprogram.

Noen av høgdepunkta i arbeidsåret har vore desse:

- Vi har avslutta to dokumentasjonsprosjekt: "Betel", om bedehuskulturen i Ryfylke, og "Common Ground", om innvandring til Ryfylke.
- Vi har produsert og opna fem nye utstillingar: "Kvitebjørnen" og "Det gode liv" på Sand, "Skog og sagbruk" på Hustveit, "Kunst- og handverk" på Kolbeinstveit og "Lekmannsrørsla og bedehusa" på Bethel, Finnøy.
- Vi har gjennomført i alt 76 aktivitetsdagar, konserter, foredrag, utstillingsopningar, songkveldar, kafear og andre arrangement.
- Det har vore sommardrift på 7 av våre eigne avdelingar, av desse Li som ny. I tillegg har det vore drift på 4 andre museumsavdelingar i Ryfylke.
- Det samla publikumsbesøket blei 22.639, av desse 3.222 besökande i turistinformasjonen på Sand. Dette er det høgaste besøkstalet som noen gong er registrert ved museet.
- Vi har digitalisert ei stor mengde foto frå Hjelmeland. Det er nå lagt ut om lag 3.000 postar med foto og vel 1300 postar med gjenstandar på Digitalt Museum. Ytterlegare 1.800 foto frå Suldal er digitaliserte.
- Dei fleste spoleband og kassettar i folkemusikkarkivet er digitaliserte. Dette er eit stort framsteg både i forhold til sikring av samlinga, og i forhold til framtidig formidling. Men det gjenstår katalogisering og avklaring av bruksrettar før heile eller delar av materialet kan leggast ut.
- Det er gjennomført omfattande restaureringsarbeid i Viga. Arbeida med stovehuset, stabburet og Sisselastova er fullført.
- Arbeidet med å hente fram att, dokumentere og vidareføre tradisjonskunnskap blir videreført. Dette året er det gjen-

nomført kurs i sliping av tradisjonsverktøy og muring med kalkmørtel. Eit prosjekt for arbeid med tunge helletak er førebudd.

ARTEN AV VERKSEMDA OG KOR HO BLIR DRIVE

Formålet for Stiftinga Ryfylkemuseet er å tilby kunnskap og opplevelingar og bidra til ei positiv bygdeutvikling i Ryfylke. Arbeidet omfattar innsamling og dokumentasjon, forvalting, forsking og ulike former for formidling.

Ryfylkemuseet er regionmuseum for kommunane Forsand, Strand, Hjelmeland, Suldal, Sauda, Finnøy, Rennesøy og Kvitsøy. Museet har ansvar for samlingar eller anna permanent engasjement på 23 ulike stader i regionen. I tillegg deltar museet i arrangement, synfaringar og driv med rådgiving i heile regionen.

Hovudsetet er på Sand i Suldal kommune.

RETTVISANDE OVERSYN OVER UTVIKLING OG RESULTAT

Rekneskapen for 2011 er gjort opp med eit overskott på kr. 1.158.177. Overskotet i 2010 var på kr. 357.867. Overskotet i 2011 skuldast vakanse i stilling, underforbruk på driftsmidlar til vedlikehald grunna prioritering av prosjektfinansiert restaurering (Viga) og innsparinger som følge av momsreforma. Gjennom overskot dei siste åra har museet bygt opp ein tilfredsstillende eigenkapital og ein nødvendig likviditetsreserve.

Styret meiner at årsrekneskapen gir eit rettviseande bilde av eige og gjeld, finansiell stilling og resultat. Ut over det som går fram av årsoppgjeret kjenner ikkje styret til andre forhold om drifta til stiftinga som skulle vore tatt med i rekneskapen.

Etter utgangen av rekneskapsåret har det ikkje skjedd noe som det ikkje er tatt omsyn til i årsoppgjeret og som er viktig for å vurdere resultatet og stillinga til stiftinga.

Styret har hatt 3 møte og behandla 14 saker.

FRAMHALD AV DRIFTA

Styret og dagleg leiar meiner det er riktig å legge føresetnaden om framhald av drifta til grunn ved avgjøring av årsrekneskapen.

ARBEIDSMILJØET

Styret og dagleg leiar vurderer arbeidsmiljøet som godt. Institusjonen driv eit aktivt HMS-arbeid i samarbeid med Haualand HMS og har inngått avtale med NAV som IA-bedrift. Det er ikkje registrert skader og ulukker i meldingsåret.

Sjukefråveret var på 2,67%, dette er ein reduksjon frå 3,37% i 2010.

LIKESTILLING

Museet legg vekt på balansen mellom kjønna. Det blir praktisert lik lønn for likeverdig arbeid.

Museet sysselsette i 2011 ca. 13 årsverk, av desse var ca. 2,3 årsverk mellombels tilsette. Ca. 5,3 årsverk blei fylt av kvinner, ca. 7,7 av menn.

I styret sit det 6 menn og 7 kvinner.

YTRE MILJØ

Drifta av Ryfylkemuseet ureiner ikkje miljøet verken gjennom utslepp eller på annan måte. Museet har faste avtalar om henting av avfall. Problemavfall blir levert til gjenvinningsstasjon.

Sand, 15. mars 2012

Ellen Solheim

Terjer Hidle

Tormod Skeie

Thore Håland

Ingjerd Nicolaysen

Kristoffer Nødland

Gro Voldner Birkeland

Trygve Brandal

Bjørg Vestbø

Einar Berge

Åshild M. Øverland

Heidi Skifjell

Anders Nordbø

Roy Høibo

Direktør

2012

INDUSTRISTADEN



INDUSTRISTADEN

Sauda er ein konsentrert industristad der ein lett kan sjå samanhengen mellom energi, produksjon og samfunn. Ryfylkemuseet har lenge vore engasjert i arbeidet med å dokumentere industristaden og ta vare på minne som kunne vera med på å forklare samfunnsutviklinga og dei store samanhengane for nye generasjonar.

Viktige milepålar i dette arbeidet har vore vernet av Åbøbyen, etableringa av Industriarbeidarmuseet, innsamlinga av foto og minnemateriale og ordninga av arkiva til bedriftene og fagforeiningane.

Dei siste åra har vi engasjert oss sterkt i arbeidet med vern av Sauda III og i arbeidet med å skape forståing for den utvegen til å skape eit senter for formidling av industristadhistoria som ligg føre her. Vi håper denne boka kan bidra til ytterlegare forståing for den unike utvegen Sauda-samfunnet har til å utvikle ei forteljing som kan legge verdi til industristaden både for fastbuande og tilreisande.



RYFYLKEMUSEET